



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2023

Utgiftskapittel: 61, 400–491

Inntektskapittel: 3400–3490



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2023

Utgiftskapittel: 61, 400–491

Inntektskapittel: 3400–3490

Innhold

Del I	Innleiande del	9	<i>Programkategori 06.20 Rettsvesen</i>	67
1	Hovudinnleiing	11	Kap. 61 Høyesterett	69
1.1	Ansvarsområde og organisering ..	11	Kap. 410 Domstolene	70
1.2	Mål for justis- og beredskaps- sektoren	11	Kap. 3410 Domstolene	75
1.3	Hovudsatsingar i 2023	12	Kap. 411 Domstoladministrasjonen	76
1.4	Utviklingstrekk som påverkar justissektoren	15	Kap. 3411 Domstoladministrasjonen	76
1.5	Rettstryggleik	17	Kap. 414 Forlikråd og andre domsutgifter	77
1.5.1	Innleiing	17	<i>Programkategori 06.30 Straffegjennomføring og konfliktråd</i>	79
1.5.2	Tilstandsvurdering	17	Kap. 430 Kriminalomsorgen	80
1.5.3	Tiltak	18	Kap. 3430 Kriminalomsorgen	86
1.6	Tryggleik i samfunnet	19	Kap. 431 Kriminalomsorgsdirektoratet	86
1.6.1	Innleiing	19	Kap. 432 Kriminalomsorgens høgskole og utdanningscenter	87
1.6.2	Tilstandsvurdering	19	Kap. 3432 Kriminalomsorgens høgskole og utdanningscenter	88
1.6.3	Tiltak	20	Kap. 433 Konfliktrådet	88
1.7	Låg kriminalitet	22	Kap. 3433 Konfliktrådet	91
1.7.1	Innleiing	22	<i>Programkategori 06.40 Politi og påtale</i>	92
1.7.2	Tilstandsvurdering	22	Kap. 440 Politiet	94
1.7.3	Tiltak	24	Kap. 3440 Politiet	104
1.8	Kontrollert og berekraftig innvandring	25	Kap. 441 Politidirektoratet	105
1.8.1	Innleiing	25	Kap. 442 Politihøgskolen	106
1.8.2	Tilstandsvurdering	25	Kap. 3442 Politihøgskolen	106
1.8.3	Tiltak	29	Kap. 443 Påtalemyndigheten i politiet	107
1.9	Godt forvalta polarområde	30	Kap. 444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST) .	107
1.9.1	Innleiing	30	Kap. 3444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST) ..	109
1.9.2	Tilstandsvurdering	30	Kap. 445 Den høgere påtalemyndighet	110
1.10	Godt og tilgjengeleg lovverk	31	Kap. 3445 Den høgere påtalemyndighet	111
1.10.1	Innleiing	31	Kap. 446 Den militære påtalemyndighet	111
1.10.2	Tilstandsvurdering og tiltak	32	Kap. 448 Grensekommisssæren	111
1.11	Oppfølging av oppmødingsvedtak	33	<i>Programkategori 06.50 Redningstenesta, samfunnstryggleik og beredskap</i>	113
1.11.1	Stortingssesjon 2021–2022	37	Kap. 451 Direktoratet for samfunns- sikkerhet og beredskap	119
1.11.2	Stortingssesjon 2020–2021	43	Kap. 3451 Direktoratet for samfunns- sikkerhet og beredskap	122
1.11.3	Stortingssesjon 2019–2020	52	Kap. 452 Sentral krisehåndtering	124
1.11.4	Stortingssesjon 2018–2019	53	Kap. 453 Sivil klareringsmyndighet	124
1.11.5	Stortingssesjon 2017–2018	53	Kap. 3453 Sivil klareringsmyndighet	125
1.11.6	Stortingssesjon 2016–2017	55	Kap. 454 Redningshelikoptertjenesten	125
1.11.7	Stortingssesjon 2015–2016	56	Kap. 3454 Redningshelikoptertjenesten	126
Del II	Nærmare om budsjettforslaget	61	Kap. 455 Redningstjenesten	127
2	Nærmare om budsjettforslaget	63	Kap. 3455 Redningstjenesten	130
<i>Programkategori 06.10 Administrasjon</i>		63	Kap. 457 Nasjonal sikkerhetsmyndighet	130
Kap. 400 Justis- og beredskaps- departementet		64	Kap. 3457 Nasjonal sikkerhetsmyndighet	131
Kap. 3400 Justis- og beredskaps- departementet		66		

<i>Programkategori 06.60 Andre verksemder</i>	132	4.3	Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI)	187
Kap. 460 Spesialenheten for politisaker	133		Sekretariatet for konfliktråda (Sfk)	188
Kap. 466 Særskilte straffesaksutgifter m.m. ..	134	4.4	Politiet	189
Kap. 467 Norsk Lovtidend	136		Den høgare påtalemakta	190
Kap. 468 Kommissjonen for gjenopptakelse av straffesaker	137	4.5	Direktoratet for samfunns-tryggleik og beredskap (DSB)	190
Kap. 469 Vergemålsordningen	138	4.6	Sivil klareringsmyndigheit (SKM) ..	191
Kap. 3469 Vergemålsordningen	140	4.7	Hovudredningssentralen (HRS) ..	191
<i>Programkategori 06.70 Statens sivilrettsforvaltning, rettshjelp, erstatningsordningar, m.m.</i>	141	4.8	Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) ..	192
Kap. 470 Fri rettshjelp	142	4.9	Spesialeininga for politisaker	193
Kap. 3470 Fri rettshjelp	144	4.10	Kommissjonen for gjenopptaking av straffesaker	193
Kap. 471 Statens erstatningsansvar og Stortingets rettfærdsvederlagsordning	144	4.11	Statens sivilrettsforvaltning	194
Kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning	146	4.12	Kontoret for valdsoffererstatning ..	194
Kap. 3473 Statens sivilrettsforvaltning	149	4.13	Utlendingsdirektoratet (UDI)	195
Kap. 475 Bobehandling	149	4.14	Utlendingsnemnda (UNE)	195
<i>Programkategori 06.80 Svalbardbudsjettet m.m.</i>	150	5	Omtale av klima- og miljørelevante saker	197
Kap. 480 Svalbardbudsjettet	151	5.1	Politiet	197
Kap. 481 Samfunnet Jan Mayen	153	5.2	Svalbard – Sysselmeisteren og Longyearbyen lokalstyre	197
Kap. 3481 Samfunnet Jan Mayen	154	6	Opptrappingsplan mot vald og overgrep 2017–2021	198
<i>Programkategori 06.90 Beskyttelse og innvandring</i>	155	7	Andre felles tiltak	199
Kap. 490 Utlendingsdirektoratet	157	7.1	Budsjettgevinstar frå endra jobbreisevanar	199
Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet	173	7.2	Kompensasjonsutrekningar i samband med innføring av ny premiemodell for statlege verksemder frå 2022	199
Kap. 491 Utlendingsnemnda	174	7.3	Einskildståande tilskot	199
Del III Særlege tema	179	8	Tekniske endringar i kontostrukturen og bruk av stikkord «kan overførast»	201
3 Berekraftsmåla til FN – rapportering	181		Forslag	204
4 Likestilling	184			
4.1 Justis- og beredskapsdepartementet	184			
4.2 Domstoladministrasjonen	187			

Tabelloversikt

Tabell 1.1	Oversikt over regjeringa sine nye satsingar på Justis- og beredskapsdepartementet sitt område sammenlignet med saldert budsjett 2022	14	Tabell 2.6	Talet på uteksaminerte fengselsbetjentar, 2018–2021	87
Tabell 1.2	Oversikt over viktige omprioriteringar innanfor Justis- og beredskapsdepartementet sitt område i 2023	15	Tabell 2.7	Tilskot som blir lyste ut	102
Tabell 1.3	Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer	34	Tabell 2.8	Øyremerkte tilskot til særskild mottakar	103
Tabell 2.1	Tildelingar til Noregs forskingsråd i 2021 over post 50	65	Tabell 2.9	Kritiske samfunnsfunksjonar og område	116
Tabell 2.2	Mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid	71	Tabell 2.10	Folketal i Longyearbyen og Ny-Ålesund, 1. januar	151
Tabell 2.3	Del av fengselsdøgn med aktivitet, 2018–2022	81	Tabell 2.11	Returar og rekneskapstal per ordning, 2021	171
Tabell 2.4	Kapasitetsutnytting i fengsel, 2018–2022	83	Tabell 2.12	Organisasjonar UDI har inngått fleirårige avtalar med og gitt tilskot til i 2021	171
Tabell 2.5	Talet på registrerte situasjonar med vald eller truslar mot tilsette og mellom innsette, 2018–2022	84	Tabell 4.1	Oversiktstabell for departementet	184
			Tabell 4.2	Fordeling av stillingar 2021 og 2022	185
			Tabell 4.3	Lønn (i 1 000 kroner)	186
			Tabell 7.1	Samla oversikt over enskildståande tilskot under Justis- og beredskapsdepartementet i 2023	200

Figuroversikt

<p>Figur 1.1 Oversikt over underliggjande og tilknytte verksemdar under Justis- og beredskapsdepartementet 11</p> <p>Figur 1.2 Overordna mål for Justis- og beredskapsdepartementet 12</p> <p>Figur 1.3 Vald og truslar – tal på ferdig etterforska lovbrota og del av lovbrota som blir oppklarte 18</p> <p>Figur 1.4 Del av befolkninga (16–84 år) som seier å ha vore utsette for ulike lovbrostypar 23</p> <p>Figur 1.5 Delen sikta personar (15 år og eldre) med ny sikting i løpet av fem år, i tillegg til delen som er utanfor arbeid og utdanning fem år etter sikting 24</p> <p>Figur 1.6 Innvandringar til Noreg etter innvandringsgrunn og år 26</p> <p>Figur 1.7 Tal asylsøkarar, innkomstar overføringsflyktingar og mottak av relokaliserte asylsøkarar 2015–juni 2022 27</p> <p>Figur 1.8 Tal assisterte returar og tvangsreturar 2015–juni 2022 29</p> <p>Figur 2.1 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i straffesaker, meddomsrettssaker 72</p> <p>Figur 2.2 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i tvistesaker 73</p> <p>Figur 2.3 Saksavvikling i forliksråda 2016–2021 77</p> <p>Figur 2.4 Utvikling i tal på innsette med under to og åtte timars fellesskap 82</p> <p>Figur 2.5 Utvikling i soningskøen for vilkårslause dommar, 2015–2022 .. 83</p> <p>Figur 2.6 Talet på saker til konfliktråda 2018–2021 89</p> <p>Figur 2.7 Innsatsane til Sivilforsvaret per august 2022 120</p> <p>Figur 2.8 Årleg fordeling av og utvikling i talet på registrerte hendingar ved HRS i perioden 2001 til 2021 .. 128</p> <p>Figur 2.9 Registrerte og behandla meldingar og saksbehandlingstid i Spesialeininga for politisaker (2017–2021) 133</p>	<p>Figur 2.10 Innkomne og behandla saker, og dessutan restanse i DRK (2017–2021) 136</p> <p>Figur 2.11 Grunnlag for gjenopning, 2020 og 2021 138</p> <p>Figur 2.12 Utgifter til fri rettshjelp og tilskot til spesielle rettshjelpstiltak (2016–2021) 142</p> <p>Figur 2.13 Saksbehandling hos KfV (2017–2021) 146</p> <p>Figur 2.14 Utbetalt erstatning og innbetalt regress (2017–2021) 147</p> <p>Figur 2.15 Saksbehandlingstid ved KfV (2017–2021) 147</p> <p>Figur 2.16 Utvikling i restansar i UDI 2017–juni 2022. Tilbakekallssaker registrerte frå 2018 159</p> <p>Figur 2.17 Tal på asylsaker og saksbehandlingstid 2015–juni 2022 160</p> <p>Figur 2.18 Tal på saker om opphald og statsborgarskap 2018–juni 2022 (ekskl. utvising og tilbakekall) og brukarførespurnader frå 2018–juni 2022 161</p> <p>Figur 2.19 Saksbehandlingstid i ulike saker om opphald, 2018–juni 2022 161</p> <p>Figur 2.20 Bebuarar i mottak per 31. desember 2015–2022 (30. juni 2022) 163</p> <p>Figur 2.21 Tal asylmottak per 31. desember 2014–2022 (30. juni 2022) 163</p> <p>Figur 2.22 Overføringsflyktingar 2015–2022 (per 30. juni) 164</p> <p>Figur 2.23 Tal på saker og gjennomsnittleg saksbehandlingstid i asylsaker 2016–juni 2022 175</p> <p>Figur 2.24 Tal på saker og gjennomsnittleg saksbehandlingstid i saker om opphald 2016–juni 2022 176</p>
---	--



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2023

Utgiftskapittel: 61, 400–491

Inntektskapittel: 3400–3490

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 23. september 2022,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*


Del I
Innleiande del

1 Hovudinnleiing

1.1 Ansvarsområde og organisering

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for rettsvesenet, kriminalomsorga, politi- og påtalemakta, redningstenesta og utlendingsstyresmaktene og har samordningsansvar for samfunnstryggleik og truslar mot rikstryggleiken på sivil side. Ansvar for samordning av norsk poli-

tikk i polarområda og svalbardbudsjettet ligg òg til departementet. Departementet har ansvar for om lag 150 lover og har i tillegg som oppgåve å bidra til å sikre kvalitet i lovarbeidet i andre departement. Totalt har Justis- og beredskapsdepartementet 19 underliggjande og tilknytte verksemder som saman bidrar til å oppfylle samfunnsoppdraget til sektoren.



Figur 1.1 Oversikt over underliggjande og tilknytte verksemder under Justis- og beredskapsdepartementet

1.2 Mål for justis- og beredskapssektoren

Regjeringa arbeider for sterke og trygge lokal-
samfunn med gode tenester til innbyggjarane.

Tenestene i justis- og beredskapssektoren skal ha ein desentralisert struktur som gir arbeidsplassar og beredskap i heile landet. For 2023 gjeld desse overordna måla for justissektoren.



Figur 1.2 Overordna mål for Justis- og beredskapsdepartementet

1.3 Hovudsatsingar i 2023

Norsk økonomi er inne i ein kraftig høgkonjunktur med mangel på arbeidskraft, prisstiging og aukande renter. Dei økonomiske utsiktene tilseier derfor eit stramt budsjettforslag frå regjeringa. Budsjettopplegget har også konsekvensar for justis- og beredskapssektoren ved at det må prioriterast strengt innanfor budsjetttramma. Regjeringa har likevel funne det nødvendig å foreslå enkelte nye satsingar på justis- og beredskapsområdet.

I saldert budsjett for 2022 sørjde regjeringa for å auke løyvingane til politiet, kriminalomsorga, domstolane og påtalemakta med til saman 330 mill. kroner meir enn førre regjering, jf. Prop. 1 S Tillegg 1 (2021–2022). Tiltaka blir foreslått førte vidare i 2023. Den russiske invasjonen av Ukraina har ført til grunnleggjande og varige endringar i den tryggleikspolitiske situasjonen i Europa. På bakgrunn av dette foreslo regjeringa i Prop. 78 S (2021–2022) 500 mill. kroner i auka løyvingar til tiltak for å styrke den sivile beredskapen i Noreg. I hovudsak gjaldt dette styrking av digital tryggleik gjennom bl.a. betra handtering av hendingar og til vidare utvikling av Varslingssystem for digital infrastruktur (VDI), auka operativ evne i Sivilforsvaret, etablering av mobilbasert befolkningsvarsling basert på Cell Broadcast-teknologien, betring av Sivil klareringsmyndigheit si behandlingsskapitet og sivil etterretning, spesielt i Nord-Noreg. I 2023 blir det foreslått å vidareføre dei fleste av desse tiltaka, som utgjer 417 mill. kroner i samla løyving under Justis- og beredskapsdepartementets budsjett.

Regjeringa vil halde fram med å sikre tryggleik, rettstryggleik og tilgjengelege tenester for innbyggjarane i heile landet, og foreslår nye satsingar under Justis- og beredskapsdepartementet på til saman om lag 424 mill. kroner i 2023.

Regjeringa vil gjennomføre ei tillitsreform i offentleg sektor. Reforma handlar om å gi dei tilsette tid og tillit til å gi brukaren betre tenester. Dette gjeld t.d. dei tilsette i politiet, rettsvesenet, redningstenesta, kriminalomsorga og utlendingsforvaltninga. Reforma skal utformast i tett samspel med brukarorganisasjonar, tillitsvalde og leiinga i verksemdene. Eit viktig verkemiddel vil vere auka bruk av tillitsbasert og nær leiing, utan lange ansvarskjeder med unødvendig detaljstyring og rapportering. Målet er ein justis- og beredskapssektor som førebyggjer betre, der ressursane er tilgjengelege og finn kvarandre, og der politiet og nødetatane er tilgjengelege over heile landet.

Regjeringa vil kjempe mot kriminalitet, men òg årsakene til kriminalitet, gjennom å førebyggje og etterforske betre. For å kunne førebyggje godt, kjempe effektivt mot kriminalitet og ha god beredskap må politiet og lokalsamfunna kjenne kvarandre godt. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) si følgjeevaluering av politireforma og politiet si innbyggjarundersøking har vist at politinærværet og tryggleiksfølelsen i mindre lokalsamfunn ikkje har blitt styrka. Regjeringa arbeider derfor med å styrke politinærværet i heile landet. Fleire polititilsette, auka tilgjengelegheit og det å bringa politiet nærmare folk t.d. med å styrka eksisterande tenestestader og etablere fleire tenestestader er ein del av arbeidet.

I statsbudsjettet for 2022 foreslo regjeringa å styrke budsjettet til politiet, irekna påtalemakta i politiet, med 226,3 mill. kroner meir enn den førre regjeringa sitt forslag, jf. Prop. 1 S Tillegg 1 (2021–2022). Regjeringa vil ha mindre byråkrati og meir politikraft for pengane, derfor vil departementet flytte 184,4 mill. kroner av politiets utgifter frå bl.a. Politidirektoratet, sentral administrasjon og konsulenttenester. Av dette skal 75 mill. kroner gå til betre lokale polititenester og beredskap,

meir tilgjengeleg politi for folk i heile landet og nye polititenebestader, 11 mill. kroner til påtalemakta i politiet sitt arbeid og 27 mill. kroner til vidareføring av dei 100 nye studieplassane som vart etablert ved Politihøgskolen i 2022. 71,3 mill. kroner skal gå til vidareføring av auka kapasitet i politiet til å avdekke samansette truslar og etterretning i dei tre nordlegaste fylka, jf. omtale av Prop. 78 S (2021–2022) over.

Oslo fengsel er eit av dei største fengsla i Noreg med plass til om lag 240 innsette på høgt tryggleiksnivå. I 2019 kom det eit stengingsvarsel frå Statsbygg som følgje av tilstanden til bygget. Det er i perioden 2020–2022 gitt løyving til planlegging og forprosjektering av nytt Oslo fengsel. Det er vanskeleg å finne ei ny tomt i Oslo til det nye fengselet. Regjeringa foreslår å løyve 75 mill. kroner i 2023 til å utvide Romerike fengsel, avdeling Ullersmo med netto 76 plassar. Dette reknast som første trinn i eit samla prosjekt for å erstatte dagens Oslo fengsel.

Ein betydeleg del av innsette har samansette utfordringar og treng psykiatrisk hjelp. Psykiske lidningar blant innsette bidrar bl.a. til isolasjon, noko som igjen kan forsterke psykiske lidningar. Isolasjon av innsette i norske fengsel har vore kritisert av Sivilombodet og fleire internasjonale institusjonar for menneskerettar. Regjeringa foreslår derfor å løyve 45 mill. kroner i 2023 for å auke grunnbemanninga i norske fengsel for å redusere isolasjon. Forslaget kjem i tillegg til løyvinga frå 2022, jf. Prop 1 S Tillegg 1 (2021-2022), som har ei heilårseffekt på 100 mill. kroner i 2023. Samla foreslått auke for 2023 tilsvarer derfor 145 mill. kroner.

Regjeringa foreslår å løyve 2 mill. kroner til styrking av EØS-arbeidet i Lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet i 2023. Tiltaket vil gjere departementa betre rusta til å utnytte det handlingsrommet til å fremje norske interesser som ligg i EØS-avtalen. Det vil samstundes bidra til å redusere risikoen for feiltolking av EØS-regelverk og styrke arbeidet med å gjere regelverket meir tilgjengeleg.

Eit sentralt tiltak i arbeidet mot terror, ulovleg migrasjon og alvorleg grensekryssande kriminalitet er kontroll på kven som reiser inn og ut av Noreg. Schengen-landa er i gang med og skal i dei kommande åra halde fram med å utvikle og ta i bruk nye IKT-system for å styrke handteringa av den felles yttergrensa og tryggleiken på Schen-

gen-området. Tiltaka skal samla sett gi tilgang til viktige opplysningar, større moglegheit til å avdekke uriktig identitet, sikrare behandling av visum- og opphaldssaker, meir målretta førebygging, avdekking og etterforskning av kriminalitet og terrorisme og dessutan eit tettare grense-, utlendings- og politisamarbeid med utlandet. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til politiet med 288 mill. kroner til å forbetre IKT-systema i politiet.

Regjeringa foreslår å auke grunnbemanninga ved Hovudredningssentralen på Sola og i Bodø og å auke løyvinga med 14 mill. kroner i 2023. Ei styrking av grunnbemanninga vil dekke behovet for å handtere det auka talet på hendingar, møte risiko knytt til klimaendringar, auka trafikk i nordområda og vil redusere risikoen for at kapasiteten til HRS ikkje blir overbelasta som følgje av fleire samstundes redningsaksjonar, eller ei stor og kompleks hending som ikkje lar seg handtere med dagens tal på redningsleiarar på vakt.

For å handtere auke i asylinnkomstar (i hovudsak fordrivne frå Ukraina) i samsvar med prognosane frå juni, legg regjeringa òg opp til å auke løyvinga til Utlendingsdirektoratet med nær 1,2 mrd. kroner i 2023, samanlikna med saldert budsjett for 2022. Auken er i hovudsak knytte til innkvartering i asylmottak, medrekna utgifter til mottaka, tilskot til vertskommunar og stønader til bebuarar. Det er stor uvisse om utviklinga framover, og behovet kan endrast.

I tillegg foreslår regjeringa å løyve til saman 304,6 mill. kroner til ein auke i administrativ kapasitet i politiet (225 mill. kroner) og UDI (79,6 mill. kroner) for å ha beredskap til å handtere vesentleg fleire innkomstar frå Ukraina i 2023 enn det som ligg til grunn i prognosane frå juni.

Regjeringa meiner at talet på overføringsflyktningar må sjåast i samanheng med talet på asylsøkarar og andre innvandrings- og integreringsutfordringar i Noreg. Kvoten har dei siste åra vore på 3 000 plassar, som er eit høgt nivå samanlikna med før 2016. Noreg har vore blant landa som har teke imot flest overføringsflyktningar dei siste åra, sett i forhold til folketalet. Krigen i Ukraina har medført ein auke i talet på asylsøkarar i 2022. Derfor foreslår regjeringa å redusere kvoten for overføringsflyktningar frå 3 000 plassar i 2022 til 2 000 plassar i 2023. Plassane på kvoten kan nyttast til å ta imot overføringsflyktningar eller ein annan type byrdedeling.

Tabell 1.1 Oversikt over regjeringa sine nye satsingar på Justis- og beredskapsdepartementet sitt område sammenlignet med saldert budsjett 2022

	Mill. kroner
Politiet	
Styrka yttergrensekontroll: Schengen IKT-system i politiet	288
Kriminalomsorga	
Auke grunnbemanninga i fengsla for å redusere isolasjon	45
Utviding av Romerike fengsel, avdeling Ullersmo	75
Tryggleik i samfunnet	
Auke grunnbemanninga ved Hovudredningssentralen	14
Vidareføre tiltak for sivil beredskap i Prop. 78 S (2021–2022)	
Mobil befolkningsvarsling	66
Auka kapasitet i Sivil klareringsmyndigheit	10
Auka operativ evne i Sivilforsvaret	64
Styrking av NSM si evne til å forbetre den digitale tryggleiken gjennom bl.a. betra handtering av hendingar	24
Vidare utvikling av Varslingssystem for digital infrastruktur (VDI)	24
Auka kapasitet i PST til å avdekke samansatte truslar og etterretning i dei tre nordlgaste fylka	49
Tryggingstiltak og løysingar for å auke driftstryggleiken i PST	51
System for analyse av data i PST	28
Innkjøp av operativ teknologi i PST	15
Vidareføring av personkontroll på Svalbard	5
Abonnementskostander for nye Nødnett-terminalar til dei frivillige organisasjonane i redningstenesta	10
Rettskyggleik	
Kompetanse og kunnskapsbygging innan EØS-rett	2
Sum	770

Tabell 1.2 Oversikt over viktige omprioriteringar innanfor Justis- og beredskapsdepartementet sitt område i 2023

Beskriving	Beløp i mill. kroner
Flytting av midlar frå byråkrati og sentrale einingar til førstelinja	
Reduksjon i bl.a. politiet si bruk av konsulentar, i Politidirektoratet, Politiets IT-eining og Politiets fellestenester og sentral administrasjon i politidistrikta	-242,2
Meir tilgjengeleg politi for folk i heile landet	
Betre lokale polititenester og beredskap, og nye polititenestestader	75,0
Stillingar i politiet: Vidareføring av arbeidet med samansette truslar og tryggingstiltak	71,3
Vidareføring av 100 nye studieplassar ved Politihøgskolen	27,1
Styrking av påtalemakta i politiet	11,0
Andre omprioriteringar	
Vinstar frå prosjekta Digitale domstolar	-20,0
Erstatning ved personskade – kapitaliseringsrenta endra frå 4 pst. til 2,5 pst.	12,0
Auka kapasitet i Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker	3,0
Tilsynsordning for asylmottak for einslege mindreårige asylsøkarar – Statsforvaltaren	1,7
Auka utgifter til husleige for Syssemeisteren	4,1

Regjeringa foreslår å opprette eigne budsjettkapittel for Politidirektoratet (POD), Domstoladministrasjonen (DA), Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) og påtalemakta i politiet frå og med 2023. Formålet med å skilje ut løyvingane er å få meir kontroll med korleis ressursane vert fordelte internt i politiet, domstolane og kriminalomsorga. Regjeringa ønskjer at mest mogleg av løyvingane skal bli brukte til styrka tenester og beredskap, ikkje til administrasjon.

1.4 Utviklingstrekk som påverkar justissektoren

Det er fleire større utviklingstrekk i samfunnet som pregar justissektoren, og dermed også arbeidet og prioriteringane omhandla i denne proposisjonen. Desse trekkene gir nye utfordringar, men til ein viss monn òg nye moglegheiter, i arbeidet med å sikre dei overordna måla for justissektoren: tryggleik i samfunnet og rettstryggleik for befolkninga. Utviklingstrekkene går til dels på tvers av desse måla og dei andre måla for justissektoren nemnde i punkt 1.2, og dei har på den måten konsekvensar bl.a. for arbeidet med å sikre låg kriminalitet, ei kontrollert og berekraftig innvandring, godt forvalta polarområde og eit godt og tilgjenge-

leg lovverk. Blant dei aktuelle utviklingstrekkene er dei mest sentrale den tryggleikspolitiske utviklinga i verda, auka internasjonalisering, teknologisk utvikling og klimaendringar. Utvikling i kjølvatnet av covid-19-pandemien påverkar òg justissektoren på tvers av dei overordna måla. I tillegg påverkar utviklingstrekk som urbanisering, sentralisering og demografisk utvikling justissektoren breitt. Fleire reformer i justissektoren har ført til sentralisering av både arbeidsplassar, makt og etatar. Fleire av tenestene som justissektoren leverer føreset god lokalkunnskap om menneske, samfunnsutvikling og demografi. Regjeringa vil leggja til rette for fleire tenester nær folk òg i justissektoren.

Maktbalansen i verda er i endring. Det går bl.a. for seg ei forskyving av makt frå Vesten til stormakter som veks fram i Asia, både økonomisk og tryggleikspolitisk. Framande statar og andre aktørar nyttar eit stadig breiare apparat av verkemiddel for å drive etterretning og påverking. Nye truslar mot den nasjonale tryggleiken utviklar seg derfor raskt, og terrortrusselen er stadig meir kompleks og uføreseieleg. Tryggleikspolitisk utvikling med stormaktsrivalisering gjer at statar tek i bruk kriminalitet som maktverkemiddel. Det er òg ein risiko for tap av nasjonal kontroll over samfunnskritiske funksjonar pga. utanlandske

oppkjøp og investeringar. Russland sitt angrep på Ukraina har skapt ein ny tryggleikspolitisk situasjon som òg får konsekvensar for det sivile samfunnet i Noreg. Det stiller høgare krav til beredskap. Den nye tryggleikspolitiske situasjonen vil påverke Noreg sitt forhold til Russland som nabo i nord. Etterretningstrusselen i Noreg er blitt høgare. Tiltak for å sikre nasjonal tryggleik i møte med den tryggleikspolitiske utviklinga gir utfordringar i form av krevjande veiingar opp mot openheit i samfunnet og rettstryggleiken til individ, grupper og verksemder. Konflikhtar i verda driv fleire menneske på flukt og kan gi store svingingar i kor mange asylsøkarar som kjem til Noreg. Dette blir forsterka av covid-19-pandemien. Krigen i Ukraina har gitt ein mellombels og brå auke i asylinnkostane i Noreg.

Norske lover og forskrifter blir i stadig større grad påverka av internasjonalt regelverk som skal gjennomførast i norsk rett. Forvaltninga og domstolane må forhalda seg til meir samansette og dynamiske rettskilder. Saka om feilpraktiseringa av opphaldskravet i folketrygdlova i samband med ytingar frå folketrygda er eit døme på at internasjonalt regelverk og tilhøyrande praksis kan vere avgjerande for løysinga av rettsspørsmål i Noreg. Auka internasjonalisering fører til auka rettslegging. Dette gir borgarane fleire rettar, men det betyr òg at rettsorgana får aukande betydning på kostnad av folkevalde styresmakter. Internasjonalt og europeisk samarbeid er avhengig av at grunnleggjande verdiar og reglar blir respekterte. Når rettsstaten blir svekt i enkelte europeiske land, får det òg konsekvensar for landa rundt. Auka internasjonalisering gir auke i grensekryssande kriminalitet, men òg moglegheit for internasjonalt samarbeid om å kjempe mot kriminalitet i Europa og globalt.

Mykje kriminalitet har samanheng med psykiske vanskar og rusbrukslidningar. Det har vore ein betydeleg auke i psykiatrioppdrag for politiet dei siste åra. Det har òg vore fleire alvorlege valdshendingar knytte til psykiatri. Tilsvarande seier ein betydeleg del av innsette i fengsel at dei har alvorlege psykiske lidningar, dei har samansette utfordringar og treng psykiatrisk hjelp.

Omfattande digitalisering pregar samfunnsutviklinga og er ein viktig premis for verdiskaping, økonomisk vekst og effektivisering av samfunnet. Etterretningstenesta og PST beskriv i dei opne trusselvurderingane sine eit trusselbiletet i endring, der stadig større aktivitet går for seg i det digitale rommet. Dette biletet blir òg støtta av vurderingane frå Økokrim og Kripos, medrekna kriminalitetsbiletet i det digitale rommet. Digital

tryggleik er heilt avgjerande for å vareta velferdsamfunnet, viktige samfunnsfunksjonar, nasjonale tryggingsinteresser og interessene til kvar enkelt innbyggjar og sivilsamfunnet i det heile. Digitaliseringa gir dei kriminelle større handlingsrom. Trusselbiletet i det digitale rommet blir stadig meir komplekst. Dei kriminelle tek bl.a. i bruk kryptoteknologi, som gjer det vanskeleg å avdekke og etterforske kriminelle handlingar. Ny teknologi gir samstundes betre moglegheit for å førebyggje hendingar som truar samfunnsstryggleiken, og nye moglegheiter for å oppdage, avverje og oppklare kriminalitet, bl.a. ved bruk av stordata, dronar og kunstig intelligens. Teknologisk utvikling med auka bruk av kunstig intelligens kan på den andre sida skape utfordringar knytt til rettstryggleik og personvern.

Nasjonalt medfører klimautfordringar som skogbrann, flaum og skred behov for høgare beredskap. Ein kan vente særlege utfordringar på mindre plassar, og dette gir ekstra utfordringar for kommunane. Klimaendringane kan vidare medføre utfordringar for forsyningstryggleiken av matvarer. Dei direkte verknadene av klimaendringane er kraftigare og oftare ekstremvær som hetebølger, styrtregn og sterk vind. Forandringane i vær og natur forsterkar påkjenningane frå naturhendingar som skred og flaum. Klimaendringane kan òg føre til auka spreiding av sjukdommar. Konsekvensane av klimaendringar, som ressursmangel og folkevandring, påverkar òg den tryggleikspolitiske situasjonen i verda. Klimaendringar skaper òg store utfordringar for forvaltning av polarområda, gjennom t.d. auka fare for skred og ulukker. Når vi legg meir vekt på miljø i samfunnet, endrar vi òg oppfatning av kva vi definerer som alvorleg kriminalitet. Dette fører med seg auka regulering, etterforskning og straffefølgjing av miljøskadeleg verksemd. Internasjonalt kan naturkatastrofar ventast å drive fleire menneske på flukt, noko som vil ha betydning for innvandringa til Noreg.

Covid-19-pandemien har utfordra samfunnsstryggleiken breitt og har hatt vidtrekkande konsekvensar for nær sagt alle delar av samfunnet. Under pandemien har vi sett korleis globale smitteutbrot òg kan få følgjer for norsk tryggleikssituasjon. Både smittesituasjonen og konsekvensane av smitteverntiltaka kan forstyrre tilgangen til nødvendige varer og innsatsfaktorar som er viktige for å sikre drifta av nødvendige samfunnsfunksjonar. Erfaringane under pandemien har vist behovet for godt regelverk i krisetider, samstundes som det har vore krevjande å sikre meir enn smittevern, inkludert rettstryggleik. Det er viktig

at regulering og praksis for auka samfunnstryggleik ikkje utfordrar demokratistandardar og god rettstryggleik for individ og verksemder, og at ein finn ein riktig balanse mellom ulike samfunnsbehov. Pandemien har forsterka uvissa rundt asylinnkomstar og arbeidsinnvandring.

1.5 Rettstryggleik

Rettstryggleik inneber at befolkninga i Noreg er trygge på at alle rettsforhold mellom offentlege styresmakter og den enkelte er føreseielege og forholdsmessige. Avgjerder og inngrep overfor den enkelte er baserte på lover og reglar, og det er openheit rundt avgjerder slik at dei kan kontrollast. Styresmaktene opptre upartisk, og reglar for saksbehandling blir følgde. Alle har reelt høve til å forsvare interessene sine overfor styresmaktene og kvarandre.

1.5.1 Innleiing

Verksemder som er særleg viktige for rettstryggleiken, er politiet, Den høgare påtalemakta, Spesialeininga for politisaker, forliksråda, domstolane, kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker, Statens sivilrettsforvaltning, kriminalomsorga, konfliktrådet, Utlendingsdirektoratet og Utlendingsnemnda.

Justis- og beredskapsdepartementet forvaltar òg ei rekkje ordningar som varetek rettstryggleiken til individa i samfunnet. Desse er bl.a. fri rettshjelp og tilskot til spesielle rettshjelpstiltak, erstatning til valdsoffer, erstatning i samband med strafforfølgning og verjemålsordninga.

1.5.2 Tilstandsvurdering

Garantiar for rettstryggleiken kjem til uttrykk i Grunnlova og i dei internasjonale forpliktingane Noreg har, t.d. retten til ein rettvis rettargang, legalitetsprinsippet, forbod mot å gi lover tilbakeverkande kraft og forbod mot diskriminering. Krav til rettstryggleik inngår òg i ulike menneskerettsforpliktingar, som gjennomgåande stiller krav om at inngrep i menneskerettar må ha eit rettsleg


grunnlag, forfølge eit legitimt formål og vere forholdsmessige. Både norske domstolar og Den europeiske menneskerettsdomstolen bidrar til å sikre at Noreg oppfyller sentrale krav til rettstryggleik.

Den opplevde rettstryggleiken i Noreg er svært god samanlikna med andre land. Indeksen WJP Rule of Law måler opplevd rettstryggleik ut frå åtte dimensjonar.¹ I undersøkinga for 2021 scorer Noreg nest høgast i verda, berre slått av Danmark. Resultata frå Nasjonal tryggleiksundersøking for 2020 viser at tilliten til det norske politiet og rettsvesenet er høg, og at tilliten er breitt forankra i befolkninga. Resultat frå European Social Survey viser at tilliten har vore stabilt høg over lang tid.

Sjølv om tilliten til både politiet og rettsvesenet er høg, står justissektoren føre fleire utfordringar både på kort og lang sikt knytte til rettstryggleik. Riksrevisjonen har undersøkt om politiet når måla på sentrale område, jf. Dokument 3:7 (2021–2022). Undersøkinga viste at resultata var blitt betre på nokre område, men at det framleis er manglar ved etterforskning av straffesaker. Oppklaringsprosenten går ned for fleire typar alvorleg kriminalitet, og det er eit problem at resultata varierer mellom politidistrikta for same type straffbare forhold. Dette er forhold som går utover rettstryggleiken til enkeltmenneske.

Oppklaringsprosent gir informasjon om rettstryggleiken, og oppklaringsprosenten i straffesaker har samla sett gått ned. Det gjeld særleg i alvorlege saker som politiet skal prioritere, t.d. grov vald og truslar, seksuallovbrot og økonomisk kriminalitet. Oppklaringsprosenten for lovbrotsgruppa vald og truslar med høg strafferamme har gått betydeleg ned og var i 2020 på 33 pst. Samstundes har det vore ein auke i talet på melde saker. Oppklaringsprosenten er spesielt låg for mishandling i nære relasjonar, der berre 18 pst. av sakene vart oppklarte i 2020.

¹ WJP (The World Justice Project) Rule of Law sine åtte dimensjonar er open forvaltning, velfungerande straffeprosess, maktfordeling mellom lovgivar, regjering og domstolar, fråvær av korrupsjon, fundamentale rettar, regulatorisk gjennomføringsevne, velfungerande sivilprosess og orden og tryggleik.



Figur 1.3 Vald og truslar – tal på ferdig etterforska lovbrøt og del av lovbrøta som blir oppklarte

Kjelde: SSB 2022, tabell 09405

Tilgjengelege og effektive domstolar som tek avgjerder med høg kvalitet, er avgjerande for rettstryggleiken til den enkelte. Lang saksbehandlingstid i domstolane svekker rettstryggleiken til både offer og dei tiltalte. For dei mest alvorlege sakene i tingretten og generelt for alle typar av saker i lagmannsretten har den gjennomsnittlege saksbehandlingstida over fleire år vore høgare enn målet til Stortinget om behandlingstid på tre månader. Det er frå medio 2022 gjort endringar i straffeprosesslova, som vil styrke rettstryggleiken og effektiviteten i den norske straffesaksbehandlinga, jf. Prop. 146 L (2020–2021) og Innst. 609 L (2020–2021). Lovendringane legg betre til rette for aktiv saksstyring i straffesaker. Saman med digitalisering av domstolane som har gått for seg dei seinare åra, er det venta at desse lovendringane på sikt reduserer saksbehandlingstida.

Utfallet av domstolbehandling av straffesaker er eit uttrykk for i kva grad domstolane er materielt samde i straffesaksbehandlinga i politiet og påtalemakta, og behandlinga er viktig for å vareta rettsvernet for tiltalte personar i straffesaker. I gjennomsnitt for alle lovbrøt har delen tiltalar som endar med straffereaksjon i domstol, over lang tid lege på i overkant av 90 pst.

Det er viktig for rettstryggleiken at dei dømde ikkje må vente lenge på å få sona dommen sin. Etter at soningskøen auka i 2020 pga. smittevernstiltak som var sette i verk, har målretta arbeid i kriminalomsorga resultert i at soningskøen igjen er redusert.

I dei seinare åra har det vore endringar i gruppa av innsette i norske fengsel. Fleire innsette er dømde for det som kan karakteriserast som alvorlege lovbrøt, og ein betydeleg del har samansette utfordringar og treng psykiatrisk hjelp. Isolasjon og mangel på menneskeleg kontakt kan forårsake eller forsterke psykiske lidingar. Isolasjon av innsette i norske fengsel har vore kritisert av Sivilombodet og fleire internasjonale institusjonar for menneskerettar.

Det er eit grunnleggande prinsipp i norsk rett at ved personskade skal den skadelidde ha full erstatning og dermed ikkje komme dårlegare ut etter skaden enn om han ikkje hadde hendt. Erstatning for framtidig tap blir som hovudregel fastsett til ein eingongssum. Ved utrekninga blir det nytta ei kapitaliseringsrente, der ei lågare rente gir høgare erstatningsutbetalingar. Regjeringa har endra kapitaliseringsrenta frå 4 pst. til 2,5 pst. med verknad frå 1. oktober 2022.

1.5.3 Tiltak

Regjeringa foreslår å løyve til saman 45 mill. kroner i 2023 for å auke grunnbemanninga i fengsel for å redusere isolasjon. Løyvinga skal gå til auka bemanning i dei fengsla der behovet er størst irekna fleire aktiviseringsteam. Forslaget kjem i tillegg til løyvinga frå 2022, jf. Prop 1 S Tillegg 1 (2021–2022), som har ei heilårseffekt på 100 mill. kroner i 2023. Samla foreslått auke for 2023 tilsvarer derfor 145 mill. kroner.

Vidare foreslår regjeringa å løyve 75 mill. kroner til utbygging av Romerike fengsel avdeling Ullersmo, irekna 13 mill. kroner under kriminalomsorga. Dette vil gi meir eigna areal for aktivitet og fellesskap. Sjå meir om dette i kap. 06.30 og i Prop. 1 S (2022–2023) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Rapportane NOU 2020: 9 *Blindsonen*, NOU 2021: 8 *Trygd over landegrensene* og arbeidsgrupperapporten *Departementenes EØS-arbeid* (2021) viste at det er behov for å byggje opp ein varig og robust kompetanse i forvaltninga. Det er naudsynt å auke kunnskapen om korleis ein kan handtere nasjonale prioriteringar innan rammene av EØS-retten, men også korleis ein skal redusere risikoen for feiltolking av EØS-regelverk. Regjeringa foreslår å løyve 2 mill. kroner til å styrke EØS-arbeidet i Lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet. Satsinga vil styrke rettstryggleiken.

Kommisjonen for gjenoptaking av straffesaker har i dei seinare åra hatt fleire krevjande saker til behandling, og saksbehandlingstida har auka. Det er viktig for rettstryggleiken til den enkelte at saka blir behandla innan rimeleg tid. Regjeringa foreslår derfor å styrke kommisjonen for gjenoptaking av straffesaker med 3 mill. kroner.

1.6 Tryggleik i samfunnet

Tryggleik i samfunnet inneber at dei nasjonale tryggingssinteressene til Noreg er sikra. Samfunnet skal være verna mot hendingar som set liv og helse i fare, og som truar grunnleggjande verdiar og viktige samfunnsfunksjonar. Det skal være trygt å bu og ferdast i heile Noreg.

1.6.1 Innleiing

Samfunnstryggleik handlar om evna samfunnet har til å verne seg mot og handtere hendingar som truar grunnleggjande verdiar og funksjonar og set liv og helse i fare. Slike hendingar kan vere utløyste av naturen, vere eit utslag av tekniske eller menneskelege feil eller vere bevisste handlingar. Nasjonal tryggleik blir definert som statstryggingssområdet og ein avgrensa del av samfunnstryggleiksområdet som er av vesentleg betydning for staten si evne til å vareta nasjonale tryggingssinteresser, jf. tryggingsslova.

Verksemder som er viktige for samfunnstryggleiken og nasjonal tryggleik på sivil side, er politiet, Politiets tryggingsteneste (PST), Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), Nasjonalt tryggingssorgan (NSM), Sivil klarerings-

myndigheit (SKM) og Hovudredningsentralen (HRS). Norsk redningsteneste er organisert som eit samvirke mellom ei rekkje offentlege, frivillige og private aktørar.

1.6.2 Tilstandsvurdering

Trusselbiletet

Trussel- og risikovurderingane som blir utarbeidde av bl.a. Etterretningstenesta, PST, NSM og politiet, i tillegg til DSB sitt krisescenarior, gir eit viktig felles grunnlag for arbeidet med nasjonal tryggleik og samfunnstryggleik.

Trusselbiletet mot den nasjonale tryggleiken er komplekst og karakterisert ved mindre føreseielege truslar frå både framande statar, organiserte kriminelle nettverk og terroristar. Dei tradisjonelle tryggleiksfordringane er endra, på same tid som nye er komne til. Kombinasjonen av ulike verkemiddel, sivile og militære, opne og fordekte, i det fysiske så vel som i det digitale rommet, gjer trusselbiletet utfordrande og samansett.

Politiets tryggingsteneste ventar framleis at trusselen frå ekstrem islamisme og høgreekstremisme vil utgjere dei største terrortruslane mot Noreg. Dei er òg bekymra for auka negativ merksemd mot norske styresmaktspersonar frå ekstremistar.

Samansett verkemiddelbruk omfattar både operasjonar i det digitale rommet og meir konvensjonelle tiltak, irekna det som ved første augekast kan sjå ut som ordinær kriminalitet i form av bl.a. skadeverk eller grovt tjuveri. Økonomiske tiltak, oppkjøp, falske nyheiter og ulike former for påverknadsoperasjonar er metodar som er særleg krevjande å møte. Samansett verkemiddelbruk utfordrar evna styresmaktene har til å fange opp trusselaktørar. Desse utfordringane er eit døme på at arbeidet med nasjonal tryggleik krev eit breitt samarbeid på tvers av sektorane i Noreg. Det er òg viktig at dei nasjonale tryggingssstyresmaktene har tilstrekkeleg heimelsgrunnlag, kompetanse og ressursar til å avdekke, motverke og handtere den breie verkemiddelbruken som framande statar rettar mot Noreg. Regjeringa vurderer behovet for regelverkstiltak.

Det er grunn til å tru at cyberoperasjonar som metode for bl.a. etterretning og påverknad vil vere særskild aktuelt framover, og dette er forsterka av den nye tryggleikspolitiske situasjonen som Russland sitt angrep på Ukraina har skapt, då slike operasjonar vil kunne gi høg effekt utan stor risiko for den som står bak. Vidare har Russland vist ei evne til å bruke heile verkemiddelapparatet til staten for å oppnå politiske mål, gjennom såkalla saman-

sett verkemiddelbruk. Fleire forhold kan påverke viljen Russland har til å utnytte slike verkemiddel, t.d. vestlege sanksjonar.

Kriminalitet er ein trussel mot tryggleiken i samfunnet. Truslar og hatefulle ytringar er venta å auke i omfang. Dette kan verke negativt på ytringsfridommen og verke radikaliserande på enkeltindivid. Kriminaliteten blir meir organisert, med auka samarbeid på tvers av landegrenser, grupperingar og kriminalitetsområde og auka bruk av teknologi. Kriminelle nettverk har etablert seg i næringslivet og får i ein del tilfelle bistand av etablerte tilsette og yrkesgrupper. Det er venta ein auke i valdsutøving utført av personar med alvorleg psykisk sjukdom. Grensa mot politisk motivasjon kan i slike tilfelle vere uklar. Private og offentlege verksemdar blir utsette for løypepengevirus og datainnbrot. Verksemdar med samfunnskritiske funksjonar kan bli utsette for datatjuveri eller datamanipulasjon.

Trusselbiletet omfattar og kriminalitet som truar indre og ytre Schengen-grenser og tryggleiken på territoriet. Dette omfattar bl.a. ID-misbruk og grenserelatert kriminalitet som smugling av varer og migrantar, i tillegg til irregulære grensepasseringar og ulovleg opphald.

Beredskapen

Alle sektorane i samfunnet har ansvar for førebyggjande tryggingstiltak i eigen sektor, for at dei skal bli mindre sårbare. PST, politiet, Etterretningstenesta og Nasjonalt tryggingssorgan (NSM) bidrar til auka kunnskap i samfunnet om kva truslar og kva risiko vi står overfor.

Justis- og beredskapsdepartementet har ei samordnings- og pådrivarrolla i tryggleiksarbeidet. Tryggleiksarbeidet til Nasjonalt tryggingssorgan (NSM) med digital tryggleik i og utanfor tryggingsslova skal utviklast vidare. Særleg sentralt er utvikling av Nasjonalt cybertryggingssenter (NCSC) som ein del av NSM. Senteret skal bidra til betre situasjonsforståing, betre avgjerdsgrunnlag og betre utnytting av ressursar.

Politiet er ein sentral beredskapsaktør på sivil side i Noreg og har ansvar for å sikre tryggleiken både til den enkelte innbyggjaren og til samfunnet i heilskap.

Direktoratet for samfunnsstryggleik og beredskap (DSB) med Siviltforsvaret er staten sin forsterkningsressurs og gir støtte til nød- og beredskapsetatane i heile krisespekteret.

Norsk redningsteneste er organisert som eit samvirke mellom ei rekkje offentlege, frivillige og private aktørar. Den frivillige innsatsen er svært vik-

tig for målet til regjeringa om å sørge for god beredskap for samfunnet. Ny fagskule for utdanning av brann- og redningspersonell er under etablering ved Noregs brannskule i Tjeldsund kommune. Den nye fagskulen skal etter planen starte opp i 2024.

Nødnett er det landsdekkande nettet for nød- og beredskapskommunikasjon i Noreg. Nettet gir nød- og beredskapsaktørar høve til å kommunisere avlyttingssikra og effektivt i grupper.

I desember 2013 vart det signert ein kontrakt med AgustaWestland (no Leonardo SPA) om levering av 16 nye redningshelikopter, SAR Queen. Dei første helikoptera vart sette i drift 1. september 2020. Per 1. juli 2022 var det til saman ni maskiner i operativ teneste ved tre baser i Noreg. Alle dei nye redningshelikoptera skal etter planen vere i drift i løpet av 2023.

For å styrke redningsberedskapen i Nord-Noreg vart det etablert ein ny redningshelikopterbase i Tromsø med grunnlag i å leige inn sivile helikopter frå 1. juli i 2022. Den same operatøren overtok ansvaret for drifta av helikoptertenesta for Sysselmeisteren på Svalbard frå 1. april 2022.

EU si ordning for sivil beredskap vart etablert som EU-program i 2001, og Noreg har delteke sidan ordninga vart oppretta. Noreg samarbeider i tillegg gjennom EØS-midlane med Romania og Polen om styrkt førebygging og beredskap. Vi viser til omtalen av EØS-midlane i Prop. 1 S (2021–2022) for Utanriksdepartementet.

Koronakommisjonen leverte den første rapporten sin, NOU 2021: 6 *Myndighetenes håndtering av koronapandemien*, 14. april 2021 og den andre rapporten sin, NOU 2022: 5 *Myndighetenes håndtering av koronapandemien – del 2*, 26. april 2022. Regjeringa sette ned eit nytt uavhengig utval som skal evaluere styresmaktene si handtering av covid-19-pandemien samla sett, og i tillegg evaluere omikronhandteringa i perioden frå 1. november 2021 til tentativt 1. mai 2022. Utvalet skal etter planen gi rapport i løpet av 2023.

1.6.3 Tiltak

Innbyggjarundersøkinga til politiet viser at innbyggjarane i små kommunar føler seg mindre trygge i eige nærmiljø enn innbyggjarane i mellomstore og store kommunar. På ein del mindre stader er det òg lang reisetid eller avgrensa opningstid eller tenestetilbod på den nærmaste politistasjonen. Politiet må vere tilgjengeleg for befolkninga for å skape tryggleik. Samarbeid om førebygging og beredskap med kommunen og andre lokale aktørar krev at politiet er til stades og kjenner samfunnet og dei andre aktørane godt.

For å oppnå auka lokal beredskap vil regjeringa betre dei lokale polititenestene, gi meir tilgjengeleg politi for folk i heile landet og opprette nye tenestestader. Polititenestene skal betrast bl.a. gjennom lokalt tilpassa tiltak som kan setjast inn i samarbeid mellom kommune og politidistrikt. Dei 100 nye studieplassane ved Politihøgskolen som vart oppretta i samband med revidert nasjonalbudsjett 2022, skal vidareførast i 2023. Påtalemakta i politiet skal òg styrkast. Det skal setjast av 113 mill. kroner av løyvinga til politiet til desse tiltaka i 2023. Tiltaka skal finansierast ved å flytte ressursar frå bl.a. Politidirektoratet, sentral administrasjon og konsulenttenester. Regjeringa vil ha mindre byråkrati og meir politikraft for pengane, og vil halde fram med denne prioriteringa i 2023 og framover.

Regjeringa styrkte beredskapen i Noreg gjennom tiltak i Prop. 78 S (2021–2022), jf. Innst. 270 S (2021–2022). Her vart det gitt løyving til tiltak for auka digital tryggleik, både innan førebygging, avdekking og handtering. Tiltaka er bl.a. ei styrking av Nasjonalt tryggingsorgan (NSM), forbeiring av kommunikasjons- og samhandlingsløyningar for den nasjonale krisehandteringa, auking av kompetansen til å oppdage og handtere uønskte hendingar både i kommunane og privat sektor, utvikling og sikring av datasystem i PST, og auka kapasitet til tryggleiksklareringar i Sivil klareingsmyndigheit (SKM). I tillegg vart budsjetta til politiet og PST styrkt for å auke kapasiteten til å avdekke samansette truslar og ulovleg etterretning. Regjeringa styrkte i Prop. 78 S (2021–2022) òg den sivile beredskapen i Noreg gjennom auka løyving til å sikre den operative evna til Sivilforsvaret og gjennom å etablere ei moderne befolkningsvarsling basert på Cell Broadcast-teknologien. Vidare fekk dei frivillige organisasjonane i redningstenesta dekt driftsutgiftene til fleire nye Nødnett-terminalar.

Det går for seg fleire prosessar mellom aktørar i justissektoren og helsesektoren for å betre handtere utfordringane med alvorleg psykisk sjuke personar som utgjør ein valdsrisiko.

Regjeringa ser alvorleg på dei konsekvensane som radikalisering og ekstremisme kan få for liv, helse og tryggleik. Det er behov for meir kunnskap om ekstremisme og tiltak som førebyggjer og motverker radikalisering og ekstremisme. Regjeringa har derfor oppnemnd ein ekstremismekommisjon. Kommisjonen skal levere si utgreiing innan utgangen av 2023 til Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Regjeringa legg hausten 2022 fram ein revisjon av den nasjonale kontraterrorstrategien, som pei-

kar ut retning for regjeringa sitt samla arbeid med å førebyggje og motverke terror.

Den første handlingsplanen for å førebyggje radikalisering og valdeleg ekstremisme vart lagd fram i 2010. Ein ny versjon vart lagd fram i 2014. Denne vart revidert i 2020 med nye og justerte tiltak og er under oppfølging. Handlingsplanen inneheld bl.a. tiltak for styrking av førstelinja sitt arbeid på feltet.

Hovudredningssentralen (HRS) opplever press i nord med eit utvida ansvarsområde for søk og redning, i kombinasjon med minkande sjøis, aukande sivil og militær maritim trafikk og stadig meir cruisetrafikk der sesongen startar tidlegare og sluttar seinare. Regjeringa foreslår å auke grunnbemanninga ved Hovudredningssentralen på Sola og i Bodø og å auke løyvinga med 14 mill. kroner i 2023. Ei styrking av grunnbemanninga vil dekke behovet for å handtere det auka talet på hendingar, møte risiko knytt til klimaendringar, auka trafikk i nordområda og vil redusere risikoen for at kapasiteten til HRS ikkje blir overbelasta som følgje av fleire samstundes redningsaksjonar, eller ei stor og kompleks hending som ikkje lar seg handtere med dagens tal på redningsleiarar på vakt. Styrkinga vil òg betre samvirket i den norske redningstenesta, både med å sikre at utviklinga blir forankra i dei faktiske behova til aktørane i redningstenesta og ved betre erfaringsdeling frå hendingar og øvingar.

Eit sentralt tiltak i arbeidet mot terror, ulovleg migrasjon og alvorleg grensekryssande kriminalitet er kontroll på kven som reiser inn over Schengen-yttergrensa til Noreg, og kven som er i landet. Schengen-landa er i gang med og skal i dei kommande åra halde fram med å utvikle og ta i bruk nye IT-system for å styrke handteringa av den felles yttergrensa og tryggleiken på Schengen-området. Siktemålet er meir målretta førebygging, avdekking og etterforskning av grensekryssande kriminalitet og terrorisme, betre grensekontroll og eit tettare grense-, utlendings- og politisamarbeid med utlandet. Tiltaka skal samla sett gi tilgang til viktige opplysningar, større moglegheit til å avdekke uriktig identitet og sikrare behandling av visums- og opphaldssaker. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til politiet med 288,2 mill. kroner for utvikling av Schengen-IKT-systema *VIS* (felles europeisk visumsystem), *Eurodac* (biometriregister av asylsøkarar) og *Interoperabilitet* (felles søkeverktøy på tvers av systema) i politiet i 2023. Det går òg for seg tilpassingar til systema i UDI.

Telenor har starta arbeid med å avvikle sitt eige koparnett. Det har innverknad på Nødnett, då Nødnett i stor grad bruker koparkabel frå Telenor

for å sende talesignal mellom basestasjonane. For å halde tenestene ved lag må Nødnett gå over på ny teknologi (IP-teknologi). Omlegginga inneber at komponentar i Nødnett må endrast eller skiftast ut. Det er eit omfattande arbeid som fører med seg større kostnader.

Staten har kontrakt om drift av dagens Nødnett til og med 2026. Nødnett kan teknisk sett vidareførast utover 2026 i ytterlegare fem år. Det er utført ei konseptvalutgreiing om korleis ei framtidig løysing i kommersielle mobilnett kan og bør setjast ut i livet, og om overgangen frå dagens Nødnett. Utgreiinga har vore til ekstern kvalitets-sikring, og det er behov for ytterlegare utgreiingar før regjeringa tek stilling til val av konsept.

Alle dei nye redningshelikoptera skal etter planen vere i drift i løpet av 2023.

Regjeringa sette ned ein totalberedskapskommisjon den 21. januar 2022 for å sjå på korleis dei samla beredskapsressursane kan nyttast best mogleg. Kommisjonen skal levere vurderingane sine i form av ein NOU i 2023. Regjeringa har og sett i gang eit arbeid med ein heilskapleg gjennomgang av brann- og redningsområdet. Ein tek sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om dette i 2023.

1.7 Låg kriminalitet

Låg kriminalitet betyr at det i Noreg i liten grad førekjem kriminelle handlingar, og at det førekjem få alvorlege lovbrøt. Ein viktig føresetnad for låg kriminalitet er at lovbrøt ikkje blir gjentekne.

1.7.1 Innleiing

Verksemder som er viktige for å ha låg kriminalitet, er politiet, domstolane, Den høgare påtalemakta, Spesialeininga for politisaker, kriminalomsorga og konfliktrådet. Låg kriminalitet krev samstundes innsats frå fleire aktørar i samfunnet. Det

inneber verksemder som arbeider med eller har ansvar for tidleg førebygging av kriminalitet, som utdanningssektoren, barnevernet, helsesektoren, frivillige organisasjonar m.m.


1.7.2 Tilstandsvurdering

Omfang av kriminalitet

Kriminaliteten i Noreg er i internasjonal samanheng låg, og det har vore ein trend mot mindre kriminalitet i Noreg dei siste tiåra. Trenden gjeld både for opplevd og meld kriminalitet. Ein stor drivkraft for denne utviklinga har vore ein reduksjon i ungdomskriminalitet, irekna eigedomstjuveri og vinning. Omfanget av vald har halde seg relativt stabilt sidan 1980-talet. Kriminaliteten er likevel for høg og/eller alvorleg på enkelte område.

Nasjonal tryggleiksundersøking kartlegg befolkninga sin oppfatning av omfang av lovbrøt retta mot privatpersonar. Nesten ein av tre av respondentane svarer at dei var utsette for minst eitt lovbrøt eller ei lovbrøtsliknande handling i 2020, noko som er langt høgare enn mengda kriminalitet som blir meld til politiet.² Unge personar blir i langt større grad utsette for, melde og sikta for lovbrøt enn eldre. Aldersfordelinga er spesielt skeiv for vald og seksuelle overgrep. Kvinner er utsette for seksuell vald i langt større grad enn menn, og dette gjeld spesielt for unge. Blant dei yngste kvinnene i utvalet (16–19 år) var det 15 pst. som oppgav at dei hadde vore utsette for digital seksuell vald, 9 pst. oppgav at nokon hadde teke på dei utan samtykke, og 6 pst. oppgav at dei hadde blitt valdtekne i løpet av 2020. Fysiske vinningslovbrøt er framleis meir utbreidde enn digitale vinningslovbrøt.

² Nasjonal tryggleiksundersøking skal gjennomførast årleg frå 2022, men ho er ikkje gjennomført i 2021.



Figur 1.4 Del av befolkninga (16–84 år) som seier å ha vore utsette for ulike lovbrøtstypar

Kjelde: Nasjonal tryggleiksundersøking 2020

Respondentar som bur i kommunar med få innbyggjarar, er mindre utsette for kriminalitet og mindre bekymra for å bli utsette for lovbrøt enn dei som bur i større kommunar. Samstundes føler dei seg mindre trygge enn på større stader.

Barn og unge blir utsette for alvorleg kriminalitet, spesielt seksuallovbrøt, som blir gjennomførte ved hjelp av internett. Basert på Nasjonal tryggleiksundersøking og materiale som blir avdekt av internettelskapa, og som er teke imot av norsk politi gjennom National Center for Missing & Exploited Children (NCMEC), er det grunn til å anta at det gjeld eit omfattande tal barn og unge i Noreg. Den digitale utviklinga gjer at politiet i aukande grad blir kjend med eller får informasjon om seksuallovbrøt på nett. Bevismateriale ligg òg i aukande grad på digitale lagringsmiddel. Dette utfordrar kapasiteten til politiet og påtalemakta.

Ei rekkje norske offentlege og private verksemdar har blitt utsette for datainnbrøt det siste året. Næringslivets Sikkerhetsråd (NSR) sin toårlege kriminalitets- og tryggleiksundersøking (KRISINO) for 2021 viser at 9 pst. av dei 2 500 verksemdene som inngår i undersøkinga, har blitt utsette for løysepengevirus og direktørsvindel.

I trusselvurderinga til politiet frå 2022 blir bl.a. økonomisk kriminalitet og miljøkriminalitet framheva som utfordringar. Korleis aktørane bruker IKT og organisering, inkludert internasjonale foreiningar, kan gjere etterforsking og oppklaring av denne kriminaliteten meir utfordrande enn tidlegare.

Kostnader ved kriminalitet

Samfunnsøkonomisk analyse AS gjennomførte i 2022 ein analyse av kva kriminaliteten kostar. I den er kostnadene ved kriminalitet i Noreg i 2019 rekna til ca. 144 mrd. kroner, pluss ikkje prissette verknader som frykt og uro. Lovbrøt som inneber store helse- og produksjonstap for offera, står for ein stor del av dei totale samfunnsøkonomiske kostnadene. Dette inneber spesielt vald, mishandling og seksuelle overgrep. Slike lovbrøtstypar gir store økonomiske kostnader for offera, som tapt arbeidsinntekt på kortare og lengre sikt, og for samfunnet, som behandlingkostnader for fysisk og psykisk helsehjelp. Dette er òg lovbrøtstypar som gir store personlege kostnader som ikkje kan målast i kroner og øre. Det er ikkje grunnlag for å seie noko om endringar over tid i dei samla samfunnsøkonomiske kostnadene.


I den same analysen blir det anslått at den skjulte norske skuggeøkonomien svarte til 3 pst. av fastlands-BNP. Dvs. at han har ein samla verdi på om lag 80 mrd. 2019-kroner, som igjen inneber tapte skatteinntekter på 32 mrd. kroner.

Sjølv om omfanget av tjuveri og vinningslovbrøt er stort samanlikna med andre lovbrøtsgrupper, er dei økonomiske tapa for privatpersonar som er utsette, relativt avgrensa. Dette gjeld både fysiske lovbrøt og vinningskriminalitet i det digitale rommet.

Redusert tilbakefall etter gjennomført straff

For at kriminaliteten skal bli lågare, er det viktig at domfelte går til utdanning og arbeid etter gjennomført straff og ikkje fell tilbake til ny kriminalitet.

Samanlikna med mange andre land har Noreg låge tal på tilbakefall. Talet på sikta personar med tilbakefall til ny kriminalitet i løpet av fem år har falle svakt sidan starten av 2010-talet. Av dei som blir sikta for nye lovbrøt, er det særleg stort tilbakefall til rusmiddelbrot, trafikklovbrot og vald og mishandling.



Figur 1.5 Delen sikta personar (15 år og eldre) med ny sikting i løpet av fem år, i tillegg til delen som er utanfor arbeid og utdanning fem år etter sikting

Kjelde: SSB 2021

Ein betydeleg del av dei sikta står utanfor arbeid og utdanning fem år etter sikting. Nivået har vore relativt stabilt på ca. 40 pst., men med eit noko høgare nivå i 2020, som kan henge saman med covid-19-pandemien. Ein føresetnad for å lukkast med tilbakeføring til eit kriminalitetsfritt liv er kontinuitet og god samordning mellom kriminalomsorga og dei ulike velferdstenestene, spesielt kommunane.

Ein stadig større del gjennomfører straff i samfunnet. Dette gir auka moglegheiter til å oppretthalde utdannings- og arbeidsforhold. Men også fengselsstraff slik ho blir gjennomført i Noreg, verkar rehabiliterande for ei stor gruppe innsette.³ Samstundes har det blitt ei meir krevjande gruppe innsette i fengsel, noko som kan gjere det vanskelegare å redusere tilbakefallet etter fengselsdom i framtida. Ein større del av dei innsette er dømde for alvorlege lovbrøt og sit fengsla lenger enn tidlegare. Det har òg vore ein auke i talet som gjennomfører forvaringsdom utan tidsbestemt lengd på straffa.

1.7.3 Tiltak

Regjeringa foreslår å setje av 113 mill. kroner av politibudsjettet i 2023 til betre lokale polititjenester og beredskap og meir tilgjengeleg politi for folk i heile landet, nye tenestestader, styrking av påtalemakta i politiet sitt arbeid og til å vidareføre det auka opptaket til Politihøgskolen i 2022. Sjå nærare omtale under punkt 1.6 Tryggleik i samfunnet. Justis- og beredskapsdepartementet har bede Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) om å evaluere nærpolitireforma og å gå gjennom Politidirektoratet (POD). Regjeringa vil bruke desse rapportane i si vurdering av om organiseringa og styringa av norsk politi bør endrast.

Vald og overgrep er alvorleg kriminalitet og eit samfunns- og folkehelseproblem. NOU 2020: 17 *Varslede drap? — Partnerdrapsutvalgets utredning* og NOU 2017: 12 *Sviikt og sviikt — Gjennomgang av saker hvor barn har vært utsatt for vold, seksuelle overgrep og omsorgssviikt* (barnevaldsutvalet) har avdekt manglar i tenestene si handtering av saker om vald og overgrep. Utvala foreslår fleire tiltak for å realisere potensialet politi og hjelpeapparat

³ Bhuller mfl. 2020, Doleac 2020, Oslo Economics 2022.

har for betre førebygging og vern. Regjeringa arbeider med ein opptrappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar, som òg inneber ei styrking av politiet sin innsats mot vald i nære relasjonar. Innanfor budsjetttramma skal politiet prioritere vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep, samt organisert, digital og annan alvorleg kriminalitet, irekna gjengkriminalitet.

Nettilbydarar får plikt til å lagre IP-adresser frå 1. januar 2023, noko som vil gi politiet betre tilgang til informasjon i kampen mot alvorleg kriminalitet. Regjeringa vil greie ut om det skal innførast ei plikt til å avdekke, rapportere og fjerne materiale som inneheld seksuelt misbruk av barn, og innhald som har «grooming» av barn til formål.

Sidan starten av 2000-talet har det vore ein nedgang i talet på etterforska lovbrøt som gjeld økonomisk kriminalitet. Samstundes har delen saker som blir lagde bort, auka til i overkant av 40 pst. Økokrim melder om ein betydeleg auke i talet rapporter om mistenkjelege transaksjonar frå rapporteringspliktige etter kvitvaskingslova dei siste åra. Styresmaktene har samstundes fått kritikk frå privat sektor som følgje av eit misforhold mellom denne sektoren sin bruk av ressursar på antikvitvaskingsarbeid og styresmaktene si oppfølging av rapportar om mistenkjelege transaksjonar. Antikvitvaskingspakka som er under forhandling i EU, vil dessutan få betydelege konsekvensar for justissektoren, i tillegg til finanssektoren. For å møte denne utviklinga, arbeider regjeringa med ei stortingsmelding om økonomisk kriminalitet.

Regjeringa har bestemt at ung.no skal vere staten sin primære tverrsektorielle kanal for digital informasjon, dialog og tenester til barn og unge på tvers av tenestenivå, gjennom realisering av DigiUng-programmet. Justis- og beredskapsdepartementet vil i samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Kunnskapsdepartementet, Kulturdepartementet, Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet utarbeide felles styringssignal til relevante verksemder om deltaking i DigiUng. For Justis- og beredskapsdepartementet gjeld dette politiet, kriminalomsorga og konfliktrådet. Det vert òg vist til omtale i Barne- og familiedepartementets budsjettproposisjon, Programkategori 11.10 Familie- og oppvekst og Helse- og omsorgsdepartementets budsjettproposisjon, kap. 762 Primærhelsetjeneste, post 21 Spesielle driftsutgifter.

1.8 Kontrollert og berekraftig innvandring

Innvandringa til Noreg blir regulert i samsvar med internasjonale forpliktingar og i tråd med samfunnsbehovet. Det blir lagt til rette for lovlege rørsler over landegrensene, medrekna ønskt arbeidsinnvandring. Noreg varetek rettstryggleiken til utlendingar og den enkelte sitt behov for vern, samstundes som tryggleiken i landet blir bevart.

1.8.1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet har det overordna ansvaret for å utforme og samordne innvandringspolitikken. Utlendingslova, den europeiske menneskerettskonvensjonen, flyktningkonvensjonen og ei rekkje internasjonale forpliktingar i samband med EØS-avtalen, Schengen- og Dublin-samarbeidet og FN er det sentrale juridiske rammeverket som regulerer innvandringa til Noreg.

Dei operative oppgåvene blir utførte i Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE), Utlendingsforvaltningas fageining for landinformasjon (Landinfo), Politidirektoratet (POD) og dei underliggjande einingane deira, og Politiets tryggingsteneste (PST).

Andre departement med særleg ansvar innan utlendingsforvaltninga er Arbeids- og inkluderingsdepartementet (arbeidsinnvandring, all innvandring frå EØS-land, busetjing, statsborgarskap og samordning av integreringspolitikken), Barne- og familiedepartementet (omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkarar under 15 år) og Utanriksdepartementet (samarbeid med opphavsland om migrasjon og retur, spesialutsendingar for utlendingsfeltet og utanriksstasjonar som førstelinge for søknader om visum og opphald).

1.8.2 Tilstandsvurdering

Innvandringa til Noreg

Tal frå SSB viser at om lag 38 600 personar innvandra til Noreg i 2021.⁴ Nesten 60 pst. av desse kom frå Europa⁵, om lag 45 pst. var arbeidsinnvandrarar, og om lag 30 pst. var familieinnvandrarar. Som det går fram av figuren under, har talet på innvandrarar dei siste åra gått ned, og særleg har

⁴ Dette gjeld førstegongsinnvandringar blant personar med ikkje-nordisk statsborgarskap.


⁵ Eksklusiv Tyrkia.

talet på innvandrere som kjem pga. flukt, blitt lågare fram til og med 2021.

I 2022 har fleire millionar ukrainarar blitt fordrivne frå heimlandet. Dette er den største flyktningstraumen i Europa sidan 2. verdskrigen. Per 12. september har Noreg teke imot 26 800 asyl-

søknader frå ukrainarar, og 24 200 personar har fått innvilga løyve om mellombels kollektivt vern.

Covid-19-pandemien hadde store konsekvensar for innvandringa til Noreg, særleg i 2020. Innreiserestriksjonar og grensekontroll på fleire grenser i Europa gjorde det vanskelegare for utlendingar å reise til Noreg.



Figur 1.6 Innvandringar til Noreg etter innvandringsgrunn og år

Kjelde: SSB


Regjeringa vil leggje til rette for at fleire arbeidsinnvandrere med ettertrakta kompetanse vel å ta arbeid i Noreg. Sjå meir om arbeidsmarknadspolitikken til regjeringa i Prop. 1 S (2022–2023) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Arbeidsinnvandrere har dei siste åra utgjort over 40 pst. av det totale talet på innvandrere til Noreg.

Særskilt om saker om vern (asyl)

Retten til å søke asyl og vern frå forfølgning er ein grunnleggjande menneskerett. Noreg skal vise solidaritet med og ta vår del av ansvaret for menneske på flukt. Alle som kjem til grensa til Noreg og viser til at dei er forfølgde etter flyktningkonvensjonen, eller som ikkje kan vende tilbake til heimlandet fordi dei der vil risikere dødsstraff, tortur eller umenneskeleg eller fornedrande behandling eller straff, har rett til å få behandla søknaden om vern. Dei som fyller vilkåra for vern, har rett til opphald. Ifølgje FN sin høgkommissær

for flyktningar (UNHCR) var det over 25 mill. flyktningar ved utgangen av 2021. I tillegg var det over 61 mill. menneske på flukt i eige land. Særleg pga. krigen i Ukraina, men og andre rørsler i verda, har begge kategoriane auka med fleire millionar i 2022, slik at talet på tvangsfordrivne no har passert 100 millionar. Noreg samarbeider med UNHCR og enkelte andre organisasjonar om overføring av flyktningar til Noreg frå aktuelle vertslend. Formålet er å gi vern til flyktningar og å avlaste vertslend. Det blir fastsett ein årleg kvote for uttak av overføringsflyktningar og annan type byrdedeling. Regjeringa vil elles at Noreg skal vere ein pådrivar for at rettane til barn på flukt blir varetakne, og at saker som omfattar barn skal prioriterast høgt.

Figuren under viser utviklinga i talet på søknader om vern, inntak av overføringsflyktningar og av relokaliserte asylsøkarar (styresmaktstyrt overføring av asylsøkarar til Noreg frå andre land) sidan 2015.



Figur 1.7 Tal asylsøkarar, innkomstar overføringsflyktningar og mottak av relokaliserte asylsøkarar 2015–juni 2022

Talet på ordinære asylsøkarar for 2017 er korrigert i figuren samanlikna med tilsvarende figur i Prop. 1 S (2021–2022) og (2020–2021), der relokaliserte asylsøkarar dette året òg var med i talet på ordinære asylsøkarar.

Kjelde: UDI

Frå 2016 til 2021 har talet på asylsøkarar til Noreg vore lågt, særleg samanlikna med 2015, men også åra før det. Talet på asylsøkarar i 2020 og 2021 var særleg lågt pga. covid-19-pandemien. Sidan 2018 har over 70 pst. av søkarane årleg fått vern, og i 2021 fekk 87 pst. av asylsøkarane vern. Det tilsvarende talet for EU samla i 2021 var rundt 40 pst.

I 2022 har talet på asylsøkarar til Noreg auka vesentleg. Hovudårsaka er krigen i Ukraina som har ført til at millionar av menneske har blitt fordrivne frå heimlandet. Det har òg vore ein auke i talet på asylsøkarar frå andre land. Per 12. september har vi teke imot 29 400 asylsøknader, av desse er 26 800 frå ukrainarar. 11. mars 2022 innførte regjeringa ei ordning med mellombels kollektivt vern for personar fordrivne frå Ukraina. Per 12. september har 24 200 personar fått innvilga løyve om mellombels kollektivt vern, av desse er 24 000 ukrainarar.

For 2023 er det lagt til grunn ein prognose på 14 000 asylsøkarar, der 10 000 av disse er fordrivne frå Ukraina. Det er alltid stor uvisse om talet på asylsøkarar, og situasjonen for Noreg kan endre seg raskt, slik krigen i Ukraina har vist i 2022. Prop. 1 S (2022–2023) bygger på siste prognosar frå Beregningsgruppen for utlendingsforvaltningen (BGU) frå juni. Dette er i tråd med etablert praksis. Ifølgje desse prognosane, kan vi forvente 32 000 fordrivne frå Ukraina til Noreg i løpet av 2022, og ytterlegare 10 000 i 2023. Det er ein

rekke budsjettpostar under fleire departement som blir påverka av desse prognosane. Det er uvanleg stor usikkerheit knytt til innkomstane. Vi veit ikkje korleis krigen og migrasjonsstraumane kjem til å utvikle seg, og på kva tidspunkt ein eventuell retur til eit trygt Ukraina vil vere mogleg. I vekene etter sommaren har innkomsten av fordrivne frå Ukraina vore høgare enn lagt til grunn i prognosane.

I 2021 vart alle dei 3 000 plassane på kvoten for overføringsflyktningar og anna byrdedeling nytta, i tillegg til 608 plassar som vart overførte frå 2020 pga. forseinkingar knytte til covid-19-pandemien. Om lag 900 plassar av kvoten vart nytta til afghanske borgarar som vart evakuert i samband med Taliban si makttovertaking i Afghanistan. Medrekna på kvoten er òg totalt 51 asylsøkarar som vart relokaliserte frå Hellas til Noreg det første halvåret i 2021.

Regjeringa støttar det pågåande arbeidet i EU med ei reform av ulike rettsakter som bl.a. har som formål å førebyggje ukontrollerte sekundær-rørsler og sikre jamnare fordeling av asylsøkarar i Europa. EU-landa diskuterer endringar i både Dublin-samarbeidet og andre typar asylsamarbeid. Regjeringa vurderer det slik at det i utgangspunktet er i norsk interesse at EU-landa blir samde om ein permanent og bindande fordelingsmekanisme.

Regjeringa foreslår å byggje opp ein solidaritetspott i utviklingsbudsjettet for å betre forholda for menneske på flukt og lokalsamfunna som tek imot flyktingar og fordrivne. Regjeringa vil i tillegg halde fram med å hjelpe europeiske land som er utsette for eit særleg migrasjonspress. Noreg støttar europeiske land, bl.a. ved å sende ut ekspertar gjennom asylbyrået EUAA og grense- og kystvaktbyrået Frontex. I tillegg bidrar Noreg gjennom EØS-midlane til å styrke asyl- og migrasjonsforvaltninga i land som Hellas, Romania og Bulgaria. Vi viser til omtalen av solidaritetspotten og EØS-midlane i Prop. 1 S (2022–2023) for Utanriksdepartementet.

Lovleg opphald

Å kjenne identiteten til personar som oppheld seg i Noreg, er viktig for å gjere riktige vedtak i utlendingssaker. At utlendingsstyresmaktene i størst mogleg grad registrerer rett identitet på personar, gir større tryggleik også for anna offentleg forvaltning, og det er ein føresetnad for å nå målet om kontrollert innvandring. Fastsetjing av korrekt identitet er saman med korrekt behandling av saker utan ugrunna opphald føresetnader for å vareta rettstryggleiken for dei som søker om vern og anna opphald i Noreg.

Bruk av falske dokument for å få opphald i Noreg er ikkje uvanleg. For mange søkarar er det vanskeleg å skaffe papir som i tilstrekkeleg grad kan dokumentere identitet og familierelasjon. Frå april 2021 vart det teke foto og fingeravtrykk av alle som søker om opphald. Dei biometriske dataa blir lagra i utlendingsregisteret. Dette betrar identitetskontrollen og gjer det vanskelegare å ha fleire identitetar i Noreg.


Talet på ubehandla saker i UDI har auka i 2020, 2021 og hittil i 2022 for dei fleste sakstypar. Per 30. juni var det nesten 72 000 ubehandla saker i UDI, noko som er historisk høgt og fører til len-

gre saksbehandlingstid i dei fleste sakstypar. Pandemien førte i 2020 og 2021 både til meirarbeid og utfordringar med saksbehandlinga, talet på søknader om statsborgarskap auka vesentleg etter utviklinga av prinsippet om eitt statsborgarskap frå 2020 og det høge talet på asylsøkarar frå Ukraina i 2022 har ført til meirarbeid. Regjeringa vil at søkarane raskt skal få avklart om dei har krav på opphald eller ikkje, slik at dei kan tilpasse seg deretter. Føresegna om mellombels kollektivt vern og automatisert behandling har gjort at fordrivne frå Ukraina i 2022 raskt har fått behandla søknaden sin om vern. UDI jobbar vidare med automatiseringsløysingar, forbetringar i arbeidsprosessane og endringar i organiseringa for å effektivisere saksbehandlinga.

Personar som ikkje har løyve til å opphalde seg i Noreg, eller som har fått endeleg avslag på ein søknad om opphald, oppheld seg i landet ulovleg. Desse har ei plikt til å forlate landet og får normalt ein frist på tre veker til å reise ut. Dei kan anten organisere reisa sjølv eller søke om assistert retur med hjelp frå norske styresmakter. Der som dei ikkje returnerer innan fristen, kan politiet transportere dei ut (tvangsretur). Regjeringa meiner at eit effektivt returarbeid bidrar til å oppretthalde tilliten til asylordninga.

Ifølgje tal frå Politiets utlendingseining var det i starten av mars 2022 registrert om lag 1 800 personar utan lovleg opphald i Noreg. Om lag 90 pst. av desse er personar som har fått avslag på søknad om vern der utreisefristen har gått ut. Nokre bur i asylmottak, rundt 500 personar, andre oppheld seg andre stader. Dette talet er ikkje uttømmende for kor mange personar som oppheld seg ulovleg i Noreg. Fleire av personane som er registrerte med ulovleg opphald, kan ha forlate landet.

Talet på returarar har blitt gradvis redusert dei siste åra, jf. figuren under. Returarar til ei rekkje land vart mellombels stansa i 2020 og 2021 pga. covid-19-pandemien.



Figur 1.8 Tal assisterte returur og tvangsreturar 2015–juni 2022

I tillegg bortviste politiet i 2021 17 013 personar med heimel i innreiserestriksjonslova knytt til covid-19-pandemien.
Kjelde: PU og UDI

Færre returur dei siste åra heng saman med nedgangen i talet på asylsøkarar til Noreg frå 2016 til 2021. Samla har målgruppa for retur i denne perioden blitt mindre, men òg meir utfordrande. Ein stor del av utreisepliktige har no opphalde seg i landet over lang tid, har familie med opphald i Noreg eller særskilde behov som gjer returarbeidet vanskelegare. Fleire har òg uavklart identitet og statsborgarskap. Vidare er nokre land meir krevjande å returnere personar til enn andre. Det er stor uvisse om korleis krigen i Ukraina og den høge inntaksten av asylsøkarar i 2022 vil påverke returarbeidet i åra framover.

For å sikre at utreiseplikta blir overhalden, er det viktig med eit heilskapleg returarbeid mellom involverte instansar i forvaltninga, effektiv gjennomføring av retur og samarbeid med transitt- og opphavsland. Regjeringa vidarefører arbeidet med å betre samarbeidet om retur og migrasjon med sentrale transitt- og opphavsland.

1.8.3 Tiltak

Det er svært uvist korleis situasjonen i Ukraina vil utvikle seg framover. Regjeringa vil med løyvingforslaget sitt leggje til rette for å handtere fordrivne frå Ukraina, både dei som har komme i 2022, og dei som ut frå prognosen som ligg til grunn for budsjettet er forventa å komme 2023. For å ha beredskap til å kunne handtere ein situasjon med høgare inntakstar enn dei siste prognosane frå BGU tilseier, foreslår regjeringa å auke

løyvingane til administrativ kapasitet i politiet, UDI og IMDi med til saman 359,5 mill. kroner. I tillegg foreslår regjeringa å vidareføre auka ramme for overskridingsfullmakt til innkvartering av asylsøkarar, jf. Prop. 78 S og Innst. 270 S (2021–2022). Styrkinga skal gi etatane tilstrekkeleg med ressursar til arbeidet med registrering, mottak og busetjing, også om inntakstane blir høgare enn 10 000. Ein fullstendig gjennomgang av budsjettkonsekvensane av inntakstar frå Ukraina, medrekna justering av andre budsjettpostar som blir påverka, vil på vanleg måte bli gjort i samband med revidert nasjonalbudsjett, eller tidlegare om situasjonen krev det. Sjå nærmare omtale under programkategori 06.90. Sjå òg Prop. 1 S (2022–2023) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet for nærmare omtale av handteringa av fordrivne frå Ukraina.

Regjeringa meiner at talet på overføringsflyktningar må sjåast i samheng med talet på asylsøkarar. Krigen i Ukraina har medført ein stor auke i talet på asylsøkarar i 2022, i tillegg til at Noreg bidrar til å overføre personar på flukt frå nærområda til Ukraina. Derfor foreslår regjeringa å redusere kvoten for overføringsflyktningar frå 3 000 plassar i 2022 til 2 000 plassar i 2023. Plassane på kvoten kan nyttast til å ta imot overføringsflyktningar eller annan type byrdedeling. Regjeringa vil prioritere sårbare grupper som kvinner og barn, i tillegg til LHBTI-personar, blant kvoteflyktningar som blir fremma av UNHCR. Regjeringa meiner at den årlege kvoten må sjåast i samheng over år i

den forstand at det er rom for noko fleksibilitet over tid. Til dømes gjeld dette ved uventa hendingar og særskilde praktiske utfordringar. Dvs. at ubrukte plassar blir overførte frå eit år til det neste, og om det blir nytta fleire plassar enn kvoten, skal kvoten for neste år bli redusert tilsvarende.

Dei nye IKT-systema i Schengen-samarbeidet vil gi sikrere behandling av søknader om vern og anna opphald, dei vil gi raskare avdekking av personar som opererer med fleire identitetar, og dei vil dessutan leggje til rette for raskare retur. Sjå nærmare omtale under sektormålet om tryggleik i samfunnet og programkategori 06.40 og 06.90.

1.9 Godt forvalta polarområde

Med godt forvalta polarområde meiner ein at polarområda skal forvaltast slik at samordning og styring byggjer opp under dei overordna måla for Svalbard og andre polare strøk. Desse omhandlar bl.a. å bevare ro og stabilitet, å bevare natur og å halde oppe eksisterande norske samfunn i desse områda.

1.9.1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet er det overordna departementet for Sysselmeisteren på Svalbard. Sysselmeisteren på Svalbard er den øvste representanten for regjeringa på øygruppa og er både politimeister og statsforvaltar.

Longyearbyen lokalstyre får tildelt løyvingane sine over svalbardbudsjettet. Oppgåvene svarer på fleire felt til dei oppgåvene ein kommune har på fastlandet.

På svalbardbudsjettet blir det løyvd midlar til fleire statlege aktørar, som er fagleg styrte av dei respektive fagdepartementa. I tillegg har ei rekkje andre statlege aktørar verksemd på Svalbard som blir finansiert utanfor svalbardbudsjettet.

Justis- og beredskapsdepartementet har i tillegg til Svalbard ansvaret for koordineringa av norsk politikk for Jan Mayen og dei norske bilanda Dronning Maud Land, Bouvetøya og Peter I Øy.

Ansvaret for infrastruktur på Jan Mayen er lagt til Samfunnet Jan Mayen, som får løyvinga si over budsjettet til Justis- og beredskapsdepartementet. Samfunnet Jan Mayen er ein del av Cyberforsvaret, som er ei avdeling i Forsvaret. I tillegg har fleire statlege verksemdar ansvar for eller verksemd på Jan Mayen.

1.9.2 Tilstandsvurdering

Befolkning og aktivitet på Svalbard

Av Hurdalsplattforma går det fram at regjeringa har som mål å vidareutvikle svalbardpolitikken og sikre norske interesser og norsk busetjing på Svalbard. Dei stortingsforankra måla for svalbardpolitikken som er omtalte under programkategori 06.80, fordrar at forvaltninga av Svalbard blir tilpassa etter samfunnsutviklinga.

Eit av hovudmåla i svalbardpolitikken er å halde oppe norske samfunn på øygruppa. Målet har først og fremst vore oppfylt gjennom Longyearbyen. Talet på registrert busette i Longyearbyen og Ny-Ålesund auka med 27 personar i løpet av 2021. Delen utanlandske statsborgarar er aukande.

Næringslivet på Svalbard har vore hardt råka av konsekvensane av virusutbrotet, med nedgang i omsetnad og talet på årsverk i 2020. For 2021 har omsetnaden, talet på sysselsette og investeringar auka igjen. Skatteinngangen syner vidare at dei økonomiske konsekvensane av smitteverntiltaka kan ha vore mindre enn ein hadde venta.

Ei rekkje av dei nasjonale økonomiske tiltaka bidrog til situasjonen på Svalbard i perioden med mindre økonomisk aktivitet. Samstundes er forholda på Svalbard spesielle, og ikkje alle ordningar som gjeld for fastlandet, var aktuelle for befolkninga eller næringslivet der. I denne samanhengen vedtok Stortinget å auke løyvingane til særskilte tiltak på Svalbard for å leggje til rette for å halde oppe aktivitet, sysselsetjing og busetjing der.

Longyearbyen lokalstyre skal utarbeide ein konkret energiplan for Longyearbyen i løpet av 2022. Når lokalstyret har overlevert energiplanen til Olje- og energidepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet, vil departementa og lokalstyret saman vurdere den vidare prosessen med å få på plass ei ny energiløysing.

Staten sitt mål som eigar i Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS (SNSK) er bl.a. kostnads-effektiv og stabil produksjon av kol til kraftverket i Longyearbyen. Gruve 7 står for kolforsyninga til kraftverket som leverer elektrisk kraft og fjernvarme til Longyearbyen. Styret i SNSK hadde tidlegare avgjort at produksjonen i gruva skal avsluttast og oppryddinga av gruva starte så snart kolkraftverket i Longyearbyen er stengd ned. Den endra situasjonen i verda har gjort tilgangen på kritiske råvarer usikker. Det gjeld også stålproduksjonen i Europa. Kolet frå Gruve 7 har høg kvalitet og er etterspurt i marknaden for produksjon av stål. Med bakgrunn i dette har styret i

Store Norske bestemt å forlenge drifta av Gruve 7 til sommaren 2025. Kolet i den forlenga perioden skal brukast til industriproduksjon. Avgjerda gjer at SNSK får tatt ut dei tilgjengelege kolreservane i Gruve 7 på forretningsmessig grunnlag. Noreg må ta sin del av ansvaret for sikker forsyning av råvarer. Staten som eigar motset seg difor ikkje ein forlenga drift til juli 2025 på bestemte vilkår. På denne bakgrunnen er det heller ikkje behov for løyvingar til drifta av Gruve 7 i 2023.

Tryggleik og miljø

Longyearbyen blei ramma av snøskred i desember 2015 og februar 2017. Sysselmeisteren, i rolla som politimeister, er den som tek avgjerda om evakuering og forbod mot ferdsel ved snøskredfare, basert på skredfaglege råd. I 2021 var det tidvis stor skredfare både i terrenget på Svalbard og i område i Longyearbyen. Sysselmeisteren, i samråd med Beredskapsrådet, måtte fleire gonger gi ordre om evakuering av området Nybyen.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) vil etter planen slutføre skredsikringstiltaka i bustadområdet Lia under fjellet Sukkertoppen i 2023.

Regjeringa innførte både personkontroll og kontroll med vareførselen til og frå Svalbard i mai 2022, bl.a. for å styrke moglegheita og evna norske styresmakter har til å føre kontroll på øygruppa.

Verksemda på Jan Mayen gir viktige bidrag til norsk nordområdepolitikk på fleire område, bl.a. innan meteorologi- og kommunikasjonstenester. Delar av verksemda på Jan Mayen er direkte knytt til oppfølging av internasjonale forpliktingar, som drift av bakkestasjonar for satellitnavigasjonsprogramma til EU, Galileo og Egnos, i tillegg til ein seismisk målestasjon for overvaking av prøvestansavtalen.

Bygningsmassen på Jan Mayen er utdatert og har behov for utskifting. Bygget vart sett opp i 1960, med ei levetid rekna til 10 år. Eit arbeid med å greie ut eit ev. nytt hovudbygg på Jan Mayen er i gang.

Antarktistraktaten tok til å gjelde i 1961 og set dei rettslege rammene for verksemd og miljøvern i Antarktis. Antarktistraktaten sørger for at heile traktatområdet sør for 60° S skal vere vigd fred og vitskap.

37 land har undertekna Protokoll om miljøvern til Antarktistraktaten. Protokollen stiller strenge miljøkrav til all menneskeleg aktivitet i traktatområdet. Noreg medverkar aktivt i arbeidet under miljøprotokollen. Fiskeriaktiviteten i Sørishavet er regulert gjennom konvensjonen for beva-

ring av marine levande ressursar i Antarktis (CCAMLR), som er undertekna av 36 land.

Norsk Polarinstittutt driv forskning i Antarktis. Instituttet har heilårsdrift på forskingsstasjonen Troll i Dronning Maud Land og driv tokt i Sørishavet. Sjå elles Prop. 1 S (2022–2023) for Klima- og miljødepartementet.

1.10 Godt og tilgjengeleg lovverk

Eit godt og tilgjengeleg lovverk er eit lovverk som både varetek viktige prinsipp i ein rettsstat – som rettstryggleik og respekt for grunnleggjande rettar – og som bidrar til å fremme måla bak dei enkelte delane av lovverket. Eit godt og tilgjengeleg lovverk skal vere enkelt å finne fram til, gi uttrykk for rettar og plikter på ein klar måte og fremme føreseielege løysingar. Det skal bidra til vekst og verdiskaping for befolkninga og næringslivet, og til at offentlege organ effektivt kan utøve myndigheit og yte tenester på ein god og framtidretta måte.

1.10.1 Innleiing

Gode og fornuftige lover og reglar påverkar åtferd og medverkar til å hindre og løyse konflikhtar. Rettsreglane skal vareta viktige prinsipp i ein rettsstat, som rettstryggleik og respekt for grunnleggjande rettar. Dette er spesielt viktig når det gjeld reglar som opnar for inngrep overfor den enkelte, som straffelovgivinga, men slike grunnleggjande prinsipp må varetakast også i andre regelverk.

Det er Stortinget som vedtek, endrar og opphevar lovene i Noreg, men regjeringa spelar ei nøkkelerolle i lovprosessen. Det er som oftast regjeringa som fremmar lovforslag for Stortinget, og lovforslaga er då utarbeidde av det departementet som har ansvaret for det aktuelle området. Alle lovforslaga skal utformast i tråd med utgreiingsinstruksjonen og med utgangspunkt i rettleiinga «Lovteknikk og lovforberedelse» frå Lovavdelinga. Dette er sentrale utgangspunkt for å sikre god kvalitet på lovene og at relevante omsyn blir vurderte og varetakne.

Lovgivinga må vere av god kvalitet dersom ein skal oppnå dei formåla lovene er meint å vareta. Meininga bak lovføresegnene bør komme tydeleg fram, og lovteksten bør vere tilgjengeleg for flest mogleg. Dette oppnår ein typisk ved å byggje opp lovene og dei enkelte paragrafane på ein logisk og oversiktleg måte, tilpasse dei godt til andre regelverk og bruke eit tydeleg og forståeleg språk. Lov-

verket bør vere utforma teknologinøytralt der dette er mogleg og naturleg.

Eit godt lovverk bør ikkje vere for omfattande, og det bør ikkje innehalde reglar som det ikkje lenger er behov for, eller for mange detaljreglar. Eit sentralt spørsmål er kva som skal regulerast i lov, og kva som heller bør følgje av forskrift. Tidlegare hadde mange lover vide og generelle forskriftsheimlar, og dette finn ein framleis i enkelte lover, men ei slik fullmaktslovgiving høyrer i mindre grad heime i eit godt og tilgjengeleg lovverk i dag.

1.10.2 Tilstandsvurdering og tiltak

Eit klart og forståeleg regelverk

Lovverket i Noreg er langt meir tilgjengeleg og forståeleg enn i mange andre land, både når det gjeld språk og struktur. Lovtekstane er gjennomgåande relativt kortfatta, og detaljane finn ein i all hovudsak i forskriftene. Store delar av lovverket har i seinare tid blitt bytt ut med nye lover, og ein har dermed fått eit meir moderne og oppdatert lovspråk.

Det vil likevel alltid vere høve til forbetringar også for eit slikt gjennomgåande godt lovverk som det norske må seiast å vere, og regjeringa vil arbeide for at regelverket skal bli endå betre og meir tilgjengeleg. Reglar som er retta mot næringslivet, skal t.d. utformast enklast mogleg.

God gjennomføring av internasjonale plikter

Lovverket blir stadig meir omfattande. Dette kjem i stor grad av gjennomføring av EØS-regelverk, og det gjeld både formelle lover og forskrifter. Ein viktig del av eit godt og tilgjengeleg lovverk er at internasjonale plikter er gjennomførte på ein klar og forståeleg måte. Slik gjennomføring kan innebere særlege utfordringar, bl.a. som følgje av ulike tradisjonar for regelutforming. Ved gjennomføring av EØS-rettsakter kan t.d. omsynet til å utforme reglar på ein måte som er tilpassa norske forhold, og som harmonerer med norsk lovgiving elles, stå i motstrid med omsynet til nøyaktig og fullstendig gjennomføring og ein einsarta rettstilstand. Der som vage eller fleirtydige reglar skal gjennomførast, må omsynet til korrekt gjennomføring òg vegast opp mot omsynet til klare reglar. Regjeringa vil arbeide for at lovverket balanserer desse omsyna på ein god måte. I tilfelle der regelverk må gjennomførast i norsk rett utan omarbeiding (inkorporasjon), slik som t.d. EØS-forordningar, kan ikkje reglane tilpassast på same måte. Det blir

arbeidd med å finne løysingar for å gjere regelverket meir tilgjengeleg også i slike tilfelle.

Saka om feilpraktiseringa av opphaldskravet i folketrygdlova i samband med ytingar frå folketrygda har vist kor viktig ei klar og lett tilgjengeleg gjennomføring av EØS-plikter er i norsk rett. Ei interdepartemental arbeidsgruppe la i juni 2021 fram ein rapport om korleis departementa kan jobbe betre med EØS-saker. Både denne rapporten og rapportane NOU 2020: 9 *Blindsonen* og NOU 2021: 8 *Trygd over landegrensene* viste at det er behov for å byggje opp ein varig og robust kompetanse i forvaltninga. Regjeringa foreslår å styrke arbeidet med EØS-rett i forvaltninga gjennom å løyve 2 mill. kroner frå 2023 til styrking av EØS-arbeidet i Lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet. Dette tiltaket vil også gjere oss betre rusta til å utnytte det handlingsrommet til å fremje norske interesser som ligg i EØS-avtalen. Les meir under programkategori 06.10.

Justis- og beredskapsdepartementet arbeider generelt for å medverke til at internasjonale plikter blir gjennomførte på ein god måte, både på eigne ansvarsområde og gjennom hjelp med lovarbeid i andre departement. I tillegg er departementet med i internasjonale forum der sentralt regelverk blir utforma, og søker såleis å medverke til utforminga av internasjonalt regelverk.

Forholdet til EØS-retten skal, der det er aktuelt, vurderast grundig i samband med førebuinga av nye lover og anna regelverk. Handlingsrommet i EØS-avtalen skal utnyttast. Forholdet til Grunnlova og menneskerettane skal også vurderast grundig ved førebuing av nytt regelverk. Eksisterande lovgiving må dessutan kontinuerleg vurderast for å sikre at ho framleis er i samsvar med menneskerettskonvensjonane og EØS-retten, særleg i samband med at det kjem nye dommar frå Den europeiske menneskerettsdomstolen, EFTA-domstolen og EU-domstolen.

Eit framtidsetta lovverk

Eit godt lovverk må vere framtidsetta og i takt med utviklinga og nye behov, og det må ta høgd for bruk av moderne teknologi i samfunnet.

Regjeringa vil medverke til at regelverket blir teknologinøytralt og legg til rette for digitalisering og bruk av kunstig intelligens på område der dette er aktuelt, samstundes som ein varetek personvernet og andre grunnleggjande rettar. Regelverket bør leggje til rette for innovasjon og digitalisering i næringslivet, t.d. når det gjeld låg- og nullutsleppsløysingar og bruk av kunstig intelligens, stordata og autonome system. Eksisterande

lover bør endrast og gjerast enklare der utviklinga gir høve til å vareta dei aktuelle omsyna på ein mindre inngripande eller meir effektiv måte.

Det har vore gjennomført fleire lovarbeid for å tilpasse lovverket til ein ny digital kvardag. Stortinget har bl.a. våren 2022, basert på forslag frå departementet i Prop. 66 LS (2021–2022) og Prop. 14 L (2021–2022), vedteke ei ny lov om levering av digitale ytingar til forbrukarar og nye reglar som legg til rette for automatisering av søknadsbehandlinga i saker etter utlendingslova om opphaldsløyve for studiar.

Utbrotet av koronaviruset i 2020 skapte eit særleg behov for å leggje til rette for ytterlegare digitalisering gjennom mellombels lovgiving, bl.a. i domstolane og innanfor samanslutningsretten, og det har vore ønskeleg å byggje på erfaringane frå dette i det vidare arbeidet med digitalisering. Stortinget har vedteke permanente endringar som opnar for fjernmøte og fjernavhøyr i domstolane i større utstrekning enn tidlegare, sjå Prop. 97 L (2021–2022). Desse endringane vil leggje til rette for ei meir moderne saksbehandling i domstolane. I tillegg er det òg vedteke ein heimel for å kunne strøyme rettsmøte offentleg. Dette kan gi offentlegheita betre tilgang til saker i domstolane.

Eit framtidsretta regelverk må ha eit innhald som er tilpassa endringar i samfunnet. Lovverket er eit verkemiddel for å oppnå og reflektere ønskete samfunnsendringar, og det blir arbeidd med ei rekkje lovsaker som illustrerer dette. Det vil t.d. bli arbeidd med endringar i reglane om seksuallovbrot. Straffelovrådet skal gå samla gjennom reglane i straffelova om seksuelle krenkingar, bl.a. straffebodet om valdtekt. Departementet vil deretter fremme nødvendige lovforslag til Stortinget. Dette vil bl.a. omfatte ei endring av straffebodet om valdtekt, slik at ordlyden speglar at seksuell omgang utan samtykke er forbode og definerert som valdtekt.

Truslane mot nasjonal tryggleik har òg endra seg og blitt meir alvorlege dei seinare åra. Regjeringa har sett i gang eit arbeid for å vurdere regelverket på fleire punkt, bl.a. for å vurdere om Politiets tryggingsteneste har tilgang til den nødvendige informasjonen for å utføre samfunnsoppdraget sitt på ein god måte. Regelverket må både vareta personvernet og rettstryggleiken til den enkelte borgaren og omsynet til å tryggje demokratiet og fellesskapet sine interesser.

Det er viktig at lover blir utforma slik at dei òg kan nyttast i unormale tider, og for å kunne møte nye former for kriser. Både koronapandemien og situasjonen med mange fordrevne frå Ukraina har likevel vist at det òg kan vere behov for å utarbeide nye lover og forskrifter og å tilpasse eksisterande regelverk til den aktuelle situasjonen. For å leggje til rette for ei tilpassing av inntekt-, motaks- og busetjingsprosessen for dei fordrevne, vart eit forslag til mellombelse endringar i ei rekke lover fremma i ein felles proposisjon våren 2022 (Prop. 107 L (2021–2022)).

1.11 Oppfølging av oppmodingsvedtak

Nedanfor gir departementet ei oversikt over oppfølging av oppmodingsvedtak under Justis- og beredskapsdepartementet. Oversikta inkluderer alle vedtak frå stortingssesjonen 2021–2022, og dei vedtaka frå tidlegare stortingssesjonar som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 141 S (2021–2022) meinte ikkje var følgde opp. I enkelte tilfelle kan oppfølginga av vedtaka vere meir omfattande forklart under det aktuelle programområdet i proposisjonen. I desse tilfella vil det vere ein referanse til kvar denne teksten finst.

I kolonne fire i tabellen nedanfor går det fram om departementet planlegg at rapporteringa på oppmodingsvedtaket no blir avslutta, eller om departementet vil rapportere konkret på vedtaket også i budsjettproposisjonen til neste år.

Sjølv om det i tabellen blir opplyst om at rapporteringa blir avslutta, vil det i ein del tilfelle kunne vere slik at oppfølginga av alle sider av vedtaket ikkje er endeleg avslutta. Dette kan t.d. gjelde vedtak med oppmoding til regjeringa om å vareta særlege omsyn i politikktutforminga på eit område, der oppfølginga vil kunne gå over mange år. Stortinget vil i desse tilfella bli orientert om den vidare oppfølginga på ordinær måte, gjennom omtale av det relevante politikkområdet i budsjettproposisjonar og andre dokument.

I enkelte tilfelle er det nødvendig å fremme forslag om at oppmodingsvedtaket blir oppheva før rapporteringa kan avsluttast. Departementet har fremma eit slikt forslag. Vi viser til forslagsdelen i denne proposisjonen.

Tabell 1.3 Oversikt over oppmodningsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (ja/nei)
2021–2022	35.49	Ny rettshjelpordning	Nei
2021–2022	35.56	Pilotprosjekt for notoritet i personkontrollar	Ja
2021–2022	372	Utgreiing av fråvikelege lovreglar om sambuarskap	Nei
2021–2022	419	Stønad til livsopphald til flyktningar som bur utanfor asylmottak	Ja
2021–2022	420	Straffebestemming om seksuell utnytting av barn	Nei
2021–2022	462	Innføring av våpenamnesti	Ja
2021–2022	504	<i>Lov om advokater og andre som yter rettslig bistand (advokatlova)</i>	Nei
2021–2022	505	<i>Lov om advokater og andre som yter rettslig bistand (advokatlova)</i>	Nei
2021–2022	506	<i>Lov om advokater og andre som yter rettslig bistand (advokatlova)</i>	Nei
2021–2022	507	Nytt Oslo fengsel	Nei
2021–2022	569	Flyktningar frå Ukrainas naboland	Ja
2021–2022	571	Mottaksplan for ukrainske barn og unge	Ja
2021–2022	572	Automatisk arbeidsløyve til ukrainske flyktningar	Ja
2021–2022	573	Informasjonsarbeid om rettar og moglegheiter for ukrainske flyktningar	Ja
2021–2022	579	Vurdering av naturskadeforsikringsordningen	Nei
2021–2022	580	Dialog om digitale betalingstenester og foreldrekontroll	Nei
2021–2022	581	Utgreiing av meldeplikt for norske tenesteleverandørar	Nei
2021–2022	582	Regelverk om varsling frå kriminalomsorga	Nei
2021–2022	583	Elektronisk kontroll ved brot på besøksforbod	Nei
2021–2022	584	Straffenivåa for seksuallovbrot	Nei
2021–2022	585	Nedsetjing av valdtektskommisjon	Nei
2021–2022	587	Budsjettmessige konsekvensar av ny valdserstatningslov	Nei
2021–2022	588	Sikre bemanning ved og vurdere tiltak for å styrke Kontoret for voldsoffererstatning	Ja
2021–2022	589	Forseinkingsrente på statens regresskrav mot skadevaldar i valdserstatningssaker	Nei
2021–2022	647	Oversikt over land utan krav til pass eller id-kort	Ja
2021–2022	648	Høve for utvida gyldigheit på utgatte pass	Ja

Tabell 1.3 Oversikt over oppmodningsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (ja/nei)
2021–2022	649	Reduksjon av passkø	Ja
2021–2022	650	Henting av pass hos passutferdar	Ja
2021–2022	651	Sikring av komponentar til pass	Ja
2021–2022	652	Strakstiltak for å redusera ventetid på nye pass	Ja
2021–2022	654	Tryggleik for funksjonshindra	Nei
2021–2022	795	Forbod mot sal av forfalne fordringar	Nei
2021–2022	831	Offentleg helsetilbod ved Politiets utlendingsinternat på Trandum	Nei
2020–2021	47	Utviding av avverjingsplikta	Nei
2020–2021	50	Forelding av lovbrøt mot mindreårige	Nei
2020–2021	64	Tilgjengelege dopingopplysningar	Nei
2020–2021	65	Straff for den som tener pengar på idrettsprestasjonar som følgje av doping	Nei
2020–2021	140	Eigendelar etter finansavtalelova	Ja
2020–2021	206	Klarare skilje mellom konvensjonsstatus (asyl) og subsidiært vern	Nei
2020–2021	207	Plan for effektiv motarbeiding av irregulær migrasjon	Nei
2020–2021	208	Klarlegging av identitet	Nei
2020–2021	209	Skjerpning av underhaldskravet	Ja
2020–2021	443	Høgare straff for barn som gjer gjenteken kriminalitet	Nei
2020–2021	446	Tiltak for å auke talet på inndragingar	Nei
2020–2021	447	Besøks- og opphaldsforbod	Nei
2020–2021	452	Straff for å la verdiane til gjengkriminelle stå i eige namn	Ja
2020–2021	627	Fornyingsordning for barneomsorgsattest	Nei
2020–2021	628	Gjennomgang av barneomsorgsattestordninga	Nei
2020–2021	676	Ny politihøgskule	Ja
2020–2021	680	Gjenopning av arrestar	Ja
2020–2021	681	Oppretting av eit nasjonalt våpenregister	Nei
2020–2021	682	Identitetsskjerming for polititilsette	Nei
2020–2021	712	Straff for å tvinge barn til utlandet	Nei
2020–2021	729	Nasjonal langtidsplan for beredskap	Nei
2020–2021	730	Totalberedskapsutval	Nei
2020–2021	739	Nordisk samarbeid innan samfunnstryggleik	Nei

Tabell 1.3 Oversikt over oppmodningsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (ja/nei)
2020–2021	740	Sivilforsvaret	Ja
2020–2021	741	Frivillige organisasjonar	Ja
2020–2021	742	Brann til sjøs	Nei
2020–2021	743	Tilfluktsrom	Nei
2020–2021	745	Objektsikring	Ja
2020–2021	746	Kompetanseheving innanfor IKT-tryggleik	Ja
2020–2021	748	Inkludering av frivillige organisasjonar i beredskapsplanar	Ja
2020–2021	799	ADR-kontroll	Nei
2020–2021	814	Nasjonalt eigarskap og kontroll	Nei
2020–2021	848	Heilskapleg gjennomgang av verjemålsordninga	Nei
2020–2021	883	Økonomisk kompensasjonsordning for våpeneigarar	Ja
2020–2021	928	Lovendringar som følgje av ny sivilombodslov	Nei
2020–2021	983	Etablering av ny redningshelikopterbase i Tromsø og felles operasjon med helikoptertenesta til Sysselmeisteren	Nei
2020–2021	1038	Kartlegging av tryggleikskompetanse, gjennomgang av bruken av tryggingslova og evaluering av tryggleiksforståing	Nei
2020–2021	1040	Stortingsmelding om nasjonalt eigarskap og kontroll over strategisk viktige naturressursar, bedrifter, infrastrukturar og teknologiar	Nei
2020–2021	1041	Nytt Oslo fengsel	Nei
2020–2021	1115	Forfølging av narkotikalovbrot i nødssituasjonar	Ja
2020–2021	1116	Sperring av opplysningar i reaksjonsregisteret	Nei
2020–2021	1117	Gjennomgang av praksis for tilbakekall av førarrett	Nei
2020–2021	1159	Unntak frå forelding for seksuallovbrot mot barn	Nei
2020–2021	1161	Internasjonale kriminelle organisasjonar	Nei
2020–2021	1162	Tilgang på straffeprosessuelle tvangsmiddel	Nei
2020–2021	1343	Kompensasjonsordning for tapt arbeidsforteneste for frivillige i redningstenesta	Nei
2019–2020	436	Elektroniske fraktbrev	Nei
2019–2020	515	Reklamasjonsfrist på bustader	Nei
2019–2020	669	Deling av registerinformasjon	Nei
2018–2019	98	Rettshjelpsordninga	Nei
2017–2018	539	Alternativ til fengsling av barn	Ja

Tabell 1.3 Oversikt over oppmodningsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (ja/nei)
2017–2018	540	Einslege mindreårige asylsøkarar	Ja
2017–2018	541	Tvangsreturnering av barnefamiliar	Ja
2017–2018	788	Utanlandsopphald	Nei
2017–2018	795	Eige lovverk for Statens barnehus	Nei
2017–2018	798	Regelverk for teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett – vald og overgrep	Nei
2017–2018	899	Menneskerettane til utviklingshemma – verjemål	Nei
2016–2017	523	Korrupsjonsføresegnene i straffelova	Nei
2016–2017	630	Omvend valdsalarm ved brot på besøksforbod	Nei
2016–2017	631	Besøksforbod	Nei
2016–2017	1043	Omvend valdsalarm	Nei
2015–2016	921	Tilsyn med drift av asylmottak	Ja

1.11.1 Stortingssesjon 2021–2022

Ny rettshjelpsordning

Vedtak nr. 35.49, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen om å legge frem forslag til ny lov om støtte til rettshjelp i løpet av våren 2023, og vurdere ulike tiltak som kan forsterke rettshjelpsordningen for befolkningen, herunder forslagene i NOU 2020:5»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022), Prop. 1 S (2021–2022), Prop. 1 S Tillegg 1 (2021–2022) og Innst. 2 S (2021–2022).

Vedtaket er under behandling.

Pilotprosjekt for notoritet i personkontrollar

Vedtak nr. 35.56, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen om å gjennomføre en pilotordning i Oslo med teknisk løsning for sikring av notoritet for personkontroller som politiet foretar dersom den som blir kontrollert vil la seg registrere. Ordningen skal innebære at den som blir stoppet kan motta en bekreftelse på kontrollen.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022) og Innst. 2 S (2021–2022).

Vedtaket er følgt opp. Oppfølging er igangsett med oppdraget som blei gitt til Politidirektoratet og det pågåande arbeidet i Oslo politidistrikt med planleggjing og oppstart av eit pilotprosjekt med utprøving av teknisk løysing for tilbod om og utferding av stadfesting på gjennomført personkontroll.

Utgreiing av fråvikelege lovreglar om sambuarskap

Vedtak nr. 372, 3. februar 2022

«Stortinget ber regjeringen utrede en fravikelig samboerlov.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:5 S (2021–2022) og Innst. 121 S (2021–2022) frå familie- og kulturkomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Stønad til livsopphald til flyktingar som bur utanfor asylmottak

Vedtak nr. 419, 8. mars 2022

«Stortinget ber regjeringen raskt vurdere hvordan flyktinger med midlertidig kollektivt opphold som bor utenfor asylmottak midlertidig kan sikres stønad til livsopphald.»

Dokumenta som ligg til grunn for forslaget, er Prop. 14 L (2021–2022) og Innst. 175 L (2021–2022).

Vedtaket er følgt opp. Justis- og beredskapsdepartementet gav 16. mars UDI instruks GI-4/2022 – *Instruks om alternativ mottaksplass for personar fordrevne frå Ukraina som får midlertidig kollektiv beskyttelse, jf. utlendingsforskriften § 7-5 a, jf. utlendingsloven § 34.* UDI fekk med denne instruksen fullmakt til å utvide målgruppa for ordninga med alternativ mottaksplass (AMOT) under kap. 490, post 60.

Straffebestemming om seksuell utnytting av barn

Vedtak nr. 420, 8. mars 2022

«Stortinget ber regjeringen vurdere om ordet «livssituasjon» i straffeloven § 295 første ledd bokstav c bør endres til «situasjon», slik at bestemmelsen rammer det «å utnytte en person under 18 år i en særlig sårbar situasjon.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:26 S (2021–2022) og Innst. 177 S (2021–2022) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Som ledd i Straffelovrådets pågåande gjennomgang av straffelova kapittel 26 om seksuallovbrot, vurderar rådet òg behovet for endringar i føresegna som rammar den som skaffar seg eller ein annan seksuell omgang ved å utnytte ein person under 18 år i ein særleg sårbar livssituasjon.

Innføring av våpenamnesti

Vedtak nr. 462, 31. mars 2022

«Stortinget ber regjeringen innføre våpenamnesti, der det gis fritak for straff ved besittelse av ulovlige våpen dersom disse leveres inn til relevante myndigheter i løpet av en fastsatt periode.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:54 S (2021–2022) og Innst. 208 S (2021–2022) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Det vil bli innført eit tidsavgrensa våpenamnesti frå 1. november 2022 til 1. april 2023.

Advokatlova

Vedtak nr. 504, 28. april 2022

«Stortinget ber regjeringen utarbeide forskrift etter § 19 andre ledd, hvor forsikringsselskap kan tilby advokatbistand gjennom rettshjelpforsikring.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 214 L (2020–2021) *Lov om advokater og andre som yter rettslig bistand (advokatloven)*, Innst. 234 L (2021–2022) og Lovvedtak 61 (2021–2022).

Vedtaket er under behandling.

Advokatlova

Vedtak nr. 505, 28. april 2022

«Stortinget ber regjeringen sikre klare overgangsordninger for foretak som blir berørt av endringer i ny advokatlov, som må gi slike god nok tid til å omorganisere seg, slik det åpnes for i Prop. 214 L (2020–2021) kapittel 22.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 214 L (2020–2021) *Lov om advokater og andre som yter rettslig bistand (advokatloven)*, Innst. 234 L (2021–2022) og Lovvedtak 61 (2021–2022).

Vedtaket er under behandling.

Advokatlova

Vedtak nr. 506, 28. april 2022

«Stortinget ber regjeringen iverksette forskrift for berørte forsikringsselskap i god tid før overgangsreglene som vil bli fremmet i forbindelse med ikraftsettingen av advokatloven, utløper i tid.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 214 L (2020–2021) *Lov om advokater og andre som yter rettslig bistand (advokatloven)*, Innst. 234 L (2021–2022) og Lovvedtak 61 (2021–2022).

Vedtaket er under behandling.

Nytt Oslo fengsel

Vedtak nr. 507, 28. april 2022

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med egen sak om plassering av nytt Oslo fengsel før endelig beslutning fattes.

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:88 S, og Innst. 241 S (2021–2022).

Vedtaket er under behandling. For å sikre snarleg erstatningskapasitet for nokre av plassane for Oslo fengsel foreslår regjeringa å utvide Rome-rike fengsel, Ullersmo avdeling med netto 76 plassar. Departementet vil komme tilbake med forslag for lokalisering av nye fengselsplasser til erstatning for fengselsplassane ved Oslo fengsel.

Flyktningar frå Ukrainas naboland

Vedtak nr. 569, 24. mai 2022

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en plan for raskt å respondere på anmodninger dersom Ukrainas naboland ber om bistand til å håndtere flyktninger med kollektiv beskyttelse. Planen bør inneholde en avtale om uttransport.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:152 S (2021–2022) og Innst. 292 S (2021–2022).

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket er Dok. 8:152 S (2021–2022) og Innst. 292 S (2021–2022).

Vedtaket er følgt opp. Regjeringa meiner oppmodingar frå nabolanda til Ukraina om bistand til å handtere flyktningar er tilfredsstillande varetatt med gjeldande rutinar og etablerte samarbeid. Noreg deltek i dialog og samarbeid med styresmaktene i nabolanda til Ukraina, EU og mellomstatlege organisasjonar om humanitær bistand og tilrettelegging av annan bistand til flyktningar. Noreg har ein tilbaketakingsavtale (returavtale) med Ukraina som vart inngått 1. september 2011 som framleis gjeld.

Sjå nærmare omtale under programkategori 06.90.

Mottaksplan for ukrainske barn og unge

Vedtak nr. 571, 24. mai 2022

«Stortinget ber regjeringen umiddelbart utarbeide en mottaksplan for å sikre at ukrainske

barn og unge blir tatt godt imot ved ankomst, herunder for mottak i skole og barnehage.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 8:147 S (2021–2022) og Innst. 292 S (2021–2022).

Vedtaket er følgt opp. Statlege styresmakter har planar for å ta i mot barn og unge som søker vern i Noreg på en god måte. Utlendingsdirektoratet (UDI) har det operative ansvaret for å tilby et innkvarteringstilbod, og har planverk for å ta i mot barn. Barn som sannsynlegvis skal vere i landet i meir enn tre månader, har rett til grunnskuleopplæring. Kommunane kan gi tilbod om barnehageplass til barn i mottak, og barn som er busette har rett til barnehageplass. Arbeids- og inkluderingsdepartementet jobbar for at barn frå Ukraina så raskt som mogleg skal bli busett i ein kommune, og etter dette har kommunen ansvar for oppfølginga. Regjeringa har initiert ei rekke tiltak for å støtte kommunane og fylkeskommunane, bl.a. ei tilskotsordning for omsetjing og utvikling av læremiddel, utvikling av digitale ressursar og fjernundervisning, samt mellombelse regelendringar.

Automatisk arbeidsløyve til ukrainske flyktningar

Vedtak nr. 572, 24. mai 2022

«Stortinget ber regjeringen vurdere å automatisk innvilge arbeidstillatelse for registrerte ukrainske flyktninger hvor det ikke er identitetstvil, for eksempel ved at søkeren har biometrisk pass.»

Dokumenter som ligg til grunn for forslaget, er Dokument 8:177 S (2021–2022) og Innst. 288 S (2021–2022).

Vedtaket er følgt opp. Justis- og beredskapsdepartementet har vurdert om utlendingsregelverket bør endrast for å gje fordrevne frå Ukraina rett til å arbeide frå søknadsdato, og ikkje først frå vedtaksdatoen, som i dag. Departementet vil ikkje foreslå ei slik endring. Det er lagt særleg vekt på at saksbehandlingstida for kollektivt vern no er kort. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid, frå søknadsdato til vedtak i UDI, for personar som søkte asyl i august, var i august månad 8 dagar (median 6 dagar). Det er derfor liten eller ingen gevinst å hente på å knytte retten til å arbeide til søknadstidspunktet. På dette tidspunktet veit ein heller ikkje om søkeren fyller vilkåra for mellombels kollektivt vern. Det er vanskeleg å grunngje kvifor alle ukrainske asylsøkarar, også dei som kan hende ikkje fyller vilkåra for mellombels kol-

lektivt vern, skal få ei betre rett til å arbeide enn andre asylsøkarar. Ei slik ordning vil kunne innebære usakleg forskjellsbehandling.

Informasjonsarbeid om rettar og moglegheiter for ukrainske flyktningar

Vedtak 573, 24. mai 2022

«Stortinget ber regjeringen sikre at ukrainske flyktninger og deres barn får tilgang til informasjon om sine rettigheter og muligheter i Norge i en tidlig fase i ankomsten, uavhengig av om de bor på mottak eller er innlosjert privat. Informasjonen må tilpasses barn i ulike aldre.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:177 S (2021–2022) og Innst. 288 S (2021–2022).

Vedtaket er følgt opp. Departementet har bede Utlendingsdirektoratet (UDI) om status for informasjonsarbeid retta mot barn og unge, og særleg fordrevne frå Ukraina. UDI, politiet og andre instansar har etablert rutinar for å gi relevant og tilpassa informasjon etter at søkaren er kommen til Noreg. Det blir òg gitt utfyllande informasjon på nettsidene til statlege styresmakter om innreise, om registrering, om innkvartering og om rettar i Noreg. Utlendingsstyresmaktene har utarbeidd ei eiga nettside for barn: asylbarn.no. UDI har sett i verk alternative informasjonstiltak retta mot ukrainske asylsøkarar. Fleire direktorat samarbeider om informasjonstiltak retta mot ukrainarar med formål om å identifisere og førebyggje menneskehandel, inkludert tilpassa informasjon for barn.

Naturskadeforsikring

Vedtak nr. 579, 24. mai 2022

«Stortinget ber regjeringen vurdere mulighetene for å innrette naturskadeforsikringsordningen slik at den bedre ivaretar hensynet til forebygging, men likevel slik at dette ikke går på bekostning av prinsippet om en solidarisk og lik premiefastsettelse for forsikringskunder i hele landet.»

Dokumenta som ligg til grunn for forslaget, er Prop. 62 L (2021–2022) og Innst. 308 L (2021–2022).

Vedtaket er under behandling.

Dialog om digitale betalingstenester og foreldrekontroll

Vedtak nr. 580, 30. mai 2022

«Stortinget ber regjeringen gå i dialog med aktuelle leverandører av digitale betalingstjenester for å øke bevisstheten rundt foreldre og foresattes mulighet til å kontrollere transaksjoner inn og ut av betalingskontoen til deres barn samt for å finne løsninger for å styrke foreldrekontrollen.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:126 S (2021–2022) og Innst. 309 S (2021–2022) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Utgreiing av meldeplikt for norske tenesteleverandørar

Vedtak nr. 581, 30. mai 2022

«Stortinget ber regjeringen utrede innføring av en plikt for norske tjenesteleverandører til å melde fra dersom de oppdager at deres tjenester brukes til straffbar oppbevaring eller distribusjon av overgrepsmateriale.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8: 126 S (2021–2022) og Innst. 309 S (2021–2022) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Regelverk om varsling frå kriminalomsorga

Vedtak nr. 582, 30. mai 2022

«Stortinget ber regjeringen gjennomføre et regelverksarbeid om varsling fra kriminalomsorgen, der hensynet til fornærmede og etterlatte vektlegges sterkere enn det som ligger i dagens regler.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8: 133 S (2021–2022) og Innst. 311 S (2021–2022) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Elektronisk kontroll ved brot på besøksforbod

Vedtak nr. 583, 30. mai 2022

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om innføring av en ordning med elektronisk kontroll (såkalt omvendt voldsalarm) ved brudd på besøksforbud.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8: 133 S (2021–2022) og Innst. 311 S (2021–2022) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Departementet har vurdert behovet for lovendringar og sendt forslag på høyring 6. september 2021 om endringar i straffeprosesslova og straffelova. I høyringsnotatet er det foreslått at påtalemakta skal kunne påleggje elektronisk kontroll (såkalla omvend valdsalarm) ved brot på besøksforbod. Det er òg vurdert visse andre justeringar i reglane for både besøksforbod etter straffeprosesslova og kontaktforbod etter straffelova. Sjå òg omtale under vedtak nr. 630 og 631, 25. april 2017, vedtak nr. 1043, 20. juni 2017 og vedtak nr. 447, 18. desember 2020.

Straffenivåa for seksuallovbrot

Vedtak nr. 584, 30. mai 2022

«Stortinget ber regjeringen gi Straffelovrådet i oppdrag å foreta en tilleggsutredning av straffnivåene for straffelovens bestemmelser om seksuallovbrudd. Tilleggsutredningen bes ferdigstilles før sommeren 2023.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:134 S (2021–2022) og Innst. 307S (2021–2022) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Som ledd i Straffelovrådets pågåande gjennomgang av straffelova kapittel 26 om seksuallovbrot, vurderar rådet òg straffenivåa. Regjeringa vil vurdere om det blir behov for ein meir inngåande utgreiing av straffenivåa for seksuallovbrot etter at rådet har levert utgreiinga si, noko som skal skje seinast 15. desember.

Nedsetjing av valdtektskommisjon

Vedtak nr. 585, 30. mai 2022

«Stortinget ber regjeringen nedsette en voldtektskommisjon, som skal levere sin utredning innen september 2023. Kommisjonen bør være bredt sammensatt av ulike typer kompetanse innenfor pedagogikk, psykologi, sosialfag, politifag og juss.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:134 S (2021–2022) og Innst. 307 S (2021–2022) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Valdserstatningslov

Vedtak nr. 587, 30. mai 2022

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til de budsjettmessige konsekvensene av ny voldserstatningslov i forbindelse med nysalderingen av budsjettet for 2022.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 238 L (2020–2021), Innst. 310 L (2021–2022) frå justiskomiteen og Lovvedtak 70 (2021–2022).

Vedtaket er under behandling.

Kontoret for valdsoffererstatning

Vedtak nr. 588, 30. mai 2022

«Stortinget ber regjeringen sørge for at Kontoret for valdsoffererstatning i Vardø blir tilført andre oppgaver slik at bemanningen ved kontoret ikke reduseres. Stortinget ber også regjeringen vurdere tiltak for å styrke Kontoret for valdsoffererstatning.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 238 L (2020–2021), Innst. 310 L (2021–2022) frå justiskomiteen og Lovvedtak 70 (2021–2022).

Vedtaket er følgt opp. Departementet arbeider med ikraftsetjing og implementering av ny valdserstatningslov, jf. Prop. 238 L (2020–2021), Innst. 310 L (2021–2022) og Lovvedtak 70 (2021–2022). Arbeidet med å tilføra andre oppgaver til Kontoret for valdsoffererstatning og å vurdere tiltak for å styrke kontoret, følgjast opp i styringsdialogen mellom departementet og Statens sivilrettsforvaltning og mellom Statens sivilrettsforvaltning og Kontoret for valdsoffererstatning.

Vedtak nr. 589, 30. mai 2022

«Stortinget ber regjeringen fastsette i forskrift at det ikke skal løpe forsinkelsesrenter på statens regresskrav mot skadevolderen i voldserstatningssaker mens skadevolderen soner alminnelig fengselsstraff.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 238 L (2020–2021), Innst. 310 L (2021–2022) frå justiskomiteen og Lovvedtak 70 (2021–2022).

Vedtaket er under behandling. Departementet arbeider med ikraftsetjing og implementering av ny valdserstatningslov, jf. Prop. 238 L (2020–2021), Innst. 310 L (2021–2022) og Lovvedtak 70

(2021–2022). Departementet ser på aktuelle løysingar og vil koma tilbake til Stortinget på eigna måte.

Oversikt over land utan krav til pass eller ID-kort
Vedtak nr. 647, 3. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen lage en lett tilgjengelig og oppdatert oversikt over hvilke Schengenland nordmenn kan reise til uten pass eller ID-kort, og hvilke land som fortsatt krever slike dokumenter ved innreise.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:160 S (2021–2022) og Innst. 431 S (2021–2022) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Oppdatert oversikt følger av Utanriksdepartementet sin reiseinformasjon og politiet sine nettsider om pass og nasjonalt ID-kort.

Høve til utvida varigheit på utgåtte pass
Vedtak nr. 648, 3. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen se på mulighetene for å midlertidig utvide gyldigheten på utgåtte pass, etter dialog med andre land.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:160 S (2021–2022) og Innst. 431 S (2021–2022) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp med vurderingar som vart gjorde i samband med dialogen med andre land om mellombels bruk av pass som har gått ut på dato.

Reduksjon av passkø
Vedtak nr. 649, 3. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen sørge for at de lange køene for å få hentet ut pass blir redusert ved at man lager egne køer eller midlertidige kontorer for folk som kun skal hente ut pass.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:160 S (2021–2022) og Innst. 431 S (2021–2022) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp med tiltaka som vart sette i verk i politidistrikta før sommaren 2022.

Henting av pass hos passutferdar
Vedtak nr. 650, 3. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen legge til rette for at alle får mulighet til å hente ut nye pass hos passutsteder, slik at man ikke må vente på å få passet i posten.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:160 S (2021–2022) og Innst. 431 S (2021–2022) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp med tiltaka som vart sette i verk i politidistrikta før sommaren 2022.

Sikring av komponentar til pass
Vedtak nr. 651, 3. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen utforske mulighetene for å sikre seg nødvendig råstoff og komponenter til å produsere pass via EU eller andre kanaler, slik Solberg-regjeringen gjorde under covid-19-pandemien.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:160 S (2021–2022) og Innst. 431 S (2021–2022) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Departementet har bede Politidirektoratet om å starte eit arbeid for å sjå på tiltak som kan gjere i leveransekjeda for pass og ID-kort meir robust, bl.a. for å auke den nasjonale beredskapen.

Redusere ventetid på nye pass
Vedtak nr. 652, 3. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen gjennomføre strakstiltak med sikte på å redusere ventetid for å få nytt pass, eksempelvis gjennom å utvide åpningstider på kveldstid og i helgene, samt å øke bemanningen på passkontor med stor pågang.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:160 S (2021–2022) og Innst. 431 S (2021–2022) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp med tiltaka som vart sette i verk i politidistrikta før sommaren 2022.

Tryggleik for personar med funksjonshindring

Vedtak nr. 654, 3. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen se på hvordan myndighetene kan treffe nødvendige tiltak for å sikre funksjonshindrede beskyttelse og sikkerhet i risikosituasjoner i hele krisespekteret, og sikre at funksjonshindredes organisasjoner høres i forbindelse med dette.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:213 S (2021–2022), Innst. 367 S (2021–2022) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Departementet har bede Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) i samband med arbeidet med forprosjekt om sivile vernetiltak å vurdere behovet til funksjonshindra særskilt i utforminga av framtidig tilrådingar om sivile vernetiltak.

Forbod mot sal av forfalte fordringar

Vedtak nr. 795, 15. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen utrede muligheten for å forby salg av forfalte fordringar hvor forbruker er debitor.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:200 S (2021–2022) og Innst. 373 S (2021–2022).

Vedtaket er under behandling.

Offentleg helsetilbod ved Politiets utlendingsinternat på Trandum

Vedtak nr. 831, 17. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen sikre at helsetjenesten på Politiets utlendingsinternat, Trandum, legges under den offentlige helsetjenesten og at beslutningen om dette tas i løpet av 2022 slik at overføringen kan gjennomføres senest 1. juli 2023.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 2 (2021–2022) og Innst. 450 S (2021–2022).

Vedtaket er under behandling.

1.11.2 Stortingssesjon 2020–2021

Utviding av avverjingsplikta

Vedtak nr. 47, 3. november 2020

«Stortinget ber regjeringen utrede om avverjingsplikten i straffeloven § 196 bør utvides til også å omfatte flere straffbare handlinger, særlig straffeloven §§ 257, 260, 261, 272 b, 292, 293, 294, 300, 301, 302, 304 og 305.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 66 L (2019–2020) og Innst. 41 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling.

Forelding av lovbrøt mot mindreårige

Vedtak nr. 50, 3. november 2020

«Stortinget ber regjeringen foreta en helhetlig gjennomgang av foreldelsesreglene for seksuallovbrudd og voldsforbrytelser mot mindreårige, og komme tilbake til Stortinget med forslag til lovendringer som hever det generelle nivået på foreldelsesfrister for denne typen lovbrudd.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 66 L (2019–2020) og Innst. 41 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. Sjå òg vedtak nr. 1159, 7. juni 2021.

Tilgjengelege dopingopplysningar

Vedtak nr. 64, 10. november 2020

«Stortinget ber regjeringen vurdere hvordan opplysninger om idrettsutøvere og støtteapparat som straffes for dopingkriminalitet, også kan gjøres tilgjengelig for antidopingorganisasjonene, herunder eventuelle behov for endring av lovgivning.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:95 S (2018–2019) og Innst. 48 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Departementet vurderer behovet for regelendringar og eventuelle andre tiltak.

Straff for den som tener pengar på idrettsprestasjonar som følgje av doping

Vedtak nr. 65, 10. november 2020

«Stortinget ber regjeringen vurdere muligheter for nye bestemmelser i straffeloven for å kunne straffeforfølge de som tjener penger på idrettsprestasjoner som følge av doping, og mulighet for inndragning.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:95 S (2018–2019) og Innst. 48 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Eigendelar etter finansavtalelova

Vedtak nr. 140, 1. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen vurdere om egenandelen i finansavtaleloven § 3-20 tredje ledd bør oppjusteres for å ta hensyn til prisstigningen de siste årene og for å sørge for at beløpet gir et godt nok initiativ til at rettighetshaverne bruker sin elektroniske signatur på en forsvarlig måte. Regjeringen bes også vurdere om beløpet bør knyttes til grunnbeløpet i folketrygden slik at det automatisk justeres for prisendringer. Disse vurderingene bør også gjøres for beløpet i § 4-30 tredje ledd.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. LS 92 (2019–2020) og Innst. 104 L (2019–2020) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Justis- og beredskapsdepartementet sende 20. mai 2022 på høyring eit forslag til ei ny forskrift om finansavtaler. I høyringsnotatet ba departementet også om innspel frå høyringsinstansane om forslaget i oppmødingsvedtaket. I samband med dette viste departementet til at ein eigenandel på 12 000 kroner for folk flest er ein stor sum med pengar. Departementet viste også til at når ein nå innfører lovfaste eigenandelar, kan det vere føremålstenleg å sjå på verknadene av reglane i marknaden før ein eventuelt vurderer å regulere eigenandelen. Departementet peikte dessutan på at ei regulering av eigenandelane etter grunnbeløpet, slik oppmødingsvedtaket går ut på, vil komplisere reglane fordi ein da også må ha reglar om skjeringstidspunktet for kva for eigenandel som skal gjelde. Dei av høyringsinstansane som uttaler seg om forslaget, sluttar seg alle til vurderingane i høyringsnotatet. Dette gjeld Finanstillstyret, Forbru-

karrådet, Forbrukartilsynet og Jussbuss. I lys av omsyna det er vist til i høyringsnotatet, og høyringa, er det departementet sitt syn at eigenandelen i finansavtaleloven § 3-20 tredje ledd og § 4-30 tredje ledd for tida ikkje bør bli justert opp eller knyttast til grunnbeløpet.

Klarare skilje mellom konvensjonsstatus (asyl) og subsidiært vern

Vedtak nr. 206, 7. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag til lovendringer som innenfor rammen av internasjonale forpliktelser gir et klarere skille mellom konvensjonstatus (asyl) og subsidiær beskyttelse, gjennom å begrense retten til familiegjenforening samt utvide bruken av midlertidige tillatelser ved subsidiær beskyttelse.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:71 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. Departementet vil bl.a. sjå nærmare på korleis andre land i Europa har regulert dette, og kva for erfaringar dei har gjort.

Plan for effektiv motarbeiding av irregulær migrasjon

Vedtak nr. 207, 7. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en plan for hvordan Norge kan bidra til mer effektiv bekjempelse av irregulær migrasjon, herunder sørge for at dagens hjemmel for å henvise asylsøkere til trygge tredjeland utenfor EU brukes aktivt. Dette forutsetter samarbeidsavtaler med tredjeland som sikrer at asylsøkere behov for beskyttelse blir ivaretatt.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:71 L (2020–2021) og Lovvedtak 25 (2020–2021).

Vedtaket er under behandling.

Klarlegging av identitet

Vedtak nr. 208, 7. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen stille de samme krav til klarlegging av identitet for permanent oppholdstillatelse og familieetablering som for statsborgerskap.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:71 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. Vedtaket inneber at søkaren som hovudregel må leggje fram originalt pass eller eit anna identitetsdokument med tilstrekkeleg notoritet. Dette krev truleg lovendring. Departementet er i gang med å greie ut konsekvensane, med sikte på høyring i 2023.

Skjerping av underholdskravet

Vedtak nr. 209, 7. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen legge frem forslag til endringer i forskrift som sikrer selvforsørgelse gjennom en skjerping av underholdkravet samt vurdere mulig skjerping av bestemmelsen om tilkynningskravet i familieetableringssaker.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:71 L (2020–2021).

Vedtaket er følgt opp gjennom forskriftsendring 28. juni 2021, ved at stønad etter integreringslova ikkje lenger kan reknast med som registrert inntekt ved vurderinga av om underholdskravet er oppfylt.

Høgare straff for barn som gjer gjenteken kriminalitet

Vedtak nr. 443, 18. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen utrede om man i særlige tilfeller kan åpne for forhøyet straff ved nytt lovbrudd av samme art også for kriminelle gjengere under 18 år.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:115 S (2019–2020) og Innst. 147 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Tiltak for å auke talet på inndragingar

Vedtak nr. 446, 18. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen i inneværende stortingsperiode legge fram tiltak og forslag til lovendringer for å øke omfanget av antallet inndragingar og gjøre det enklere for politiet å inn-dra verdier som er tilegnet gjennom kriminelle

handlinger, både gjennom sivilrettslig inndragning og i straffesaker.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:115 S (2019–2020) og Innst. 147 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Regjeringa Solberg fremma 24. september 2021 ei rekkje forslag til endringar som bidrar til eit meir effektivt og pedagogisk regelverk om inndraging, sjå Prop. 241 L (2020–2021). Forslaga i Prop. 241 L (2020–2021) vart vedtekne av Stortinget i april 2022, jf. lov 8. april 2022 nr. 22, og tredde i kraft 1. juli 2022. Forslaga følgjer opp delar av Straffelovrådet si utgreiing NOU 2020: 10, men fleire av forslaga i utgreiinga har det ikkje vore mogleg å følgje opp no. Årsaka er at fleire av forslaga har nær samanheng med ei tilleggsutgreiing som Straffelovrådet leverte 25. mai 2021, med høyringsfrist 25. oktober 2021. Regjeringa må derfor følgje opp desse forslaga i ein eigen lovproposisjon på eit seinare tidspunkt. Sjø Prop. 241 L (2020–2021) kap. 2 og 3 for nærmare detaljar om det vidare arbeidet.

Besøks- og opphaldsforbod

Vedtak nr. 447, 18. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen foreslå å endre straffeprosesslovens bestemmelser om besøks- og oppholdsforbud, slik at de som begår kriminalitet i bestemte områder, kan nektes å oppholde seg i en større omkrets og i et betydelig tidsrom, samt vurdere bruk av elektronisk kontroll for å håndheve dette.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:115 S (2019–2020) og Innst. 147 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Departementet har vurdert behovet for lovendringar og sendt forslag på høyring 6. september 2021 om endringar i straffeprosesslova og straffelova. I høyringsnotatet er det foreslått at påtalemakta skal kunne påleggje elektronisk kontroll (såkalla omvend valdsalarm) ved brot på besøksforbod. Det er òg vurdert visse andre justeringar i reglane for både besøksforbod etter straffeprosesslova og kontaktforbod etter straffelova. Sjø òg omtale av vedtak nr. 630 og 631, 25. april 2017, vedtak nr. 1043, 20. juni 2017 i tillegg til vedtak nr. 583, 30. mai 2022.

Straff for å la verdiane til gjengkriminelle stå i eige namn

Vedtak nr. 452, 18. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om tillegg til straffelovens bestemmelser om inndragning av økonomisk utbytte, slik at det innføres aktsomhetsplikt med straffansvar for dem som lar gjengkriminelles verdier, biler, leiligheter m.m. stå i sitt navn.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:115 S (2019–2020) og Innst. 147 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Straffelovrådet fekk i oppdrag å undersøke behovet for ein slik regel og å gi forslag til korleis han ev. kan bli utforma. Frist for oppdraget var 1. november 2021. Straffelovrådet påpeikar at straffelova § 337 første ledd bokstav a om kvitvasking rammar bistand til å sikre utbyte av ei straffbar handling for ein annan. Det å ta vare på utbyte for ein annan eller å la slikt utbyte stå i eige namn framfor namnet til lovbytaren er altså allereie ramma av straffelovgivinga, med simpel aktløyse som skuldkrav, jf. straffelova § 340. Dette utgjer nettopp ei slik plikt til å vise aktsemd med straffeansvar som oppmodningsvedtaket spør etter. Plikta til å vise aktsemd gjeld generelt – også ved gjengtilknytning.

Fornyingsordning for barneomsorgsattest

Vedtak nr. 627, 18. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en sak om å gjeninnføre en fornyelsesordning for barneomsorgsattest.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:136 (2019–2020) og Innst. 210 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Departementet vurderer behovet for regelendringar og eventuelle andre tiltak.

Gjennomgang av barneomsorgsattestordninga

Vedtak nr. 628, 18. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen foreta en gjennomgang av barneomsorgsattestordningen, som også innbefatter en utredning av digitale forenklingmuligheter, en vurdering av muligheten for informasjonsdeling av gjeldende lovbrudd i andre

land og en vurdering av om straffeloven § 272 og § 273 skal være en del av politiattesten.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:136 (2019–2020) og Innst. 210 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Departementet vurderer behovet for regelendringar og eventuelle andre tiltak.

Ny politihøgskule

Vedtak nr. 676, 25. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen igangsette planleggingen av ny politihøgskole og komme tilbake til Stortinget på en egnet måte.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 29. (2019–2020) og Innst. 248 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er oppheva, jf. Prop. 115 S (2021–2022) og Innst. 450 S (2021–2022) frå finanskomiteen. Handlingsrommet i budsjetta framover er forventa å bli vesentleg redusert, samanlikna med kva ein er blitt vant til. Regjeringa har varsla at fleire store, offentlege byggjeprojekt må redusere i omfang eller utsetjast. Det er samstundes nødvendig å prioritere andre byggjeprojekt i justissektoren framover framfor ny politihøgskule.

Gjenopning av arrestar

Vedtak nr. 680, 25. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen gjenåpne de arrester der nedleggelse under politireformen har ført til at politiet i dag bruker uforholdsmessig mye tid på transport av fanger.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 29. (2019–2020) og Innst. 248 S (2020–2021) frå justiskomiteen. jf. òg Meld. St. 4 (2021–2022) og Innst. 141 S (2021–2022).

Vedtaket er følgt opp. Politidirektoratet har ikkje gjenopna arrestar som vart fasa ut i samband med politireforma, og vurderer at politiet ikkje nyttar uforholdsmessig mykje tid på transport av innsette. Det er politimeistrane sitt ansvar å nytte ressursane på best mogleg måte. Bruken av ressursane skjer etter ei heilskapleg vurdering der mange omsyn og forhold blir omhandla. Å drifte ein politiarrest krev like stor bemanning som døgnkontinuerleg drift av éin heil politipatrulje. I samband med større hendingar eller arrangement

kan gamle, lokale arrestar opnast mellombels i inntil fire timar ved behov.

Nasjonalt våpenregister

Vedtak nr. 681, 25. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen opprette et nasjonalt våpenregister som legges til Brønnøysundregistrene og til Nordland politidistrikt med forvaltning i Mosjøen.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 29. (2019–2020) og Innst. 248 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Politidirektoratet har fått i oppdrag å setje i gang eit prosjekt for ny digital våpenforvaltning der dette oppmodingsvedtaket blir teke omsyn til. Det er inngått avtale mellom Politidirektoratet og Brønnøysundregistra for å utvikle ei digital løysing. Brønnøysundregistra har starta arbeidet nytt nasjonalt våpenregister. Politidirektoratet har starta arbeidet med å etablere nytt nasjonalt våpenkontor i Mosjøen.

Jf. oppmodingsvedtak nr. 778, 23. mars 2021.

Identitetsskjerming for polititilsette

Vedtak nr. 682, 25. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med forslag til ny straffeprosesslov sikre full identitetsskjerming for politiansatte.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 29. (2019–2020) og Innst. 248 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Det er til vurdering om det bør setjast ned eit utval som skal vurdere identitetsskjerming av polititilsette.

Straff for å tvinge barn til utlandet

Vedtak nr. 712, 9. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede straffeforbudet mot frihetsberøvelse i situasjoner hvor barn vil bli, eller allerede er, sendt til utlandet mot sin vilje, og fremme forslag til lovendringer som sikrer at påtvungne utenlandsopphold kan straffes.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:137 S (2019–2020) og Innst. 269 S (2020–2021) frå familie- og kulturkomiteen.

Vedtaket er under behandling. Sjå òg omtale under vedtak nr. 788, 29. mai 2018.

Nasjonal langtidsplan for beredskap

Vedtak nr. 729, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen innføre en nasjonal langtidsplan for beredskap, som ser beredskapsressursene nasjonalt og regionalt i en sammenheng og legger grunnlaget for konkrete planer for utbedringer.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Oppfølging av vedtaket vil bli vurdert i lys av arbeidet til totalberedskapskommisjonen. Kommisjonen vart nemnd opp i januar 2022, og skal levere arbeidet sitt våren 2023.

Totalberedskapsutval

Vedtak nr. 730, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen etablere et fast totalberedskapsutvalg som rapporterer til regjeringen hvert år, slik at man sikrer koordinert ledelse overordnet og på tvers. Og helhetlige og koordinerte trusselvurderinger. Både beredskapsmyndigheter, samfunnets organisasjoner og næringsliv skal være representert i utvalget.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Oppfølging av vedtaket vil bli vurdert i lys av arbeidet til totalberedskapskommisjonen. Kommisjonen vart nemnd opp i januar 2022, og skal levere arbeidet sitt våren 2023.

Nordisk samarbeid innan samfunnstryggleik

Vedtak nr. 739, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en vurdering av muligheten for tettere samarbeid med nordiske naboland knyttet til samfunnssikkerhet og beredskap, herunder felles sikkerhetsklarering, planverk på tvers av landegrensene og øvelser på tvers av landegrensene.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Oppfølginga av dette arbeidet bør sjåast i samanheng med det nordiske Haga-samarbeidet som er i gang innan samfunnstryggleik. Det blir òg vist til samarbeid mellom situasjonssentra i dei nordiske landa . I Haga-samarbeidet blir det bl.a. gjennomført fellesnordiske øvinga, sivilt-militært samarbeid gjennom Haga-NORDEFECO samarbeidet, samarbeid om skog-/naturnaturbrannar, CBRNE og Nødkommunikasjon. Knytt til Haga utviklingsmål 2022 – 2024, er det i tillegg sett i verk førebunde samarbeid innan klimaendringar, tiltak etter læring fra Covid-19 og Host Nation Support, i tillegg til vidare utvikling av det sivil-militære samarbeidet (Haga-NORDEFECO) som er i gang. I lys av utviklinga i risikobiletet og erfaringane frå korona-pandemien, er de nordiske beredskapsstyresmaktene oppmoda om å gjennomgå felles avtalar, prosedyrar m.m., for å sikre at operativ støtte på tvers av grensene kan gjennomførast effektivt.

Når det gjeld spørsmålet om tryggingssklaring, finst det i dag tryggingssavtalar mellom Noreg og dei nordiske nabolanda som gjer det mogleg å utveksle gradert informasjon mellom landa, irekna å anerkjenne kvarandre sine tryggingssklareringar etter nærmare kriterium.

Sivilforsvaret

Vedtak nr. 740, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen ruste Sivilforsvaret for fremtidens samfunnsbehov gjennom å utrede utvidet grunnutdanning og sette av midler over statsbudsjettet til oppdatert utstyr og flere øvelser.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Sivilforsvaret er styrkt med til saman 89,8 mill. kroner i 2022, jf. Prop. 78 S (2021–2022). Dette vil bidra til å auke den operative evna til Sivilforsvaret. I tillegg til at store delar av utstyrsetterslepet er teke unna i 2021 og 2022.

Frivillige organisasjonar

Vedtak nr. 741, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen sikre at frivillige organisasjoner får dekket utgifter til abonnementskostnader for nødnetterminaler, og øke støtten til mer ressurser til utstyr og trening.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. I Prop. 78 S (2021–2022), jf. Innst. 270 S (2021–2022) vart tilskottet til de frivillige organisasjonane i redningstenesta auka med 10,2 mill. kroner, for å dekke årlege drifts- og abonnementskostnader for 2 000 nye Nødnett-terminalar. Ein ytterlegare auke i løyvinga til meir ressursar til utstyr og trening må eventuelt vurderast i forbindelse med dei årlege budsjettframlegga.

Brann til sjøs

Vedtak nr. 742, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen styrke Redningsselskapet og gjennomgå hvordan de kan bistå brann- og redningsetaten ved brann til sjøs.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Tilskotet til Redningsselskapet (RS) har hatt ein jamn og kraftig auke dei seinare åra, frå om lag 56 mill. kroner i 2013 til om lag 128 mill. kroner i 2021. Ytterlegare oppfølging av vedtaket blir vurdert.

Tilfluktsrom

Vedtak nr. 743, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en vurdering av hvordan eksisterende tilfluktsrom i større grad kan benyttes slik at de holdes i stand samt inngår som en del av den nasjonale beredskapen i forbindelse med for eksempel migrasjon, pandemi eller forsyningskrise.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. DSB har fått i oppdrag i tildelingsbrevet for 2022 å gjennomføre eit forprosjekt der dei ser på slike forhold. Forprosjektet skal ferdigstillast innan utgangen av 2022.

Objektsikring

Vedtak nr. 745, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen forsterke fysisk sikring av prioriterte objekter på grunnlag av trusselvurderinger og ROS-analyser.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp gjennom arbeidet som er i gang med grunnleggjande nasjonale funksjonar (GNF). Dette arbeidet inkluderer bl.a. at det blir arbeidd systematisk med å leggje grunnlag for å gjennomføre nødvendig sikring av skjermingsverdige verdiar. I tillegg lagar DFØ og NSM i fellesskap ein rettleiar for utarbeiding av betre avgjerdsgrunnlag for objekt- og infrastruktursikring i investeringsprosjekt.

Kompetanseheving innanfor IKT-tryggleik

Vedtak nr. 746, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen sørge for økt kompetanseheving for ansatte i kommuner, stat og bedrifter innanfor IKT-sikkerhet.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp gjennom fleire tiltak. I Prop. 78 S (2021–2022) er det òg gitt løyving til en befolkningskampanje som NorSIS vil gjennomføre på vegne av Justis- og beredskapsdepartementet hausten 2022. Kampanjen vil mellom anna inngå i den årlege tryggleiksmånaden – Nasjonal sikkerhetsmåned, der formålet er auka engasjement, medvit og kunnskap om digital tryggleik, i befolkninga og i verksemdar. Justis- og beredskapsministeren og Kommunal- og distriktsministeren har møtt over 200 kommunar, der viktigeita av digital tryggleik vart formidla, og hvor det blei vist til nasjonale oppmodingar og råd. Samtlege departement er bedt om å kartlegge sikkerhetsfaglig kompetanse. Det er verksatt eit stortingsmeldingsarbeid, hvor departementet vil sjå på oppfølginga av Nasjonal strategi for digital

tryggleikskompetanse som vart lansert i 2019 i tett samarbeid med Kunnskapsdepartementet. Som ei oppfølging av kommunearrangementet i februar er det gitt midlar til arbeidet med digital tryggleik i kommunesektoren, slik at kommunane skal bli i betre stand til å oppdaga, førebyggja og handtera digitale angrep. Dette inkluderer å leggja til rette for at alle kommunar er tilknytta eit handterings-/responsmiljø.

Inkludering av frivillige organisasjonar i beredskapsplanar

Vedtak nr. 748, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen sikre at politi, statsforvalter og kommuner inkluderer frivillige organisasjonar i beredskapsplanar, at disse deltar på felles øvelser, samt at politiet forpliktes til å koordinere og ivareta samvirket mellom de ulike aktørene mellom hendelsene.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Frivillige organisasjonar er ein sentral del av beredskapen i Norge, og dei blir inkluderte i beredskapsplanar og i øvingar. Dette blir bl.a. sikra annet gjennom Hovudredningssentralen sitt tilsyn med dei lokale redningssentralane i kvart politidistrikt, og gjennom statsforvaltaren sitt beredskapsansvar.

ADR-kontroll

Vedtak nr. 799, 13. april 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede muligheten for å overføre myndighet til å gjennomføre ADR-kontroll til godkjente tungbilverksteder.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:106 S (2020–2021) og Innst. 311 S (2020–2021) frå transport- og kommunikasjonskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Nasjonalt eigarskap og kontroll

Vedtak nr. 814, 20. april 2021

«Stortinget ber regjeringa sikre norsk eigarskap av kritisk infrastruktur og eigedom samt nasjonal kontroll over naturressursar i nordområda.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 9 (2020–2021) og Innst. 289 S (2020–2021) frå utanriks- og forsvarskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Det er under arbeid ei melding til Stortinget som behandlar desse problemstillingane. Sjå òg vedtak 1040.

Heilskapleg gjennomgang av verjemålsordninga

Vedtak nr. 848, 27. april 2021

«Stortinget ber regjeringen foreta en helhetlig gjennomgang av vergemålsordningen og legge frem forslag til lovendringer som styrker og forbedrer den.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:77 (2020–2021) og Innst. 285 S (2020–2021) frå justiskomiteen. Sjå elles omtalen av oppmodingsvedtak nr. 899 (2017–2018) nedanfor.

Vedtaket er under behandling.

Økonomisk kompensasjonsordning for våpen-eigarar

Vedtak 883, 6. mai 2021

«Stortinget ber regjeringa snarest utarbeide et forslag til ei økonomisk kompensasjonsordning for våpeneiere som blir ramma av et forbud med tilbakevirkende kraft mot enkelte våpentyper, og komme tilbake til Stortinget med dette.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:103 S (2020–2021) og Innst. 346 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Det er oppretta ei ordning for mellombels destruksjonspann i perioden 2022–2024, jf. Prop. 1 S Tillegg 1 (2021–2022) og Innst. 6 S (2021–2022). Våpeneigarar som er ramma av forbudet, blir gitt ein eingongssum på 4 000 kroner per innlevert våpen, uavhengig av alder og tilstand på våpenet. Frå og med 1. juni 2024 vil det vere forbode å eige slike våpen, og ordninga fell bort.

Lovendringar som følgje av ny sivilombudslov

Vedtak nr. 928, 11. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om nødvendige endringer i annen lovgivning som følge av ny sivilombudslov.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 21 (2020–2021), kap. 10 og Innst. 409 L (2020–2021).

Vedtaket er følgt opp gjennom lovproposisjon i 2022.

Etablering av ny redningshelikopterbase i Tromsø og felles operasjon med helikoptertenesta til Sysselmeisteren

Vedtak nr. 983, 25. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen starte nødvendige forberedelser som sikrer at Forsvaret overtar som operatør av redningshelikopterbasen i Tromsø når kontrakten med sivil operatør går ut.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 85 S (2020–2021) og Innst. 393 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Kartlegging av tryggleikskompetanse, gjennomgang av bruken av tryggingslova og evaluering av tryggleiksforståing

Vedtak nr. 1038, 28. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen gjennomføre og legge frem for Stortinget på egnet måte:

en kartlegging av sikkerhetskompetansen i alle departementer

en gjennomgang utført av et offentlig utnevnt ekspertutvalg av sikkerhetslovens anvendelse, herunder mulige sårbarheter, ansvarsfordeling, status for departementenes listeføring av virksomheter som helt eller delvis skal omfattes av sikkerhetsloven

en evaluering av hvordan sikkerhetsforståelse i departementene etableres og samarbeid mellom departementene blir sikret.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er behandlinga av innstillinga frå utanriks- og forsvarskomiteen om *Redegjørelse av justis- og beredskapsministeren om planlagt salg av Bergen Engines AS*, jf. Innst. 503 S (2020–2021).

Vedtaket er under behandling.

Stortingsmelding om nasjonalt eigarskap og kontroll over strategisk viktige naturressursar, bedrifter, infrastrukturar og teknologiar

Vedtak nr. 1040, 28. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen legge fram en stortingsmelding om hvordan Norge kan sikre nasjonalt eierskap og kontroll over strategisk viktige bedrifter, naturressurser, infrastruktur og teknologier.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:153 S (2020–2021) og Innst. 504 S (2020–2021) frå utanriks- og forsvarskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Det er under arbeid ei melding til Stortinget som behandlar desse problemstillingane. Sjå òg vedtak 814.

Nytt Oslo fengsel

Vedtak nr. 1041, 28. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen på egnet måte komme tilbake til Stortinget med forslag vedrørende nytt Oslo fengsel.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:142 S (2020–2021) og Innst. 470 S (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. For å sikre snarleg erstatningskapasitet for nokre av plassane for Oslo fengsel foreslår regjeringa å utvide Rome-rike fengsel, Ullersmo avdeling med netto 76 plassar. Departementet vil komme tilbake med forslag for lokalisering av nye fengselsplassar til erstatning for fengselsplassane ved Oslo fengsel.

Forfølging av narkotikalovbrot i nødssituasjonar

Vedtak nr. 1115, 3. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen sørge for at politiet ikke straffefølger overtredelse av legemiddelloven § 24 første ledd, der overtreder yter assistanse eller tilkaller nødetater i akutte nødssituasjoner, eller der en slik overtredelse avdekkes hos fornærmede ved anmeldelse av andre straffbare forhold.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 92 L (2020–2021) og Innst. 612 L (2020–2021).

Vedtaket er følgt opp. Departementet har vore i dialog med Riksadvokaten, som peikar på at dei

resultata Stortinget ønskjer, langt på veg følgjer av eksisterande reglar, føringar og praksis. Riksadvokaten vil klargjere dette for politiet på eigna måte.

Sperring av opplysningar i reaksjonsregisteret

Vedtak nr. 1116, 3. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen sørge for at opplysninger i reaksjonsregisteret om personer som er ilagt strafferettslige reaksjoner for bruk og besittelse av narkotika til eget bruk, sperres etter tre år. Sperring forutsetter at det ikke er registrert flere straffbare forhold i den aktuelle perioden.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 92 L (2020–2021), Innst. 612 L (2020–2021) og Lovvedtak 148 (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. Forslag til nødvendige regelverksendringar (endringar i politiregisterforskrifta) har vore på høyring.

Gjennomgang av praksis for tilbakekall av førarrett

Vedtak nr. 1117, 3. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen sørge for at samfunnets reaksjoner i forbindelse med problematisk bruk av rusmidler er forholdsmessige, og kan knyttes til rusbruken. Stortinget ber regjeringen særlig gjennomgå praksis med tap av førerrett i tilfeller der man ikke ser noen sammenheng mellom personens bruk av rusmidler og føring av motorvogn.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 92 L (2020–2021), Innst. 612 L (2020–2021) og Lovvedtak 148 (2020–2021).

Vedtaket er under behandling.

Unntak frå forelding for seksuallovbrot mot barn

Vedtak nr. 1159, 7. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen legge frem forslag til lovendringer som fjerner foreldelsesfristen for alle typer seksualforbrytelser mot barn.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:273 S (2020–2021) og Innst. 634 S (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. Sjå òg vedtak nr. 50, 3. november 2020.

Internasjonale kriminelle organisasjonar

Vedtak nr. 1161, 11. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med strengere regler dersom det nye regelverket ikke i tilstrekkelig grad hindrer etableringer av internasjonale kriminelle gjenger og mafiaorganisasjoner.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 190 L (2020–2021) og Innst. 629 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling.

Tilgang på straffeprosessuelle tvangsmiddel

Vedtak nr. 1162, 11. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede særskilt om politiet bør gis tilgang på straffeprosessuelle tvangsmidler ut over det den foreslåtte straffesammenheng på tre års fengsel for deltagelse, rekruttering eller videreføring av en kriminell sammenslutning, tilsier.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 190 L (2020–2021) og Innst. 629 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling.

Kompensasjonsordning for tapt arbeidsforteneste for frivillige i redningstenesta

Vedtak nr. 1343, 18. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med statsbudsjettet for 2022 legge frem en vurdering av om det bør innføres en kompensasjonsordning for tapt arbeidsforteneste for frivillige som blir anmodet av nødetatene om å bistå i redningsoppdrag.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 195 S (2020–2021) og Innst. 600 S (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. Det vil krevje ei utgreiing før ein får oversikt og kunnskap om kva eit slikt tiltak vil bety for redningstenesta, og kva utgiftene vil vere for staten. Departementet har førebels ikkje teke stilling til om ei slik utgreiing skal setjast i verk. Det er både fordelar og ulemper med å innføre ei kompensasjonsordning for tapt arbeidsforteneste for frivillige. Regjeringa ønskjer å leggje til rette for at dei frivillige organi-

sasjonane held oppe og styrker posisjonen sin innanfor norsk redningsberedskap (sjå òg Meld. St. 10 (2016–2017)). Samstundes bør det vere eit tydeleg skilje mellom offentlege og frivillige ressursar.

1.11.3 Stortingssesjon 2019–2020

Elektroniske fraktbrev

Vedtak nr. 436, 31. mars 2020

«Stortinget ber regjeringen sikre at nye elektroniske fraktbrev som er planlagt i CRM-direktivet, gjøres obligatoriske.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 11 LS (2019–2020) og Innst. 214 S (2019–2020).

Vedtaket er under behandling.

Reklamasjonsfrist bustader

Vedtak nr. 515, 21. april 2020

«Stortinget ber regjeringen utrede om reklamasjonsfristen på nyoppførte boliger skal økes fra fem til ti år, samt konsekvensene av en eventuell utvidelse.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 25 (2018–2019), Innst. 171 S (2019–2020).

Vedtaket er under behandling.

Lovforslag for å sikre deling av registerinformasjon

Vedtak nr. 669, 10. juni 2020

«Stortinget ber regjeringen fremme nødvendige lovforslag for å sikre at relevant registerinformasjon deles mellom offentlige forvaltningsorgan for å avdekke og forhindre kriminalitet.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:88 S (2019–2020) og Innst. 342 S (2019–2020).

Vedtaket er under behandling. Eit høyringsforslag frå september 2020 om endringar i forvaltningslova m.m., som gjekk ut på å innføre nye og større grunnlag for deling mellom forvaltningsorgan av opplysningar som er omfatta av teieplikt, vart følgt opp i Prop. 166 L (2020–2021) om endringar i forvaltningslova m.m. og endringslov 18. juni 2021 nr. 127. Førebygging og avdekking

av kriminalitet var sentrale omsyn som låg til grunn for forslaget. Ny § 13 g i forvaltningslova gir heimel til å gi forskrift om at teieplikt etter forvaltningslova § 13 ikkje skal vere til hinder for at bestemte organ kan dele opplysningar for å utføre oppgåver som er lagde til givar- eller mottakarorganet, og opnar dermed for å gi forskrifter om dei emna som er nemnde i vedtaket.

1.11.4 Stortingssesjon 2018–2019

Rettskjeldsordninga

Vedtak nr. 98, 4. desember 2018

«Stortinget ber regjeringa i forbindelse med den pågående utredninga av rettskjeldsordninga komme tilbake til Stortinget med tiltak i oppfølginga av denne for å gjøre ordninga betre, mer effektiv og treffsikker.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:152 S (2017–2018) og Innst. 71 S (2018–2019).

Vedtaket er under behandling. Regjeringa sette i oktober 2018 ned eit offentleg utval som skulle gjennomgå rettskjeldsordninga. Utvalet leverte ei utgreiing 30. april 2020. Utvalet foreslår ei reform av rettskjeldsordninga og ein ny lov om støtte til rettskjeld. Forslaget inneber at fleire personar vil bli omfatta av ordninga, men med betydeleg bruk av eigendelar tilpassa betalingsevna til mottakaren. Utgreiinga har vore på høyring og er no til oppfølging i departementet. Frå og med 1. januar 2022 vart inntektsgrensene for fri rettskjeld heva med ca. 30 pst.

Sjå omtale under programkategori 06.70.

1.11.5 Stortingssesjon 2017–2018

Alternativ til fengsling av barn

Vedtak nr. 539, 15. mars 2018

«Stortinget ber regjeringa utrede og legge fram forslag til flere alternativer til å fengsle barn i forbindelse med uttransportering etter utlendingslova.»

Grunnlaget for vedtaket går fram av Prop. 126 L (2016–2017) og Innst. 181 L (2017–2018).

Vedtaket er følgt opp. Departementet sende ei utgreiing og forslag til endringar i utlendingslova på høyring i desember 2019 med frist 3. april 2020. Her vart det bl.a. foreslått reglar for meldeplikt

mv. som eit alternativ til internering av barn. Departementet har følgt opp vedtaket i Prop. 137 L (2021–2022)) «Endringer i utlendingslova (visitasjon og undersøking i forbindelse med registrering av søknad om beskyttelse mv.)», sendt over til Stortinget 22. juni 2022. Det blir ikkje fremma nye lovforslag. Departementet har ikkje identifisert målretta og formålstenlege tiltak som kan tilråast på fagleg grunnlag.

Einslege mindreårige asylsøkarar

Vedtak nr. 540, 15. mars 2018

«Stortinget ber regjeringa sørge for at det snart etableres reelle alternativer til frihetsberøvelse av enslige mindreårige asylsøkarar, som ivaretar hensynet til barnets beste.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 126 L (2016–2017) og Innst. 181 L (2017–2018).

Justis- og beredskapsdepartementet sende 18. desember 2019 på høyring ei utgreiing om alternativ til fridomskenking av mindreårige og forslag moglege endringar i utlendingslova. I høyringa peika fleire av høyringsinstansane på at alternativa som blir skisserte, er få og til dels lite treffsikre. Det kom heller ikkje nokon nye forslag til lovendringar.

Det er ein svært høg terskel for å internere barn, og det blir gjort som ein absolutt siste utveg. I åra 2019 t.o.m. 2021 har ingen einslege mindreårige vore internert på Haraldvangen familiesenter. Samstundes må det framleis vere ein tilgang til å internere einslege mindreårige asylsøkarar i samband med uttransportering, der dette er absolutt nødvendig. Dette er òg i samsvar med dei internasjonale forpliktingane til Noreg, irekna returdirektivet. Regjeringa foreslår at vedtaket blir oppheva, jf. forslag til vedtak.

Sjå nærmare omtale under programkategori 06.90.

Tvangsreturnering av barnefamiljar

Vedtak nr. 541, 15. mars 2018

«Stortinget ber regjeringa utrede bruk av elektronisk kontroll (elektronisk fotlenke) som et alternativ til frihetsberøvelse som internering av barnefamiljar som skal tvangsreturneres, slik at frihetsberøvelse av barnefamiljar bare benyttes som en siste utvei når andre alternativer er utprøvd eller vurdert. Der myndighetene kom-

mer til at frihetsberøvelse er nødvendig, etter å ha prøvd eller vurdert andre alternativer, skal frihetsberøvelsen skje på et eget barne- og familieinternat som er familie- og barnevennlig, og som ivaretar barnets behov. Det fremmes en sak for Stortinget snarest mulig.»

Grunnlaget for vedtaket går fram av Prop. 126 L (2016–2017) og Innst. 181 L (2017–2018).

Vedtaket er fulgt opp. Det er etablert ei eiga barne- og familieeining (Haraldvangen) til bruk for både barnefamiljar og einslege mindreårige. Politidirektoratet gjennomførte i 2018 ei utgreiing for departementet. Departementet sende eit forslag på høyring i desember 2019 med frist 3. april 2020. Her vart det bl.a. foreslått reglar for meldeplicht m.m. som eit alternativ til internering av barn. Det vart òg gjort greie for bruk av elektronisk kontroll (elektronisk fotlenke) utan at det vart foreslått å gjennomføre. Departementet har fulgt opp vedtaket i Prop. 137 L (2021–2022) *Endringer i utlendingsloven (visitasjon og undersøkelse i forbindelse med registrering av søknad om beskyttelse mv.)*, send over til Stortinget 22. juni 2022. Det blir ikkje fremma nye lovforslag. Departementet har ikkje identifisert målretta og formålstenlege tiltak som kan tilrådest på fagleg grunnlag.

Utanlandsopphald

Vedtak nr. 788, 29. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen foreslå tydeliggjøring av hjemler i straffeloven som holder foreldre ansvarlige dersom barn sendes på utenlandsopphold mot sin vilje.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:118 S (2017–2018) og Innst. 260 S (2017–2018) frå justiskomiteen om tiltak mot sosial kontroll og æresvald.

Vedtaket er under behandling. Eit eksternt juridisk utval har fått i oppdrag å drøfte dei samla juridiske problemstillingane i saker om negativ sosial kontroll, æresrelatert vald, tvangsekteskap, kjønnslemlesting og psykisk vald og vurdere om lovgivinga er god nok. Eit av spørsmåla utvalet skal sjå nærmare på, er korleis ein kan klargjere grensene for straffeansvaret i tilfelle der foreldre sender barn på utanlandsopphald mot barna sin vilje. Utvalet skal levere utgreiinga si 30. juni 2023.

Eige lovverk for Statens barnehus

Vedtak nr. 795, 29. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om et eget lovverk for Statens barnehus som sikrer ivaretagelse av hele mandatet til Statens barnehus.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:140 S (2017–2018) og Innst. 316 S (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. NOVA/OsloMet har på oppdrag frå Politidirektoratet evaluert ordninga med barnehusa. Evalueringsrapporten var ferdig i januar 2022 og den har mellom anna sett på behovet for ei eiga barnehuslov. anbefalingane frå NOVA/OsloMet inneber bl.a. å hente inn informasjon om erfaringar i andre land med lovfesting, og avklaring av vesentlege rettslege problemstillingar som gjeld barnehusverksemd. Departementet vil vurdere tilrådingane i evalueringsrapporten som eit ledd i arbeidet med opptrappingsplanen mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar. Opptrappingsplanen skal ferdigstillast i 2023.

Regelverk for teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett – vald og overgrep

Vedtak nr. 798, 29. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen utrede, for så å fremme et lovforslag, for å revidere og samordne regelverket knyttet til taushetsplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett, herunder reglene om samarbeid mellom ulike tjenester og etater, samt reglene om samtykke, slik at flere saker som gjelder vold og overgrep, vil kunne avdekkes og følges opp på en god måte.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:140 S (2017–2018) og Innst. 316 S (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Eit høyringsforslag frå september 2020 om endringar i forvaltningslova m.m., som gjekk ut på å innføre nye og større grunnlag for deling mellom forvaltningsorgan av opplysningar som er omfatta av teieplikt, vart fulgt opp i Prop. 166 L (2020–2021) om *endringar i forvaltningslova m.m.* og endringslov 18. juni 2021 nr. 127. Ny § 13 g i forvaltningslova gir heimel til å gi forskrift om at teieplikt etter forvaltningslova § 13 ikkje skal vere til hinder for at bestemte organ kan dele opplysningar for å utføre oppgåver som er lagde til givar- eller mottakaror-

ganet, og opnar dermed for å gi forskrifter om emna som er nemnde i vedtaket.

Vidare har ei utgreiing som i eit heilskapleg perspektiv tek for seg emna teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett innanfor det offentlege, og som utgjer eit utkast til ei praktisk oppbygd og autoritativ rettleiing til bruk på tvers av ulike sektorar, vore på høyring. Høyringa blir følgd opp, og den endelege rettleiinga skal liggje føre hausten 2022. Det skal her slåast tydeleg fast korleis regelverket om teieplikt, opplysningsplikt og opplysningsrett skal forståast og praktisert, og ein heilt sentral faktor som låg til grunn for dette arbeidet, var arbeidet mot vald og andre overgrep som rammar barn og unge.

Menneskerettane til utviklingshemma – verjemål

Vedtak nr. 899, 12. juni 2018

«Stortinget ber regjeringen legge frem en Stortingsmelding om sikring av utviklingshemmedes menneskerettigheter der erfaringene med verge-målsloven gjennomgås og foreslå nødvendige lov- endringer som sikrer den enkelte vergetrengendes medbestemmelse og rettssikkerhet.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 377 S (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Arbeidet med meldinga pågår, sjå omtalen av oppmodingsvedtak nr. 894 i Prop. 1 S (2022–2023) for Kulturdepartementet. Verjemål blir behandla i meldinga i samsvaret med ordlyden i oppmodingsvedtaket.

Stortinget har i tillegg bede om at regjeringa skal gjere ein heilskapleg gjennomgang av verjemålsordninga og fremme forslag til lovendringar som styrker og forbetrar ho, jf. vedtak nr. 848, 27. april 2021. Justis- og beredskapsdepartementet fremma hausten 2022 forslag til endringar i verjemålslova som tek sikte på å presisere tydinga og rekkevidda av sjølvråderetten, blant anna i lys av Noregs menneskerettslege plikter. Føremålet med endringane er først og fremst å tydeleggjere alminneleg verjemål som eit frivillig støttetiltak. Departementet held fram arbeidet med ein heilskapleg gjennomgang av verjemålsordninga.

1.11.6 Stortingssesjon 2016–2017

Korrupsjonsføresegnene i straffelova

Vedtak nr. 523, 23. mars 2017

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om endring av straffeloven som innebærer at for overtredelser av straffelovens korrupsjonsbestemmelser kan foretaket også straffes når handlinger er utført av noen som gjennom sine forbindelser med selskapet må assosieres med det. Det må vurderes straffefrihet for selskap som har gjort det de kan for å forebygge korrupsjon.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 191 L (2016–2017) frå justiskomiteen om utvida ansvar selskap har for korrupsjonshandlingar.

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet har gitt ein fagperson i oppdrag å drøfte dei aktuelle spørsmåla og å komme med forslag til lovendringar. Rapporten vart overlevert i mai 2021 og send på høyring 12. oktober 2021, med høyringsfrist 11. januar 2022.

Omvend valdsalarm ved brot på besøksforbod

Vedtak nr. 630, 25. april 2017

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med et forslag om å utvide muligheten til å ilegge omvendt valdsalarm til blant annet til tilfeller ved brudd på besøksforbud.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 247 S (2016–2017) frå justiskomiteen om opptrappingsplanen mot vald og overgrep (2017–2021).

Vedtaket er under behandling. Departementet har vurdert behovet for lovendringar og sendt forslag på høyring 6. september 2021 om endringar i straffeprosesslova og straffelova. I høyringsnotatet er det foreslått at påtalemakta skal kunne påleggje elektronisk kontroll (såkalla omvend valdsalarm) ved brot på besøksforbod. Det er òg vurdert visse andre justeringar i reglane for både besøksforbod etter straffeprosesslova og kontaktforbod etter straffelova. Sjå òg omtale under vedtak nr. 631, 25. april 2017, vedtak nr. 1043, 20. juni 2017, vedtak nr. 447, 18. desember 2020 og vedtak nr. 583, 30. mai 2022.

Besøksforbud

Vedtak nr. 631, 25. april 2017

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag om å utvide muligheten til å ilegge besøksforbud utover ett år, og utrede muligheten for å ilegge besøksforbud med begrensninger til å bevege seg i et større geografisk område.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 247 S (2016–2017) frå justiskomiteen om opptrappingsplanen mot vald og overgrep (2017–2021).

Vedtaket er under behandling. Departementet har vurdert behovet for lovendringar og sendt forslag på høyring 6. september 2021 om endringar i straffeprosesslova og straffelova. I høyringsnotatet er det foreslått at påtalemakta skal kunne påleggje elektronisk kontroll (såkalla omvend valdsalarm) ved brot på besøksforbud. Det er òg vurdert visse andre justeringar i reglane for både besøksforbud etter straffeprosesslova og kontaktforbud etter straffelova. Sjå òg omtale av vedtak nr. 630, 25. april 2017, vedtak nr. 1043, 20. juni 2017, vedtak nr. 447, 18. desember 2020 og vedtak nr. 583, 30. mai 2022.

Omvend valdsalarm

Vedtak nr. 1043, 20. juni 2017

«Stortinget ber regjeringen utrede om omvendt valdsalarm bør kunne benyttes som et straffeprosessuelt virkemiddel, og rammene for slik bruk og komme tilbake til Stortinget på egnet måte med eventuelle forslag om dette.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:108 S (2016–2017), om å styrke oppfølginga i reetableringsfasen for personar som er utsette for vald i nære relasjonar, og Innst. 475 S (2016–2017).

Vedtaket er under behandling. Departementet har vurdert behovet for lovendringar og sendt forslag på høyring 6. september 2021 om endringar i straffeprosesslova og straffelova. I høyringsnotatet er det foreslått at påtalemakta skal kunne påleggje elektronisk kontroll (såkalla omvend valdsalarm) ved brot på besøksforbud. Det er òg vurdert visse andre justeringar i reglane for både besøksforbud etter straffeprosesslova og kontaktforbud etter straffelova. Sjå òg omtale av vedtak nr. 630 og 631, 25. april 2017, vedtak nr. 447, 18. desember 2020 og dessutan vedtak nr. 583, 30. mai 2022.

1.11.7 Stortingssesjon 2015–2016

Tilsyn med drift av asylmottak

Vedtak nr. 921, 16. juni 2016

«Stortinget ber regjeringen etablere en uavhengig tilsynsordning for asylmottaksdrift.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 30 (2015–2016) og Innst. 399 S (2015–2016).

Vedtaket er følgt opp. Det er oppretta ei tilsynsordning med omsorga for einslege mindrea- rige som bur i asylmottak, jf. Prop. 80 L (2021–2021) og Innst. 402 L (2021–2022). Tilsynsordninga tok til å gjelde 1. juli 2022. Statsforvaltaren er tilsynsmakt, jf. utlendingslova § 95.

Utgifter fordelt på kapitler

(i 1 000 kr)

Kap.	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Pst. endr. 22/23
Administrasjon					
400	Justis- og beredskapsdepartementet	615 387	628 303	651 860	3,7
	<i>Sum kategori 06.10</i>	<i>615 387</i>	<i>628 303</i>	<i>651 860</i>	<i>3,7</i>
Rettsvesen					
61	Høyesterett	122 291	125 332	128 079	2,2
410	Domstolene	2 917 986	3 000 809	2 944 602	-1,9
411	Domstoladministrasjonen			82 700	
414	Forliksråd og andre domsutgifter	297 953	313 639	320 448	2,2
	<i>Sum kategori 06.20</i>	<i>3 338 230</i>	<i>3 439 780</i>	<i>3 475 829</i>	<i>1,0</i>
Straffegjennomføring og konfliktråd					
430	Kriminalomsorgen	5 349 650	5 323 174	5 412 380	1,7
431	Kriminalomsorgsdirektoratet			148 125	
432	Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter	190 073	202 528	225 241	11,2
433	Konfliktrådet	179 699	174 083	177 409	1,9
	<i>Sum kategori 06.30</i>	<i>5 719 422</i>	<i>5 699 785</i>	<i>5 963 155</i>	<i>4,6</i>
Politi og påtalemyndighet					
440	Politiet	20 112 985	21 866 853	20 984 874	-4,0
441	Politidirektoratet			389 156	
442	Politi høgskolen	658 811	633 618	654 870	3,4
443	Påtalemyndigheten i politiet			1 432 401	
444	Politiets sikkerhetstjeneste (PST)	997 872	1 308 194	1 394 781	6,6
445	Den høyere påtalemyndighet	307 522	312 974	317 319	1,4
446	Den militære påtalemyndighet	9 452	9 159	9 329	1,9
448	Grensekommisæreren	5 838	5 983	6 104	2,0
	<i>Sum kategori 06.40</i>	<i>22 092 480</i>	<i>24 136 781</i>	<i>25 188 834</i>	<i>4,4</i>
Redningstjenesten, samfunnssikkerhet og beredskap					
451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	3 778 587	1 647 346	1 887 295	14,6
452	Sentral krisehåndtering	25 447	27 548	27 916	1,3
453	Sivil klareringsmyndighet	47 645	47 324	57 829	22,2
454	Redningshelikopter tjenesten	2 180 024	3 341 525	2 761 130	-17,4

(i 1 000 kr)

Kap.	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Pst. endr. 22/23
455	Redningstjenesten	462 232	471 413	507 362	7,6
457	Nasjonal sikkerhetsmyndighet	365 091	399 485	455 224	14,0
	<i>Sum kategori 06.50</i>	<i>6 859 026</i>	<i>5 934 641</i>	<i>5 696 756</i>	<i>-4,0</i>
	Andre virksomheter				
460	Spesialenheten for politisaker	54 208	59 542	61 861	3,9
466	Særskilte straffesaksutgifter m.m.	1 188 919	1 255 953	1 279 522	1,9
467	Norsk Lovtidend	8 376	9 264	8 125	-12,3
468	Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker	20 284	19 485	22 864	17,3
469	Vergemålsordningen	346 754	381 824	361 886	-5,2
	<i>Sum kategori 06.60</i>	<i>1 618 541</i>	<i>1 726 068</i>	<i>1 734 258</i>	<i>0,5</i>
	Statens sivilrettsforvaltning, retts- hjelp, erstatningsordninger m.m.				
470	Fri rettshjelp	561 217	772 320	809 433	4,8
471	Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning	186 208	216 172	222 657	3,0
473	Statens sivilrettsforvaltning	541 874	480 835	509 109	5,9
475	Bobehandling	121 490	168 105	125 115	-25,6
	<i>Sum kategori 06.70</i>	<i>1 410 789</i>	<i>1 637 432</i>	<i>1 666 314</i>	<i>1,8</i>
	Svalbardbudsjettet m.m.				
480	Svalbardbudsjettet	403 862	449 536	376 407	-16,3
481	Samfunnet Jan Mayen	49 193	57 103	58 120	1,8
	<i>Sum kategori 06.80</i>	<i>453 055</i>	<i>506 639</i>	<i>434 527</i>	<i>-14,2</i>
	Beskyttelse og innvandring				
490	Utlendingsdirektoratet	2 074 881	2 162 263	3 376 693	56,2
491	Utlendingsnemnda	245 734	282 791	282 551	-0,1
	<i>Sum kategori 06.90</i>	<i>2 320 615</i>	<i>2 445 054</i>	<i>3 659 244</i>	<i>49,7</i>
	<i>Sum utgifter</i>	<i>44 427 545</i>	<i>46 154 483</i>	<i>48 470 777</i>	<i>5,0</i>

Inntekter fordelt på poster

(i 1 000 kr)

Kap./ post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Pst. endr. 22/23
Administrasjon					
3400	Justis- og beredskapsdepartementet	7 798	6 944	7 152	3,0
	<i>Sum kategori 06.10</i>	<i>7 798</i>	<i>6 944</i>	<i>7 152</i>	<i>3,0</i>
Rettsvesen					
3061	Høyesterett	51			
3410	Domstolene	308 043	289 464	295 897	2,2
3411	Domstoladministrasjonen			300	
	<i>Sum kategori 06.20</i>	<i>308 094</i>	<i>289 464</i>	<i>296 197</i>	<i>2,3</i>
Straffegjennomføring og konfliktråd					
3430	Kriminalomsorgen	161 159	128 474	133 872	4,2
3432	Kriminalomsorgens høgstole og utdanningssenter	1 493	1 139	1 173	3,0
3433	Konfliktrådet	967	6	6	0,0
	<i>Sum kategori 06.30</i>	<i>163 619</i>	<i>129 619</i>	<i>135 051</i>	<i>4,2</i>
Politi og påtalemyndighet					
3440	Politiet	1 776 748	2 243 224	2 117 145	-5,6
3442	Politiets høgskolen	30 057	27 549	28 375	3,0
3444	Politiets sikkerhetstjeneste (PST)	15 619	18 677	19 237	3,0
3445	Den høyere påtalemyndighet	2 000			
	<i>Sum kategori 06.40</i>	<i>1 824 424</i>	<i>2 289 450</i>	<i>2 164 757</i>	<i>-5,4</i>
Redningstjenesten, samfunnssikkerhet og beredskap					
3451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	895 690	759 257	792 235	4,3
3453	Sivil klareringsmyndighet		1 750	1 750	0,0
3454	Redningshelikoptertjenesten	28 358	29 095	29 968	3,0
3455	Redningstjenesten	2 081			
3457	Nasjonal sikkerhetsmyndighet	23 572	34 309	35 338	3,0
	<i>Sum kategori 06.50</i>	<i>949 701</i>	<i>824 411</i>	<i>859 291</i>	<i>4,2</i>
Andre virksomheter					
3469	Vergemålsordningen	4 407	4 499	8 550	90,0
	<i>Sum kategori 06.60</i>	<i>4 407</i>	<i>4 499</i>	<i>8 550</i>	<i>90,0</i>

(i 1 000 kr)					
Kap./ post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Pst. endr. 22/23
	Statens sivilrettsforvaltning, retts- hjelp, erstatningsordninger m.m.				
3470	Fri rettshjelp	8 336	9 941	10 239	3,0
3473	Statens sivilrettsforvaltning	746	5	5	0,0
	<i>Sum kategori 06.70</i>	<i>9 082</i>	<i>9 946</i>	<i>10 244</i>	<i>3,0</i>
	Svalbardbudsjettet m.m.				
3481	Samfunnet Jan Mayen	6 995	6 637	6 836	3,0
	<i>Sum kategori 06.80</i>	<i>6 995</i>	<i>6 637</i>	<i>6 836</i>	<i>3,0</i>
	Beskyttelse og innvandring				
3490	Utlendingsdirektoratet	352 027	398 526	1 361 594	241,7
	<i>Sum kategori 06.90</i>	<i>352 027</i>	<i>398 526</i>	<i>1 361 594</i>	<i>241,7</i>
	<i>Sum programområde 06</i>	<i>3 626 147</i>	<i>3 959 496</i>	<i>4 849 672</i>	<i>22,5</i>

Del II
Nærmere om budsjettforslaget

2 Nærmare om budsjettforslaget

Programkategori 06.10 Administrasjon

Utgifter under programkategori 06.10 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Pst. endr. 22/23
01-25	Driftsutgifter	531 202	543 744	553 760	1,8
50-59	Overføringer til andre statsregnskaper	55 413	48 732	61 432	26,1
70-89	Overføringer til private	28 772	35 827	36 668	2,3
	Sum kategori 06.10	615 387	628 303	651 860	3,7

Utgifter under programkategori 06.10 fordelte på kapitler

(i 1 000 kr)

Kap.	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Pst. endr. 22/23
400	Justis- og beredskapsdepartementet	615 387	628 303	651 860	3,7
	Sum kategori 06.10	615 387	628 303	651 860	3,7

Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for rettsvesenet, kriminalomsorga, politi- og påtalemakta, redningstenesta, samfunnstryggleik og beredskap, utlendingsforvaltninga m.m. Justis- og beredskapsdepartementet er samordningsdepartement for norsk politikk i polarområda og for svalbardbudsjettet. Justis- og beredskapsdepartementet har eit særleg ansvar for å medverke til eit oversiktleg lovverk med samanheng og god lovstruktur. Alle lovforslaga utanom dei som gjeld skattelover, skal leggjast fram for Justis- og beredskapsdepartementet for lovteknisk gjennomgang. Justis- og beredskapsdepartementet gir òg råd til andre departement om lovarbeid.

Prioriteringar i 2023

Rapportane NOU 2020: 9 *Blindsonen*, NOU 2021: 8 *Trygd over landegrensene* og arbeidsgrupperapporten *Departementenes EØS-arbeid* (2021) viste at det er behov for å byggje opp ein varig og robust kompetanse i forvaltninga. Det er naudsynt å auke kunnskapen om korleis ein kan handtere nasjonale prioriteringar innan rammene av EØS-retten. Regjeringa foreslår å løyve 2 mill. kroner til styrking av EØS-arbeidet i Lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet i 2023. Avdelinga arbeider med å rettleie og følgje opp departementa og forvaltninga i EØS-arbeidet. Tiltaket vil gjere oss betre rusta til å utnytte handlingsrommet som ligg i EØS-avtalen, redusere risikoen for feiltolkning av EØS-regelverk og gjere regelverket meir tilgjengeleg.

Kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	495 535	495 162	518 368
23	Spesielle driftsutgifter, forskning, evaluering og kunnskapsinnhenting, <i>kan overføres</i>	35 667	48 582	35 392
50	Norges forskningsråd	55 413	48 732	61 432
70	Overføringer til private	11 775	18 463	18 811
71	Tilskudd til internasjonale organisasjoner	16 997	17 364	17 857
	Sum kap. 0400	615 387	628 303	651 860

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker lønn og godtgjersle til tilsette i departementet og lønns- og driftsutgifter til råd og utval. Løyvinga skal òg dekke driftsutgifter i tillegg til investeringar og utviklingstiltak. Unntaksvis kan løyvinga på posten brukast til enkelte driftsutgifter i domstolane og ytre etatar.

Talet på årsverk som er lønte på kap. 400, post 01, per 31. desember 2021, var 310,6 (eksklusiv tilsette i permisjon utan lønn). I tillegg til årsverka som er lønte på kap. 400, er om lag 30,9 årsverk i departementet lønte på andre budsjettkapittel under Justis- og beredskapsdepartementet i 2021. I 2021 var seks personar beordra til arbeid i departementet, eller dei hospiterer i departementet.

Det vart i 2022 løyvd 10 mill. kroner til å opprette ein ny koronakommisjon, jf. Prop. 115 S (2021–2022), jf. Innst. 450 S (2021–2022). Kommisjonen skal halde fram med arbeidet sitt i 2023 og skal etter planen levere rapporten sin i mai 2023. Det blir foreslått å auke løyvinga på kap. 400, post 01, med 5 mill. kroner til arbeidet.

Det vart i 2022 løyvd 2 mill. kroner til å opprette ein partnardrapskommisjon. Heilårseffekten i 2023 er 10 mill. kroner. Det blir foreslått å auke løyvinga med 8 mill. kroner.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 2 mill. kroner til stillingar innan råd og rettleiing om korrekt gjennomføring av EØS-rett.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 400, post 01, mot meirinntekter på kap. 3400, post 01, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 518,4 mill. kroner.

Post 23 Spesielle driftsutgifter, forskning, evaluering og kunnskapsinnhenting, kan overføres

Sektorprinsippet i norsk forskingspolitikk inneber at departementet har eit overordna ansvar for forskning i sektoren sin og på ansvarsområda sine. Departementet har både eit ansvar for langsiktig forskning for sektoren – det breie sektoransvaret – og eit ansvar for forskning som skal dekke behovet departementet sjølv har for kunnskap som kan danne grunnlag for politikktutvikling og forvaltning.

Løyvinga på post 23 skal bli brukt til forskning, til oppfølging av stortingsmeldingar eller offentlege utgreiingar og til evalueringar og anna innhenting av kunnskap på justis-, innvandrings- og beredskapsfeltet. Justis- og beredskapsdepartementet prioriterer forskning som styrker arbeidet med å nå langsiktige og overordna mål for departementet og sektoren.

Ei stor del av løyvinga i 2022 gjekk til tiltak innan kriminalitetsfeltet og digital tryggleik, inkludert ei årleg tildeling til Center for Cyber and Information Security ved NTNU og ei årleg tildeling til Simula@UiB. I tillegg vart det bl.a. gitt tildelingar til prosjekt om totalforsvaret, forskning på terrorisme og evaluering av arbeid mot radikalisering.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1,1 mill. kroner mot tilsvarande auke av løyvinga på kap. 1620 Statistisk sentralbyrå (SSB). Dette gjeld finansiering av løypande produksjon av offentlig statistikk.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 2 mill. kroner til FoU om førebygging av hatkrimi-

nalitet på grunn av avslutning av forskingsprosjekt.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 11,3 mill. kroner mot tilsvarende auke av løyvinga på kap. 400, post 50. Dette gjeld tildeling til Noregs forskingsråd frå 2022 til forskning på vald, overgrep og hatkriminalitet.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 35,4 mill. kroner.

Post 50 Norges forskningsråd

Noregs forskingsråd er eit viktig verkemiddel for å nå dei forskingspolitiske måla til regjeringa. Regjeringa har fastsett fem mål for Forskingsrådet. Måla er:

- auka vitskapleg kvalitet
- auka verdiskaping i næringslivet

- å møte store samfunnsutfordringar
- eit velfungerande forskingssystem
- god rådgiving

Måla er felles for alle departementa. Kunnskapsdepartementet har i samarbeid med departementa og Forskingsrådet utarbeidd eit system for departementa si styring av Forskingsrådet. Den samla måloppnåinga for verksemda og økonomisituasjonen i Noregs forskingsråd er omtalt i Kunnskapsdepartementets budsjettproposisjon for 2023.

Løyvingane frå Justis- og beredskapsdepartementet til Forskingsrådet skal i hovudsak sørge for det breie sektoransvaret for forskning og bidra til langsiktig kompetanse- og kunnskapsoppbygging innanfor sektorområda til Justis- og beredskapsdepartementet.

Tabell 2.1 Tildelingar til Noregs forskingsråd i 2021 over post 50

Prosjekt	Beløp (mill. kroner) 2021-tal
SAMRISK II	27,004
IKTPLUSS	19,763
VAM	2,700
UTENRIKS	3,469
Norglobal 2	2,477
Sum	55,413

I 2021 har forskinga i porteføljane som er nemnde i tabellen over, gitt ny og viktig kunnskap om spørsmål om digital tryggleik, samfunnstryggleik og beredskap, migrasjon og europarett. Innanfor området samfunnstryggleik er det no blitt bygd større kapasitet og samanheng i forskinga ved at større og langsiktige forskingsprosjekt har fått finansiering. Forskingsrådet melder òg om at det var ein stor auke i aktiviteten på dette området i 2021 pga. auka kunnskapsbehov ved covid-19-pandemien. Porteføljane i Forskingsrådet bidrar til god arbeidsdeling mellom nasjonale, nordiske og europeiske konkurransearenaer gjennom at innsatsområde og utlysingar blir koordinerte. Dette gir gode samspeleffektar og bidrar til at norske miljø innanfor sektorområda til Justis- og beredskapsdepartementet hevdar seg godt i konkurransen om internasjonale forskingsmidlar.

I 2022 vart det gitt ei samla tildeling på 43,2 mill. kroner til porteføljane og dessutan ei ny tildeling til EØS-rettsvitskapleg forskning på 5,5 mill. kroner. I tillegg vart Forskingsrådet til-

delt 11,3 mill. kroner over kap. 400, post 23, til forskning på vald, overgrep og hatkriminalitet. Den samla tildelinga til Noregs forskingsråd i 2022 vart dermed 60,0 mill. kroner.

Det blir foreslått å flytte tildelinga til Noregs forskingsråd frå og med 2022 på 11,3 mill. kroner over kap. 400, post 23, til forskning på vald, overgrep og hatkriminalitet over til kap. 400 post, 50, frå og med 2023.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 61,4 mill. kroner i 2023.

Post 70 Overføringer til private

Løyvinga skal dekke tilskot til Norsk senter for informasjonstryggleik (NorSiS), som del av arbeidet som departementet gjer for å førebu IKT-trygging på sivil side. Etter ei evaluering i 2021 er målgruppa for tilskottet spissa. Den primære målgruppa for Justis- og beredskapsdepartementet sitt tilskot er innbyggerane, og sekundært råd og veiledning til små- og mellomstore verksemdar.

Tilskottet til NorSIS varetar eit viktig segment i departementets ansvarsområde der ingen klare alternative aktørar kan prioritere målgruppa på same måte.

Regjeringa foreslår ei samla løyving på posten på 18,8 mill. kroner.

Post 71 Tilskudd til internasjonale organisasjonar

Løyvinga skal dekke Noregs tilskot/kontingentar til internasjonale organisasjonar og samarbeid på saksområda til Justis- og beredskapsdepartementet, i hovudsak desse:

- Den internasjonale domstolen i Haag
- Haagkonferansen for internasjonal privatrett
- World Intellectual Property Organization (WIPO)

- Det internasjonale instituttet i Roma for einsarta privatrett (UNIDROIT)
- The Group of States Against Corruption (GRECO)
- tilskot til Rådssekretariatet og Fellesorganet i samband med Schengen-samarbeidet
- Interoperability Solutions for European Public Administration (ISA)
- Austersjøområdet
- Sikrare internett pluss
- Nordisk samarbeidsråd for kriminologi
- finansielt bidrag til kommisjonen for deltaking i Schengen-komiteane
- The European Network and Information Security Agent (ENISA)

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 17,9 mill. kroner.

Kap. 3400 Justis- og beredskapsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Diverse inntekter	6 772	5 896	6 073
02	Refusjon av ODA-godkjente utgifter	1 026	1 048	1 079

Post 01 Diverse inntekter

Post 01 blir brukt til å føre inntekter frå kantina som departementet driv i Nydalen, refusjonar gjennom rolla departementet har som program-partnar i EØS-midlane, og ymse inntekter. Desse inntektene varierer årleg. Refusjonar frå Utanriksdepartementet for den ODA-godkjende delen på 3 pst. av bidraget til World Intellectual Property utgjer om lag 100 000 kroner av inntektene.

Regjeringa foreslår at meirinntektene på kap. 3400, post 01, kan brukast til å overskride løyvinga på kap. 400, post 01, tilsvarande, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 6,1 mill. kroner.

Post 02 Refusjon av ODA-godkjente utgifter

Visse utgifter for reintegrering av personar som blir returnerte til opphavlandet eller til tredjeland, og tiltak som bidrar til samarbeid om retur, returavtalar, oppbygging av migrasjonsforvaltninga i sentrale opphavs- og transittland og velordna migrasjon, kan godkjennast som offisiell internasjonal bistand ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 1,1 mill. kroner, jf. omtalen under kap. 400, post 23.

Programkategori 06.20 Rettsvesen

Utgifter under programkategori 06.20 fordelte på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Pst. endr. 22/23
01–25	Driftsutgifter	3 338 230	3 439 780	3 475 829	1,0
	Sum kategori 06.20	3 338 230	3 439 780	3 475 829	1,0

Utgifter under programkategori 06.20 fordelte på kapitler

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Pst. endr. 22/23
61	Høyesterett	122 291	125 332	128 079	2,2
410	Domstolene	2 917 986	3 000 809	2 944 602	-1,9
411	Domstoladministrasjonen			82 700	
414	Forliksråd og andre domsutgifter	297 953	313 639	320 448	2,2
	Sum kategori 06.20	3 338 230	3 439 780	3 475 829	1,0

1 Innleiing

Målet for programkategori 06.20 Rettsvesen er rettstryggleik.

Programkategori 06.20 omfattar Høgsterett, lagmannsrettane, tingrettane, jordskifterettane, forliksråda, Finnmarkskommisjonen, Utmarksdomstolen for Finnmark og Domstoladministrasjonen.

Domstolane er den tredje statsmakta. Rettsstaten føreset tilgang til uavhengige og upartiske domstolar for tvisteløysing og straffesaksbehandling, og stiller òg krav om at rettargangen skal vere rettviss. Openheit og integritet er grunnleggjande for arbeidet.

Dei alminnelege domstolane har ansvar for å vareta rettstryggleiken ved å avseie dommar og treffe avgjerder innan rimeleg tid og med høg kvalitet. Dette stiller krav til effektivitet og god saksflyt i domstolane. Mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid for både straffesaker og sivile saker (tvistesaker) blir vedtekne årleg gjennom Stortin-

get si behandling av Prop. 1 S. I tillegg er det enkelte lovbestemte fristar.

Forliksråda er det lågaste leddet i rettsystemet for sivile saker. Jordskifterettane er særdomstolar og blir kjenneteikna ved at saksfeltet er avgrensa.

1.1 Straffesaksområdet

Domstolane er det andre leddet i straffesakskjeda og tek imot saker frå påtalemakta. I straffesaker avgjer dei alminnelege domstolane om det er grunnlag for skuldinga til påtalemakta om brot på straffelovgivinga, og dei tek stilling til om det skal dømmast straff. Domstolane har ei sentral rolle for å få til ei meir effektiv straffesakskjede. Det er òg viktig for rettstryggleiken til den enkelte.

1.2 Sivile saker

I tillegg til straffesaker behandlar dei alminnelege domstolane sivile saker, som bl.a. tvistesaker,

gjeldsordningssaker, konkurssaker, skiftesaker m.m. Forlikråda er eit rimeleg tvisteløysingsorgan som meklar mellom paratar i sivile saker og kan avseie dom i enkelte saker. Ein stor del av sakene blir endeleg avgjorde i forlikrådet. Avgjerder frå forlikråd kan bringast inn for tingretten.

Jordskifterettane er særdomstolar som behandlar spørsmål om fast eigedom. Sakene gjeld krav om fastsetjing av og endring i eigedomsforhold og rettar som gjeld fast eigedom, fastsetjing av grenser og skjønn.

Finnmarkskommisjonen skal greie ut bruks- og eigarrettar til den grunnen som Finnmarkseiendommen overtok då Finnmarkslova tok til å gjelde 1. juli 2006. Utmarksdomstolen for Finnmark er ein særdomstol som behandlar tvistar som kan oppstå etter at Finnmarkskommisjonen har greidd ut rettsforholda i eit område.

2 Prioriteringar i 2023

I 2021 vart talet på rettskrinsar redusert frå 60 til 23 for tingrettane og frå 34 til 19 for jordskifterettane. Våren 2022 sende regjeringa på høyring eit forslag om å gå tilbake til strukturen frå før 2021, for å sikre innbyggjarar over heile landet god rettstryggleik og tilgjengelege tenester. Departementet har motteke om lag 400 høyringssvar. Høyringa er no til oppfølging i departementet og regjeringa vil komme tilbake til Stortinget om dette på eigna måte.

I 2022 vart det løyvd midlar til nye dommarstillingar ved mindre rettsstader. Løyvinga har bidratt til at totalt 23 dommarfullmektigstillingar er erstatta med dommarstillingar ved 23 rettsstader som har få dommarar, som t.d. Hammerfest, Finnsnes og Mysen. Dette har bidratt til å gjere dei mindre rettsstadene mindre sårbare og betre eigna til å behandle bl.a. barnesaker. Løyvinga på 20 mill. kroner er ført vidare i 2023.

Det er løyva betydelege midler til auka kapasitet i domstolane i dei seinare årane. Samtidig fortset nedgangen i innkomne tvistesaker. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga med 18 mill. kroner for å ytterlegare redusere delen dommarfullmektigar i tingrettane.

Regjeringa vil òg vidareføre satsinga på digitalisering av domstolane med 45,3 mill. kroner til prosjekta *Digitale domstolar I* og *Digitale domstolar II* i 2023. For 2022 vart det løyvd 25 mill. kroner til digitaliseringsprosjektet Elektronisk samhandling i straffesaksjeda (ESAS). For 2023 blir det foreslått å løyve 42,7 mill. kroner for å vidareføre prosjektet.

Endringar i straffeprosesslova vart innførte i 2022. Lovendringane inneber at framstillingsfristen for varetektsfengslingar vart korta ned til 48 timar.

3 Retningslinjer for Domstoladministrasjonen

Domstoladministrasjonen er den sentrale administrasjonen av domstolane og utfører ei rekkje felles administrative oppgåver for dei alminnelege domstolane, jordskifterettane, Finnmarkskommisjonen og Utmarksdomstolen for Finnmark. Domstoladministrasjonen er ansvarleg for tildelinga av budsjettet til domstolane (med unntak av Høgstrett), utvikling og drift av felles saksbehandlingssystem og andre IT-funksjonar. Domstoladministrasjonen har ansvar for utvikling av system for analyse og vurdering av måloppnåing. Den overordna arbeidsgivarfunksjonen ligg òg hos Domstoladministrasjonen.

Stortinget fastset rammer og mål for budsjett og lover for verksemda i domstolane. Nedanfor følgjer Justis- og beredskapsdepartementet sine forslag til generelle retningslinjer for verksemda til Domstoladministrasjonen for 2023.

- Domstoladministrasjonen skal
- leggje til rette for brukarorientering og utvikling i domstolane som gir reell tilgang til domstolane og riktige avgjerder til rett tid
 - sørge for effektiv ressursutnytting gjennom felles praksis og større satsing på aktiv saksstyring og utnytte moglegheitene til effektiv saksavvikling som allereie ligg i lovverket
 - leggje til rette for systematisk kvalitetsutvikling
 - leggje til rette for at domstolane kan oppfylle måla til Stortinget for gjennomsnittleg saksbehandlingstid
 - sørge for sikre og stabile IKT-løysingar i ein digital rettsprosess, der personopplysningar og annan informasjon blir behandla på ein trygg måte
 - sikre systematisk og målretta rekruttering og kompetanseutvikling for leiarar og medarbeidarar i domstolane og Domstoladministrasjonen
 - sikre at oppgåveløysinga i domstolane skjer i forsvarleg trygge rammer
 - sikre eit godt avgjerdsgrunnlag for regjeringa og Stortinget

4 Regelutvikling

Regjeringa ønskjer gode reglar som bidrar til at saker blir avvikla effektivt og med høg kvalitet i

heile landet. Departementet har arbeidd med endringar i dei to sentrale prosessregelverka tvistelova og straffeprosesslova for bl.a. i større grad å leggje til rette for meir effektiv domstolbehandling. Regelutviklinga er òg omtalt under del 1.

Utleverings- og arrestordreutvalet vart peika ut av regjeringa Solberg i november 2020. Utvalet skal foreslå eit nytt regelverk for utlevering og arrestordre. Regelverket er viktig for å hindre at personar som har gjort alvorleg kriminalitet i utlandet, slepp unna straffeforfølgning eller soning av dom ved å opphalde seg i Noreg. Utgreiinga er forseinka som følgje av virusutbrotet og skal ferdigstillast innan oktober 2022.

Endringar i straffeprosesslova og tvistelova vart vedtekne medio 2022. Lovendringane legg opp til at rettsmøte i domstolane i større utstrekking kan avviklast heilt eller delvis digitalt, anten

som fjernmøte eller ved fjernavhøyr, jf. Prop. 97 L (2021–2022).

Stortinget har vedteke endringar i reglane for behandlinga av straffesaker i gjeldande straffeprosesslov, jf. Prop. 146 L (2021–2022) og Innst. 609 L (2020–2021). Det overordna formålet er å oppnå ei meir effektiv straffesaksbehandling, som òg sikrar rettstryggleiken. Lovendringane legg til rette for auka dommarstyring, dels ved at det faktiske grunnlaget til retten for saksstyring blir styrkt, dels ved at retten blir gitt meir effektive styringsverktøy. Lovendringane vil bidra til å korte ned forhandlingane i retten, særleg i større straffesaker. Ei anna viktig endring er ei innskjerping av fristen for framstilling av personar for varetektsfengsling. Endringa er i samsvar med dei folkerettslege forplikingane til Noreg.

Kap. 61 Høyesterett

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 410, post 01 og kap. 411, post 01</i>	122 291	125 332	128 079
	Sum kap. 0061	122 291	125 332	128 079

Hovudoppgåva til Høgsterett er å arbeide for rettsavklaring og rettsutvikling. Høgsterett behandlar ankar over avgjerder som er tekne av lågare domstolar, både i sivile saker og i straffesaker, men tek ikkje stilling til skuldspørsmålet i straffesaker. I 2021 tok Høgsterett til saman imot om lag 2 260 ankesaker. Høgsterett behandla 59 sivile saker og 29 straffesaker i avdeling. I tillegg vart éi sivil sak avgjort av Høgsterett i plenum, og éi sivil sak og éi straffesak vart avgjorde av Høgsterett i stor-kammer. Høgsterett i plenum gav dessutan ei utgreiing til Stortinget etter Grunnlova § 83.

I 2022 vart saksbehandlinga i Høgsterett tidvis prega av aksjonen til Advokatforeningen. I november 2021 bad Advokatforeningen alle forsvararar med møterett i Høgsterett om å ikkje å stille opp når domstolen planla straffesaker som skulle opp for Høgsterett. Bakgrunnen for aksjonen var eit krav om høgare kompensasjon for advokatar som tek offentlege oppdrag, og ein rett til å forhandle direkte

med regjeringa i spørsmål om økonomisk kompensasjon. Konsekvensen av aksjonen var at behandlinga av ei rekkje straffesaker i Høgsterett vart utsette. Aksjonen vart avslutta i mai 2022, og alle sakene som vart råka av aksjonen er nå beramma.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttes under kap. 410, post 01 og kap. 411, post 01

Løyvinga dekkjer faste og variable lønnskostnader og andre driftsutgifter som følgjer av verksemda til Høgsterett. Det var 22 dommarar og 52 andre tilsette ved Høgsterett per 31. desember 2021.

Det blir foreslått ei løyving på 128,1 mill. kroner på posten.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 61, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3061, post 03, jf. forslag til vedtak.

Kap. 410 Domstolene

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 61, post 01 og kap. 411, post 01</i>	2 825 361	2 909 922	2 840 398
21	Spesielle driftsutgifter	89 607	88 110	101 354
22	Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstoler, <i>kan overføres</i>	3 018	2 777	2 850
	Sum kap. 0410	2 917 986	3 000 809	2 944 602

Domstolane er uavhengige. Korkje Stortinget, regjeringa eller andre styresmakter kan instruere eller påverke domstolane i den dømmende verksemda. Kompetansen til domstolane omfattar bl.a. å utøve kontroll med den lovgivande og den utøvande makta. Domstolane skal sikre at individ får rettane sine etter Grunnlova, lover og internasjonale konvensjonar som staten er bunden av. Domstolane skal avgjere dei sakene dei får til behandling, forsvarleg og til rett tid.

Mål for saksbehandlingstid

Måla for gjennomsnittleg saksbehandlingstid i dei alminnelege domstolane, dvs. i tingrettane og lagmannsrettane, gjeld både for straffesaker og sivile saker (tvistesaker) og blir vedtekne årleg gjennom Stortinget si behandling av Prop. 1 S. Måla gjeld samla for domstolane og for kvar enkelt domstol. Domstolane må dessutan oppfylle enkelte lovbestemte fristar.

Boks 1.1 viser kva for sakstypar Stortinget har sett mål for saksbehandlingstid.

Straffesaker i tingrettane og lagmannsrettane

Tingrettane behandlar i overkant av 50 000 einedommarsaker kvart år. Dei fleste sakene er avgjerder som er tekne under etterforskinga, medan ein mindre del er varetektsfengslingar, førarkortbeslag og tilståingssaker. Alle tingrettane nådde måla til Stortinget for gjennomsnittleg saksbehandlingstid i 2021. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var 0,4 md.

I 2021 kom det inn nærmare 14 000 meddommarsaker til tingrettane, og tingrettane behandla om lag like mange saker. Ved utgangen av 2021 var det registrert om lag 3 300 restansar, ein nedgang på 4 pst. i forhold til året før. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida på nasjonalt nivå var på 2,8 md. i 2021. Til samanlikning var saksbehandlingstida 3,2 md. i 2020. 10 av 23 tingrettar hadde ein gjennomsnittleg saksbehandlingstid på meir enn 3 md. i 2021.

Straffesaker som kjem til lagmannsrettane, blir først vurderte i ankeutvala. Kvar lagmannsrett har eit eige ankeutval. Ikkje alle ankar blir vist til ordinær ankebehandling. Viss anken ikkje blir vist til ordinær ankebehandling, vil tingrettsavgjerda vere den endelege avgjerda i saka. Frå og med 2020 vart tilgangen til å nekte ankar fremma utvida til å omfatte ankar som gjelder brotsverk som kan medføre fengsel i meir enn 6 år. For desse ankane, er det berre ankar som klart ikkje vil føre fram, som kan bli nekta ny behandling av ankeutvala. Tidlegare vart slike ankar alltid realitetsbehandla.

I 2021 fekk lagmannsrettane inn omtrent like mange straffeankar til ankeprøving som i 2020. Delen saker som blir vist til behandling, var lågare i 2020 og 2021 samanlikna med åra før. Samanlikna med 2020 vart det i 2021 vist færre avgrensa ankar i meddomsrett til behandling, men fleire bevisankar. I 2021 behandla lagmannsrettane fleire saker enn talet på saker som vart viste til behandling. Dette gjeld for alle fire straffesakstypane, og restansane av saker til behandling vart dermed arbeidd ned i løpet av 2021.

Boks 2.1 Stortinget har sett mål for domstolane i desse sakstypene*Tingrettane**Sivile saker:*

- Tvistesaker: rettsleg (sivil) tvist som normalt blir behandla etter reglane i tvistelova.

Straffesaker:

- Meddomsrettssaker: ordinære straffesaker der både skuld og straff skal avgjerast. Retten blir sett med éin fagdommar og to meddommarar.
- Einedommarsaker: avgjerder i straffesaker (inkludert avgjerder som er tekne under etterforskinga) som blir avgjorde av éin dommar.

*Lagmannsrettane**Sivile saker:*

- Anke over dom i tvistesak: ein sivil dom som blir anka.

Straffesaker:

- Meddomsrettsaker – bevisanke¹: straffesaker ved anke over skuldspørsmålet. Retten

blir sett med to fagdommarar og fem meddommarar.

- Meddomsrettssaker – avgrensa anke: straffesaker ved anke over straffutmålinga i saker med strafferamme på over seks år. Retten blir sett med to fagdommarar og fem meddommarar.
- Fagdommarsaker: straffesaker ved anke over straffutmålinga i saker med strafferamme på inntil seks år pluss straffesaker ved anke over lovbruk eller saksbehandling (uansett strafferamme). Retten blir sett med tre fagdommarar.


¹ Tidlegare vart desse sakene med strafferamme på over seks år avgjorde av ein jury (lagrettesaker med tre fagdommarar og ti lagrettedlemmer), og sakene med strafferamme på inntil seks år vart avgjorde med ein meddomsrett med tre fagdommarar og fire meddommarar. Juryordninga vart avvikla 1. januar 2018. Med lovendringa blir alle straffesaker i lagmannsretten, med unntak av fagdommarsakene, avgjorde av ein meddomsrett med to fagdommarar og fem meddommarar.

Tabell 2.2 Mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid

Sakstype	Mål i månader	
	Tingrettane	Lagmannsrettane
sivile saker (tvistesaker)	6	6
straffesaker (meddomsrettssaker)	3	3
straffesaker (einedommarsaker)	1	–

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for straffesaker som vart realitetsbehandla i 2021, auka for avgrensa ankar. For resten av straffesakstypene gjekk saksbehandlingstida ned. Ingen av

lagmannsrettane nådde måla til Stortinget for gjennomsnittleg saksbehandlingstid for straffesaker i 2021. Dette gjeld for alle straffesakstypene.



Figur 2.1 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i straffesaker, meddomsrettssaker

I tillegg til at Stortinget har fastsett mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid, har straffeprosesslova § 275 fristar for saksbehandlinga i straffesaker. I saker der den sikta var under 18 år på handlingstidspunktet eller er varetektsfengsla når saka blir fastsett i tid og stad, gjeld særskild frist for når hovudforhandlinga skal starte opp. Fristane er ikkje absolute. I mange tilfeller kan det vere relevante årsaker til at fristane blir overskridne. I 2021 sette tingrettane i gang hovudforhandlinga etter fristen i 60 pst. av sakene der den sikta var i varetekt. I saker der den sikta var under 18 år, vart hovudforhandlinga sett i gang etter fristen i 56 pst. av sakene. I lagmannsrettane vart tidspunktet for hovudforhandlinga fastsett etter fristen i 39 pst. av straffeankane. I saker der den sikta sit i varetekt, vart ankeforhandlinga sett i gang etter fristen i 80 pst. av sakene i 2021, mot 77 pst. av sakene i 2020.


Tvistesaker i tingrettane og lagmannsrettane

I 2021 kom det inn rundt 12 300 tvistesaker til tingrettane, om lag 5 pst. færre saker enn året før. Talet på slutta saker var høgare enn talet på saker som kom inn. Ved utgangen av 2021 var om lag 6 100 tvistesaker i restanse i tingrettane. Det er ein nedgang på omtrent 600 saker i forhold til 2020. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida

for tvistesaker var samla sett på 5,6 md., men ein av fire tingrettar nådde ikkje målet til Stortinget om ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på under 6 md. Det kom inn om lag 1 750 sivile ankar over dom til lagmannsrettane i 2021, og lagmannsrettane behandla nesten 2 000 saker det same året. Talet på restansar vart redusert med omtrent 20 pst. i 2021. Ved utgangen av 2021 var det omtrent 800 restansar. Samla for alle lagmannsrettane var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i 2020 lengre enn målet på seks månader. To av dei seks lagmannsrettane nådde Stortinget sine mål for saksbehandlingstid.

Både talet på rettsmeklingsmøte og talet på saker som er forlikte som resultat av rettsmekling, har auka dei siste seks åra. I tingrettane vart det halde rettsmeklingsmøte i om lag 2 100 av tvistesakene i 2021. Om lag 68 pst. av dei mekla sakene enda med forlik etter rettsmekling. I lagmannsrettane vart 10 pst. av sakene rettsmekla. Det vart inngått rettsforlik etter rettsmekling i 69 pst. av dei mekla sakene.

Som figuren nedanfor viser, er det relativt store og vedvarande skilnader i gjennomsnittleg saksbehandlingstid mellom ulike typar tvistesaker. Saksbehandlingstida i tingrettane for barneovsaker er særleg lang. Dette er fordi partane kan inngå ein mellombels avtale om samvær med barnet eller barna.



Figur 2.2 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i tvistesaker

Saksavvikling og saksbehandlingstid i jordskifterettene

I 2021 fekk jordskifterettene inn nærmare 1 400 saker. Talet på nye saker gjekk ned med 1 pst. samanlikna med 2020. Det kom inn fleire rettsfastsetjande og færre rettsendrande saker i 2021 i forhold til 2020. For skjønn og saker om gjenopning er det berre mindre endringar i 2021 samanlikna med året før. Jordskifterettene avslutta litt meir enn 1 300 saker i 2021. Det er ein auke på 4 pst. samanlikna med året før. Talet på saker som ligg føre, auka litt frå 2020 til 2021.

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for avslutta saker var 16 md. i 2021. Det var store skilnader i gjennomsnittleg saksbehandlingstid mellom dei enkelte jordskifterettene. Den lange saksbehandlingstida gjer jordskifterettene mindre relevante og attraktive som problemløysarar.

Digitalisering av domstolane

Brukarane forventar at domstolane nyttiggjer seg av digitale verktøy og tilbyr brukarvennlege digitale tenester på lik linje med andre offentlege verksemdar. Domstolane tek del i det digitale skiftet. Den overordna ambisjonen er å realisere ein heildigital og saumlaus rettsprosess. Dette legg til rette for effektiv saksavvikling, kortare saksbehandlingstider, meir transparent saksbehandling og meir tilgjengelege domstolar. Sentrale digitaliseringssatsingar er prosjekta Digitale domstolar, Digitale domstolar II, utprøvingssprosjektet Opptak i retten (lyd- og biletopptak i retten) og Elek-

tronisk samhandling mellom aktørane i straffesakskjeda (ESAS).

Prosjektet digitale domstolar vart sett i gong i 2017, og det har gjort det mogleg å halde papirpause rettsmøte og lagt til rette for digital samhandling mellom domstolane og advokatar. Totalt er det no mogleg å nytte videokonferanse i cirka 90 pst. av alle rettssalane. Ca. 30 pst. av alle rettsalar er rekna som heildigitale. Domstolane og advokatar kan utveksla dokument og saksinformasjon digitalt gjennom Aktørportalen. Løysinga er no opna for fleire sakstypar, som tvang og konkurs i tillegg til i saker for Utmarksdomstolen. Salærbehandling for både tviste- og straffesaker blir òg gjort i portalen. I 2022 vart det gjort endringar som gjorde at meddommarar òg kan bruke portalen. Ein første versjon som opnar for at sjølvprosederande partar kan nytte portalen i saker for jordskifteretten er òg teken i bruk. Samstundes har domstolane i 2022 teke i bruk betre digitale løysingar for tillysingav saker og for bestilling av tolkar.

Digitale domstolar II er ei utviding av det opphavlege prosjektet som omfattar alle domstolar og rettsstader, inklusiv jordskifterettene. Prosjektet strekkjer seg over fire år (2021–2024). I denne perioden skal det investerast i meir teknisk utstyr og produktutvikling. Ein sentral del av satsinga er å betre den digitale grunnsikringa i samhøve med den nasjonale strategien for digital tryggleik. Det er særleg viktig å ta omsyn til informasjonstryggleik og personvern i arbeidet med å digitalisere domstolane.

Prosjektet Elektronisk samhandling mellom aktørane i straffesakskjeda (ESAS) er eit av satsingsområda for å effektivisere straffesakskjeda. Stortinget vedtok etter forslag frå regjeringa ei løyving på 25 mill. kroner i 2022 til å vidareutvikle automatisering og digitalisering av den elektroniske informasjonsutvekslinga mellom aktørane i straffesakskjeda (ESAS). Arbeidet med å vidareutvikle ESAS vil gå for seg over fleire år (2022–2025). Prosjektet blir gjennomført i tett samarbeid mellom Domstoladministrasjonen (DA), Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI), Politidirektoratet og Den høgare påtalemakta (DHP). Fleire verksemdar skal òg bli kopla på ein felles teknisk plattform som er utvikla, Justishub. Tiltaket vil bidra til ei sikrere og meir effektiv straffesakskjeda og auka rettstryggleik.

Domstoladministrasjonen har sidan 2016 hatt eit prøveprosjekt med lyd- og bilettopptak av rettsforhandlingar i utvalde domstolar. Departementet forventar å motta sluttrapport i løpet av hausten 2022.

Domstollokale

Domstoladministrasjonen forvaltar litt meir enn 100 leigeobjekt med om lag 450 rettssalar. Fleire domstolar har lokale som ikkje er formålstenlege. Dette påverkar både brukarar og tilsette og med det saksavviklinga i domstolane. Regjeringa meiner at det er viktig å ha tilgjengelege og funksjonelle rettslokale der folk bur. I dei neste åra er det behov for å inngå fleire nye avtalar for at rettslokala framleis skal kunne vere der dei er i dag. Det er behov for større eller mindre oppgraderingar ved det eksisterande leigeforholdet ved om lag 40 domstollokale. Domstoladministrasjonen følgjer opp inngåing av nye leigeforhold tett.

Rehabilitering av Bergen tinghus

I statsbudsjettet for 2022 vart det løyvd 40 mill. kroner til forprosjektering for rehabilitering av Bergen tinghus. Prosjektet inneber òg at det blir etablert tilleggslokale for arbeidsplassar til tilsette utanfor tinghuset. Det blir foreslått å løyve 16 mill. kroner til å vidareføre forprosjektet i 2023. Sjå omtale i Prop. 1 S (2022–2023) til Kommunal- og distriktsdepartementet.

Forprosjektet starta i 2021 og vil bli ferdigstilt tidleg i 2023. Det skal deretter gjennomgå ekstern kvalitetssikring (KS2), med sikte på at Stortinget kan ta stilling til forslag til kostnadsramme og startløyving ved behandlinga av budsjettforslaget for 2024.

Som eit førebuande tiltak foreslår regjeringa at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å pådra staten forpliktingar utover budsjettåret for inngåing av leigeavtalar i samband med rehabiliteringa av Bergen tinghus. Ei slik fullmakt vart vedteken av Stortinget i samband med revidert nasjonal budsjett 2022, og det er behov for å vidareføre denne i 2023. Regjeringa foreslår på denne bakgrunn at Stortinget samtykkjer i at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å pådra staten forpliktingar utover budsjettåret for inngåing av leigeavtalar i samband med rehabiliteringa av Bergen tinghus, jf. forslag til vedtak.

Drammen tinghus

Sidan 2019 har det gått for seg eit arbeid med forprosjekt for nytt tinghus i Drammen. Tinghuset vil vere ei samlokalisering av Buskerud tingrett, Vestre Viken jordskifterett og Borgarting lagmannsrett i Drammen. Bygginga av nytt tinghus vart sett i gang hausten 2021, og planlagt innflytting er hausten 2023.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttes under kap. 61, post 01 og kap. 411, post 01

Løyvinga dekkjer alle ordinære driftsutgifter i domstolane (ikkje forliksråda), medrekna faste og variable lønnsutgifter og lønnsutgifter til tilkalla og ekstraordinære dommarar i tingrettane, jordskifterettane og lagmannsrettane. Løyvinga dekkjer vidare alle ordinære driftsutgifter og investeringar knytte til dei enkelte domstolane, utgifter til Finnmarkskommisjonen og Utmarksdomstolen for Finnmark.

Per 31. desember 2021 ugjorde bemanninga ved tingrettane 575,3 dømmende årsverk og 654,8 andre årsverk. Bemanninga ved lagmannsrettane utgjorde 198,1 dommarårsverk og 126,1 andre årsverk. Bemanninga ved jordskifterettane utgjorde 90,9 dommarårsverk og 135,1 andre årsverk per 31. desember 2021.

Det blir foreslått å vidareføre satsinga på digitalisering av domstolane med 45,3 mill. kroner til prosjekta *Digitale domstolar I* og *Digitale domstolar II* i 2023. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 20 mill. kroner som følgje av vinstar frå prosjekta *Digitale domstolar*.

For 2022 vart det løyvd 25 mill. kroner til digitaliseringsprosjektet Elektronisk samhandling i straffesakskjeda (ESAS). For 2023 blir det foreslått å auke løyvinga med 17,7 mill. kroner til totalt 42,7 mill. kroner for å vidareføre prosjektet.

Det blir vidare foreslått å redusere løyvinga med 18 mill. kroner for å redusere delen dommarfullmektigar i tingrettane.

Løyvinga til Domstoladministrasjonen blir foreslått førte over til eit eige kapittel, kap. 411, post 01. Det blir foreslått å overføre 82,7 mill. kroner frå posten til kap. 411 post 01.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 01, mot tilsvarende meirinntekter over kap. 3410, post 02 og 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2 840 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker utgifter som etter rettsgebyrlova er inkluderte i rettsgebyret, jf. kap. 3410, t.d. kunngjeringsutgifter, nødvendige utgifter ved tvangsforretningar, registrering m.m. under offentlig bubehandling og forkynning som er nødvendig etter lova. I enkelte saker blir utgifter til meddommarar, vitne og rettsvitne m.m.

Kap. 3410 Domstolene

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Rettsgebyr	278 309	259 495	270 861
02	Saks- og gebyrinntekter jordskiftedomstolene	21 335	25 543	20 850
03	Diverse refusjoner	6 385	2 000	1 760
04	Vernesaker jordskiftedomstolene	2 014	2 426	2 426
	Sum kap. 3410	308 043	289 464	295 897

Post 01 Rettsgebyr

Rettsgebyr (R) er eit grunngebyr som dannar utgangspunkt for utrekning av betaling for tenester i offentlig verksemd. Gebyret som blir betalt, er sett saman av grunngebyret R og ein multiplikator.

Det blir foreslått å auke rettsgebyret frå 1 223 kroner til 1 243 kroner med verknad frå 1. januar 2023.

Løyvinga på posten dekker inntekter frå gebyrpliktige oppgåver i domstolane i samband med tvistesaker, skjønn, skifte, konkurs, tvangsforretningar m.m.

dekte. Løyvinga dekker òg arbeidsgivaravgift av godtgjersle til meddommarar og tolkar i sivile saker der partane sjølv dekker godtgjersla.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 101,4 mill. kroner.

Post 22 Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstoler, kan overføres

Jordskiftedomstolane har heimel til å krevje inn sideutgifter i visse saker. Sideutgiftene skal dekke det tekniske arbeidet i desse sakene. Utgiftene skal først i egne saksrekneskapar.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 22, mot tilsvarende meirinntekter over kap. 3410, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått fullmakt til postering mot mellomverande med statskassa, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2,9 mill. kroner.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 270,9 mill. kroner.

Post 02 Saks- og gebyrinntekter jordskiftedomstolene

Løyvinga på posten omfattar inntekter ved at partane i saka betaler gebyr.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 01, mot tilsvarende meirinntekter over kap. 3410, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 20,9 mill. kroner.

Post 03 Diverse refusjoner

Posten dekker refusjonar som blir brutto inntektsførte ved domstolane i første instans og lagmannsrettane, bl.a. refusjonar etter avrekning av energitgifter m.m.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 01, tilsvarende meirinntekter over kap. 3410, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1,8 mill. kroner kroner.

Post 04 Vernesaker jordskiftedomstolene

Løyvinga på posten samsvarer med tilsvarende utgifter over kap. 410, post 22.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 22, mot tilsvarende meirinntekter over kap. 3410, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått fullmakt til postering mot mellomverande med statskassa, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2,4 mill. kroner.

Kap. 411 Domstoladministrasjonen

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 61, post 01 og kap. 410, post 01</i>			82 700
	Sum kap. 0411			82 700

Domstoladministrasjonen har det administrative ansvaret for dei alminnelege domstolane (ikkje forliksråda), jordskiftedomstolane, Finnmarks-kommisjonen, Utmarksdomstolen for Finnmark, Tilsynsutvalet for dommarar og Innstillingsrådet for dommarar.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttes under kap. 410, post 01, og kap. 61, post 01

Løyvinga dekker alle ordinære driftsutgifter ved Domstoladministrasjonen og til Tilsynsutvalet for

dommarar og Innstillingsrådet for dommarar. Bemanninga utgjorde 173,1 årsverk per 1. januar 2022.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 411, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3411, post 03, jf. forslag til vedtak. Det blir foreslått ei løyving på posten på 82,7 mill. kroner.

Kap. 3411 Domstoladministrasjonen

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
03	Diverse inntekter			300
	Sum kap. 3411			300

Post 03 Diverse refusjoner

Posten dekker refusjonar som blir brutto inntektsførte ved Domstoladministrasjonen, bl.a. kantine-

inntekter til Domstoladministrasjonen m.m. På posten blir det òg ført inntekter frå oppdrag Domstoladministrasjonen ev. utfører for andre. Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i

2023 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 411, post 01, tilsvarande meirinntekter over kap. 3411, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 300 000 kroner.


Kap. 414 Forliksråd og andre domsutgifter

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	257 568	275 251	278 546
21	Spesielle driftsutgifter	40 385	38 388	41 902
	Sum kap. 0414	297 953	313 639	320 448

Forliksråda er det lågaste leddet i rettssystemet for sivile saker og er ein meklingsinstitusjon med avgrensa makt til å fastsetje dom. Hovudoppgåva til forliksrådet er å leggje til rette for at partane ved mekling eller dom får løyst saka enkelt, hurtig og rimeleg. Alle kommunar har forliksråd. Forliksrådet består av tre lekfolk og like mange varamedlemmer, som blir valde blant innbyggjarane til kommunane for fire år om gongen.

Forliksråda tok imot litt under 61 000 saker i 2021 og behandla nesten 63 000 saker. Talet på mottekne saker var 17 pst. lågare enn i 2020, medan talet på behandla saker gjekk ned med 16 pst. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for behandlinga av forliksklagar var 105 dagar i 2021. Til samanlikning var saksbehandlingstida 97 dagar i 2020. Virusutbrotet med tilhøyrande smitteverntiltak hadde innverknad på saksbehandlingstida i både 2020 og 2021.



Figur 2.3 Saksavvikling i forliksråda 2016–2021

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker godtgjersle og tapt arbeidsforteneste til meddommarar, enkelte sakkunnige, vitne, rettsvitne m.m. og reiseutgiftene deira. Vidare dekker løyvinga utgifter til tolkar i sivile saker der partane har krav på tolk. Løyvinga

på posten dekker òg utgifter til vitne som møter hos eller på annan måte gir forklaring til kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker, og utgifter til nødvendige blodprøver og DNA-testar i arbeidet til kommisjonen.

For 2023 blir det foreslått å redusere kompensasjonen til tolkar frå 4/5 til 2/3 av den offentlege

salærsatsen, sjå omtale under kap. 466. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga med 1 mill. kroner.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 278,5 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten dekker utgifter til godtgjersle og køyre-godtgjersle til medlemmer av forliksråda og utgifter til nødvendige kompetansehevande tiltak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 41,9 mill. kroner.

Programkategori 06.30 Straffegjennomføring og konfliktråd

Utgifter under programkategori 06.30 fordelte på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Pst. endr. 22/23
01-25	Driftsutgifter	5 478 524	5 488 242	5 728 280	4,4
30-49	Nybygg, anlegg m.v.	54 877	38 715	46 849	21,0
60-69	Overføringer til kommuner	126 165	110 972	125 505	13,1
70-89	Overføringer til private	59 856	61 856	62 521	1,1
	Sum kategori 06.30	5 719 422	5 699 785	5 963 155	4,6

Utgifter under programkategori 06.30 fordelte på kapitler

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Pst. endr. 22/23
430	Kriminalomsorgen	5 349 650	5 323 174	5 412 380	1,7
431	Kriminalomsorgsdirektoratet			148 125	
432	Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter	190 073	202 528	225 241	11,2
433	Konfliktrådet	179 699	174 083	177 409	1,9
	Sum kategori 06.30	5 719 422	5 699 785	5 963 155	4,6

1 Innleiing

Programkategorien omfattar løyvinga til kriminalomsorga, Kriminalomsorgsdirektoratet, Høgskulen og utdanningssenteret for kriminalomsorga KRUS og konfliktrådet.

Kriminalomsorga skal sjå til at dei som domstolane dømmer til straff, gjennomfører straffa, og dei skal stille varetekts plassar til disposisjon for politiet. God straffegjennomføring krev både rett samansett kapasitet og eit godt og rehabiliterande innhaldsarbeid. Mengda med oppgåver som kjem til kriminalomsorga er avhengig av aktivitetane og prioriteringane til politiet, påtalemakta og domstolane. Fleire oppklarte saker hos politiet og raskare behandling hos påtalemakta og domstolane gir

større behov for kapasitet hos kriminalomsorga. Godt tilbakeføringsarbeid, effektiv førebyggjande innsats og meir bruk av administrative sanksjonar vil derimot bidra til å redusere behovet for kapasitet i kriminalomsorga.

Konfliktrådet bidrar til å førebyggje kriminalitet gjennom mekling og bruk av gjenopprettande prosessar. Gjennom dialog kjem partane fram til løysingar som kan bidra til at dei kjem seg vidare i livet. Konfliktrådet er ansvarleg for gjennomføringa av straffereaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging, som rettar seg mot ungdom mellom 15 og 18 år med eit oppfølgingsbehov, og straffereaksjonen oppfølging i konfliktråd. På same måte som kriminalomsorga er også kapasitet og arbeidsmengde hos konfliktrådet avhengig

av prioriteringar og aktivitetar hos politiet, påtale og domstolane.

2 Hovudprioriteringar for 2023

Ei av dei viktigaste oppgåvene til kriminalomsorga er tilbakeføring av straffedømde. God tilbakeføring føreset eit godt tilbod og aktivitet under straffegjennomføringa, og det er avgjerande at kriminalomsorga har tilstrekkeleg bemanning til å følgje opp dei domfelte. God bemanning er og viktig for å ivareta tryggleiken for innsette og tilsette. Den økonomiske situasjonen i kriminalomsorga har vore krevjande dei siste åra. Det har mellom anna ført til ein reduksjon i bemanninga. Det gjeld særleg talet på årsverk utført av timelønna vikarar. I 2022 vart løyvinga til kriminalomsorga auka med 50 mill. kroner, med ei heilårseffekt på 100 mill.

kroner i 2023, for å sikre auka bemanning og betre innhald i kriminalomsorga.

For mange innsette får ikkje nok timar dagleg fellesskap med andre. Regjeringa foreslår å auke løyvinga med 45 mill. kroner i 2023 for å auke grunnbemanninga i fengsla og redusere bruken av isolasjon. Forslaget har ei heilårseffekt på 90 mill. kroner frå 2024.

Fleire av fengsla er gamle og manglar areal for aktivitet og fellesskap mellom innsette. Regjeringa prioriterer vedlikehald av bygg i kriminalomsorga bl.a. gjennom rehabiliteringa av Ila fengsel og forvaringsanstalt og utviding av Romerike fengsel, avdeling Ullersmo som ein del av erstatningskapasiteten for nytt Oslo fengsel. Regjeringa foreslår å løyve 75 mill. kroner til utbygginga i 2023, irekna om lag 13 mill. kroner under kriminalomsorga. Sjå òg omtale i Prop. 1 S (2022–2023) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Kap. 430 Kriminalomsorgen

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttas under kap. 431, post 01</i>	5 034 704	5 043 900	5 105 958
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres, kan nyttas under kap. 430, post 01</i>	110 281	103 884	108 410
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	54 877	38 715	46 849
60	Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv., <i>kan overføres</i>	112 554	100 441	114 991
70	Tilskudd	37 234	36 234	36 172
	Sum kap. 0430	5 349 650	5 323 174	5 412 380

3 Innleiing

Kriminalomsorga gjennomfører straff i fengsel og i samfunnet. Straffegjennomføring skal skje på ein måte som er tryggjande for samfunnet. Det er eit mål at gjennomføringa skal motverke nye straffbare handlingar.

Fleirtalet av dei som gjennomfører straff, gjer det i samfunnet. Det er færre som blir sette i fengsla i dag enn tidlegare. Samstundes sit domsinnsette i snitt lenger i fengsel no enn før.

Straff i samfunnet, irekna straffereaksjonane samfunnsstraff, bøteteneste, vilkårsbunden dom med narkotikaprogram med domstolskontroll (ND) og vilkårsbunden dom med program mot

ruspåverka køyring, blir gjennomført av friomsorgskontora. Det same gjeld straffegjennomføring med elektronisk kontroll. Ordninga gjer det mogleg for domfelte å behalde bustad og arbeid under straffegjennomføringa, og ho er òg eit viktig verkemiddel i tilbakeføringa av domfelte til samfunnet. Straffegjennomføring i institusjon eller på sjukehus (straffegjennomføringslova § 12,13) er aktuelt i dei tilfella der domfelte har behov for heildøgnsopphald.

4 Ei god og effektiv kriminalomsorg

Domfelte har lik rett på offentlege tenester som andre. Det gjeld både dei som er innsette i feng-

sel, og dei som gjennomfører straff i samfunnet. Ei god og rehabiliterande straffegjennomføring krev derfor eit tett samarbeid mellom kriminalomsorga og velferdstenestene. Det er dei ordinære velferdstenestene som helse, utdanning, bibliotek og arbeidsretta og sosiale tenester som skal yte offentlege tenester, medan kriminalomsorga skal leggje til rette for samarbeidet.

Justis- og beredskapsdepartementet ønskjer å vidareutvikle samarbeidet med dei andre departementa med ansvar for velferdstenester i fengsla for å sikre eit godt og likeverdig tenestetilbod til dei innsette.

4.1 Redusert tilbakefall

Det er eit overordna mål for kriminalomsorga å redusere tilbakefall til ny kriminalitet og å få fleire domfelte i utdanning og arbeid etter at dei har

gjennomført straffa si. Talet på sikta personar med tilbakefall til ny kriminalitet i løpet av fem år er redusert sidan starten av 2010-talet, jf. omtale under hovudinnleiinga punkt 1.7.

Å leggje til rette for aktivitetar blant dei innsette er ei viktig oppgåve for kriminalomsorga. Som ein konsekvens av smitteverntiltaka i fengsla gjekk delen innsette som er aktiviserte gjennom arbeid, skule, programverksemd og fritidsaktivitetar, ned i 2020 og 2021, jf. tabell 2.3. Hittil i 2022 er delen aktiviserte på 79 pst., to prosentpoeng høgare enn i 2021.

Regjeringa vil arbeide for å styrke innhaldet i straffegjennomføringa. I 2021 vart det etablert fleire nye aktiviseringsteam som skal bidra til auka aktivisering av innsette i fengsla. Som følge av auka løyving i 2022 vil fire nye team bli etablerte i 2022. Delar av løyvinga i 2022 er nytta til ein auke i programverksemda.

Tabell 2.3 Del av fengselsdøgn med aktivitet, 2018–2022¹

	2018	2019	2020	2021	2022
Fengselsdøgn med aktivitet	82	82	77	77	79

¹ Talet for 2022 gjeld det første halvåret. Tala er oppførte i prosent.

Det er eit mål for regjeringa at barn ikkje skal sitje i fengsel saman med vaksne. Kriminalomsorga har to landsdekkande ungdomseiningar med høvesvis fire plassar kvar for innsette mellom 15 og 18 år.


Det sit om lag 350 unge mellom 18 og 24 år i norske fengsel i dag. Domfelte over 18 år blir etter dagens regelverk definert som vaksne, og dei skal som hovudregel gjennomføre straff i ordinære fengsel. Det er ein sårbar overgang når barn i fengsel fyller 18 år og skal bli overførte frå ungdomseining til ordinært fengsel. I 2021 vart det etablert eit ungdomsteam i kriminalomsorga som skal følgje opp unge innsette i aldersgruppa 18 til 24 år. Erfaringane med teamet er gode. Som ei følge av auka løyving til kriminalomsorga i 2022 er det etablert ytterlegare to team. Desse vil òg få eit ansvar for å gi ei tilpassa oppfølging av unge domfelte som gjennomfører straff i samfunnet. Om lag 400 unge gjennomfører til kvar tid straff i samfunnet. I 2022 vil nye stillingar som ungdomsansvarlege ved dei største friomsorgskontora bli oppretta. Dei ungdomsansvarlege skal ha ansvar for at tilbodet til dei unge er av høg fagleg kvalitet og tilrettelagd for målgruppa.

4.2. Utfordring med isolasjon og psykisk sjuke innsette

I dei seinare åra har det vore endringar i gruppa av innsette i norske fengsel. Fleire innsette er dømde for det som kan karakteriserast som alvorlege lovbrøt, og ein betydeleg del har samansette utfordringar og treng psykiatrisk hjelp. Psykiske lidningar blant innsette bidrar til isolasjon, noko som igjen kan forsterke psykiske lidningar. Kriminalomsorga har sett i verk tiltak for å sikre at ingen innsette er heilt isolerte og talet på innsette med under to timars fellesskap er gått ned den siste tida, jf. figur 2.4.

Tilstrekkeleg bemanning i kriminalomsorga er viktig for å førebygge isolasjon. I 2023 foreslår regjeringa å løyve 45 mill. kroner for å ytterlegare redusere isolasjon. Løyvinga skal gå til auka grunnbemanning i dei fengsla der behovet er størst, herunder fleire aktiviseringsteam.

Det er eit mål for kriminalomsorga å redusere bruk av tvangsmidlar i fengsla.



Figur 2.4 Utvikling i tal på innsette med under to og åtte timars fellesskap

Tala er basert på eit snitt av dagsmålingar per 1., 2. og 3. kvartal frå 2015 til 1. tertial 2022.
Kjelde: KDI.

I 2021 vart det løyvd midlar til etablering av eit nasjonalt ressursteam for kvinner ved Bredtveit fengsel og forvaringsanstalt. Løyvinga vart styrkt i 2022 for å sikre heilårsdrift av teamet. Midlane blir vidareførte i 2023.

I 2020 blei det etablert ei Nasjonal forsterka fellesskapsavdeling ved Ila fengsel og forvaringsanstalt. Avdelinga skal bidra til å førebygge og hindre langvarig isolasjon for innsette med omfattande psykiske lidningar og skal være bemanna med personell frå kriminalomsorga og helsetenestene. Avdelinga er mellombels plassert ved Romerike fengsel, avdeling Ullersmo i påvente av eit nybygg ved Ila fengsel og forvaringsanstalt, som etter planen skal stå klart første halvår 2023.


Justis- og beredskapsdepartementet går gjennom lovverket om utestenging frå fellesskapet og bruk av tvangsmiddel i kriminalomsorga, med sikte på å foreslå lovendringar som kan bidra til å redusere omfanget av isolasjon. Departementet har vidare hatt på høyring forslag til nye reglar om tilsynsråd for kriminalomsorga. Forslaget inneber ei styrking av tilsynet, bl.a. ved at tilsynsrådet får eit klarare mandat enn i dag og eit sekretariat som kan leggje til rette for eit aktivt tilsyn, og ved at tilsynsarbeidet skal planleggjast under eitt for heile landet.

Helseregionane fekk i 2021 i oppgåve å etablere områdefunksjonar for spesialisthelsetenesta innanfor psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling for innsette. Funksjonen sikrar faste stadlege tenester i alle fengsel.

4.3. Utvikling i kapasitet i kriminalomsorga

Ein rett samansett kapasitet og ei god utnytting av kapasiteten sikrar ei effektiv kriminalomsorg. Det er eit mål at domfelte startar straffegjennomføringa så raskt som mogleg etter domsavgjerd, at sikta som er varetektsfengsla, blir overførte frå politiarrest til fengsel innan fastsett frist, og at soningskøen er på eit stabilt lågt nivå.

Som ein konsekvens av covid-19-pandemien har kriminalomsorga sett i verk tiltak for smittevern i både 2020 og 2021. Smitteverntiltaka medførte bl.a. ein mellombels auke i soningskøen. Eit målretta arbeid i kriminalomsorga sidan 2020 har resultert i at soningskøen igjen er redusert. Definisjonen av soningskø tek utgangspunkt i at alle typar straffereaksjonar skal starte innan 60 dagar etter at kriminalomsorga har teke imot den rettskraftige dommen. Primo september 2022 var soningskøen på 190 dommar, jf. figur 2.5. Dei dommane i soningskøen som skal gjennomførast i fengsel, har i snitt vore i soningskøen i 62 dagar.



Figur 2.5 Utvikling i soningskøen for vilkårslause dommar, 2015–2022

Kjelde: KDI

Som ei følgje av smitteverntiltaka og for å ha nok plassar til beredskap ved utbrot av smitte, gjekk kapasitetsutnyttinga i fengsla ned i 2020 og 2021.

Talet på forvaringsdømde har auka dei siste åra. Per 1. juli 2022 var det 158 forvaringsinnsette, ei dobling i talet målt mot 2011. Forvaring kan givast når ei ordinær tidsavgrensa fengselsstraff

ikkje blir sett som tilstrekkeleg til å verne samfunnet. Forvaringsstraff skal gjennomførast med ein større grad av individuell tilrettelegging, og det er derfor behov for plassar særskilt tilpassa dei forvaringsdømde. Som ei følgje av auka løyving til kriminalomsorga i 2022 er det oppretta ti nye forvaringsplassar.

Tabell 2.4 Kapasitetsutnytting i fengsel, 2018–2022¹

	2018	2019	2020	2021	2022
Kapasitetsutnytting i fengsel (totalt)	88	89	85	84	86
Høgt tryggningsnivå	89	88	87	85	87
Lågare tryggningsnivå	86	91	80	82	83

¹ Tala for 2018–2019 omfattar dubleringskapasitet. Tala for 2022 gjeld per fyrste halvår 2022. Tala er oppførte i prosent.

Kriminalomsorga har som mål at kvinner ikkje skal gjennomføre straff saman med menn. Det er fire fengsel, irekna separate lokaliserte fengselsavdelinger, som berre har plassar for kvinnelege innsette. I tillegg gjennomfører kvinner straff ved eigne avdelingar i andre fengsel. I 2021 utgjorde kvinnelege innsette om lag 5 pst. av alle innsette. I juni 2022 var om lag 5 pst. av dei som venta på å gjennomføre straff i fengsel, kvinner. Over 70 pst. av kvinnelege domfelte gjennomfører straffa i samfunnet. Om lag 60 pst. av kvinnene med dom utan vilkår på fengselsstraff gjennomfører straffa med elektronisk kontroll i eigen heim. Som følgje av auka løyving til kriminalomsorga i 2022 er kapasiteten på elektronisk kontroll utvida.

Fleire fengsel treng vedlikehald. Det er gjennomført fleire byggje- og vedlikehaldsprosjekt ved fengsla, både for å redusere vedlikehaldsetterlepet og for å møte utfordringane med isolasjon og mangelfulle fellesskapslokale. Særleg viktig er det pågåande rehabiliteringsprosjektet ved Ila fengsel og forvaringsanstalt, som etter planen skal ferdigstillast i 2023. Rehabiliteringa vil gi ei bygningsmessig oppgradering, men òg betre fellesskapsareal og areal for helsetenesta. Den største bygningsmessige utfordringa er eit nytt fengsel til erstatning for Oslo fengsel. For å sikre snarleg erstatningskapasitet for nokre av plassane ved Oslo fengsel foreslår regjeringa å utvide Rome-rike fengsel, avdeling Ullersmo med netto 76

plassar. Sjå òg omtale under forslag til romartalsvedtak.

Statsbygg forvaltar dei fleste fengselsbygga og har ansvaret for vedlikehaldet. Løyvinga til vedlikehald og bygging av nye fengsel skjer over budsjettet til Kommunal- og distriktsdepartementet. Sjå programkategori 13.30, kap. 2445 Statsbygg, i Prop. 1 S (2022–2023) for Kommunal- og distriktsdepartementet. I perioden 2014–2021 vart fengsla haldne ved like for totalt om lag 1,7 mrd. kroner. For midlar i 2021 vart det bl.a. gjennomført rehabilitering ved Trondheim og Hustad fengsel.

4.4 Tryggleik i kriminalomsorga

Kriminalomsorga skal sikre ei gjennomføring av straff som varetekt tryggleiken for både innsette og tilsette. Eit forsvarleg tryggningsnivå bidrar til å hindre at innsette rømmer frå fengsel, eller kan planleggje ny kriminalitet medan dei gjennomfører straff.

Kriminalomsorga nyttar i stor grad manuelle kontrolltiltak, men det blir no arbeidd med å innføre bruk av nye teknologiske hjelpemiddel.

Regjeringa er oppteken av ein trygg og forsvarleg overgang frå fengsel til fridom, både for

samfunnet og for den innsette. Det skal derfor leggjast til rette for gradvis overgang frå fengsel til full fridom, også for dei forvaringsinnsette. Forvaringsdømde som har gjennomført minstetida dei vart dømde til, kan søke om prøvelauslating. I særlege tilfelle kan domstolane avgjere prøvelauslating med vilkår om at den domfelte har opphald i institusjon eller kommunal bueining. Dette skal skje innanfor trygge og forsvarlege rammer, som er tryggjande for samfunnet og som førebyggjer ny kriminalitet.

Justis- og beredskapsdepartementet skal vidare sjå på moglegheiter for bruk av elektronisk kontroll ved permisjonar og ved prøvelauslating, og på gjennomføring av varetekt som opphaldspåbod med elektronisk kontroll.

Omfanget av vald og trusselhendingar mellom innsette i 2021 var stabilt samanlikna med 2020, og er redusert samanlikna med 2019. Det er nokre få innsette med ein særskild problematikk som står for mange av hendingane.

Kriminalomsorga prioriterer høgt å styrke førebygginga av vald og truslar mot tilsette og mellom innsette, gjennom bl.a. opplæringstiltak, avviksbehandling og oppfølging av tilsette.

Tabell 2.5 Talet på registrerte situasjonar med vald eller truslar mot tilsette og mellom innsette, 2018–2022

	2018	2019	2020	2021	2022 ¹
Situasjonar med vald eller truslar mot tilsette	450	650	499	676	178
Situasjonar med vald eller truslar mellom innsette	292	477	289	276	93

¹ tall for 2022 er per 30.4.22 (1.tertial)

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttes under kap. 431, post 01

Løyvinga skal dekke ordinære driftsutgifter (lønn, varer og tenester) i kriminalomsorga, irekna også fellestenester og utviklingsprosjekt for etaten. Lønn og andre ordinære driftsutgifter under Kriminalomsorgsdirektoratet blir dekte under kap. 431. Bemanninga i kriminalomsorga per 1. mars 2022 utgjorde 4492 fast tilsette årsverk. Posten dekker vidare utgifter til maskiner og utstyr, kontorutgifter, personalavhengige utgifter, husleige, programverksemd, aktiviseringstiltak og godtgjersler og kothald for dei innsette.

Det blir foreslått å auke løyvinga med

- 45 mill. kroner til auka grunnbemanning i fengsla for å redusere isolasjon

- 50 mill. kroner for å sikre auka bemanning og betre innhald i kriminalomsorga (helårseffekt av løyvinga i 2022)
- 5,8 mill. kroner til utbygging av Romerike fengsel, avdeling Ullersmo
- 6,5 mill. kroner til husleige pga. rehabiliteringa av Ila fengsel og forvaringsanstalt
- 4,6 mill. kroner til endra tidspunkt for klasseopptak på KRUS

Det blir foreslått å flytte 148,1 mill. kroner til kap. 431, post 01, som følgje av etablering av nytt budsjettkapittel for Kriminalomsorgsdirektoratet.

Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430, post 01, mot tilsvarande meir

rinntekter under kap. 3430, post 03 og 04, jf. forslag til vedtak. Det blir foreslått ei løyving på posten på 5 106 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres, kan nyttes under kap. 430, post 01

Posten omfattar utgifter til arbeidsdrifta, av dei utgifter til materiale, rutinemessig utskifting av mindre maskiner og utstyr, kurs for tilsette som rettar seg spesifikt mot hjelpemiddel som blir brukte i arbeidsdrifta, og vedlikehald og drift av maskinar som blir brukt i arbeidsdrifta. I posten inngår òg arbeidspengar til dei innsette.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430, post 21, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 108,4 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på posten omfattar større utstyrskjøp og vedlikehald. Posten omfattar òg midlar til IKT-løyvingar, maskiner og teknisk utstyr til arbeidsdrifta, anna utstyr til fengsla og innkjøp av køyretøy.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 kan pådra staten forpliktingar utover budsjettåret for å skaffe seg brukarutstyr til utbygginga av Romerike fengsel, avdeling Ullersmo. Samla forpliktingar og utbetalingar kan ikkje overskride kostnadsramma for brukarutstyr på 89,1 mill. kroner, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått å auke løyvinga med

- 7,4 mill. kroner til utvidinga av Romerike fengsel, avdeling Ullersmo

Det blir foreslått ei løyving på posten på 46,8 mill. kroner.

Post 60 Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv., kan overføres

Løyvinga på posten dekkjer refusjonar til kommunale omsorgstiltak for prøvelauslating frå forvaring og varetektssurrogat. Ved prøvelauslating av forvaringsdømte kan retten setje vilkår om at den domfelte oppheld seg i institusjon eller kommunal bustad i meir enn eitt år.

I 2021 vart det utbetalt refusjon etter ordninga på 112,5 mill. kroner. Då avgjerder om varetektssurrogat og prøvelauslating frå forvaring på nemnde vilkår ligg til domstolane, er det vanskeleg å føreseie utviklinga i omfanget av saker. Det gjer løyvingbehovet på posten usikkert.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 115 mill. kroner for 2023.

Post 70 Tilskudd

Post 70 er ei tilskotsordning for frivillig verksemd under verkeområda til kriminalomsorga, dvs. domfelte under straffegjennomføring. Posten dekkjer tilskot til frivillige organisasjonar som får hovuddelen av aktivitetane sine finansiert med andre kjelder. Det er ein føresetnad at verksemda til mottakaren støttar opp om dei generelle måla til kriminalomsorga, og då med særleg vekt på at dei domfelte skal først tilbake til samfunnet etter at dei har gjennomført straffa si.

I 2021 vart det fordelt om lag 37,2 mill. kroner til 40 frivillige organisasjonar. Av beløpet vart 3,3 mill. kroner øyremerkte, jf. Innst. 6 S (2020–2021). Dei resterande midlane vart fordelte av Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) etter søknad frå organisasjonane

I 2021 blei det gitt støtte til organisasjonar som arbeidde særleg på eit eller fleire av desse områda: aktivisering gjennom kulturelle og sosiale tiltak, behandling og motivasjon til behandling, utvikling av eit positivt nettverk etter lauslating og tilrettelegging av gode overgangar frå institusjon og fengsel til eigen bustad. Organisasjonane har oppnådd gode resultat i 2021 og det har blitt gjennomført ei rekkje forskjellige aktivitetar for mange domfelte.

I 2023 foreslår departementet at heile løyvinga på posten blir fordelt av Kriminalomsorgsdirektoratet etter søknad frå organisasjonar. Det er ein føresetnad at midlane blir fordelte ut frå tydelege kriterium, medrekna at dei legg vekt på omsynet til kontinuitet for organisasjonane over tid.

Arbeids- og velferdsdirektoratet og Kriminalomsorgsdirektoratet har sett i gang eit pilotprosjekt med velferdsobligasjonar/effektkontraktar som eit tiltak for å førebyggje tilbakefall til kriminalitet. Effektkontraktar brukas om resultatbaserte avtalar mellom fleire partar, som oftast offentlege myndigheiter, investorar/stiftelsar og private eller ideelle tenesteleverandørar, som har som formål å løyse sosiale problem på ein ny måte. Staten bidrar med midlar til å dekkje delar av kostnadane dersom måla for prosjektet blir nådd. Det er sett i gong to prosjekt, eit i Vestfold

og Telemark og eit i Trøndelag. Prosjekta varar i to år frå oppstart. Pilotprosjektet blir evaluert.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 36,2 mill. kroner.

Kap. 3430 Kriminalomsorgen

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
02	Arbeidsdriftens inntekter	111 216	103 764	108 421
03	Andre inntekter	30 061	22 140	22 804
04	Tilskudd	19 882	2 570	2 647
	Sum kap. 3430	161 159	128 474	133 872

Post 02 Arbeidsdriftens inntekter

Posten omfattar inntekter frå sal av produksjonen frå arbeidsdrifta, i tillegg til inntekter frå drifts- og vedlikehaldsoppgåver som blir utførte på bestilling frå Statsbygg.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 21, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 108,4 mill. kroner.

Post 03 Andre inntekter

Posten omfattar bl.a. leigeinntekter for teneste- og leigebustader, refundert kost og husleige, klientavhengige driftstilskot til overgangsbustadene og tilskot frå andre offentlege verksemdar til gjennomføring av prosjekt.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 får fullmakt til å overskride løy-

vinga under kap. 430, post 01, og kap. 431, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 22,8 mill. kroner.

Post 04 Tilskudd

Posten omfattar tilskot til deltaking i internasjonalt fengselssamarbeid under EØS-finansieringsmekanismene. Posten omfattar òg inntekter frå prosjekt der kriminalomsorga får tilskot til å gjennomføre prosjekt i samarbeid med internasjonale organisasjonar eller andre land.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01, og kap. 431, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2,6 mill. kroner.

Kap. 431 Kriminalomsorgsdirektoratet

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttas under kap. 430, post 01</i>			148 125
	Sum kap. 0431			148 125

Kriminalomsorgsdirektoratet har det øvste faglege og administrative ansvaret for kriminalomsorga. Direktoratet har òg eit overordna ansvar

for rettstryggleik og lik behandling av dei innsette og domfelte sine saker gjennom bl.a. tilsynsverk-

send, behandling av enkeltsaker og internkontroll.

Bemanninga var om lag 69 fast tilsette årsverk per 1. mars 2022.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttes under kap. 430, post 01

Posten omfattar ordinære driftsutgifter under Kriminalomsorgsdirektoratet, irekna lønnsutgifter,

driftsutgifter til leige av lokale og andre driftsutgifter. I løyvinga på posten er det teke omsyn til reisekutt og innsparing i utgifter til leiekostnader mv.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 431, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 03 og 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 148,1 mill. kroner.

Kap. 432 Kriminalomsorgens høgskole og utdanningscenter

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	190 073	202 528	225 241
	Sum kap. 0432	190 073	202 528	225 241

Å ha fengselsbetjentar med høg og riktig kompetanse er ein føresetnad for god kvalitet i straffegjennomføringa.

I 2021 byrja 175 aspirantar utdanninga ved Høgskolen og utdanningscenteret for kriminalomsorg, KRUS. Tabellen under viser talet på uteksa-

minerte fengselsbetjentar i perioden 2018–2021. For å betre søkargrunnlaget til utdanninga og for at opptaket ved KRUS skal følgje opptaket ved andre høgskular, er tidspunktet for klasseopptaket endra, slik at opptaket framover i hovudsak skal skje i august.

Tabell 2.6 Talet på uteksaminerte fengselsbetjentar, 2018–2021

År	2018	2019	2020	2021
Uteksaminerte fengselsbetjentar	162	260	144	84 ¹

¹ Nedgangen i uteksaminerte skyldes forskyving i klasseopptaket, jf. omtale over.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønns- og personalutgifter til tilsette og aspirantar ved KRUS, drift- og leigeutgifter til lokale, reiser (medrekna kursdeltakarar og aspirantar), fagmateriell, inventar og utstyr, lisensar, uniformseffektar m.m. Bemanninga ved KRUS var 59 fast tilsette årsverk per 1. mars 2022. Posten omfattar òg løyving til forskning og utvikling, etter- og vidareutdanning, verksbetjentutdanning og støttefunksjonar.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 18,2 mill. kroner til tilbakeføring av mellombels

innsparing som følgje av endra tidspunkt for opptak til KRUS.

I løyvinga på posten er det teke omsyn til reisekutt pga. reduserte reiseutgifter som følgje av pandemien. Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 432, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3432, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 225,2 mill. kroner.

Kap. 3432 Kriminalomsorgens høgskole og utdanningscenter

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
03	Andre inntekter	1 493	1 139	1 173
	Sum kap. 3432	1 493	1 139	1 173

Post 03 Andre inntekter

Posten omfattar bl.a. inntekter frå eigendelen som aspirantane betaler for skulebøker.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 får fullmakt til å overskride løy-

vinga på kap. 432, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3432, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1,2 mill. kroner.

Kap. 433 Konfliktrådet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	143 466	137 930	140 546
60	Tilskudd til kommuner, <i>kan overføres</i>	13 611	10 531	10 514
70	Tilskudd	22 622	25 622	26 349
	Sum kap. 0433	179 699	174 083	177 409

5 Innleiing

Sekretariatet for konfliktråda står for den faglege og administrative leiinga av konfliktråda. Konfliktrådet meklar mellom partar i ein konflikt som følgje av ei straffbar handling eller mellom partar i sivile konfliktrar. Konfliktrådet har ansvar for straffereaksjonane ungdomsstraff, ungdomsoppfølging og oppfølging i konfliktråd, og dei har eit spesielt ansvar for unge i konflikt med lova. Konfliktrådet skal vidare bidra til å formidle og byggje kunnskap om førebygging av kriminalitet.

Konfliktrådet tek i bruk gjenopprettande prosessar som inneber at partane i fellesskap bestemmer korleis verknadene skal handterast. Konfliktrådet varettek fornærma, pårørende og gjerningspersonar gjennom tilrettelagde møte.


6 Nedgang i talet på straffesaker overført til konfliktråda

Konfliktråda tok imot 6 480 saker i 2021. Dette er ein auke på 5 pst. frå 2020. Av sakene til konflik-

tråda i 2021 var om lag 28 pst. straffesaker, 33 pst. sivile saker og 30 pst. bortlagde straffesaker. Dei resterande sakene var ungdomssaker, og av desse var det 78 saker med ungdomsstraff, 436 saker med ungdomsoppfølging og 30 saker med oppfølging i konfliktråd.

I 2021 har talet på saker som gjeld ungdomsstraff, auka med 28 pst. (17 saker), og saker som gjeld ungdomsoppfølging, har gått ned med 4 pst. (20 saker) samanlikna med 2020. Delen ungdom som fullfører straffereaksjonane, har auka frå 56 pst. i 2015 til 76 pst. i 2021.

Dei siste åra har det vore ein nedgang i talet på straffesaker som blir overførte til konfliktråda. Årsaka til nedgangen er samansett. Utviklinga blir bl.a. påverka av endringar i kriminalitetsbiletet og av kompetansen og kapasiteten hos politiet og påtalemakta til å overføre saker. Også covid-19-pandemien kan ha påverka talet.



Figur 2.6 Talet på saker til konfliktråda 2018–2021

Kjelde: Sekretariatet for konfliktrådene.

Det er store variasjonar i kor mange saker som blir viste til dei ulike konfliktråda. Kunnskapen om tenestene som konfliktråda tilbyr, er varierende blant samarbeidspartnarane til konfliktråda. Samstundes er sakane som kjem til konfliktråda, meir alvorlege og arbeidskrevjande.

Tida konfliktråda bruker frå dei tek imot ei sak til straffereaksjonane startar, har hatt ei positiv utvikling dei siste fem åra. I 2017 gjekk det 72 dagar frå konfliktråda fekk ei sak, til straffegjennomføringa starta. I 2021 var saksbehandlingstida 56 dagar.

7 Vidareutvikling av konfliktråda

Konfliktrådet har over tid jobba for å utvikle og forbedre sine tenester. Dei siste åra har dei også jobba med å finne gode måtar å overføre kunnskap om konfliktrådet til samarbeidspartnarane, særleg politiet og påtalemakta. Dette kan sikre at eigna saker blir fanga opp og får tilgang til konfliktrådets tenester.

Ved innføringa av ungdomsstraff og ungdomsoppfølging tok Justis- og beredskapsdepartementet initiativ til ei følgjeevaluering. Ei evaluering i regi av Nordlandsforskning viser at mange unge får hjelp til eit liv utan kriminalitet, men at straffereaksjonane òg har eit forbettringspotensial. Ein analyse utført av Oslo Economics (2022) viser

at det er variasjon i innhaldet i desse reaksjonane, og graden av tilpassing av innhald til den enkelte lovbrytaren avheng av bl.a. det lokale tilbodet av tenester. Det gjer at det òg kan vere store skilnader i kor godt straffereaksjonane verkar.

Justis- og beredskapsdepartementet hadde forslag til endringar i konfliktrådslova, straffelova, straffeprosesslova m.m. på høyring hausten 2020. Målet er mellom anna å innføre effektive verkemiddel for å førebyggje ny kriminalitet, for å redusere tida mellom lovbrot og reaksjon, for å vareta ungdommen sin rettstryggleik og rett til medverknad. Det er òg eit mål å leggje til rette for at ein betre skal kunne vareta fornærma i saker der lovbrytaren gjennomfører ungdomsstraff eller ungdomsoppfølging.

Justis- og beredskapsdepartementet deltek i kjernegruppepilot for samordning av arbeidet for utsette barn og unge leidd av Barne- og familiedepartementet. Barne- og ungdomskriminalitet er eit hovudtemaa for arbeidet fordi det er eit område som krev samarbeid på tvers av sektorar. Som eit ledd i arbeidet med å betre straffereaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging har Sekretariatet for konfliktråda, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet og Helsedirektoratet fått eit felles oppdrag å greie ut kva som er til hinder for samarbeid på tvers av sektorar, og deltakinga til velferdstenestene under gjennomføringa.

Då tiltaka mot covid-19 vart sette i verk, vart det meir krevjande å gi ungdommane tilstrekkeleg hjelp. Dette førte òg til at det vart restansar i saker med ungdomsstraff og ungdomsoppfølging i konfliktråda. For å redusere dei uheldige konsekvensane av at tenestetilbodet til ungdommane vart sterkt redusert, og for å styrke kapasiteten til konfliktråda vart løyvinga mellombels styrkt i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2021. Dette bidrog til at konfliktråda som vart styrkt kom raskare i gang med straffegjennomføringa. Dei fekk sikra betre og tidlegare involvering av fornærma og fekk gjennomført gjenopprettande prosess i fleire ungdomssakar. Vidare fekk konfliktråda hausten 2021 utvikla og testa ut eksisterande kurs i kommunikasjon og konflikthandtering (for vaksne) på ungdom som gjennomfører ungdomsstraff eller ungdomsoppfølging. Arbeidet har fått gode tilbakemeldingar.

Saksbehandlinga i konfliktråda er ein arbeidsintensiv prosess som har innebore mange manuelle prosessar. Det vart i 2018 sett i verk eit digitaliseringsprosjekt i konfliktrådet for at ein skal kunne nå brukarane på ein betre måte og utvikle organisasjonen og tenestene.

8 Pilotprosjekt for exit-program for gjengkriminelle

Å bryte ut av tette og lukka miljø kan vere vanskeleg. Regjeringa ønskjer å prøve ut exit-program for gjengkriminelle for å sikre at dei som ønskjer eit liv utan kriminalitet, får hjelp til det. Regjeringa foreslår derfor å vidareføre øymerkinga av midlar til Oslo kommune sitt arbeid med å etablere eit byomfattande program basert på erfaring frå EX/IN-prosjekt og til Forandringshuset i regi av Norges KFUK-KFUM. EX/IN-prosjektet starta i 2020 eit avhoppprogram som eit samarbeid mellom bydel Søndre Nordstrand i Oslo, SaLTo, kriminalomsorga og Raudekrossen. Sjå òg omtale under post 70.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal gå til drift av konfliktrådskontora og til Sekretariatet for konfliktråda. Samla utgjorde bemanninga i konfliktråda 140 årsverk per 31. desember 2021.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 433, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3433, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 140,5 mill. kroner.

Post 60 Tilskudd til kommuner, kan overføres

Løyvinga skal gå til tilskotsordninga for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme, som Sekretariatet for konfliktråda forvaltar. Hovudmålet for tilskotsordninga er å stimulere til kompetanseheving lokalt og utvikling av gode tiltak for å førebyggje og behandle utfordringar knytta til radikaliserings og valdeleg ekstremisme. I 2021 vart det fordelt om lag 13,6 mill. kroner til totalt 30 kommunale prosjekt. Tilskot ble som i tidlegare år, gitt til kompetansehevande tiltak, mentorordningar og førebyggjande tiltak retta mot personar eller miljø i risiko for radikaliserings. Inkluderande fritids- og arbeidstiltak, som sommarjobbar for ungdom, er eit eksempel på tiltak som har fått tilskot. Kommunane prioriterer vidare tilsette som koordinatorar, som set fokus og framdrift i arbeidet.

Det blir foreslått ei løyving på 10,5 mill. kroner.

Post 70 Tilskudd

Løyvinga skal gå til tilskot til arbeid mot vald i nære relasjonar og til tilskotsordninga for kriminalitetsførebyggjande tiltak, som Sekretariatet for konfliktråda forvaltar.

Øymerkte løyvingar til Oslo kommune sitt EX/IN-prosjekt (1 mill. kroner) og Forandringshuset i regi av Norges KFUK-KFUM (2 mill. kroner) blir foreslått å vidareføre i 2023. Resten av posten blir fordelt av Sekretariatet for konfliktråda etter søknad frå organisasjonar.

Tilskotsordninga for kriminalitetsførebyggjande tiltak skal bidra til å førebyggje kriminalitet, særleg blant barn og unge. I 2021 vart det fordelt om lag 7,6 mill. kroner til 42 ulike organisasjonar. Det er gitt tilskot både til store nasjonale organisasjonar og mindre lokale foreiningar. Felles for mottakarane er at dei bidrar til eit betre og breiare tilbod til menneskjer med ulike utfordringar, ofte i tett samarbeid med offentlege myndigheter.

Tilskotsordninga til å førebyggje og kjempe mot vald i nære relasjonar skal bidra til å motverke at barn og vaksne blir utsette for eller utøver vald i nære relasjonar. Organisasjonar som driv frivillig verksemd og krisesenter i kommunal regi kan få tilskot. I 2021 vart det fordelt om lag 15 mill. kroner til 51 ulike tiltak, mellom anna hjel-

petiltak retta mot ofre for vald i nære relasjonar eller barna deira, kompetansebyggingstiltak retta mot hjelpeapparatet og undervisning om temaet på skular. Fleire av tiltaka rett seg mot spesifikke

grupper slik som etniske eller seksuelle minoritetar og personar med nedsett funksjonsevne.

Det blir foreslått ei løyving på 26,3 mill. kroner.

Kap. 3433 Konfliktrådet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap		Forslag
		2021	Saldert budsjett 2022	2023
02	Refusjoner	967	6	6
	Sum kap. 3433	967	6	6

Post 02 Refusjoner

Inntektene på posten er refusjonar som skal dekke utgiftene konfliktråda har i samband med kurs og konferansar.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 får fullmakt til å overskride løy-

vinga på kap. 433, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3433, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 6000 kroner.

Programkategori 06.40 Politi og påtale

Utgifter under programkategori 06.40 fordelte på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Pst. endr. 22/23
01-25	Driftsutgifter	21 772 654	23 246 772	23 778 187	2,3
30-49	Nybygg, anlegg m.v.	177 510	239 251	691 818	189,2
70-89	Overføringer til private	142 316	650 758	718 829	10,5
Sum kategori 06.40		22 092 480	24 136 781	25 188 834	4,4

Utgifter under programkategori 06.40 fordelte på kapitler

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Pst. endr. 22/23
440	Politiet	20 112 985	21 866 853	20 984 874	-4,0
441	Politidirektoratet			389 156	
442	Politi høgskolen	658 811	633 618	654 870	3,4
443	Påtalemyndigheten i politiet			1 432 401	
444	Politiets sikkerhetstjeneste (PST)	997 872	1 308 194	1 394 781	6,6
445	Den høyere påtalemyndighet	307 522	312 974	317 319	1,4
446	Den militære påtalemyndighet	9 452	9 159	9 329	1,9
448	Grensekommisæreren	5 838	5 983	6 104	2,0
Sum kategori 06.40		22 092 480	24 136 781	25 188 834	4,4

Innleiing

Programkategori 06.40 omfattar løyvinga til politiet, Politiets tryggingsteneste (PST), Den høgare påtalemakta og Den militære påtalemakta.

Innanfor justissektoren er det særleg måla om låg kriminalitet, rettstryggleik og tryggleik i samfunnet som er sentrale for verksemdene i programkategorien. Politiet har òg oppgåver for å nå målet om kontrollert og berekraftig innvandring. Verksemdene i programkategorien er ansvarlege for grunnleggjande funksjonar i samfunnet. Befolkninga skal kunne ha høg tillit til at desse

oppgåvene blir tekne hand om på ein god måte. Oppgåveløysinga skjer i eit samvirke med andre statlege og private aktørar, kommunale etatar og det sivile samfunnet og med internasjonale samarbeidsstyresmakter.

Prioriteringar i 2023

Regjeringa vil kjempe mot kriminalitet, men òg årsakene til kriminalitet, gjennom å førebyggje og etterforske betre. For å ha god førebygging og beredskap og effektiv kamp mot kriminalitet må politiet og lokalsamfunnet kjenne kvarandre godt.

Regjeringa arbeider for å styrke politinærværet i heile landet. Alle kommunane i landet er inviterte til å gi innspel til arbeidet. Direktoratet for økonomistyring (DFØ) vil òg gi verdifulle bidrag gjennom den pågåande evalueringa av nærpolitireforma og gjennomgangen av Politidirektoratet.

Felleskapet sine midlar skal gå til tenester som er til direkte nytte for befolkninga. Regjeringa foreslår derfor å omprioritere 184,4 mill. kroner innanfor politibudsjettet. Av dette skal 75 mill. kroner gå til tiltak som fører politiet nærmare folk og gir betre lokale polititenester og beredskap og meir tilgjengeleg politi for folk i heile landet, som fleire politifolk, nye tenestestader eller andre tiltak som det lokale politiet kjem fram til i samråd med kommunen. 11 mill. kroner skal gå til påtalemakta i politiet, som kjem i tillegg til styrkinga på 26,3 mill. kroner for 2022, jf. Prop. 1 S Tillegg 1 (2021–2022), som ledd i ei samla satsing på å synleggjere og styrke påtalemakta sin del av ressursane i politiet. Styrkinga vil òg ha positive konsekvensar for etterforskinga i politiet. 27,1 mill. kroner skal bidra til at dei 100 nye studieplassane som vart etablert ved Politihøgskolen i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2022, kan vidareførast. 71,3 mill. kroner skal gå til arbeidet med samansette truslar og tryggingstiltak, jf. omtale av Prop. 78 S (2021–2022) under.

Regjeringa foreslår å redusere politiet sitt budsjett med 57,8 mill. kroner. Omprioriteringa og innsparinga skal primært gjennomførast gjennom at politiet reduserer utgiftene sine til Politidirektoratet, konsulenttenester og administrasjon.

Innanfor budsjetttramma skal politiet prioritere organisert, digital og annan alvorleg kriminalitet, irekna gjengkriminalitet, samt vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep.

Politiet og PST har mått omprioritere ressursar for å handtere konsekvensar av Russland sitt angrep på Ukraina. Verksemdene vart òg løyvd ekstra midlar til stillingar i dei tre nordlegaste fylka, utstyr, lokale m.m. i samband med behandlinga av Prop. 78 S (2021–2022). Tiltaka blir vidareførte i 2023. Politiet og PST får til saman 214,4 mill. kroner til arbeidet med samansette truslar og tryggingstiltak i 2023.

Russland sitt angrep på Ukraina syner at vi må styrke den nasjonale tryggleiken vår. Regjeringa vurderer å leggje fram forslag om å lovfeste etterretningsoppdraget til PST, å gi ein heimel for behandling av ope tilgjengeleg informasjon, og å endre straffelova for å kriminalisere påverknadsverksemd frå framand etterretningsteneste. Regelverket må ta i vare både personvernet og rettstryggleiken til den enkelte borgaren og

omsynet til å tryggje demokratiet og fellesskapet sine interesser.

Økonomisk kriminalitet, inkludert unndraging av skatt, kvitvasking, arbeidslivskriminalitet, fiskekriminalitet og annan kriminalitet som gjeld økonomi, utgjer alvorlege truslar for enkeltpersonar, bedrifter, lokalsamfunn og for finansieringa av velferdsstaten. Regjeringa vil styrke arbeidet mot slik kriminalitet. Dette gjeld særleg den organiserte delen av den økonomiske kriminaliteten. Regjeringa vil derfor gjennomføre ein heilskapleg gjennomgang av kampen mot økonomisk kriminalitet i Noreg og tek sikte på å fremme ei stortingsmelding og ev. andre tiltak som skal utvikle politikken for å kjempe mot økonomisk kriminalitet.

Vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep er alvorleg kriminalitet som skal prioriterast høgt i heile straffesakskjeda, frå førebygging til straffegjennomføring. Regjeringa vil leggje til rette for å førebygge betre og avdekke meir av vald og overgrep, for betre oppfølging av valdsutsette, auka kompetanse, styrkt samarbeid mellom tenester og sektorar, og dertil at vald og overgrep blir prioritert i heile straffesakskjeda. Regjeringa arbeider med å etablere ein partnardrapskommisjon med sikte på oppstart hausten 2023 ved Statens sivilrettsforvaltning. Regjeringa vil leggje fram ein opptrappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar. Arbeidet med å førebygge og kjempe mot internettrelaterte overgrep mot barn inngår i det breiare arbeidet til regjeringa for trygg digital oppvekst.

Det er viktig at politiet har tilstrekkeleg kapasitet til å kjempe mot cyberkriminalitet, irekna overgrep på internett og datakriminalitet, og vil prioritere eit sterkare samarbeid mellom internettsselskap og styresmaktene. Innhenting og handtering av elektroniske bevis er særleg viktig.

Bruken av internett og utviklinga innan digitale teknologiar påverkar nesten alle former for kriminalitet og har auka dei siste åra. Det er forventat at denne utviklinga vil bli forsterka med utbygging av tingnettet (Internet of things), som smarte heimar, byar og samfunn. Dette gir utfordringar for politiet, PST og påtalemakta, som må tilpasse arbeidsformer og organisering. Nye måtar å ta i bruk ny teknologi på kan òg utfordre dagens regulering og finansiering. Samstundes er det viktig at verksemdene nyttar seg av moglegheitene som den teknologiske utviklinga gir, til å auke kvaliteten og effektiviteten i oppgåveløysinga. Justis- og beredskapsdepartementet samarbeider tett med politiet, PST og påtalemakta for at desse verksemdene skal kunne nyttiggjere seg av moglegheitene for bruk av ny teknologi, irekna

stordataanalyse, tingnettet, kryptoteknologi, 5G, robotisering og autonome system.

Noreg og dei andre Schengen-landa forbetrar for tida IKT-systema sine. Tiltaka gir betre tryggleik i Europa gjennom styrkt grensekontroll,

migrasjonskontroll og politisamarbeid. Noreg vil bli betre rusta til å førebyggje, avverje og motarbeide grensekryssande kriminalitet, ulovleg migrasjon og terrorisme. Regjeringa foreslår derfor å løyve 288,2 mill. kroner til tiltaka i politiet.

Kap. 440 Politiet

(i 1 000 kr)				
Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttas under kap. 441, post 01 og kap. 443, post 01</i>	19 703 305	20 894 700	19 520 757
22	Søk etter antatt omkomne, <i>kan overføres</i>	4 461	9 882	10 142
23	Sideutgifter i forbindelse med sivile gjøremål	29 765	33 905	34 800
25	Variable utgifter ved ankomst, mottak og retur i politiets utlendingsforvaltning	55 628	132 357	104 350
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	106 903	134 251	80 842
46	Investeringer i Schengen IKT-systemer, <i>kan overføres</i>			501 084
48	Tildeling fra EUs grense- og visumfinansieringsordninger, <i>kan overføres</i>	70 607	11 000	14 070
70	Tilskudd	61 650	50 956	52 402
71	Tilskudd Justismuseet	7 807	8 010	8 237
73	Internasjonale forpliktelser, mv., <i>kan overføres</i>	72 859	589 792	657 190
74	Midlertidig destruksjonspant for enkelte typer halvautomatiske rifler		2 000	1 000
	Sum kap. 0440	20 112 985	21 866 853	20 984 874

Politiet skal gjennom førebyggjande, handhevande og hjelpande verksemd vere eit ledd i den samla innsatsen i samfunnet for å fremme og sikre tryggleiken, rettstryggleiken og den alminnelege velferda elles for borgarane, jf. politilova § 1. Politiet er leia av Politidirektoratet og består i tillegg av 21 andre einingar:

- tolv politidistrikt
- fem særorgan med nasjonale oppgåver: Kripos, Økokrim, Politiets utlendingseining, Utrykingspolitiet og Politihøgskolen.
- fire andre underliggjande einingar: Politiets fellesstener, Politiets IT-eining, Nasjonalt ID-senter og Grensekommissariatet

Enkelte deler av politiet har eigne budsjettkapittel: kap. 441 Politidirektoratet, kap. 442 Politihøg-

skolen, kap. 443 Påtalemakta i politiet og kap. 448 Grensekommissæren.

Sjå òg omtale av PST under kap. 444 og Riksadvokaten under kap. 445.

31. desember 2021 var den totale bemanninga i politiet 18 092 årsverk, av desse var 15 000 i politidistrikta.

Nærvær og tilgjengelegheit

Det er ei viktig oppgåve for regjeringa å arbeide for at kriminalitet ikkje skjer og at innbyggjarane opplever tryggleik, god rettstryggleik og tilgjengelege tenester i heile landet. Politiet må vere tilgjengeleg for befolkninga for å skape tryggleik. Samarbeid om førebygging og beredskap med kommunen og andre lokale aktørar krev at politiet

er til stades og kjenner samfunnet og dei andre aktørane godt. Politiet yter tenester som er viktige for innbyggjarane, som våpenforvaltning, utlendingsoppgåver, sivil rettspleie og pass og ID-kort. Politiet si innbyggjarundersøking viser at innbyggjarane i små kommunar føler seg mindre trygge i eige nærmiljø enn innbyggjarane i mellomstore og store kommunar. På ein del mindre stader er det òg lang reisetid eller avgrensa opningstid eller tenestetilbod på den nærmaste politistasjonen. Derfor foreslår regjeringa å styrke det lokale politiet.

Regjeringa foreslår å bruke 75 mill. kroner av politiets budsjett til tiltak som fører politiet nærmare folk. Midlane skal gå til betre lokale polititenester og beredskap, meir tilgjengeleg politi for folk i heile landet og nye tenestestader. Polititenestene skal bl.a. forbeholdt gjennom lokalt tilpassa verkemiddel som kan settast inn i samarbeid mellom kommune og politidistrikt, t.d. auka bemanning. Andre tiltak kan bl.a. vere auka eller endra patruljering, politinærvær som er tilpassa sesongvariasjonar eller ambulerande og oppsøkande tenester.

Politiet skal vere til stades og tilgjengeleg for befolkninga der folk er, også i den digitale kvardagen. Politiet sin kanalstrategi gir råd om korleis politiet best kan kommunisere med ulike grupper i befolkninga, anten det er fysisk, på telefon eller digitalt. Lokalt politi må saman med kommunen velje det som best møter lokale utfordringar og behov. Innbyggjarane har ulike forventningar til korleis dei skal kunne kommunisere med politiet, finne informasjon og få dekt behova sine. Mange føretrekkjer digitale tenester og sjølvbetening framfor telefonkontakt eller fysisk oppmøte i ein skranke på eit offentleg kontor. Nettpatruljar som er til stades på nett og i sosiale medium, gjer politiet synlegare og gjer det lettare å komme i kontakt med politiet, særleg for yngre menneske. Sikker chat gjer det mogleg for innbyggjarane å gi sensitiv informasjon til politiet digitalt. Gode digitale tenester bidrar til auka kvalitet og effektivitet og frigjer politifolk til å løyse oppgåver som krev fysisk nærvær.

Grensekryssande kriminalitet er ei utfordring. I 2017 vart det vedteke at Magnormoen lensmannskontor skulle opprettast. Forprosjektet for realiseringa av tenestestaden som ein felles norsk-svensk politistasjon på grensa mellom Noreg og Sverige er planlagt ferdigstilt våren 2023. Ein felles politistasjon på grensa er nybrotsarbeid og arbeidet har avdekt ulike risiko- og tvilsmoment, bl.a. knytt til utfordringar ved å byggje på grensegata, ekstraordinær auke i energi- og råvareprisar og fordeling av husleigekostnader mellom norsk

og svensk politi. Dette er problemstillingar regjeringa vil følge opp i det vidare arbeidet med politistasjonen. I tillegg har regjeringa teke initiativ til etableringa av ein mellombels polititenestestad på Magnormoen. Tenestestaden vart etablert ved grensa mellom Noreg og Sverige sommaren 2022 og skal vere operativ fram til den felles norsk-svenske politistasjonen er opna.

Oslo politidistrikt har i 2022 starta eit arbeid med eit pilotprosjekt for å prøve ut at personar som blir kontrollerte av politiet, kan få ei stadfesting på kontrollen. Oslo kommune, organisasjonar og andre relevante aktørar er involverte i arbeidet. Pilotprosjektet skal evaluerast og vil gi verdifull kunnskap og erfaring.

Veksten i offentlege budsjett er forventa å flate ut i åra framover. Derfor må politiet i stor grad finansiere utviklinga gjennom å auke handlingsrommet innanfor dei tilgjengelege budsjetttrammane. Politiet må effektivisere og omdisponere for å frigjere ressursar til betre polititenester, utan at etaten blir ytterlegare sentralisert. Prioriteringane må gjerast i samråd med kommunane og tilitsvalde, der det er relevant. Å delegere ansvar frå departementet til direktoratet og vidare nedover i organisasjonen er i samsvar med regjeringa si tilitsreform.

Beredskap og krisehandtering

Handteringa av covid-19-pandemien dei siste åra har vore krevjande for politiet og har påverka politiet sin kapasitet til å ta hand om andre oppgåver. Ein konsekvens då Russland invaderte Ukraina i februar 2022, var at det igjen vart press på politiet sine ressursar. Politiet måtte raskt omprioritere stillingar for å auke kapasiteten til å registrere asylsøkarar. Politiet bruker òg betydelege ressursar på andre tiltak, som støtte til andre offentlege og private aktørar, territorialkontroll, auka overvaking og innhenting av informasjon og førebyggjande tiltak mot ulike former for kriminalitet som kan skje i slike situasjonar. For norsk og europeisk tryggleik er krigen eit vendepunkt, og politiet må òg setje i verk ulike førebuande tiltak for å ta høgde for ei forverring av situasjonen. Tiltaka må i stor grad førast vidare i 2023, men situasjonen er svært usikker og omskifteleg, og politiet må til ei kvar tid tilpasse tiltaka til behova.

Ei av dei viktigaste oppgåvene til politiet er at samfunnet og innbyggjarane er trygge. Saman med andre aktørar skal politiet førebyggje kriminalitet og ulukke og agere raskt, kompetent og samordna når slike hendingar og naturhendingar likevel skjer. I innbyggjarundersøkinga til politiet

for 2021 oppgir 94 pst. av befolkninga i Noreg at dei føler seg trygge der dei bur og ferdast. Dette er det same som dei to siste åra. Undersøkinga syner ein liten reduksjon i tilliten til politiet, frå 82 pst. i 2020 til 80 pst. i 2021.

Politiet har gode resultat for svartid på nødnummeret 112. Resultatet for 2021 viser at politiet nasjonalt svarte på om lag 98,5 pst. av alle telefonførespurnader til nødnummeret 112 innanfor 20 sekund og dermed nådde resultatkravet, som var på 95 pst. Politiet si responstid varierer mellom politidistrikta, noko som blir følgt opp av Politidirektoratet. Det har blitt stilt krav til responstida til politiet sidan 2015. Politiet har nådd dei nasjonale krava for alle tettstadskategoriene sidan 2020, men det er framleis skilnader mellom politidistrikta. Politidirektoratet har fått i oppdrag å greie ut ulike alternativ for responstidskrav i politiet.

God samhandling mellom nødetatane er avgjerande for god beredskap som er tilgjengeleg over heile landet. Justis- og beredskapsdepartementet gav Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) og Politidirektoratet (POD) i oppdrag å sjå nærmare på samhandlinga, irekna ansvars- og oppgåvefordelinga, mellom brann- og redningsvesenet og politiet. Etatane leverte rapporten sin i juni 2022. Rapporten syner at samhandlinga fungerer godt, men peikar òg på forbetripingspunkt i samarbeidet mellom etatane. Arbeidsgruppa foreslår fleire tiltak, som departementet vil ta stilling til i oppfølginga av i rapporten. Regjeringa vil òg gjennomføre ein gjennomgang av brann- og redningsområdet, jf. omtale under programkategori 06.50 Redningstenesta, samfunnstryggleik og beredskap.

Det er relevant på enkelte område å sjå mål og krav til responstid i nødetatane i samanheng, irekna korleis forpliktande responstid skal forståast. Det blir derfor arbeidd vidare med dei forpliktande responstidene og harmonisere omgrep og definisjonar av responstid på tvers av nødetatane der det er relevant.

Hausten 2021 starta dei første samtreningsane ved Politiets nasjonale beredskapssenter mellom dei nasjonale beredskapsressursane og innsatspersonell i politidistrikta. Siktemålet med samtreninga er å leggje til rette for overføring av erfaring mellom dei nasjonale beredskapsressursane og innsatspersonell i distrikta og at dei kan samarbeide godt ved handtering av hendingar. Dette bidrar til at beredskapssenteret kjem til nytte for heile politiet og styrker beredskapskompetansen i heile landet. For 2022 er det planlagt at 500 innsatspersonell frå politidistrikta skal gjennomføre trening ved senteret.

Beredskapsressursane til politiet skal vidareutviklast og tilpassast utviklinga i terrortrusselen. Dette er ein viktig del av arbeidet regjeringa gjer med å førebyggje og kjempe mot terrorisme. Regjeringa legg hausten 2022 fram ein revisjon av den nasjonale kontraterrorstrategien. Strategien peikar ut retninga for det samla arbeidet med å førebyggje og motverke terror dei komande åra. Dei fire prioriterte tiltaka blir vidareført, og dei bli supplert med eit nytt: Det skal leggjast betre til rette for samhandling på tvers av helsetenester, PST og politiet i saker der psykiske lidningar og ekstremisme er eller kan vere relevant.

Regjeringa har nedsett eit ekspertutval som skal sjå nærmare på korleis politiet bruker maktmiddel. Utvalet skal oppdatere kunnskapsgrunnlaget og vurdere ulike problemstillingar ved bruken av maktmiddel. Hausten 2021 konkluderte regjeringa med at elektrosjokkvåpen skal bli ein permanent del av utrustninga til alt operativt personell i politiet. Politiet skal starte innføringa av elektrosjokkvåpen første halvår 2023, og Politihøgskolen skal utarbeide ein nasjonal standard for opplæring og bruk.

Etter eit vellukka prøveprosjekt i 2020 starta politiet i 2021 med val og utdanning av droneoperatørar til politidistrikta. I løpet av 2022 vil alle politidistrikt kunne ta i bruk dronar. Gjennom prøveprosjektet er det dokumentert at dronar kan gi ei rekkje gevinstar, irekna betre beredskap, meir effektiv førebygging av kriminalitet, betre dokumentasjon av åstader og betring av mannskapane sin tryggleik og publikum sin rettstryggleik. Samstundes er ulovleg bruk og kriminell aktivitet med dronar ei utfordring.

Ein reknar med at dagens varslingsanlegg (tyfonar) for akutt fare når ut til rundt halvparten av befolkninga. For at ein større del av befolkninga skal nåast raskare, betre og meir målretta om hendingar som truar tryggleiken, skal det etablerast ei befolkningsvarslings via mobiltelefon. Politiet skal ha ansvaret for utsending av varsel i fredstid, Sivilforsvaret i krigstid. Sjå nærmare omtale under kap. 451 Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap.

Norsk politi og kriminalomsorg har i over 30 år delteke i operasjonar og oppdrag internasjonalt for å bidra til auka tryggleik ute, som òg gir auka tryggleik heime. Bidraga blir finansierte over Utanriksdepartementet sitt budsjett, men politibidraga blir følgde opp fagleg av både Justis- og beredskapsdepartementet og Politidirektoratet. Per august 2022 bidrar Noreg med personell i Sudan, Sør-Sudan og Colombia.

Riksrevisjonen har hatt merknader til IKT-tryggleiken i politiet. Dei siste merknadene vart lukka i 2021.

Schengen-IKT-systema i politiet

For å betre kjempe mot grensekryssande kriminalitet, terror og ulovleg migrasjon er det sett i gang eit omfattande utviklingsarbeid i Schengen. Eit viktig tiltak er å utvikle og implementere fleire felleseuropeiske IKT-system for styrkt grensekontroll, betre deling av informasjon og auka tryggleik. Systema som skal oppdaterast/implementerast er informasjonsdelingsplattforma Schengen Information System (SIS), visumregisteret Visa Information System (VIS), fingeravtrykkregisteret Europeisk Daktyloskopisk Register (Eurodac) og den systemoverbyggande løysinga og søkeportalen Interoperabilitet (IO). Inn- og utreisystemet Entry/Exit System (EES) og framreisystemet European Travel Authorisation Information System (ETIAS) blir òg utvikla. Utviklinga av dei to systema er venta å vere i ein avsluttande fase i 2023, dei blir derfor ikkje omtalte nærmare.

Utviklinga i Noreg skjer primært i politiet og Utlendingsdirektoratet (UDI), men òg i Statens vegvesen, Kystvakta, Tolletaten, Utlendingsnemnda (UNE), utanriksstasjonane m.m. Tiltaka vil gi auka samfunnstryggleik og betre grensekontroll i Noreg og i Schengen-området. Vidare vil tiltaka gi politiet og utlendingsstyresmakta tilgang til omfangsrike informasjonsregister med data om bl.a. ettersøkte/sakna vaksne og barn, personar utan rett til innreise/opphald, stolne gjenstandar og biometri på asyl- eller visumsøkarar, der det blir lagt til rette for å effektivt sjå informasjon i samanheng på tvers av systema.

Det vart i statsbudsjettet for 2022 vedteke ei kostnadsramme på 450 mill. kroner (2022-kroner, ekskl. mva.) for prosjektet SIS recast i politiet, jf. Innst. 6 S (2021–2022). Våren 2022 vart det gjennomført ei ekstern kvalitetssikring som har sett prosjekta i UDI og politiet i samanheng, òg SIS recast. I tråd med kvalitetssikraren si anbefaling foreslår regjeringa ei samla kostnadsramme på 2 187 mill. kroner (2023-kroner, inkl. mva.) for prosjekta til systema SIS, VIS, Eurodac og IO i politiet og UDI, sjå òg omtale under kap. 490. Regjeringa foreslår ei felles kostnadsramme for prosjekta og at ho skal forvaltast av departementet, jf. forslag til vedtak om fullmakt til å pådra staten forpliktingar for investeringsprosjekt.

Forventa varige driftsutgifter knytt til systema i politiet er per tid anslått til om lag 200 mill. kroner frå og med 2026.

Løyvinga til politiet som gjeld Schengen IKT-systema er nærmare omtalt under post 46.

Kamp mot kriminalitet

Økonomisk kriminalitet

Velferdsstaten er i stor grad finansiert gjennom skattar og avgifter på inntekt, forbruk og formue. Gjennom økonomisk kriminalitet, irekna kvitvasking, arbeidslivskriminalitet, fiskerikriminalitet og annan kriminalitet som gjeld økonomi, blir store beløp unndradd frå skattlegging som kunne ha komme samfunnet til gode. Svart lønning og skjult omsetnad er utbreidd på tvers av bransjar i arbeidslivet. Useriøse aktørar under- og feilrapporterer systematisk fisk og skaldyr. Slik får bedrifter som driv ulovleg, òg ein konkurransefordel overfor bedrifter som driv lovleg.

Økonomisk kriminalitet har låg risiko for å bli oppdaga og krev mykje ressursar å etterforske og føre for retten. Dei fleste saker om økonomisk kriminalitet blir etterforsa i politidistrikta. Økokrim har gjennom fagforvaltaransvaret sitt dei siste åra gitt betydeleg rettleiing og kompetansedeling til økoteama i politidistrikta. For å få god effekt av denne rettleiinga må økoteama byggje kompetanse over tid.

Regjeringa ønskjer å styrke arbeidet mot økonomisk kriminalitet. Trusselbiletet saman med utviklinga i kampen til styresmaktene mot økonomisk kriminalitet gir grunn til bekymring. Vidareutviklinga av kampen mot økonomisk kriminalitet bør ha eit langsiktig perspektiv som er forankra i utfordringsbiletet. Ei samla og kunnskapsbasert tilnærming til økonomisk kriminalitet i vid forstand vil gi eit best mogleg grunnlag for bruk av dei verkemidla som staten har innanfor kriminalpolitikken.

Det kan vere aktuelt å sjå nærmare på korleis politiet og andre offentlege etatar arbeider med oppfølginga av politimeldingar og rapporteringar frå privat sektor og om tilsynsstyresmakter eller andre offentlege etatar i justissektoren kan få fleire ressursar eller organiserast betre. Enkelte verkemiddel vil krevje involvering av Stortinget. Regjeringa vil gjennomføre ein heilskapleg gjennomgang av kampen mot økonomisk kriminalitet i Noreg og tek sikte på å fremme ei stortingsmelding og ev. andre tiltak som skal utvikle politikken for å kjempe mot økonomisk kriminalitet.

Vald, overgrep og vald i nære relasjonar

Vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep er alvorleg kriminalitet som skal prioriterast høgt i heile straffesakskjeda, frå førebygging til straffegjennomføring. Regjeringa vil leggje til rette for å førebygge betre og avdekke meir av vald og overgrep, for betre oppfølging av valdsutsette, auka kompetanse, styrkt samarbeid mellom tenester og sektorar, og dertil at vald og overgrep blir prioritert i heile straffesakskjeda. Regjeringa arbeider med å etablere ein partnardrapskommisjon med sikte på oppstart hausten 2023 ved Statens sivilrettsforvaltning. Regjeringa vil leggje fram ein opptrappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar. Arbeidet med å førebygge og kjempe mot internettrelaterte overgrep mot barn inngår i det breiare arbeidet til regjeringa for trygg digital oppvekst.

Arbeidet for å førebygge og kjempe mot vald og overgrep spenner over ansvarsområda til fleire departement og krev koordinert tverrdepartemental og tverrsektoriell innsats. Regjeringa vil leggje til rette for betre førebygging og avdekking av vald og overgrep, betre oppfølging av valdsutsette, auka kompetanse, styrkt samarbeid mellom tenester og sektorar og dertil at vald og overgrep blir prioritert i heile straffesakskjeda. Regjeringa sin opptrappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar skal utformast i samarbeid mellom fleire departement.

Opptrappingsplanen skal ta utgangspunkt i utgreiingane frå partnardrapsutvalet og barnevaldsutvalet og i relevante evalueringar på feltet. Riksrevisjonen sin rapport om innsatsen til styresmaktene mot vald i nære relasjonar, som kom i juni 2022, og den kommande rapporten frå overvakingskomiteen til Europarådet, GREVIO, om korleis Noreg implementerer Istanbul-konvensjonen, vil vere sentrale dokument. I tillegg skal ein ta høgde for relevant forskning på valdsfeltet i alle delar av samfunnet.

Hatkriminalitet og ekstremisme

Hatkriminalitet rammer demokratiske verdiar og undergrev folks tryggleiksfølelse. Både førebygging, avdekking og straffefølgjing er viktige element i innsatsen mot hatkriminalitet. Hatkriminalitet er sentralt prioritert i Riksadvokaten sitt mål- og prioriteringsskriv dei siste åra, på linje med annan alvorleg, integritetskrenkande kriminalitet. I 2021 vart det etablert eit nasjonalt kompetanse-miljø som skal jobbe med kompetanseheving i hele politi-Noreg på dette fagfeltet. Vidare utvik-

ling av dette miljøet vil være viktig for å styrke politiets nasjonale arbeid med førebygging og kamp mot hatkriminalitet, medrekna på lhbtqi-feltet.

Regjeringa ser alvorleg på dei konsekvensane som radikaliserings og ekstremisme kan få for liv, helse og tryggleik. Det er behov for meir kunnskap om ekstremisme og tiltak som førebyggjer og motverker radikaliserings og ekstremisme. Regjeringa har derfor oppnemnd ein ekstremismekommisjon. Kommisjonen skal levere si utgreiing innan utgangen av 2023 til Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Cyberkriminalitet og teknologi

Digitaliseringa av samfunnet gir kriminelle aktørar større handlingsrom, anten dei er enkelt-personar, organiserte kriminelle eller statlege aktørar. Forsvarets forskingsinstitutt (FFI) sin rapport *Samfunnsutviklingen frem mot 2030 – utfordringer for politi, påtalemyndigheten og PST* peikar på teknologiutviklinga som den viktigaste utfordringa. Skjuling av digitale spor gjer det vanskeleg å avdekke, etterforske og få oversikt over omfanget av den kriminelle aktiviteten. Metodane politiet har for å sikre elektroniske spor, skal vidareutviklast for å styrke arbeidet med digital kriminalteknikk, og politiet skal vidareføre samarbeidet med andre land innan metodeutvikling. Politiet skal vurdere bruk av ny teknologi for å handtere elektroniske spor.

Plikta til å lagre IP-adresser trer i kraft 1. januar 2023 og vil gi politiet betre tilgang til informasjon i kampen mot alvorleg kriminalitet. Den nye tilleggsprotokollen til Europarådet sin konvensjon om datakriminalitet legg til rette for eit samarbeid med tenestetilbydarar om å utlevere elektroniske bevis. Regjeringa tek sikte på å signere tilleggsprotokollen så raskt som mogleg.

Internett er ein viktig del av kvardagen til menneske over heile landet. Vi held kontakten med venner på sosiale medium og har fleire av verdiane våre lagra digitalt. Kriminelle arbeider derfor òg meir mot digitale verdiar og på sosiale medium.

Utviklinga der internett blir nytta til å komme i kontakt med barn og unge for å gjere overgrep, er svært bekymringsfull. Samarbeid med private aktørar er nødvendig for å sikre at barn og unge er trygge på internett. Politiet er til stades på sosiale medium, og særleg dei som blir brukte av barn og unge. Regjeringa vil greie ut om det skal innførast ei plikt til å avdekke, rapportere og fjerne materiale som inneheld seksuelt misbruk

av barn, og innhald som har «grooming» av barn til formål.

Straffesaksbehandling

Dei allmenne måla for behandling av straffesaker er høg kvalitet, høg oppklaringsprosent, kort behandlingstid og adekvat reaksjon. I tråd med Riksadvokaten sitt fagleiingsrundskriv skal det vere dialog med statsadvokatembeta og politimeistrane når prioriteringar og mål for straffesaksbehandlinga i politiet blir fastsette.

Politiet har redusert restansar knytte til straffesaksbehandling og føring for retten dei siste åra. Likevel er det utfordringar ved resultata, også på nokre av dei høgast prioriterte områda. Bl.a. er oppklaringsprosenten for vald- og seksuallovbrot framleis for låg, og han har hatt ei negativ utvikling de siste åra. Særleg gjeld dette for vald i nære relasjonar. Behandlingstida er òg for lang, sjølv om ho har blitt betre. Dette er utfordringar som òg er påpeika i undersøkinga til Riksrevisjonen, Dokument 3:7 (2021–2022). Dette krev merksemd frå leiinga i politidistrikta og samhandling med statsadvokatembeta for å finne eigna tiltak.

Den negative utviklinga av oppklaringsprosenten må analyserast nærmare for å avdekke årsakene til utviklinga slik at tiltak kan setjast i verk for å snu utviklinga. Riksadvokaten og Politidirektoratet er i gang med dette arbeidet, som Riksadvokaten leier. Tilsvarande arbeider Riksadvokaten og Politidirektoratet med å avdekke årsaker til den markante auken av registrerte seksuallovbrot den siste tida slik at eigna tiltak kan setjast i verk.

I tråd med Riksadvokaten sine sentrale prioriteringar for 2022 er det forventet auka innsats for å avdekke, etterforske og føre for retten fleire saker om økonomisk kriminalitet. Det er viktig å snu nedgangen i talet på etterforsa lovbrøt som gjeld økonomisk kriminalitet, som har vart i mange år.

Mykje av den organiserte kriminaliteten, t.d. grov narkotikakriminalitet, skjer ved bruk av kommunikasjon via nettenester og andre plattformer. Kripas har spissa etterforskingkunnskap på dette området. Utfordringsbiletet viser at internett og digitale teknologiar er i bruk i nesten alle former for kriminalitet og har auka dei siste åra. Det er derfor nødvendig at også politidistrikta byggjer kompetanse.

I heile sektoren blir det utvikla løysingar for å støtte oppunder ein meir effektiv og sikker arbeidsprosess frå eit lovbrøt blir meldt til politiet, under etterforskinga, gjennom behandlinga i domstolane og fram til straffa skal sonast.

Forvaltningsoppgåver og sivil rettspleie

Forvaltningsoppgåvene til politiet skal sikre innbyggjarane effektive tenester med god kvalitet. Forvaltningsoppgåvene bidrar òg til å førebyggje kriminalitet og uønskte hendingar. Førebygging gjennom forvaltning inneber at politiet bruker informasjon dei allereie har, i samhandling med andre fagområde i politiet. Det kan føre til at løyve ikkje blir gitt eller at løyve blir kalla tilbake frå personar som ikkje lenger fyller vilkåra for å ha slike løyve (våpen, førarkort, vaktverksemd, pass og ID-kort, brukthandel osv.).

Politiet si teneste for pass og ID-kort treffer nesten heile befolkninga. Kontrollen med og utferdinga av ID-dokument bidrar til å førebyggje kriminalitet og tryggje identiteten til innehavaren. I 2022 har auka etterspurnad etter pandemien og manglande råvarer som følgje av krigen i Ukraina utfordra kapasiteten til politiet og gjort det vanskeleg for produsenten å levere mange nok dokument. Regjeringa er opptatt av å gi innbyggjarane eit best mogleg tilbod om pass og ID-kort nær der folk bor. Justis- og beredskapsdepartementet har i samarbeid med politiet fått gjennomført fleire tiltak for å redusere ventetida og køane på pass- og ID-kontora og vil vurdere andre tiltak for å sikre betre tilgjengelegheit og kortare reiseveg for folk i heile landet. Politidirektoratet er òg bede om å starte eit arbeid for å sjå på tiltak som kan gjere leveransekjeda for pass og ID-kort meir robust og auke den nasjonale beredskapen. Tiltaka som er sette i verk, svarer ut vedtaka som vart fatta av Stortinget under behandlinga av representantforslag 160 S (2021–2022) 3. juni 2022, jf. Innst. 431 S (2021–2022) og vedtak 647 til 652.

Politidirektoratet har fått i oppdrag å etablere ei betre og meir effektiv digital våpenforvaltning i samarbeid med Brønnøysundregistera. Det vart mogleg for innbyggjarane å sende inn søknad om jaktvåpen digitalt frå 2. september 2021, og arbeidet med å automatisere saksbehandlinga er i gang. Det er venta at automatiseringa vil gi effekt frå 2023, noko som venteleg vil korte ned saksbehandlingstida vesentleg. I mellomtida er det gjennomført fleire tiltak for å redusere saksbehandlingstida i 2022, bl.a. er budsjetta til politidistrikta med lengst saksbehandlingstid og flest våpensøknader styrkt med 13,5 mill. kroner. Dette har ført til at dei har kunna tilsetje fleire saksbehandlarar og auke bruken av overtid. I tillegg vart Politidirektoratet gitt i oppdrag å øyremerkje ytterlegare 10 mill. kroner for å få ned saksbehandlingstidene i inneverande år.

Forskrift om nasjonalt register for vaktverksemd vart fastsett av departementet 25. januar 2022 og sett i verk 1. april 2022. Vaktverksemdregisteret skal bidra til ei effektiv og formålstenleg løysing av politiet sine løyve- og kontrolloppgåver etter vaktverksemdlova.

Politiet har òg forvaltningsoppgåver knytte til utlendingssaker. Søknader om asyl, opphald og statsborgarskap blir leverte til førstelinja i politiet. Talet på ubehandla saker i politiet auka i 2021, bl.a. fordi politidistrikta prioriterte å redusere ventetida på time for oppmøte for framsetting av søknad i perioden med mindre strenge smitteverntiltak. I tillegg var det ein auke i søknader om statsborgarskap. Talet har auka endå meir i første tertial i 2021, frå 13 000 til nesten 17 000 saker, bl.a. pga. auka oppgåvemengd og at tilsette vart omdisponerte til asylregistrering pga. Ukraina-situasjonen. Sjå omtale under del 1 og programkategori 06.90. Ved utgangen av 2021 hadde åtte av tolv politidistrikt redusert saksbehandlingstida for opphaldsaker. I tillegg har politiet ansvar for å transportere ut personar utan lovleg opphald. Returar til ei rekkje land vart mellombels stansa i 2020 og 2021 pga. virusutbrotet.

Gjennom prioritert saksgang for utlendingar som er ein fare for grunnleggjande nasjonale interesser, samarbeider politiet med PST og utlendingsstyresmaktene om rask saksbehandling og uttransport i slike saker. Dette har betydning for tryggleiken til Noreg og bidrar til å motarbeide kriminalitet.

Sivil rettspleie er eit omgrep for namsmannen sine oppgåver. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2020 vart det løyvd midlar til mellombelse stillingar hos namsmannen for å ta unna restansar. Dei mellombelse stillingane vart fasa ut i 2021. Kostnadsutviklinga for forbrukarane er aukande og følges nøye for å imøtekomme allereie aukande restansar på best mogleg vis. Det har vore ein tendens til auka saksbehandlingstid i gjeldsordningssaker, noko som går utover rettstryggleiken for dei involverte, som ofte er i ein vanskeleg livssituasjon. Det er iverksett tiltak som er meint å betre saksbehandlingstida i alle distrikta, men særskilt i dei distrikta som er hardast råka.

Gebyret for utlegg er prisa for høgt. Gebyret for utleggsforretningar er på 1 504 kroner. Sjølvkosten til utleggsforretningar er 669 kroner. Overprisinga er 835 kroner over sjølvkosten. Ein vesentleg del av disse sakene gjeld i tillegg personar med dårleg evne til å betale. Sjå òg omtale under programkategori 06.20.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttes under kap. 441, post 01 og kap. 443, post 01

Posten dekker alle ordinære driftsutgifter i politiet og dei lokale einingane til Politiets tryggingstene (PST) i politidistrikta, med unntak av Politidirektoratet, jf. kap. 441, Politihøgskolen, jf. kap. 442 og påtalemakta i politiet, jf. kap. 443. Element som lønn til tilsette, våpen, køyretøy, verneutstyr, uniformer og IKT m.m. er driftsrelaterte innsatsfaktorar som er budsjetterte under posten. Justis- og beredskapsdepartementet held tilbake ein mindre del av løyvinga sentralt.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 75 mill. kroner som skal gå til betre lokale polititene og beredskap, meir tilgjengeleg politi for folk i heile landet og nye polititeneestader.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 71,3 mill. kroner til heilårsverknaden av at politiet og PST har auka kapasiteten til å avdekke samansette truslar og etterretning i dei tre nordlegaste fylka, jf. Prop. 78 S (2021–2022), jf. Innst. 270 S (2021–2022).

Det blir foreslått å auke løyvinga med 53 mill. kroner som følgje av endra periodisering av utgifter til planlagde prosjekt i politiet, jf. Prop. 115 S (2021–2022), jf. Innst. 450 S (2021–2022).

Det blir foreslått å auke løyvinga med 225 mill. kroner for å handtere auka asylinnkomstar frå Ukraina. Styrkinga skal gi politiet ressursar til arbeidet med registrering. Sjå òg omtale under programkategori 06.90 Beskyttelse og innvandring.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 242,2 mill. kroner, irekna 20 mill. i redusert driftsbudsjett for Politidirektoratet, og 168,1 mill. kroner i reduksjon i bl.a. politiet si bruk av konsulentar, i Politiets IT-eining og Politiets fellestenester og sentral administrasjon i politidistrikta.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 389,2 mill. kroner i samband med at det blir foreslått å opprette eit nytt budsjettkapittel for Politidirektoratet, jf. omtale under kap. 441. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) skal gå gjennom Politidirektoratet sitt mandat, oppgåver og ressursar. Regjeringa vil bruke denne rapporten i si vurdering av om organiseringa og styringa i norsk politi bør endrast.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1 421,4 mill. kroner i samband med at det blir foreslått å opprette eit nytt budsjettkapittel for påtalemakta i politiet, jf. omtale under kap. 443.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 28,5 mill. kroner i samband med at det blir fore-

slått å opprette ei ny budsjettpost for Schengen IKT-systema i politiet, jf. omtale under post 46.

Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten som ikkje blir omtalte nærmare.

Samla blir det foreslått ei løyving på 19 520,8 mill. kroner i 2023.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får ei bestillingsfullmakt under kap. 440, post 01, på 250 mill. kroner i 2022, jf. forslag til vedtak. Det blir foreslått ei nettobudsjetteringsfullmakt under posten, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3440, postane 02, 03 og 04, jf. forslag til vedtak.

Post 22 Søk etter antatt omkomne, kan overføres

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til søk etter personar ein reknar med er omkomne på havet, i innsjøar, i vassdrag og på landområde. Posten dekker òg nokre personellutgifter og ev. utgifter til å betre søkemetodane.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 10,1 mill. kroner.

Post 23 Sideutgifter i forbindelse med sivile gjøremål

Løyvinga på posten skal dekke sideutgifter i samband med sivile gjøremål. Dette gjeld i hovudsak sideutgifter i samband med tvangsforretningar og utgifter i samband med gjeldsordningssaker.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 34,8 mill. kroner.

Post 25 Variable utgifter ved ankomst, mottak og retur i politiets utlendingsforvaltning

På posten fører ein dei variable utgiftene til retur av personar med avslag på søknad om asyl, bortviste og utviste personar, og personar som skal forlate Noreg i tråd med Dublin-regelverket. Dette regelverket slår fast kva land som har ansvaret for å behandle søknad om asyl. Når andre land har ansvaret for å behandle søknad frå person som er i Noreg, kan personen returnerast til dette landet. For slike returar gjeld det særskilde fristar. Om retur ikkje skjer innan fristen, må saka takast til behandling i Noreg.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 104,4 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Posten omfattar utgifter til større utstyrsanskaffingar og vedlikehald.

Fleire prosjekt går over i ein driftsfase, og samstundes blir det foreslått å omdisponere løyvinga til politiet som gjeld Noreg sine Schengen-IKT-forpliktingar til kap. 440, post 46, slik at løyvinga på posten blir foreslått redusert, jf. omtale under kap. 440, post 46.

Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med 53,4 mill. kroner. Samla blir det foreslått ei løyving på posten på 80,8 mill. kroner.

Post 46 Investeringer i Schengen-IKT-systemer, kan overføres

Det blir foreslått å opprette ein ny budsjettpost for politiet sine prosjektutgifter knytte til utvikling og implementering av nye felles-europeiske IKT-system for styrkt grensek kontroll, betre informasjonsdeling og tryggleik, jf. omtale under del I, under kap. 440 og under kap. 490. Fram til 2025 vil det vere eit omfattande utviklingsarbeid med systema i politiet og utlendingsstyresmaktene, og løyvinga på posten vil dekke prosjektutgiftene til systemutviklinga i politiet.

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 114,1 mill. kroner til politiet sine prosjektutgifter knytte til prosjekta *SIS recast* og *Entry/Exit System (EES)*, mot ein samla tilsvarende reduksjon på kap. 440, post 01 og post 45.

Det blir vidare foreslått å auke løyvinga på posten med 98,8 mill. kroner som følgje av endra periodisering av utgifter til prosjekta for *SIS recast*, *Eurodac recast* og *EES*, jf. Prop. 115 S (2021–2022), jf. Innst. 450 S (2021–2022).

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 288,2 mill. kroner til utvikling og implementering av systema *Interoperabilitet*, *Eurodac* og *VIS* i politiet.

Det blir foreslått ei samla løyving på posten på 501,1 mill. kroner. Sjå òg omtale under kap. 490.

Post 48 Tildeling fra EUs grense- og visumfinansieringsordninger, kan overføres

Noreg tek frå og med 2023 del i EU si nye grense- og visumordning under finansieringsordninga *Financial support for border management and visa* (BMVI-fondet) som eit Schengen-tilknytt land.

BMVI er ein del av EU si migrasjons- og grenseforvaltning, og skal særleg støtte varetakinga av yttergrensa. Samstundes skal ordninga hjelpe til vidareutvikling av den felles visumpolitikken i tillegg til implementering av den integrerte grenseforvaltningsstrategien hos medlemslanda. Vidare skal ordninga støtte arbeidet mot irregulær migrasjon.

BMVI-fondet erstattar Det indre tryggleiksfondet (ISF-fondet). Noreg tek imot støtte frå EU for å gjennomføre prosjekt innanfor grense- og visumsamarbeidet som er retta mot måla til ordninga. Dei årlege tildelingane frå EU baserer seg på dokumentert forbruk frå støttemottakarar. Midlane blir derfor forskoterte over statsbudsjettet. Dei samla refusjonane under kap. 3440, post 08, skal om lag svare til dei samla tildelingane over heile fondsperioden.

2023 vil vere det første året Noreg vil bruke midlar frå BMVI-fondet. Løyvingane til prosjekt under BMVI-fondet vil løyvast samla over kap. 440, post 48, og i 2023 vil både politiet, Utlendingsdirektoratet (UDI) og Utenriksdepartementet (UD) gjennomføre prosjekt med midlar frå fondet.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 14,1 mill. kroner.

Post 70 Tilskudd

Posten inneheld tilskot til tiltak mot menneskehandel og prostitusjon, medrekna hjelpetiltaket ROSA for utgifter til koordinering av butilbod og drift av ein hjelpetelefon, til tryggingstiltak ved trus- og livssynssamfunn og til politiforeiningar.

Tabell 2.7 Tilskot som blir lyste ut

	(Beløp i 1 000 kroner)
Tilskot	Forslag 2023
Tiltak mot menneskehandel og prostitusjon	37 491
Tryggingstiltak ved trus- og livssynssamfunn	5 142
Politiforeiningar	4 730
Sum	47 363

Tiltak mot menneskehandel og prostitusjon

Formålet med tilskotsordninga er å motverke at barn og vaksne blir utsette for menneskehandel, hjelpe menneske ut av prostitusjon og redusere etterspurnaden etter prostitusjon.

Organisasjonar som driv frivillig verksemd, kan få tilskot. Dersom frivillige organisasjonar ikkje tilbyr tilfredsstillande aktivitetar og tiltak, kan kommunar få tilskot for å gjere det. Det kan bli gitt tilskot til tiltak som bidrar til å oppfylle formålet med ordninga. Justis- og beredskapsdepartementet tildeler tilskot etter ei skjønnsmessig vurdering av i kor stor grad dei aktuelle prosjekta kan bidra til å oppfylle formålet med tilskotsordninga. Departementet går gjennom rapportering frå mottakarane. Tilskota i 2021 førte bl.a. til at offer for menneskehandel fekk trygg oppfølging på eigna institusjonar.

Tryggingstiltak ved trus- og livssynssamfunn

Formålet med tilskotsordninga er å hjelpe til at trus- og livssynssamfunn kan gjennomføre fysiske tryggingstiltak, for å vareta ansvaret sitt for å sikre personane som oppheld seg i lokala til trus- eller livssynssamfunnet. Trus- og livssynssamfunn og paraply- og dialogorganisasjonar for trus- og livssynssamfunn som har organisasjonsnummer i Einingsregisteret, kan få tilskot. Ordninga blir forvalta av Politiets fellestenester. I vurderinga av søknadene blir det lagt særleg vekt på i kva grad trus- og livssynssamfunnet blir sett på som eit potensielt mål med opphøgd trussel i den årlege nasjonale trusselvurderinga til Politiets tryggingsteneste, om søkaren har særskilde behov for fysiske tryggingstiltak, og dessutan om søkaren har fått og/eller søkt om støtte frå andre offentlege styresmakter til fysiske tryggingstiltak. Politiets fellestenester gjennomgår rapporteringa frå mottakarane. Tilskota førre året gjekk bl.a. til anskaffing av inngangsdører, tilgangskontroll, overvakingsskamera m.m.

Politiforeiningar

Formålet med tilskotsordninga er å leggje til rette for stønad til drift av landsdekkande lag, selskap og foreiningar som bidrar til å ivareta felles fag-

lege, sosiale, kulturelle og velferdsmessige interesser for politiet sine tilsette og pensjonistar. Regjeringa vil fastsette regelverk for ordninga, med nærmare kriterium for tildeling av midlane.

Tabell 2.8 Øyremerkte tilskot til særskild mottakar

(Beløp i 1 000 kroner)	
Tilskot	Forslag 2023
Krisesentersekretariatet (ROSA-prosjektet og drift av nasjonal hjelpetelefon)	5 039
Sum	5 039

ROSA-prosjektet jobbar med å støtte personar som er utsette for menneskehandel slik at dei får utløyst sine rettar i Noreg, og å løfte erfaringane og utfordringane deira for å betre vilkåra deira.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 52,4 mill. kroner.

Post 71 Tilskudd Justismuseet

Justismuseet (Nasjonalt museum for politi, rettsvesen og kriminalomsorg) er ei privat stifting i Trondheim. Dette museet skal initiere og drive forskning og vere eit kompetansesenter for dokumentasjon og formidling av kunnskap om kva lov og rett har å seie for det norske samfunnet, historisk sett og i eit samfunnsaktuelt perspektiv.

Justismuseet søker årleg om tilskot og sender årsrapport og rekneskap, godkjende av revisor til Justis- og beredskapsdepartementet. I 2022 var tilskotet på om lag 8 mill. kroner. I tillegg til tilskot, inntekt frå billettsal og utleie av magasin skal Justismuseet søke støtte frå frie fond og private og offentlege støtteordningar.

Tilskotet til Justismuseet er nøkternt, og ein reduksjon vil føre til at Justismuseet ikkje vil klare å tilby gode og publikumsvennlege tenester og utstillingar.

Ein ser ikkje at det er andre potensielle mottakarar av dette tilskotet.

Museumsdrift krev infrastruktur og særskild kompetanse. Vidare er ein rimeleg tidshorisont for tilrettelegging for t.d. utstillingar, viktig for at Justismuseet skal kunne tilby relevante og oppdaterte tenester og utstillingar. Å innlemme tilskotet i ei tilskotsordning ser ein difor ikkje som målstenleg.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 8,2 mill. kroner.

Post 73 Internasjonale forpliktelser, mv., kan overføres

Løyvinga under posten dekkjer utgifter knytte til internasjonale forpliktingar, medrekna bl.a. utbetalingar til EU si grense- og visumordning, til Det europeiske byrået for operativ forvaltning av store IT-system på området for fridom, tryggleik og rettferd (eu-LISA) og til Det europeiske grense- og kystvaktbyrået (Frontex). Noreg er gjennom Schengen-medlemskapet vårt forplikta til å vere med på å finansiere aktivitet i dei relevante EU-byråa og til å vere med på innbetalingar til EU si grense- og visumfinansieringsordning.

Det blir bl.a. foreslått å auke løyvinga med 12,9 mill. kroner til betaling av dei norske kontingentane til EU sitt IT-byrå, eu-LISA, i 2023. Vidare blir det foreslått å auke løyvinga med 49,1 mill. kroner til dei norske kontingentane til EU si grense- og kystvaktordning (Frontex). Storleiken på kontingentane blir fastsett i det gjeldande budsjettet i EU-verksemdene, og dei blir betalte i euro.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 657,2 mill. kroner.

Post 74 Midlertidig destruksjonspant for enkelte typer halvautomatiske rifler

I vedtak 883 av 6. mai 2021 bad Stortinget regjeringa om å utarbeide eit forslag til ei økonomisk kompensasjonsordning for våpeneigarar som er ramma av forbodet mot enkelte typar halvautomatiske rifler, jf. våpenlova §5 annet ledd nr. 3. For erverv trådte forbodet i kraft 1. juni 2021, og for innehaving trer forbodet i kraft 1. juni 2024. For å følgje opp vedtaket vart det oppretta ei ordning for mellombels destruksjonspant i perioden 2022–2024. Våpeneigarar som er ramma av forbodet, gis

ein eingongssum på 4 000 kroner per våpen som blir levert inn.

Ordninga startar opp når alle ukklarheiter er avklart.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1 mill. kroner.

Kap. 3440 Politiet

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Gebyr – pass og våpen	420 519	817 352	718 795
02	Refusjoner mv.	119 167	235 443	222 506
03	Salgsinntekter	40 609	60 561	51 651
04	Gebyr – vaktelskap og etterkontroll av deaktiverte skytevåpen	1 218	4 828	4 828
06	Gebyr – utlendingssaker	324 188	285 457	304 187
07	Gebyr – sivile gjøremål	838 588	774 583	721 078
08	Refusjoner fra EUs grense- og visumfinansieringsordninger	32 459	65 000	94 100
Sum kap. 3440		1 776 748	2 243 224	2 117 145

Kapitlet består i hovudsak av inntekter frå gebyr for tvangssaker, forlikrådssaker, passutferding og våpenløyve.

Post 01 Gebyr – pass og våpen

Løyvinga på posten dekker inntekter frå behandlingssaker for pass og våpenløyve.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 98,6 mill. kroner i samband med redusert forventa etterspurnad etter pass og nasjonale ID-kort.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 718,8 mill. kroner.

Post 02 Refusjoner mv.

Politiet får refundert utgifter for politioppdrag som er utførte for organisasjonar, lag, entreprenørar og offentlege etatar i samsvar med særskild heimel. Omfanget av slike oppdrag varierer frå år til år, og inntektsestimatet er derfor svært usikkert. Utgifter politiet har til deltakinga si i internasjonale operasjonar, blir løyvde på Utanriksdepartementet sitt budsjettkapittel 151 *Fred, sikkerhet og globalt samarbeid*, og politiet får refundert desse utgiftene frå Utanriksdepartementet.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01, kap. 441, post 01 og kap. 443, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3440, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 222,5 mill. kroner.

Post 03 Salgsinntekter

Inntekter frå innbyte og sal av utskifta køyretøy m.m. blir rekneskapsførte på posten. I tillegg blir inntekter frå sal av spesialutstyr til politidistrikta, kriminalomsorga, tolletaten m.m. førte på posten.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3440, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 51,7 mill. kroner.

Post 04 Gebyr – vaktelskap og etterkontroll av deaktiverte skytevåpen

Løyvinga på posten omfattar eingongsgebyr til å dekke utgifter ved behandling av søknader og gebyr ved feilalarmer der politi- og lensmannseta-

ten rykkjer ut, og etterkontroll av deaktiverte skytevåpen.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3440, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 4,8 mill. kroner.

Post 06 Gebyr – utlendingssaker

Løyvinga på posten dekker gebyr i samband med søknad om opphald på anna grunnlag enn vern, statsborgarskap, visum, reisebevis og utlendingsspass. Løyvingsforslaget tek utgangspunkt i talet på utlendingssaker til politiet.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 18,7 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2022. Bakgrunnen er at det er venta fleire søknader innan visse sakstypar i 2023.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 304,2 mill. kroner.

Post 07 Gebyr – sivile gjøremål

Løyvinga på posten skal dekke gebyrinntekter i samband med den sivile rettspleia på grunnplanet, dvs. gebyr for tvangsføretningar og forliksrådsbehandling.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 65,9 mill. kroner som følgje av lågare forventade gebyrinntekter ved tvangssaker og forliksrådsbehandling pga. endringar i anslag for utleggs- og forliksaker.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 721,1 mill. kroner.

Post 08 Refusjoner fra EUs grense- og visumfinansieringsordninger

Posten dekker refusjonar frå EU si grense- og visumfinansieringsordning. I 2023 mottok Noreg refusjonar for prosjekt knytt til Det indre trykkeliksfondet (ISF-fondet). Refusjonsutbetalingane vil variere frå år til år og baserer seg på dokumentert forbruk frå støttemottakarar. Midlane blir derfor forskoterte over statsbudsjettet, jf. omtalen under kap. 440, post 48.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 94,1 mill. kroner.

Kap. 441 Politidirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttas under kap. 440, post 01</i>			389 156
	Sum kap. 0441			389 156

Politidirektoratet leier politiet og har ansvaret for fagleg leiing, styring, oppfølging og utvikling i heile etaten, med dei avgrensingane som følgjer av at Riksadvokaten har det faglege overordna ansvaret for all straffesaksbehandling. Politiet er leia av Politidirektoratet og består i tillegg av 21 andre einingar jf. omtale under kap. 440.

Bemanninga per 31. desember 2021 utgjorde 292 årsverk.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttas under kap. 440, post 01

Løyvinga på posten omfattar ordinære driftsutgifter under Politidirektoratet, irekna lønnsutgifter, driftsutgifter til leige av lokale og andre driftsutgif-

ter. I løyvinga på posten er det teke omsyn til reisekutt og innsparing i utgifter til bl.a. konsulenttenester, forvaltning og administrasjon, totalt 20 mill. kroner.

Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) skal gå gjennom Politidirektoratet sitt mandat, oppgåver og ressursar. Regjeringa vil bruke rapporten i si vurdering av om organiseringa, styringa eller fordelinga av ressursane i norsk politi bør endrast. Regjeringa ønskjer å redusere sentralt byråkrati og vil vurdere å foreslå ei ytterlegare omfordeling av midlar frå Politidirektoratet i lys av gjennomgangen.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 441, post 01, mot tilsvarende meir-

rinntekter under kap. 3440, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 389,2 mill. kroner.

Kap. 442 Politihøgskolen

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert bud- sjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	658 811	633 618	654 870
	Sum kap. 0442	658 811	633 618	654 870

Politihøgskolen er den sentrale utdanningsinstitusjonen for politiet i Noreg og har som hovudoppgåve å drive utdanning, forskning og formidling. Skulen skal vere ein profesjonsretta utdanningsinstitusjon som held eit høgt nivå, og som utviklar og formidlar dei kunnskapane, ferdigheitene og haldningane som politiet må ha for å bidra til å sikre tryggleik, lovlydnad og orden.

Bemanninga per 31. desember 2021 utgjorde 362 årsverk.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer lønnsutgifter og andre driftsutgifter ved Politihøgskolen.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 27,1 mill. kroner som følgje av at opptaket til bachelorprogrammet ved Politihøgskolen vart

auka med 100 studieplassar i 2022, jf. Prop. 115 S (2021–2022), jf. Innst. 450 S.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 3,7 mill. kroner som følgje av at personell knytt til samvirke- og trening ved Politiets nasjonale beredskapssenter skal vere varig knytt til Politihøgskolen.

Det blir foreslått å redusere løyvinga som følgje av heilårsverknaden av at opptaket til bachelorprogrammet ved Politihøgskolen vart redusert i 2018 og 2020.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 442, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3442, postane 02 og 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 654,9 mill. kroner.

Kap. 3442 Politihøgskolen

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
02	Diverse inntekter	20 759	16 648	17 147
03	Inntekter fra Justissektorens kurs- og øvingssenter	9 298	10 901	11 228
	Sum kap. 3442	30 057	27 549	28 375

Post 02 Diverse inntekter

Inntektene til Politihøgskolen kjem frå kursverksemd, utleige, kantinesal og boksal, i tillegg til moglege inntekter frå oppdragsverksemd.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 442, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3442, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 17,1 mill. kroner.

Post 03 Inntekter frå Justissektorens kurs- og øvingssenter

Inntekter frå drifta av Justissektorens kurs- og øvingssenter i Stavern blir førte på posten.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga

under kap. 442, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3442, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 11,2 mill. kroner.

Kap. 443 Påtalemyndigheten i politiet

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 440, post 01</i>			1 432 401
	Sum kap. 0443			1 432 401

Påtalejuristane i politiet leier polititenestepersonane si etterforskning og er ansvarlege for etterforskninga i politiet. Dei er direkte underlagde statsadvokatane i enkeltsaker. I Noreg er fyrste nivå i påtalemakta integrert i politidistrikta, som blir leidd av politimeistrane, ein såkalla integrert og framskoten påtalefunksjon.

Bemanninga i påtalemakta i politiet utgjorde 927 årsverk per 31. juli 2022.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttes under kap. 440, post 01

Løyvinga på posten omfattar ordinære driftsutgifter knytt til påtalejuristane i politiet, irekna lønnsutgifter og andre indirekte utgifter. Det blir fore-

slått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 443, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3440, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 1 421,4 mill. kroner, mot ein samla tilsvarende reduksjon på kap. 440, post 01.

Regjeringa styrka påtalemakta i politiet med 26,3 mill. kroner i 2022, jf. Prop. 1 S Tillegg 1 (2021–2022). Det blir foreslått å auke løyvinga i 2023 med ytterlegare 11 mill. kroner til å styrke kapasitet og kompetanse i påtalemakta i politiet. Dette vil òg ha positive konsekvensar for etterforskninga i politiet.

Det blir foreslått ein løyving på posten på 1 432,4 mill. kroner.

Kap. 444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST)

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	997 872	1 214 194	1 298 959
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>		94 000	95 822
	Sum kap. 0444	997 872	1 308 194	1 394 781

Det primære ansvaret til Politiets tryggingsteneste (PST) er å førebyggje, avdekke, etterforske, føre for retten og handtere dei mest alvorlege truslane mot tryggleiken i riket og mot grunnleggjande nasjonale interesser. PST er både ei etterretningsteneste, ei tryggingsteneste og ei polititeneste.

Det er òg ei sentral oppgåve for PST å utarbeide analysar og trusselvurderingar til stønad for avgjerdene til styresmakter og andre aktørar. I til-

legg har PST ei viktig rolle som rådgivar. PST samarbeider i stor grad både nasjonalt og internasjonalt under gjennomføringa av samfunnsoppdraget.

Sjefen for PST leier den sentrale eininga (DSE) lokalisert i Oslo og har dessutan det faglege ansvaret for dei lokale PST-einingane i politidistrikta utanfor Oslo. Per 31. desember 2021 utgjorde bemanninga ved den sentrale eininga 616 årsverk.

Arbeidsformer og regelverk

For å møte trusselen frå framande etterretningstenester og terrorisme er det behov for tett samarbeid med ei rekkje aktørar i og utanfor Noreg. Samarbeidet mellom politi-, etterretnings- og tryggingstenestene styrker evna til å møte utfordringane. Samarbeid knytt til cyberdomenet blir bl.a. gjennomført i Felles cyberkoordineringssenter (FCKS), der PST inngår saman med Etterretningstenesta, Nasjonalt tryggingorgan og Kripos. Felles etterretnings- og kontraterrorssenter (FEKTS) vart etablert i 2021 for å styrke samarbeidet mellom PST og Etterretningstenesta. FEKTS bidrar til ei heilskapleg tilnærming til trusslane i dag og i framtida, ved å koordinere saker knytte til terror, kontraetterretning, masseødeleggingsvåpen og andre prioriterte områder. Det er òg etablert eit forsterka samarbeid og informasjonsutveksling mellom PST og politiet, som skal bidra til eit betre situasjonsbilette på sivil side knytt til såkalla samansett verkemiddelbruk.

PST sitt samfunnsoppdrag inneber at dei skal støtte regjeringa, andre styresmakter og sivilsamfunnet med informasjon som kan støtte avgjerdene dei må ta på dette området. Dagens regelverk støttar ikkje i stor nok grad gjennomføringa av dette samfunnsoppdraget.

Mykje av trusselaktiviteten i dag skjer i det digitale rommet, bl.a. radikaliserings- og ekstremisme, terrorplanlegging og ulovleg etterretning. For å møte trusselaktørane som opererer i og gjennom det digitale rommet, er det behov for relevante verktøy og kompetanse og eit nødvendig heimelsgrunnlag, samstundes som tenestene verner om personopplysningar. Med tanke på utviklinga i trusselbiletet, og sett opp mot den raske utviklinga innanfor teknologi, er det å sikre eit regelverk som støttar opp under oppgaveløysinga, samstundes som det varettek rettstryggleik og personvernomsyn, eit kontinuerleg arbeid som regjeringa vil følgje opp. Justis- og beredskapsdepartementet følgjer no opp høyringa av eit forslag til endringar i straffelova, straffeprosesslova og politilova som kriminaliserer samarbeid med framand etterretningsteneste om å utøve påverknadsverksemd.

For å sikre at styresmakter og andre som treng informasjon får eit godt grunnlag for avgjerdene sine, blir det no vurdert å foreslå å lovfeste etterretningsoppdraget til PST og å gi ein heimel for behandling av ope tilgjengeleg informasjon.

Ulovleg etterretningsverksemd

Statar viser evne og vilje til å oppnå strategiske mål på eit vis som i aukande grad utfordrar nasjonal tryggleik. Framande statar bruker ein kombinasjon av ulike verkemiddel, sivile og militære, opne og fordekte, i det fysiske så vel som i det digitale rommet. Dette gjer trusselbiletet meir utfordrande og samansett. Den tryggingsspolitiske situasjonen etter at Russland angreip Ukraina, har aktualisert denne problemstillinga ytterlegare. Døme på verkemiddel som er særleg krevjande å oppdage og førebyggje, er økonomiske verkemiddel i form av oppkjøp og investeringar, og påverknadsaktivitet, særleg når han tek form av falske nyheiter og desinformasjon. Samansett verkemiddelbruk utfordrar òg evna styresmaktene har til å fange opp trusselaktørar, til å følgje trusslane over tid og til å vurdere det samla trusselbiletet frå framande statar mot norske interesser. Det er viktig at dei nasjonale tryggingssstyresmaktene har tilstrekkeleg heimelsgrunnlag, kompetanse og ressursar til å avdekke, motverke og handtere den breie verkemiddelbruken som framande statar rettar mot Noreg.

Terror og annan politisk motivert vald

Samfunnsoppdraget til PST omfattar terrorangrep og truslar som gjeld radikaliserings- og valdeleg ekstremisme. Ein kan aldri garantere at terrorangrep ikkje vil hende. Vi må derfor kontinuerleg arbeide med førebygging og med tryggingstiltak hos utsette aktørar.

Truslar mot styresmaktpersonar

PST bidrar til tryggleik for styresmaktpersonar, bl.a. med livvakttenesta for sentrale styresmaktpersonar, utarbeiding av trusselvurderingar, rådgiving og ulike førebyggjande tiltak.

Norske styresmaktpersonar blir i aukande grad utsette for hatefulle, sjikanerande og truande handlingar, ikkje minst i det digitale rommet. Det er òg bekymringsfullt at norske styresmaktpersonar får auka negativ merksemd frå ekstremistar.

Det er ei svært sentral oppgåve for PST å sikre at dei som tek på seg slike sentrale tillitsverv i politikken, ikkje blir utsette for sjikane eller valdelege angrep på seg sjølv eller på familien sin, og at dei blir sette betre i stand til å sikre seg sjølv mot hatefulle og sjikanerande handlingar. Dette er ein viktig del av PST sitt samfunnsoppdrag med å sikre demokratiet.

Eksportkontroll og arbeidet mot ulovleg spreiring av masseøydeleggingsvåpen

Det er ei viktig oppgåve for PST å drive rådgiving, førebyggjande tiltak og etterforskning av saker med brot på reglane for eksportkontroll med forsvarsmateriell og fleirbruksvarer. Det er dessutan ei viktig oppgåve for dei å hindre ulovleg spreiring av masseøydeleggingsvåpen (MØV). Arbeidet blir stadig meir komplekst, og må sjåast i samanheng med ulovleg etterretning frå framande statar. Dette arbeidet går bl.a. for seg i samarbeid med Utanriksdepartementet, Tolletaten og Etterretningstenesta.

Formidling

For at dei enkelte etatane og verksemdene skal kunne ta kunnskapsbaserte avgjerder for å sikre verdiane og interessene sine, må informasjon og medvit om truslar og sårbarheiter nå alle i dei relevante målgruppene. Den offentlege debatten om forsvars- og tryggingsspørsmål føreset òg at kunnskapen blir formidla så ope som mogleg. Justis- og beredskapsdepartementet prioriterer derfor i samarbeid med Forsvarsdepartementet å vidareutvikle formidlinga av trussel- og risikovurderingane frå etterretnings-, overvåkings- og tryggingstenestene. PST har vidareutvikla og målretta arbeidet sitt med trusselformidling og kommunikasjon dei seinare åra,

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer driftsutgifter for den sentrale eininga (DSE) i PST, tillegg til enkelte utgifter til drift av dei lokale PST-einingane i politidistrikta.

Kap. 3444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST)

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
02	Refusjoner	15 619	18 677	19 237
	Sum kap. 3444	15 619	18 677	19 237

Post 02 Refusjoner

På posten blir det ført rekneskap over inntekter som PST får refundert for enkeltoppdrag, og sær-

skild bistand til Utanriksdepartementet. Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 444, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3444, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 13,2 mill. kroner som følgje av livvakttenesta blir overført til PST.

Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten som ikkje blir omtalte nærmare.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 444, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3444, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1 299,0 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Posten omfattar utgifter til større utstyrsanskaffingar og vedlikehald i PST.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 51 mill. kroner til tryggingstiltak og løysingar for å auke driftstryggleiken i PST, jf. Prop. 78 S (2021–2022), jf. Innst. 270 S (2021–2022).

Det blir foreslått å auke løyvinga med 27,6 mill. kroner til system for analyse av data, jf. Prop. 78 S (2021–2022), jf. Innst. 270 S (2021–2022).

Det blir foreslått å auke løyvinga med 15,3 mill. kroner til innkjøp av operativ teknologi, jf. Prop. 78 S (2021–2022), jf. Innst. 270 S (2021–2022).

Det blir foreslått ei løyving på posten på 95,8 mill. kroner.

tekter under kap. 3444, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 19,2 mill. kroner.

Kap. 445 Den høgere påtalemyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	307 522	312 974	317 319
	Sum kap. 0445	307 522	312 974	317 319

Riksadvokaten leier Den høgare påtalemakta både fagleg og administrativt og har den overordna faglege leiinga av heile straffesaksbehandlinga i sin eigen etat og i politiet.

Den høgare påtalemakta er ei fellesnemning for dei ti regionale statsadvokatembeta i Noreg, Det nasjonale statsadvokatembetet, Økokrim og Riksadvokatembetet. Økokrim er både eit statsadvokatembete og ei sentral politieining. Riksadvokaten har det faglege ansvaret for behandlinga av straffesaker ved Økokrim. Politidirektoratet har det overordna ansvaret for anna verksemd ved Økokrim og for administrative saker. Statsadvokatembeta i regionane har den overordna faglege leiinga av straffesaksbehandlinga i politidistrikta i sine regionar. Det nasjonale statsadvokatembetet har påtaleansvaret på statsadvokatnivå for saker som Kripos tek sjølv, og har òg den overordna faglege leiinga av straffesaksbehandlinga ved Kripos.

Det nasjonale statsadvokatembetet har òg påtaleansvaret på statsadvokatnivå for straffesaksbehandlinga ved Politiets tryggingsteneste.

Bemanninga per 31. desember 2021 utgjorde 212 årsverk.

Fagleiing

Den høgare påtalemakta si fagleiing av straffesaksbehandlinga i politiet betyr mykje for å sikre at straffesaksbehandlinga er effektiv og held høg kvalitet. Den høgare påtalemakta har dei siste åra fått auka løyvingar slik at dei gjennom styrkt fagleg styring av påtalemakta i politiet medverkar til auka kvalitet og effektivitet i straffesaksbehandlinga til politiet.

Styrkt fagleiing og ei meir effektiv og rettssikker straffesaksbehandling er formålet bak lovendingar i straffeprosesslova som tredde i kraft 1. juli 2022. Endringane omfattar òg endringar i

organiseringa av påtalemakta sitt arbeid. Endringane i lova og utfyllande retningslinjer frå Riksadvokaten frigjer ressursar frå Den høgare påtalemakta ved auka delegasjon av påtalekompetanse til påtalemakta i politiet. Den høgare påtalemakta skal bruke ressursane sine til styrkt fagleiing og anna kvalitetsutvikling av straffesaksbehandlinga i politiet. Fagleiinga av politiet skal bli meir målretta, systematisk og tilpassa politiet sine lokale behov og kriminalitetsutfordringar. Det er ikkje forventa at Den høgare påtalemakta vil aktørere færre saker, men at statsadvokatane meir målretta bruker aktorkompetansen sin på saker som er krevjande faktisk eller juridisk, som er prinsipielle, som har fått stor offentleg merksemd, eller saker på område der det er ønskjeleg at politiet skal avdekke, oppklare og føre for retten fleire straffbare forhold – t.d. arbeidslivskriminalitet.

Den høgare påtalemakta sitt arbeid med tvangsmiddel i politiet

Som ein del av fagleiinga si gav Riksadvokaten presiserande direktiv om tvangsmiddelbruk i mindre alvorlege narkotikasaker ved skriv 9. april 2021. Riksadvokaten bad 13. april 2021 dei ti statsadvokatembeta om å kartleggje og vurdere praksisen til politiet og påtalemakta ved bruk av tvangsmiddel. Riksadvokaten har i ein nasjonal delrapport frå februar 2022 samanfatta og vurdert funna frå statsadvokatembeta sine undersøkingar av praksisen til politiet, og rapporten inneheld tilrådingar til betringar. Betringsarbeidet er godt i gang, og Den høgare påtalemakta og Politidirektoratet samarbeider om tiltak. Ei ny undersøking er sett i verk mot dei områda som krev meir merksemd. Undersøkinga vil bli samanfatta i ein ny nasjonal rapport.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker i hovudsak driftsutgifter for Den høgare påtalemakta.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 317,3 mill. kroner.

Kap. 3445 Den høgere påtalemyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
02	Refusjoner	2 000		
	Sum kap. 3445	2 000		

Post 02 Refusjoner

Løyvinga på posten dekker refusjonar frå den tidlegare utleigaren i samband med flytting til nye

lokale. Den høgare påtalemakta får ingen refusjonar i 2023.

Kap. 446 Den militære påtalemyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	9 452	9 159	9 329
	Sum kap. 446	9 452	9 159	9 329

Generaladvokaten leier den militære påtalemakta og er overordna krigsadvokatane. Generaladvokaten er underlagd Riksadvokaten i påtalemessige spørsmål, men er administrativt underlagd Justis- og beredskapsdepartementet. Generaladvokaten og krigsadvokatane høyrer til påtalemakta og har ansvar for militære straffesaker. Dei støttar militære sjefar ved etterforsking av disiplinærsaker og fører juridisk kontroll med utøving av disiplinærmakta ved å uttale seg i ei rekkje disiplinærsaker før refs blir gitt, og dessutan ved å uttale seg i alle klagesaker. I tillegg til dei løpande oppgåvene har generaladvokaten ansvaret for å førebu verk-

semda til den militære påtalemakta i krigstid. Embetet har òg oppgåver av folkerettsleg art innanfor fagområde sitt.

Bemanninga per 31. desember 2021 utgjorde 6,5 årsverk.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker alle driftsutgiftene for generaladvokatembetet, irekna krigsadvokatane for Sør- og Nord-Noreg.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 9,3 mill. kroner.

Kap. 448 Grensekommissæren

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	5 838	5 983	6 104
	Sum kap. 0448	5 838	5 983	6 104

Post 01 Driftsutgifter

Bemanninga ved Grensekommissariatet per 31. desember 2021 utgjorde tre årsverk. Løyvinga på posten dekker utgifter til lønn og andre driftsutgifter. Posten skal dessutan dekke utgifter til grense-

merking mellom Noreg og Russland og utgifter i samband med møte med finske og russiske grensestyresmakter.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 6,1 mill. kroner.

Programkategori 06.50 Redningstenesta, samfunnstryggleik og beredskap

Utgifter under programkategori 06.50 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Pst. endr. 22/23
01-25	Driftsutgifter	2 862 734	2 899 148	3 324 733	14,7
30-49	Nybygg, anlegg m.v.	1 725 601	2 715 214	2 032 456	-25,1
60-69	Overføringer til kommuner	1 963 450			
70-89	Overføringer til private	307 241	320 279	339 567	6,0
	Sum kategori 06.50	6 859 026	5 934 641	5 696 756	-4,0

Utgifter under programkategori 06.50 fordelte på kapitler

(i 1 000 kr)

Kap.	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Pst. endr. 22/23
451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	3 778 587	1 647 346	1 887 295	14,6
452	Sentral krisehåndtering	25 447	27 548	27 916	1,3
453	Sivil klareringsmyndighet	47 645	47 324	57 829	22,2
454	Redningshelikoptertjenesten	2 180 024	3 341 525	2 761 130	-17,4
455	Redningstjenesten	462 232	471 413	507 362	7,6
457	Nasjonal sikkerhetsmyndighet	365 091	399 485	455 224	14,0
	Sum kategori 06.50	6 859 026	5 934 641	5 696 756	-4,0

1 Innleiing

Programkategori 06.50 *Redningstenesta, samfunnstryggleik og beredskap* omfattar Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), Sivil klareringsmyndigheit (SKM), Nasjonalt tryggingorgan (NSM), redningshelikoptertenesta, redningstenesta og sentral krisehåndtering.

Verksemdene i programkategori 06.50 er sentrale i arbeidet med stats- og samfunnstryggleik. Verksemdene skal saman med departementet hjelpe til med å sikre tryggleiken til innbyggja-

rane ved at samfunnet best mogleg blir i stand til å førebyggje, motverke og unngå uønskte hendingar. Politiet og Politiets tryggingsteneste (PST) hjelper med trusselforståing, kapasitet og kompetanse for å redusere sårbarheit i samfunnet, jf. òg omtalen under programkategori 06.40.

2 Prioriteringar i 2023

Noreg står overfor eit komplekst trussel- og risikobilete. Endringar i det tryggleikspolitiske bile-

tet, endringar i klima, globalisering, urbanisering og den teknologiske utviklinga bidrar til dette.

Regjeringa sette ned ein totalberedskapskommisjon den 21. januar 2022 for å sjå på korleis dei samla beredskapsressursane kan nyttast best mogleg. Kommisjonen skal vurdere styrkar og svakheiter ved dagens beredskapssystem og foreslå korleis dei samla ressursane i samfunnet kan og bør innrettast for å utvikle samfunnstryggleik og beredskap vidare, og sikre best mogleg samla nytte av beredskapsressursane. Kommisjonen skal levere vurderingane sine i form av ein NOU i 2023.

Krigen i Ukraina har skapt ein ny tryggleikspolitisk situasjon som òg får konsekvensar for det sivile samfunnet i Noreg.

Den nye tryggleikspolitiske situasjonen vil påverke forholdet Noreg har til Russland som nabo i nord. Etterretningstrusselen i Noreg er blitt høgare. Regjeringa vil styrke tryggleiken til den norske befolkninga og norske interesser. Klimaendringar er ein av dei aller største utfordringane i vår tid. I åra framover må vi forvente meir ekstremt vêr og auka påkjenningar frå naturhendingar. Det er derfor nødvendig å styrke innsatsen for å betre den sivile beredskapen i Noreg.

Regjeringa styrkte beredskapen i Noreg gjennom tiltak i Prop. 78 S (2021–2022), jf. Innst. 270 S (2021–2022). Tiltaka knytt til førebyggjande tryggleik var bl.a. ei styrking av Nasjonalt tryggingsorgan (NSM), forbetring av kommunikasjons- og samhandlingsløysingar for den nasjonale krisehandteringa, auking av kompetansen til å oppdage og handtere uønskte hendingar, utvikling og sikring av datasystem i Politiets tryggingssteneste (PST) og auka kapasitet til tryggleiksklareringar i Sivil klareringsmyndigheit (SKM).

Vidare har regjeringa styrkt den operative evna til Sivilforsvaret og satt i gang eit arbeid med å etablere ei moderne befolkningsvarsling basert på Cell Broadcast-teknologien. Cell Broadcast er ein teknologi som kan leverast over mobilnetta, og inneber at ei melding blir kringkasta innanfor eit geografisk område, med moglegheit for lokal, regional eller nasjonal varsling. Systemet vil bidra til å styrke eigenberedskapen og vil vere eit betydeleg løft av samfunnstryggleiken.

Sivilforsvaret har fått lagt til rette for auka øving av dei tenestepliktene og moglegheit for å anskaffe nødvendig moderne utstyr. Vidare fekk dei frivillige organisasjonane i redningstenesta dekt driftsutgiftene til fleire nye Nødnett-terminalar. Dei frivillige organisasjonane er heilt nødvendige for å redde liv over heile landet. Støtte til drift av nye Nødnett-terminalar er viktig for at ein

sentral del av redningstenesta skal kunne bidra effektivt i søk- og redningsaksjonar.

Hovudredningsssentralen

HRS har ansvaret for å koordinere og leie redningsaksjonar i Noreg. I nordlege havområder er Noreg ein leiande rednings- og beredskapsaktør. HRS opplever press i nord med eit utvida ansvarsområde for søk og redning, i kombinasjon med minkande sjøis, aukande sivil og militær maritim trafikk og stadig meir cruisetrafikk der sesongen startar tidlegare og sluttar seinare.

Regjeringa foreslår å auke grunnbemanninga ved HRS på Sola og i Bodø og foreslår å auke løyvinga med 14 mill. kroner i 2023. Ei styrking av grunnbemanninga vil dekke behovet for å handtere det auka talet på hendingar, møte risiko knytt til klimaendringar, auka trafikk i nordområda og vil redusere risikoen for at kapasiteten til HRS ikkje blir overbelasta som følgje av fleire samstundes redningsaksjonar, eller ei stor og kompleks hending som ikkje lar seg handtere med dagens tal på redningsleiarar på vakt. Styrkinga vil òg betre samvirket i den norske redningstenesta, både med å sikre at utviklinga blir forankra i dei faktiske behova til aktørane i redningstenesta og ved betre erfaringsdeling frå hendingar og øvingar.

Innbyggjarane i nord har over ein lengre tid hatt lågare kapasitet på redningshelikopter enn innbyggjarane i resten av landet. For å styrke redningsberedskapen i Nord-Noreg vart det etablert ein ny redningshelikopterbase i Tromsø med grunnlag i å leige inn sivile helikopter frå 1. juli i 2022.

3 Tverrsektorielt arbeid innanfor nasjonal tryggleik og samfunnstryggleiksområdet

Arbeid innanfor tryggleik

Fleire statar bruker verkemiddel mot Noreg og norske interesser på ein måte som utfordrar dei nasjonale tryggleiksinteressene våre. Hybride eller samansette truslar kan hende i ulike sektorar og innanfor både privat og offentleg verksemd. Drivkrefter som teknologiutvikling og digitalisering gir auka sårbarheit, samstundes som trusselaktørane får fleire angrepsflater. Framande statar bruker òg store ressursar på tradisjonelle verkemiddel, som å rekruttere norske borgarar eller eigne borgarar som bur i Noreg, for å få tilgang til informasjon eller andre verdiar som er av betydning for den aktuelle staten.

Den tryggingpolitiske situasjonen inneber auka risiko for alvorlege digitale hendingar og aktivitet innanfor framand etterretning og påverknad. I tråd med Prop. 78 S (2021–2022), jf. Innst. 270 S (2021–2022), vart det i 2022 løyvd 200 mill. kroner til auka digital tryggleik for betre evne til handtering av alvorlege digitale hendingar og betre evne til å oppdage digitale hendingar. Det vart òg gitt løyvingar til høgare digital tryggleik i kommunesektoren. For å redusere risiko for innsidarar i teneste for framand etterretning, vart kapasiteten innanfor saksbehandlinga av tryggingssklarering auka.

Erfaringar frå andre vestlege land viser at fleire statar bruker økonomiske og finansielle verkemiddel, som investeringar og oppkjøp, for å påverke politiske avgjerder, innhente sensitiv informasjon og skaffe seg tilgang til teknologi eller naturressursar av strategisk betydning. I arbeidet mot uønskte investeringar i norske verksemder er retningslinjer for koordinering av departementa si behandling av slike saker ferdigstilt. Som nasjonalt kontaktpunkt for screening av utanlandsinvesteringar bidrar NSM, saman med dei andre etterretnings-, overvakings- og tryggingstenestene (EOS-tenestene), med leveransar til særskilde kapasitetar innanfor eit departementsnettverk for screeningssaker.

Regjeringa har under arbeid forslag til endringar i tryggingsslova om eigarskapskontroll og identifisering av eigedommar av tryggingssmessig

betyding betyr eigedommar som ligg i nærleiken av eller kan utgjere ein tryggingssisiko for skjermingsverdige objekt, militære område eller tilsvarende. Regjeringa tek sikte på å fremme forslag til endringar til Stortinget hausten 2022. Det er til vurdering behov for ytterlegare tiltak på området.

Samordningsrolla til Justis- og beredskapsdepartementet

Samordningsrolla til Justis- og beredskapsdepartementet er fastsett i *Instruks for departementenes arbeid med samfunnssikkerhet* (samfunnstryggleiksinstruksen). DSB har samordningsansvar på etatsnivå, og statsforvaltarane og kommunane har samordningsansvar på regionalt og lokalt nivå. Ansvaret for samfunnstryggleiken er fordelt på alle sektorar.

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for å halde oversikt over kva for funksjonar som i eit tverrsektorielt perspektiv er nødvendige for samfunnstryggleiken. Regjeringa har etablert eit system der departementa er peika ut som hovudansvarlege for 14 kritiske samfunnsfunksjonar. Departementa har ansvar for heilskapleg samordning innanfor dei nødvendige samfunnsfunksjonane. Innføringa av hovudansvarlege departement inneber ikkje at sektoransvaret eller Justis- og beredskapsdepartementet si samordningsrolle blir endra, men det er ei tydeleggjering av ansvaret.

Tabell 2.9 Kritiske samfunnsfunksjonar og område

Kritiske samfunnsfunksjonar og område	Hovudansvarleg departement	Andre departement med ansvar
Elektroniske kommunikasjonsnett og -tenester (Ekom)	Kommunal- og distriktsdepartementet	Justis- og beredskapsdepartementet, Forsvarsdepartementet
Digital tryggleik i sivil sektor	Justis- og beredskapsdepartementet	Kommunal- og distriktsdepartementet, dei andre departementa
Satellittbasert navigasjon og kommunikasjon	Kommunal- og distriktsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet ¹	Justis- og beredskapsdepartementet, Samferdselsdepartementet
Kraftforsyning	Olje- og energidepartementet	Justis- og beredskapsdepartementet, Klima- og miljødepartementet
Vatn og avløp	Helse- og omsorgsdepartementet	Klima- og miljødepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet
Forsyningstryggleik	Nærings- og fiskeridepartementet	Landbruks- og matdepartementet, Samferdselsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Forsvarsdepartementet, Olje- og energidepartementet, Finansdepartementet
Transport	Samferdselsdepartementet	Nærings- og fiskeridepartementet, Klima- og miljødepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet
Finansielle tenester	Finansdepartementet	
Helse og omsorg	Helse- og omsorgsdepartementet	Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Forsvarsdepartementet, Barne- og familiedepartementet
Lov og orden	Justis- og beredskapsdepartementet	Finansdepartementet, Forsvarsdepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet
Redningsteneste	Justis- og beredskapsdepartementet	Forsvarsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Samferdselsdepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet

Tabell 2.9 Kritiske samfunnsfunksjonar og område

Kritiske samfunnsfunksjonar og område	Hovudansvarleg departement	Andre departement med ansvar
Styring og kriseleiing	Justis- og beredskapsdepartementet	Statsministerens kontor, Utanriksdepartementet, Forsvarsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Kultur- og likestillingsdepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet, Finansdepartementet, dei andre departementa
Forsvar	Forsvarsdepartementet	Justis- og beredskapsdepartementet, Samferdselsdepartementet, Olje- og energidepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Utanriksdepartementet
Natur og miljø	Klima- og miljødepartementet	Olje- og energidepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Landbruks- og matdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Forsvarsdepartementet

¹ Hovudansvarleg for posisjon, navigasjon og tid, jf. NFD sitt koordineringsansvar for sivil radionavigasjonspolitik, irekna koordinering av regjeringa sin strategi for PNT (posisjon, navigasjon, tid).

Koronakommisjonen leverte den første rapporten sin, NOU 2021: 6 *Myndighetenes håndtering av koronapandemien*, 14. april 2021, og den andre og siste rapporten sin, NOU 2022: 5 *Myndighetenes håndtering av koronapandemien – del 2*, 26. april 2022. Kommisjonen gav ein grundig og heilskapleg gjennomgang og ei evaluering av korleis styresmaktene handterte covid-19-pandemien. Del to av utgreinga vart send på alminneleg høyring i mai 2022, og departementa arbeider no med oppfølging av høyringssvara og rapporten.

Med siktemål om å få ei samla evaluering av korleis pandemien har vore handtert frå start til slutt, har regjeringa sett ned eit nytt uavhengig utval som skal evaluere styresmaktene si handtering samla sett, og som i tillegg skal evaluere perioden frå 1. november 2021 til tentativt 1. mai 2022. Utvalet skal etter planen levere rapport innan slutten av mai 2023.

Cruiseutvalet gav ei utgreiing i form av NOU 2022: 1 *Cruisetraffikk i norske farvann og tilgrensende havområder — Sjøsikkerhet, beredskap og redning – utfordringer og anbefalinger til regjeringa våren 2022*. Utgreinga kom med fleire tilrådingar

om tiltak som kan minke risikoen ved cruisetraffikk. Utgreinga vart send på alminneleg høyring i juni 2022, og departementet arbeider no med oppfølginga av høyringssvara.

Noreg bidrar aktivt til NATO sitt arbeid om sivil beredskap og har ein nær dialog og eit nært samarbeid med dei nordiske landa. Under NATO-toppmøtet i 2021 vart det vedteke ei fornya erklæring om motstandsdyktigheit. Dei sju grunnleggjande forventingane til motstandsdyktigheita til medlemslanda var gjennom ein større revisjon hausten 2021.

Som ein del av forsvarsplanlegging gjennomfører NATO annakvart år ei kartlegging (NATO Defence Planning Capability Survey (NDPCS) i alle medlemslanda. Noreg rapporterte til NATO hausten 2021.

EU si ordning for sivil beredskap vart etablert som EU-program i 2001, og Noreg har delteke sidan ordninga vart oppretta. Noreg har nytt godt av ordninga i samband med handteringa av virusutbrotet, bl.a. med vaksinesamarbeid og anskaffing av eit lager av legemiddel. Gjennom samarbeidet kan Noreg òg bidra med hjelp til andre

land, og Noreg kan stille bl.a. det norske Emergency Medical Team (NOR EMT) til disposisjon. Ordninga har vidare vore sentral i samband med krigen i Ukraina gjennom at medlemslanda har nytta ordninga til å sende «in kind»-bidrag til Ukraina i form av legemiddel, telt osv.

Stortinget vedtok våren 2021 å vidareføre Noreg si deltaking i ordninga i perioden 2021–2027. Den årlege kontingenten vil i den nye perioden auke, og det er ønskjeleg at dei miljøa i Noreg som har ansvaret for krisebehandling og sivil tryggleik, i auka grad nyttar dei økonomiske moglegheitene som ligg i ordninga. Det gjeld ikkje minst å melde inn fleire operasjonelle kapasitetar i beredskapsreserven European Civil Protection Pool (ECPP).

Det nordiske samarbeidet om samfunnstryggleik er prega av tett dialog om spørsmål som gjeld nordisk tryggleik. Det er eit tett samarbeid mellom dei nordiske landa innanfor redningstenesta, bl.a. gjennom NORDRED-avtalen.

Justis- og beredskapsdepartementet bidrar frå 2022 til forskingsprosjektet Totalforsvar 2040 ved Forsvarets forskingsinstitutt. I samband med den tryggleikspolitiske situasjonen jobbar aktørane godt saman innanfor ramma av totalforsvarskonseptet. EOS-tenestene deler jamleg trussel- og risikovurderingar med sivile etatar, og ein jobbar for å oppnå ei felles situasjonsforståing på tvers av sektorar og etatar for å kunne identifisere kva konsekvensar situasjonen får for dei ulike sektorane. Dette blir bl.a. gjort i DSB sine samvirkearenaer og i Sentralt totalforsvarsforum.

Justis- og beredskapsdepartementet tek del i finansieringa av program i Forskningsrådet som gjeld samfunnstryggleik (SAMRISK) og digital tryggleik (IKT Pluss). Departementet deltek òg aktivt i EU sitt rammeprogram for forskning på tryggleiksfeltet. Ein nærmare omtale av forskingsinnsatsen innanfor samfunnstryggleik er å finne i programkategori 06.10.

Beredskapsplanlegging

Klimaendringar gjer at det skjer fleire og større naturhendingar enn før. Den nye tryggleikspolitiske situasjonen får òg konsekvensar for den sivile beredskapen i Noreg.

For å møte dei nye utfordringane har regjeringa bl.a. sett i gang eit arbeid med ein heilskapleg gjennomgang av brann- og redningsområdet. Ein tek sikte på å leggje fram ei stortingsmelding om dette.

Justis- og beredskapsdepartementet skal gjennomføre og evaluere nasjonale øvingar i sivil sek-

tor og i tillegg føre årleg oversikt over nasjonale øvingar i sivile sektorar basert på rapportering frå departementa.

Enkelte øvingar for 2022 vart utsette som følge av den tryggleikspolitiske situasjonen. Nokre av desse øvingane har òg tidlegare blitt utsette med bakgrunn i pandemien. Dette medfører auka øvingsaktivitet i 2023. Justis- og beredskapsdepartementet vil ha ei rolle i fleire av øvingane som er planlagde for 2023. Bl.a. skal DSB leie gjennomføringa av ei tverrsektoriell øving i 2023, øvinga Arctic REIHN 2023. Øvinga involverer internasjonalt samarbeid, nasjonalt tverrsektorielt samarbeid og regionalt og lokalt nivå. Øvingane i 2023 vil variere i storleik og deltaking, men felles for dei alle er at dei vil krevje omfattande ressursar til både planlegging, gjennomføring og evaluering. Erfaringane frå tidlegare øvingar har blitt nytta i handteringa av både pandemien og den endra tryggleikspolitiske situasjonen, særleg knytt til system for sentral krisehandtering i praksis og tverrsektorielt samarbeid på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Deltaking i øvingar er ein viktig del av verksemda til Krisestøtteininga (KSE).

Justis- og beredskapsdepartementet reviderer Sivilt beredskapssystem (SBS) kontinuerleg. Revisjonen er toårleg, men prosessen kan aukast ved behov. Den gjeldande utgåva av SBS vart ferdig og godkjend våren 2022. I det vidare arbeidet vil det bli prioritert å tydeleggjere det rettslege grunnlaget for beredskapstiltaka og samanhengane mellom sivil og militær side av beredskapssystemet og dessutan reflektere erfaringar frå den nasjonale krisehandteringa i samanheng med Ukraina-krigen.

Statsforvaltaren skal samordne samfunnstryggleiksarbeidet i fylket, vareta rolla som pådrivar og rettleiar i arbeidet med samfunnstryggleik og dessutan skjette ansvaret sitt for krisehandtering ved hendingar. Pandemi-handteringa og arbeidet med den tryggingspolitiske situasjonen har vist kor viktig det det tverrsektorielle samfunnstryggleiksarbeidet på lokalt nivå er. Statsforvaltaren skal halde fram den aktive samordningsrolla si og bidra til at totalforsvarsarbeidet blir integrert på regionalt og lokalt nivå.

Kommuneundersøkinga til DSB for 2022 viser nok ein gong at den positive utviklinga i det systematiske samfunnstryggleiksarbeidet til kommunane held fram. Samstundes har nokre kommunar risikoanalysar og planar for krisehandtering og beredskap som ikkje er oppdaterte. Undersøkinga syner òg at samfunnstryggleik i planar etter plan- og bygningslova kan forbeistrast. DSB si utvikling av ei digital løysing for enklare utarbei-

ding av risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanlegginga (DigiROS) vil hjelpe kommunane med dette.

Eit viktig arbeid i 2021 har vore å ta læring av handteringa av virusutbrotet. Det er viktig at evalueringsarbeidet og implementering av læringspunkt frå korleis kommunane og statsforvaltarane handterte pandemien, blir prioritert vidare.

Av årsrapporteringa frå statsforvaltarane kjem det fram at handteringa av pandemien har påverka annan planlagd aktivitet i 2021. Oppfølginga av det førebyggjande arbeidet, medrekna samfunnstryggleik i plan, har vore utfordrande for fleire embete.

Mykje er gjort for å utvikle totalforsvaret vidare og få det implementert på regionalt og lokalt nivå, men mykje arbeid står att. Det er vik-

tig at dette blir prioritert vidare, slik at statsforvaltarane og kommunane integrerer totalforsvaret i det kontinuerlege arbeidet med samfunnstryggleik.

Ein meir detaljert omtale av styringssignal til statsforvaltaren finst i programkategori 13.25 i Prop. 1 S (2022–2023) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

Det er relevant på enkelte område å sjå mål og krav til responstid i nødetatane i samanheng, irekna korleis forpliktande responstid skal forståast. Det blir derfor arbeidd vidare med dei forpliktande responstidene og harmonisere omgrep og definisjonar av responstid på tvers av nødetatane der det er relevant. For meir omtale av arbeidet med forpliktande responstid, sjå programkategori 06.40.

Kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	1 137 395	1 006 939	1 193 569
21	Spesielle driftsutgifter	20 881	24 299	24 940
22	Spesielle driftsutgifter – Nødnett, <i>kan overføres</i>	496 594	515 487	529 093
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	153 369	93 544	132 415
60	Refusjoner til kommunene	1 963 450		
70	Overføringer til private	6 898	7 077	7 278
	Sum kap. 0451	3 778 587	1 647 346	1 887 295

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) støttar Justis- og beredskapsdepartementet i samordningsrolla og er på vegne av departementet fag- og tilsynsorgan for sivil samfunnstryggleik, jf. kgl.res. 24. juni 2005. Sivildforsvaret, Nasjonalt utdanningscenter for samfunnstryggleik og beredskap (NUSB) og Noregs brannskule er underlagde DSB. DSB er i tillegg ansvarleg for nød- og beredskapskommunikasjon og staten sitt eigarskap til Nødnett og er nasjonal brann- og eltryggleiksstyresmakt.

Sivildforsvaret

Sivildforsvaret er beredskapsressurs for staten og gir støtte til nød- og beredskapsetatane i heile krisespekteret. Sivildforsvaret har ein styrke på 8 000 tenesteplyktige menn og kvinner fordelte i lokale


operative avdelingar og seks mobile forsterkningsseiningar.

Stortinget fastset kor lang tenestetida for tenesteplyktige i Sivildforsvaret skal vere. Tenestetida skal kvart år stadfestast i Prop. 1 S. Justis- og beredskapsdepartementet vidarefører dagens nivå i 2023. Dette inneber årleg utdanning på inn-til fem veker, med maksimalt tre veker samanhengande tenestetid. Den årlege øvingstida er på maksimalt fem dagar, i tillegg kjem nødvendige kortare kurs og samlingar. Den samla tenestetida for ein tenesteplyktig kan utgjere totalt 19 månader.

Sivildforsvaret vart òg i 2022 gitt øyremerkte løyvingar til materiell og utstyr (køyretøy, CBRNE-materiell og personleg utrusting). Dette gav betring innanfor enkelte materielle kategoriar og reduksjon i det totale materielle terslepet.

Regjeringa styrkte Sivilforsvaret i Prop. 78 S (2021–2022), jf. Innst. 270 S (2021–2022). Det blir foreslått å auke løyvinga med 64 mill. kroner som

ei vidareføring i 2023 for å auke operativ evne i Sivilforsvaret.



Figur 2.7 Innsatsane til Sivilforsvaret per august 2022

Kjelde: DSB

Branntryggleik

Ny fagskule for utdanning av brann- og redningspersonell i Tjeldsund kommune skal etter planen starte opp i 2024. Regjeringa foreslår å løyve 300 mill. kroner under budsjettet til Kommunal- og distriktsdepartementet i 2023 til byggjeprojekt og brukarutstyrsprosjekt. Regjeringa foreslår å auke løyvinga med 44,2 mill. kroner på kap. 451, post 01, til vidare etablering av fagskulen i 2023.

Handtering av skogbrann er eit kommunalt ansvar. Viktige statlege ressursar for å forsterke dette arbeidet er Sivilforsvaret og skogbrannhelikopter. Statens skogbrannhelikopter er i fast beredskap frå 15. april til 15. august kvart år. DSB har det administrative ansvaret for ordninga og for å sikre at det er beredskap med skogbrannhelikopter, medan Hovudredningssentralen koordinerer sjølve bruken av dei.

Samlokalisering av operasjonssentralane til politiet og 110-sentralane til brann- og redningsvesenet er gjennomført i politidistrikta Innlandet, Møre og Romsdal, Aust og Sør-Aust. Samlokalisering av operasjonssentralen til politiet, 110-sentralen til brann- og redningsvesenet og AMK-sentralane til helsevesenet er gjennomført i Nordland og Finnmark politidistrikt og skal etter planen gjennomførast i Agder i 2023.

Nød- og beredskapskommunikasjon

Nødnett er det landsdekkande nettet for nød- og beredskapskommunikasjon i Noreg. Nettet gir nød- og beredskapsaktørar høve til å kommunisere avlyttingssikra og effektivt i grupper. NTNU har gjennom ei evaluering av Nødnettprosjektet stadfesta den såkalla Nødnetteffekten, og at denne effekten må sikrast også i framtida. Nødnetteffekten er at ressursane samhandlar betre med Nødnett. Ei sentral oppgåve for DSB er å følge opp at leverandøren driftar og held infrastrukturen ved like i tråd med kontrakten.

For raskt å kunne nå ut til heile befolkninga skal det etablerast ei mobilbasert befolkningsvarsling basert på Cell Broadcast-teknologien, jf. Prop. 78 S (2021–2022) og Innst. 270 S (2021–2022). Cell Broadcast er ein teknologi som kan leverast over mobilnetta, og inneber at ei melding blir kringkasta innanfor eit geografisk område, med moglegheit for lokal, regional eller nasjonal varsling. Systemet vil bidra til å styrke eigenberedskapen og vere eit betydeleg løft av samfunnstryggleiken.

Telenor har starta arbeid med å avvikle sitt eige koparnett. Det har innverknad på Nødnett, då Nødnett bruker koparkabel frå Telenor for å sende talesignal mellom basestasjonane. For å halde tenestene ved lag må Nødnett gå over på ny teknologi (IP-teknologi). Omlegginga inneber at

komponentar i Nødnett må endrast eller skiftast ut. Det er eit omfattande arbeid som fører med seg større kostnader.

Staten har kontrakt om drift av dagens Nødnett til og med 2026. Nødnett kan vidareførast utover 2026. DSB og Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit har gjennomført ei konseptvalutgreiing for å vurdere korleis ei framtidig løysing i kommersielle mobilnett kan og bør realiserast, og for å sjå på overgangen frå dagens Nødnett. Utgreiinga har vore til ekstern kvalitetssikring, og det er behov for ytterlegare utgreiingar før regjeringa tek stilling til val av konsept.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke alle ordinære driftsutgifter for DSB med underliggjande driftseiningar, medrekna Nødnett, Sivilforsvaret, skular og regionkontor.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 19 mill. kroner til etableringa av mobilbasert befolkningsvarsling basert på Cell Broadcast-teknologien, jf. Prop. 78 S (2021–2022), jf. Innst. 270 S (2021–2022). Vidare blir det foreslått å auke løyvinga under Kommunal- og distriktsdepartementets kapittel 543, post 70 med 10 mill. kroner til systemet for mobilbasert befolkningsvarsling i systema til mobilnettilbyderane. Sjå også omtale av forslag til auka løyving til formålet under omtalen av kap. 451, post 45.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 64 mill. kroner til for å auke operativ evne i Sivilforsvaret.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 43 mill. kroner til den årlege kontingenten for at Noreg skal delta i EU si ordning for sivil beredskap (UCPM).

Innreiseregistreringssystemet (IRRS) skal etter planen haldast i førebels beredskap ut juni 2023 for mogleg reetablering dersom det er nødvendig. Som følgje av dette er det eit behov for løyving for drifta av systemet i 2023 på 4,6 mill. kroner. På bakgrunn av dette blir det foreslått å auke løyvinga med 4,6 mill. kroner i 2023.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 7 mill. kroner som følgje av at midlar henta inn i 2021 til øvinga Barents Rescue blir førte tilbake til Forsvarsdepartementet, 2 mill. kroner, Helse og omsorgsdepartementet, 2 mill. kroner og Utanriksdepartementet, 3 mill. kroner.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 02, post 03 og post 06, jf. forslag til vedtak. Det blir vidare foreslått at pos-

ten kan overskridast med inntil 75 pst. av inntektene under kap. 3451, post 40, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei samla løyving på posten på 1 193,6 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

DSB administrerer skogbrannhelikopterberedskapen i Noreg. Løyvinga på posten dekker utgiftene til flytimar og ekstra beredskap. Faste utgifter i denne beredskapen inngår som ein del av løyvinga under kap. 451, post 01. Vidare dekker posten forskingsaktivitetar som er avtalte mellom DSB og RISE Fire Research AS.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet kan overskride løyvinga under kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, post 21 Spesielle driftsutgifter med inntil 34 mill. kroner dersom det oppstår ein situasjon med ekstraordinær stor skogbrannfare og/eller mange skogbrannar som gjer det nødvendig med innsats for sløkking og beredskap utover det ein må rekne med i eit normalår. Fullmakta gjeld utan opphald og før Kongen kan gi slikt samtykke, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 24,9 mill. kroner.

Post 22 Spesielle driftsutgifter – Nødnett, kan overføres

Løyvinga på posten dekker utgifter til drift og vedlikehald og mindre utgifter til utvikling og investering i Nødnett og tilhøyrande tenester. Abonnementsavgifta blir fakturert kundane i Nødnett, og inntektene blir førte på kap. 3451, post 05 Abonnementsinntekter.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 22, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 05, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 529,1 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga dekker utgiftene for større investeringar i Nødnett og for tilleggskjøp av utstyr og funksjonalitet på vegner av brukarane. Utgifter på vegne av brukarane blir dekte inn av refusjonar på kap. 3451 post 04.

Vidare dekker løyvinga utgifter til større utstyrsanskaffingar til Sivilforsvaret.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 37 mill. kroner til etableringa av mobilbasert befolkningsvarsling basert på Cell Broadcast-teknologien, jf. Prop. 78 S (2021–2022), jf. Innst. 270 S (2021–2022), jf. også omtale under kap. 451, post 01.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 45, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 04, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 132,4 mill. kroner.

Post 70 Overføringer til private

Løyvinga på posten skal dekke overføringer til Norsk Elektroteknisk Komite (NEK) som behandlar standardiseringsarbeidet på el-området i Noreg. Vidare dekker posten overføring til Norsk brannvernforening sitt brannførebyggjande arbeid.

NEK er ein aktiv, sjølvstendig og nøytral medlemsorganisasjon som har ansvaret for norsk standardiseringsarbeid innan el- og e-kom. Medlemmene kan vere offentlege og private organisasjonar, institusjonar, etatar og bedrifter. NEK drifrar rundt 100 standardiseringskomitear med over 600 ekspertar frå norsk næringsliv, forvaltning og styresmakter. NEK er det norske medlemmen i den europeiske standardiseringsorganisasjonen

CENELEC og den tilsvarende globale organisasjonen IEC.

NEK prioriterer forhold som er spesielle for Noreg og som normalt ikkje blir fanga opp av internasjonal standardisering. Spesielt gjeld dette tekniske krav til det norske IT-nettet, tilpassingar som følgje av at energiforbruket i Noreg i stor grad er basert på elektrisitet, krevjande klimatiske (arktiske) forhold og dessutan norsk byggjeskikk. Noreg er eit av dei mest elektrifiserte og digitaliserte landa i verda og derfor avhengig av at standardiseringa på området fungerer. NEK er derfor viktig for at Noreg får gjennomslag internasjonalt i spørsmål som er viktige for Noreg og for eltryggleiken.

Norsk brannvernforening er ei uavhengig stifting som arbeider for at liv, helse og verdiar ikkje skal gå tapt i brann. Foreininga er organisert som ei sjølveigd privat stifting, som arbeider ut i frå eit ideelt formål. Alle inntekter går til brannførebyggjande arbeid og vidareutvikling av organisasjonen. Brannvernforeninga vart etablert i 1923 på initiativ frå forsikringsnæringa og styresmaktene.

Gjennom informasjon, opplæring, sertifisering og rådgiving arbeider foreininga for at menneske, bedrifter og organisasjonar skal ta ansvar for branntryggleiken.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 7,3 mill. kroner.

Kap. 3451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Gebyr	127 805	124 663	128 403
02	Refusjoner driftsutgifter Nødnett	49 122	34 752	35 795
03	Diverse inntekter	20 171	26 667	27 467
04	Refusjoner større utstyrsanskaffelser og vedlikehold Nødnett	75 436	76 611	78 909
05	Abonnementsinntekter og refusjoner Nødnett	494 973	489 355	514 236
06	Refusjoner	18 586	7 209	7 425
40	Salg av eiendom mv.	109 597		
	Sum kap. 3451	895 690	759 257	792 235

Post 01 Gebyr

DSB krev inn avgift til å dekke utgifter til forvaltningsoppgåver etter brann- og eksplosjonsvernlova og el-tilsynslova. Avgiftene skal bl.a. dekke utgifter til arbeid med regelverk, informasjon og rettleiing, og tilsyn med at krava som er gitt i eller i medhald av lovene er følgde.

Det blir kravd inn avgift for førsteleddsomsetnad av petroleumsprodukt, for ilandføring av olje og gass i røyrleidning frå sjøområde og dessutan for førsteleddsomsetnad av sprengstoff. Avgiftsinntektene er avhengige av omsetnads- og/eller produksjonsnivået frå føregåande år, slik at DSB ikkje har nokon innverknad på kor store inntektene er.

DSB krev vidare inn avgift for å dekke utgifter til forvaltninga av el-tilsynslova. Avgifta blir kravd inn og fakturert ut etter gjennomførte tilsyn med landbaserte elektriske anlegg, maritime elektriske anlegg, bruk av elektromedisinsk utstyr i somatiske sjukehus o.l.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 128,4 mill. kroner.

Post 02 Refusjoner driftsutgifter Nødnett

Løyvinga dekker refusjonar til DSB for enkelte driftskostnader til direktoratet, som skal finansierast av ei brukarbetalingsordning.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 02, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 35,8 mill. kroner.

Post 03 Diverse inntekter

Løyvinga på posten består av inntekter i samband med kursverksemd ved Noregs brannskule, NUSB og Sivilforsvaret sine utdannings- og kompetansesenter. Vidare består posten av utleige av Sivilforsvaret sine anlegg, og sal av læremateriell m.m. ved skulane.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 03, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 27,5 mill. kroner.

Post 04 Refusjoner større utstyrsanskaffelser og vedlikehold Nødnett

Løyvinga omfattar refusjonar frå brukarar av Nødnett for tilleggskjøp av utstyr og funksjonalitet som er bestilt av DSB gjennom avtalane deira. Utgiftene blir førte på kap. 451, post 45, og DSB fakturerer kundane for dette.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 45, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 04, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 78,9 mill. kroner.

Post 05 Abonnementsinntekter og refusjoner Nødnett

Løyvinga omfattar inntektene DSB får frå abonnementsordninga i Nødnett. Vidare dekker løyvinga refusjonar for tenester og produkt som kundar av Nødnett har skaffa seg utover abonnementsordninga i Nødnett.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 10,2 mill. kroner som følgje av auka tal på brukarar av Nødnett, jf. omtale under kap. 455, post 71.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 22, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 05, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 514,2 mill. kroner.

Post 06 Refusjoner

Løyvinga på posten består av variable inntekter og refusjonar frå andre verksemdar, irekna refusjonar for administrative tenester frå Valdirektoratet. Vidare består posten av variable overføringar og tilskot frå EU og EØS.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 06, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 7,4 mill. kroner.

Post 40 Salg av eiendom mv.

DSB har gjennomført eit omfattande arbeid med å avhende sivilforsvarsanlegg. Erfaringane viser at det i det vesentlege omfattar tilbakeføring av eige-

dommar til kommunar og grunneigarar, og at det er eit fåtal anlegg som blir selde til takst i den opne marknaden. Tilbakeføringa krev semje mellom grunneigar og staten om salssummen, noko det kan vere utfordrande å einast om. Det blir derfor foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overdra sivilforsvarsanlegg til ein verdi av inntil 500 000 kroner vederlagsfritt, eller til underpris når det er særlege grunnar til det, jf. forslag til vedtak.

I samband med avhending og stenging av sivilforsvarsanlegg blir det vidare foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å over-

skride løyvinga under kap. 451, post 01, med inntil 75 pst. av inntektene under denne posten, jf. forslag til vedtak. Ved ev. sal i 2023 ønskjer departementet å nettobudsjettere salsutgiftene på post 40 ved sal av faste eigedommar. Det kan vere tilfellet der utgiftene til rydding og sikring er større enn salsinntektene, og det slik vil vere ei nettoutgift å avhende anlegget.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til nettoføring ved å trekke salsutgifter ved sal av faste eigedommar frå salsinntektene, under kap. 3451, post 40, jf. forslag til vedtak.

Kap. 452 Sentral krisehåndtering

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	25 447	27 548	27 916
	Sum kap. 0452	25 447	27 548	27 916

Den høgast prioriterte oppgåva for Krisestøtteei-ninga (KSE) er å støtte ved handtering av hendingar og kriser. KSE skal støtte leiardepartementet og Kriserådet i koordineringsfunksjonane deira. Eininga er permanent sekretariat for Kriserådet. KSE er forankra organisatorisk i Justis- og beredskapsdepartementet og støttar òg oppunder Justis- og beredskapsdepartementet si samordningsrolle på samfunnstryggleiksområdet.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke lønns- og driftsutgifter ved KSE, medrekna husleige, vidareutvik-

ling av og vedlikehaldskostnader for teknisk infrastruktur på både ugraderte og graderte plattformer. Løyvinga på posten skal i tillegg dekke utgiftene eininga har i samband med sentral krisehåndtering, medrekna døgnkontinuerleg situasjons- og medieovervaking. Løyvinga skal òg dekke utgiftene KSE har som sekretariat for Kriserådet. Løyvinga skal dekke drifta av det sivile situasjonssenteret og drifta av avgjerds- og loggføringsverktøyet KSE-CIM på ugradert og gradert plattform.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 27,9 mill. kroner.

Kap. 453 Sivil klareringsmyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	47 645	47 324	57 829
	Sum kap. 0453	47 645	47 324	57 829

Sivil klareringsmyndighet (SKM) har først i 2022 byrja å få erfaring med behandling av det nye tryggingstiltaket tilgangsklarering. Samstundes har tryggleikssituasjonen i 2022 ført til at fleire

verksemdar enn tidlegare har fått behov for å kunne ta i mot tryggingegradert informasjon for å sikre eigen kjerneverksemd og gjennom dette vareta samfunnskritiske funksjonar. SKM får der-

for fleire oppmodingar om tryggingssklarering i 2022 enn tidlegare. Sidan det òg var usikkert når effektane av prosjektet for digitalisering av behandlinga av klareringssaker vil tre inn, vart løyvinga for 2022 auka med 5 mill. kroner til betring av SKM si behandlingsskapasitet, jf. Innst. 270 S (2021–2022) og Prop. 78 S (2021–2022). Tiltaket skal bl.a. redusere risiko for innsidarar i teneste for utanlandsk etterretning og vidareførast med heilårsverknad i 2023 med 9,6 mill. kroner.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer kostnader til drift av Sivil klareringsmyndigheit, medrekna bl.a. lønnskostnader og andre personalkostnader i tillegg til kostnader til leige av lokale i Moss og til drift av IKT-løysingar. I posten inngår bl.a. utgifter til gjennomføring av tryggingssamtalar.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 9,6 mill. kroner for å auke saksbehandlinga i SKM, jf. Prop. 78 S (2021–2022) og Innst. 270 S (2021–2022).

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 57,8 mill. kroner.

Kap. 3453 Sivil klareringsmyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Gebyr		1 750	1 750
	Sum kap. 3453		1 750	1 750

Post 01 Gebyr

Regjeringa planlegg å fremme ein revisjon av tryggingsslova seint på hausten 2022. I det høvet tek ein sikte på å innarbeide heimelsgrunnlag for

gebyr på tryggingstenester, som t.d. på oppmoding om tilgangssklarering. Eit eventuelt gebyr vil innførast med verknad frå 1. juli 2023.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 1,75 mill. kroner.

Kap. 454 Redningshelikoptertjenesten

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	631 355	746 729	893 601
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	1 548 669	2 594 796	1 867 529
	Sum kap. 0454	2 180 024	3 341 525	2 761 130

Det er inngått ein kontrakt med AgustaWestland (no Leonardo S.p.A.) om levering av 16 nye redningshelikopter, SAR Queen. Dei første helikoptera vart sette i drift 1. september 2020. Alle dei nye redningshelikoptera skal etter planen vere i drift i løpet av 2023. Det er uvisse om framdrifta bl.a. pga. høgt vedlikehaldsbehov og mangel på delar i tillegg til utfordringar i leveransane av helikoptera. Eit arbeid for å finne tilfredsstillande løysingar på dette er i gang. Gjeldande kostnads-

ramme for prosjektet er på 15 261 mill. 2023-kroner, jf. forslag til romartalsvedtak.

For å styrke redningsberedskapen i Nord-Noreg vart det etablert ein ny redningshelikopterbase i Tromsø med grunnlag i å leige inn sivile helikopter frå 1. juli i 2022. Den same operatøren overtok ansvaret for drifta av helikoptertjenesta for Sysselmeisteren på Svalbard frå 1. april. Stortinget har bede regjeringa starte nødvendige førebuingar som sikrar at Forsvaret overtek som ope-

ratør av Tromsøbasen når kontrakten med sivil operatør går ut, jf. Innst. 393 S (2020–2021) og vedtak 983.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer kostnader til drift av den offentlege redningshelikoptertenesta og prosjektet for kjøp av nye redningshelikopter, i tillegg til ressursar til oppfølging av prosjektet. Løyvinga omfattar vidare ein tiltaksplan for Sea King-redningshelikopterflåten som skal bidra til å halde ved lag drift og god beredskap fram til dei nye redningshelikoptera er tekne i bruk. Ein ny redningshelikopterbase vart sett i drift i Tromsø 1. juli 2022. Løyvinga på posten dekkjer kostnader i samband med dette.

Kostnader til drift vart reduserte i samband med at Stortinget behandla Prop. 43 S (2020–2021) Endringar i statsbudsjettet 2020 under Justis- og beredskapsdepartementet, Prop. 21 S (2021–2022) Endringar i statsbudsjettet 2021 under Justis- og beredskapsdepartementet og Prop. 1 S (2021–2022). Utgiftene vil komme i seinare år. Det vil i ein overgangperiode vere høgare kostnader til drift pga. at redningshelikopterberedskapen fører vidare både Sea King og SAR Queen. Det blir foreslått at løyvinga blir auka med 85,7 mill. kroner.

Det har over fleire år gått for seg eit program for vedlikehald og modifisering av Sea King-helikopterflåten for å sikre forsvarleg beredskap og drift fram til dei nye redningshelikoptera SAR Queen er fasa inn. Det blir foreslått å vidareføre løyvinga med 25 mill. kroner frå 2022 til 2023 i tråd med planlagd vedlikehald av Sea King-helikopterflåte.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 11,7 mill. kroner i samband med at det vil bli noko mindre aktivitet i prosjektet for kjøp av nye redningshelikopter.

Det vil komme auka driftsutgifter for Tromsøbasen som følgje av at kontrakten med den sivile operatøren på Florøbasen må forlengjast. Dette kjem av at innfasing av dei nye redningshelikoptera er forseinka. Den sivile operatøren vil i ein periode ha ansvaret for drifta av redningshelikopterbasane i både Tromsø og Florø og dessutan på Svalbard. Dette fører til auka utgifter til leige av helikopter og behov for auka tal på pilotar i perioden. Dei auka kostnadene i 2023 er på om lag 9,1 mill. kroner, jf. forslag om auka løyving. Vidare blir det foreslått å auke løyvinga med 52,9 mill. kroner i samband med utgifter til ein heilårig drift av basen.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 454, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3454, post 01, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 893,6 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på posten dekkjer investeringar i samband med kjøp av nye redningshelikopter.

I forslaget frå regjeringa til budsjett for 2023 er det sett av til saman 1 834,5 mill. kroner til investeringar ved kjøp av nye redningshelikopter og tiltak for tilrettelegging av infrastruktur.

Bodø Lufthavn skal flyttast og det skal som følgje av dette byggast ein ny redningshelikopterbase, jf. omtale i Samferdselsdepartementet sin Prop. 1 S (2022–2023). Det blir foreslått å auke løyvinga med 33,0 mill. kroner til dette.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 130,7 mill. kroner i samband med eingongsutgifter til etableringa av ny redningshelikopterbase i Tromsø i 2022, jf. omtale under kap. 480, post 50.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1 867,5 mill. kroner.

Kap. 3454 Redningshelikoptertjenesten

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Refusjoner	28 358	29 095	29 968
	Sum kap. 3454	28 358	29 095	29 968

Post 01 Refusjoner

Løyvinga på posten dekker refusjonar frå Helse- og omsorgsdepartementet, som kjøper ambulansetimar i redningshelikoptertenesta frå Justis- og beredkapsdepartementet. Refusjonen blir ført på

kap. 3454, post 01 Refusjoner. Det blir foreslått å gi fullmakt i 2023 til å overskride løyvinga under kap. 454, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3454, post 01, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 30 mill. kroner.

Kap. 455 Redningstjenesten

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	115 759	121 490	138 623
21	Spesielle driftsutgifter	40 284	30 327	29 928
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	5 846	6 394	6 522
71	Tilskudd til frivillige organisasjoner i redningstjenesten	59 350	60 904	72 832
72	Tilskudd til nød- og sikkerhetstjenester	116 195	124 255	127 781
73	Tilskudd til Redningsselskapet	124 798	128 043	131 676
Sum kap. 0455		462 232	471 413	507 362

Justis- og beredkapsdepartementet har koordineringsansvar for redningstenesta, som omfattar land-, sjø- og luftredningsteneste. Hovudredningssentralen (HRS) leier og koordinerer alle typar redningsaksjonar, anten direkte frå avdelinga i Nord-Noreg eller avdelinga i Sør-Noreg. Leiing og samordning av landredningsaksjonar blir som regel delegert frå HRS til den lokale redningssentralen (LRS). LRS-ar er lokaliserte ved alle politidistrikt og hos Sysselmeisteren på Svalbard.

Regjeringa har fastsett organisering, roller og ansvar for redningstenesta i Noreg i *Organisasjonsplan for redningstjenesten*, jf. kgl.res. av 6. desember 2019.

Figuren viser ein klar auke i talet på redningsaksjonar i Norge frå 2001 til 2021. På 20 år har talet stige frå om lag 4 800 aksjonar i 2001 til om lag 8 100 i 2021. Så langt i 2022 har det ved utgangen av juli blitt registrert 5 031 redningsaksjonar, tilsvarende tal for 2021 var 4 783. Dette speglar ein auka fritidsbruk av naturen blant nordmenn, ein auke i turismen og liknande.


HRS har ansvaret for å koordinere og leie redningsaksjonar i Noreg. Store delar av nordområda består av hav nord for polarsirkelen. Noreg er ein leiande rednings- og beredkapsaktør i desse havområda. I dag har Noreg ansvar lenger aust mot russisk ansvarsområde enn tidlegare i tillegg til nord for Svalbard og heilt opp til polpunktet.

HRS opplever press i nord med eit utvida ansvarsområde for søk og redning, i kombinasjon med minkande sjøis, aukande sivil og militær maritim trafikk og stadig meir cruisetrafikk der sesongen startar tidlegare og sluttar seinare.

Regjeringa foreslår å auke grunnbemanninga ved HRS og foreslår å auke løyvinga med 14 mill. kroner i 2023.

Ei styrking av grunnbemanninga vil dekke behovet for å handtere det auka talet på hendingar, møte risiko knytt til klimaendringar, auka trafikk i nordområda og vil redusere risikoen for at kapasiteten til HRS ikkje blir overgått som følgje av fleire redningsaksjonar samstundes eller ei stor og kompleks hending som ikkje lar seg handtere dagens tal på redningsleiarar på vakt. Styrkinga vil òg betre samvirket i den norske redningstenesta, både med å sikre at utviklinga blir forankra i dei faktiske behova til aktørane i redningstenesta og ved betre erfaringsdeling frå hendingar og øvingar.

Dei frivillige organisasjonane er ein viktig del av redningstenesta i heile Noreg med omkring 10 000 operative mannskap over heile landet. Frivillige organisasjonar i redningstenesta trener og utrustar lokale ressursar som kan stille på kort varsel. Dei frivillige er ein ressurs som alltid har vore viktig for redningstenesta.



Figur 2.8 Årleg fordeling av og utvikling i talet på registrerte hendingar ved HRS i perioden 2001 til 2021

Orsaka til nedgangen i 2008 er endring i måten aksjonar blir registrerte på.

Kjelde: HRS.

Dei frivillige er folk som til dagleg arbeider med noko anna og deltek i redningsoppdrag på fritida. Dei frivillige er til stades i lokalsamfunna med kunnskap, kompetanse og utstyr. Dei har ofte kort veg når alarmen går, og har verdifull lokal kunnskap.

Dei frivillige organisasjonane i redningstenesta fekk i Prop. 78 S (2021–2022), jf. Innst. 270 S (2021–2022), auka løyvinga med 10,2 mill. kroner til å dekke auka årlege abonnementskostander for nye Nødnett-terminalar. Dette blir vidareført i 2023.

Redningstenesta er i stor grad regulert gjennom ulike internasjonale konvensjonar, traktatar og samarbeidsavtalar mellom land. Gjennom tidene har det vore viktig for Noreg å ha gode rednings- og beredskapsavtalar med nabolanda våre. Noreg er bl.a. part i ein avtale om samarbeid om førebygging, beredskap og innsats i krisesituasjonar i Barentsregionen. Dei andre partane er Sverige, Finland og Russland. Som del av denne avtalen arrangerast øvinga Barents Rescue kvart tredje år. Noreg skulle arrangere øvinga i september 2022. Pga. krigen i Ukraina er øvinga utsett i to år, men med opening for å vurdere om øvinga kan gjennomførast hausten 2023.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer kostnader ved sentrale element ved redningstenesta, medrekna HRS.

Løyvinga på posten omfattar utgifter i samband med det internasjonale satellittbaserte nødpeilesystemet COSPAS-SARSAT og utgifter til Justis- og beredskapsdepartementet si nasjonale og internasjonale forplikting og engasjement innanfor redningstenesta.

Frivillige organisasjonar i redningstenesta får refundert kostnadene sine under redningsaksjonar i tråd med rundskriv fastsett av Justis- og beredskapsdepartementet over kap. 455, post 21. Dette gjeld òg kostnader for å sende ut ressursar til redningsoppdrag. Det er utvikla ei varslingsløyving som er spesielt tilrettelagd for denne typen bruk. Sidan ei varslingssteneste er driftsutgifter for HRS, bør det løyvast på 01-posten.

Det blir derfor foreslått å auke løyvinga på posten med 1,2 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 455, post 21.

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 14 mill. kroner for å auke grunnbemanninga ved HRS. Heilårsvirkninga av tiltaket er 24 mill. kroner frå 2024.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga

under kap. 455, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3455, post 01, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 138,6 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten omfattar utgifter til å engasjere private selskap, t.d. helikopterselskap og frivillige redningsorganisasjonar i konkrete redningstilfelle, til refusjon til frivillige hjelpearar for innsats i redningstenesta, til forbruk og erstatning av tapt materiell m.m. Forbruket på posten er vanskeleg å berekne, sidan utgiftene varierer med talet på og omfanget av redningsaksjonar.

Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med 1,2 mill. kroner mot ein tilsvarende auke under kap. 455, post 01, jf. omtale under kap. 455, post 01.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 29,9 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på posten dekker diverse investeringar til kjøp og vedlikehald av utstyr til Hovudredningssentralen.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 6,5 mill. kroner.

Post 71 Tilskudd til frivillige organisasjoner i redningstjenesten

Løyvinga på posten dekker tilskot til Frivillige organisasjoners redningsfaglige forum (FORF) og til frivillige organisasjonar i redningstenesta som er representerte av paraplyorganisasjonen FORF. Løyvinga kan òg dekke tilskot til andre særskilte relevante frivillige organisasjonar innanfor redningstenesta.

Tilskota skal fremme kvaliteten i redningstenesta. Frivillige organisasjonar skal setjast betre i stand til å delta i redningsaksjonar når menneske har behov for umiddelbar hjelp frå fare for død eller skade som følgje av akutte hendingar. Tilskotsmottakaren skal gjere greie for at tilskotet er nytta til redningsfaglege tiltak, og at mottakaren har bidratt i redningsarbeid.

Ein tilskotsmottakar skal innan 1. april året etter det året tilskotet gjeld for, rapportere til Justis- og beredskapsdepartementet om korleis tilskotet har bidratt til at organisasjonen har blitt sett i betre stand til å delta i redningsaksjonar. Jus-

is- og beredskapsdepartementet tildeler tilskot for eitt år av gongen etter ei skjønsmessig vurdering av i kva grad formålet som det blir søkt om tilskot til, bidrar til å oppfylle formålet med tilskotsordninga.

Resultata for 2021 er i tråd med ønskt formål for tildelinga.

Posten omfattar òg premie til forsikringsordning for frivillige i redningstenesta og midlar til varetaking av sekretariatsfunksjonen til Nasjonalt redningsfagleg råd. Sekretariatsfunksjonen blir vareteken av FORF.

Løyvinga omfattar òg tilskot til dei frivillige organisasjonane i redningstenesta tilsvarende abonnementsordninga for alle brukarar av Nødnett. Dette utgjør om lag halvparten av den samla tildelinga.

Vidare dekker løyvinga på posten utgifter til dykkaropplæring av frivillige som deltek i redningsdykkarberedskap og må ha redningsdykkarsertifisering.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 10,2 mill. kroner til å dekke auka årlege abonnementskostander for nye Nødnett-terminalar til dei frivillige organisasjonane i redningstenesta, jf. Prop. 78 S (2021–2022), jf. Innst. 270 S (2021–2022).

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 72,8 mill. kroner.

Post 72 Tilskudd til nød- og sikkerhetstjenester

Løyvinga på posten skal bl.a. dekke tilskot til Telenor for tenesta dei utfører i samband med nød- og tryggingstenesta til Kystradioen, og til å halde ved lag 24-timars tårnteneste ved Svalbard lufthamn, i tillegg til ev. andre tilskot innanfor rednings- og beredskapsfeltet.

Telenor Kystradio (TK) leverer maritime telekommunikasjonstenester (kystradiotenesta) langs kysten av Noreg på vegne av staten og lyttar etter nødvarsel frå to bemanna kystradiostasjonar som er samlokaliserte med Hovudredningssentralen sine avdelingar på Sola og i Bodø. Under redningsoppdrag sørger kystradiostasjonane for kontakt mellom redningstenesta og den nødstadde. Kystradiotenesta er definert som ei spesiell samfunnsplagt oppgåve, jf. ekomlova § 5-3 første ledd nr. 1.

Avinor held 24 timars tårnteneste ved Svalbard lufthamn. Avinor skal levera AFIS-tenester på døgnkontinuerleg basis slik at redningshelikoptertenesta på Svalbard får lokal flygeinformasjonsteneste, alarm og redningsteneste og vêrob-

servasjonar (AFIS) som dei har behov for til uttrykkingar.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 127,8 mill. kroner.

Post 73 Tilskudd til Redningsselskapet

Tilskotet skal bidra til å halde oppe Redningsselskapet sin innsats i redningstenesta og i arbeidet med å førebyggje ulukker. Det dekkjer ein del av driftsutgiftene selskapet har til søk- og redningsberedskap.

Redningsselskapet er ein landsdekkande og frivillig humanitær organisasjon. Det primære formålet er å redde liv og berge verdiar på sjøen. Organisasjonen er ein viktig beredskapsressurs og utfører søke-, rednings- og hjelpeteneste langs kysten av Noreg og i tilstøytane havområde. Organisasjonen har i dag ein flåte med redningsskøyter der om lag halvparten er bemanna av frivillige sjøredningskorps og den andre halvparten er bemanna av Redningsselskapet sitt faste mannskap og har 24 timars beredskap heile året. I til-

legg har Redningsselskapet fire ambulansébåtar som dei opererer på vegne av helseføretak i Nordland.

Redningsselskapet skal òg drive opplysningsarbeid og førebyggjande arbeid for å betre tryggleiken for sjøfarande. Redningsskøytene utfører oppgåver på utkalling av Hovudredningssentralen, AMK, Kystverket, politiet og andre.

Tilskotet dekkjer ein del av driftskostnader selskapet har knytte til søk- og redningsaksjonar, og dessutan ein del av kostnader til beredskap. For alle endringar i stasjonering og disponering av redningsskøytene er det ein føresetnad at det er gjort i samarbeid med Hovudredningssentralen. Tilskotet kan brukast til arbeidet med opplysnings- og førebyggjande sjøtryggleiksarbeid, med særskild vekt på barn og unge. Tilskotet kan og brukast til å styrke deltakinga i beredskapen mot akutt forureining.

Redningsselskapet er ein viktig del av sjøredningstenesta i Noreg.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 131,7 mill. kroner.

Kap. 3455 Redningstjenesten

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Refusjoner	2 081		
	Sum kap. 3455	2 081		

Post 01 Refusjoner

Løyvinga dekkjer refusjonar gjennom ulike aktivitetar i redningstenesta. Det blir ikkje budsjettert med noko beløp.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 455, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3455, post 01, jf. forslag til vedtak.

Kap. 457 Nasjonal sikkerhetsmyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	347 374	379 005	429 234
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	17 717	20 480	25 990
	Sum kap. 0457	365 091	399 485	455 224

For å betre tryggleiken i kryptosystema, og særskilt halde oppe den nasjonale evna til å verne høggradert informasjon, er det under etablering eit nasjonalt kompetansemiljø for anvend kryptologi. Miljøet er bemanna i samsvar med løyvinga for 2022 som første trinn.

Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) er peika ut som det nasjonale kontaktpunktet for screening av utanlandsinvesteringar og har fått ansvar for å koordinere arbeidet på etatsnivå. NSM har omsett auka løyving i 2022 til å ha full kapasitet i screeningmekanismen innan utgangen av 2022.

I samsvar med Prop. 78 S (2021–2022), jf. Innst. 270 S (2021–2022), er evna til koordinering av handteringa av alvorlege digitale hendingar betra. Tiltak frå same proposisjon har i 2022 òg auka evna til å oppdage, verifisere og varsle om koordinerte og alvorlege dataangrep. Effekten av varslingsystem for digital infrastruktur (VDI) som «digital innbrottsalarm» er auka ved at fleire verksemder er knytte til systemet, og analysekapasiteten i NSM er betra.

Arbeidet for å digitalisere saksbehandlinga av tryggingklarering av personar blir vidareført, men er forseinka av eksterne forhold. I 2022 er det planlagt at alle verksemder på sivil side skal kunne oppmøde om tryggingklarering i ny digital teneste.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke alle ordinære driftsutgifter og investeringar for NSM.

Kap. 3457 Nasjonal sikkerhetsmyndighet

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Inntekter	23 572	34 309	35 338
	Sum kap. 3457	23 572	34 309	35 338

Post 01 Inntekter

Inntektene til Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) er i hovudsak samansett av medlemsavgifter frå næringslivet til varslingsystemet for digital infrastruktur (VDI), kurs- og konferanseavgifter og brukarbetaling ved tryggleiksgodkjenning av informasjonssystem.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 24,3 mill. kroner til styrking av NSM si evne til å forbetre den digitale tryggleiken gjennom bl.a. betra handtering av hendingar, jf. Prop. 78 S (2021–2022) og Innst. 270 S (2021–2022).

Det blir foreslått å auke løyvinga med 18,8 mill. kroner til vidare utvikling av Varslingsystem for digital infrastruktur (VDI), jf. Prop. 78 S (2021–2022) og Innst. 270 S (2021–2022).

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 457, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3457, post 01, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 429,2 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på posten skal dekke utgiftene i prosjektet for digitalisering av klareringsprosessen og andre oppgåver som følgjer av tryggingsslova. Prosjektet er planlagt å gå over fire år med årlege løyvingar til og med 2023.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 5,1 mill. kroner til vidare utvikling av Varslingsystem for digital infrastruktur (VDI), jf. Prop. 78 S (2021–2022) og Innst. 270 S (2021–2022).

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 26 mill. kroner.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 457, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3457, post 01, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 35,3 mill. kroner.

Programkategori 06.60 Andre verksemder

Utgifter under programkategori 06.60 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Pst. endr. 22/23
01–25	Driftsutgifter	1 618 541	1 726 068	1 734 258	0,5
	Sum kategori 06.60	1 618 541	1 726 068	1 734 258	0,5

Utgifter under programkategori 06.60 fordelte på kapitler

(i 1 000 kr)

Kap.	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Pst. endr. 22/23
460	Spesialenheten for politisaker	54 208	59 542	61 861	3,9
466	Særskilte straffesaksutgifter m.m.	1 188 919	1 255 953	1 279 522	1,9
467	Norsk Lovtidend	8 376	9 264	8 125	-12,3
468	Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker	20 284	19 485	22 864	17,3
469	Vergemålsordningen	346 754	381 824	361 886	-5,2
	Sum kategori 06.60	1 618 541	1 726 068	1 734 258	0,5

Innleiing

Programkategori 06.60 omfattar Spesialeininga for politisaker, særskilte straffesaksutgifter m.m. (medrekna bl.a. utgifter til advokat, tolk og sak-kunnig i straffesaker), den rettsmedisinske kom-misjonen, Norsk Lovtidend, kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker og verjemålsord-ninga.

Målet for programkategori 06.60 *Andre verksemder* er rettstryggleik. Alle verksemder og ord-ningar som ligg under denne programkategorien, bidrar til auka rettstryggleik for ulike grupper menneske i ulike delar av samfunnet.

Prioriteringar i 2023

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker har òg i dei seinare åra hatt fleire krevjande saker

til behandling, og saksbehandlingstida har auka. Det er viktig for rettstryggleiken til den enkelte at saka blir behandla innan rimeleg tid. Regjeringa foreslår derfor å styrke kommisjonen for gjenopp-taking av straffesaker med 3 mill. kroner.

Tolkar som tek oppdrag i domstolane og for-likråda blir kompenserte med 4/5 av den offent-lege salærsatsen. Timekompensasjonen i 2022 var på 897 kroner. Kompensasjonen tolkar mottar i straffe- og sivile saker vil dermed harmonisere betre med kompensasjonen dei mottar i samband med andre offentlege oppdrag. På denne bak-grunnen blir det foreslått å redusere kompensa-sjonen frå 4/5 til 2/3 av den offentlege salærsat-sen.

Kap. 460 Spesialenheten for politisaker


(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	54 208	59 542	61 861
	Sum kap. 0460	54 208	59 542	61 861

Spesialeininga for politisaker skal sikre lik og rettvis behandling av saker som gjeld spørsmålet om tilsette i politiet eller påtalemakta har gjort straffbare handlingar i tenesta. Ved å behandle alle saker mot politiet eller påtalemakta med det same alvoret og like grundig som andre som blir sette under straffeforfølgning, bidrar Spesialeininga for politisaker til rettstryggleik. Spesialeininga for politisaker etterforskar, avgjer påtale i og fører desse sakene for domstolane. Eininga skal sikre rettstryggleik både for den som melder, og for dei som blir melde. Spesialeininga for politisaker set

øg i verk etterforskning dersom nokon døyr eller blir alvorleg skadde som følgje av tenestutøvinga til politiet eller påtalemakta, sjølv om det ikkje er mistanke om ei straffbar handling. Spesialeininga er ikkje del av politiet eller påtalemakta, men er administrativt underlagd Justis- og beredskapsdepartementet og fagleg underlagd Riksadvokaten.

Spesialeininga har mykje erfaring med overføringsverdi, og det er derfor viktig at politiet og påtalemakta bruker årsrapportane og vedtaka frå Spesialeininga til utvikling og læring. Eininga får gjennom sakene mykje kunnskap om politiet.



Figur 2.9 Registrerte og behandla meldingar og saksbehandlingstid i Spesialeininga for politisaker (2017–2021)

Spesialeininga for politisaker har i fleire år vore i ein krevjande ressursituasjon, og saksbehandlingstida er lang. Det kjem bl.a. av at eininga har hatt fleire saker under etterforskning som har kravd mykje ressursar dei seinare åra. Saman med Riksadvokaten er det fastsett eit konkret resultatkrav om at gjennomsnittleg saksbehandlingstid skal vere innanfor 150 dagar. I 2021 var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for avgjorde saker 159 dagar, mot 193 dagar i 2020.

Saksbehandlingstid er viktig for tilliten til Spesialeininga. Sakene må behandlast effektivt og innanfor rimelege fristar. Sakene er ofte alvorlege (sjå boks 2.2), og det er avgjerande at det finst ressursar tilgjengeleg slik at desse sakene ikkje blir liggjande for lenge.

Frå 1. desember 2020 vart det etablert ei ordning der utvalde etterforskningsleiarar har fått delegert makt til å avgjere enkelte saker der det ikkje er grunnlag for å setje i gang etterforskning.

Boks 2.2 Sakskomplekset i Spesialeininga for politisaker

- Spesialeininga for politisaker etterforskar eit mangfald av saker, mange av dei svært alvorlege. I 2021 vart det reagert med positive påtaleavgjerder i 65 av 1 264 behandla meldingar.
- Ein tenesteperson vart i 2021 tiltalt for valdtekt av to kvinner, og for å ha utnytta stillinga si for å oppnå seksuell omgang med fem kvinner.
- Ein tenesteperson vart i 2021 dømd til to år og tre md. fengsel for å ha utnytta stillinga si for å oppnå seksuell omgang med tre kvinner, for rettsstridig åtferd overfor to av kvinnene, tre tilfelle av brot på tenesteplikta, og brot på våpenlova.
- To tenestepersonar vart i 2021 sikta for ha gitt teiepliktige opplysningar frå arbeidet sitt til familie og kjende.
- Ein tenesteperson fekk i 2021 førelegg for tenestefeil og kroppskrenking i samband med ein arrestasjon.
- Ein tenesteperson fekk i 2021 førelegg for skremmande og plagsam åtferd, og for tenestefeil. Vedkommande hadde over tid kontakta ei kvinne, sjølv om ho hadde bede han om å ikkje ta kontakt.
- Fleire tenestepersonar fekk i 2021 førelegg for å søke om informasjon i interne datasystem, utan at det var tenestleg grunn til dette.

I fleire saker har tenestepersonar blitt tiltalte for uforholdsmessig og ikkje nødvendig bruk av makt.

Fleire saker handla om brot på våpenlova og vegtrafikklova.

Frå 1. november 2021 vart det etablert felles saks-mottak på Hamar. Avdelinga har eigen leiar i tillegg til spesialetterforskarar, påtalefagleg etterforskingssleiarar og administrativt tilsette. Ei felles etterforskningsavdeling med leiing frå kontoret i Oslo vart òg etablert 1. november 2021. Det er venta at desse tiltaka skal bidra til å redusere saksbehandlingstida, utan at kvaliteten blir dårlegare.

I statsbudsjettet for 2022 vart det foreslått ei permanent styrking av Spesialeininga. I samband med at Stortinget behandla Prop. 1 S Tillegg 1 (2021–2022), vart løyvinga til Spesialeininga auka ytterlegare, som i 2023 gir ein heilårsverknad på 4,9 mill. kroner.

I 2022 vart løyvinga brukt til å styrke grunnbemanninga og kompetansen i verksemda og til opp-

læring av tilsette i politiet. Kvaliteten på arbeidet er betra, ikkje minst ved det innleiande arbeidet med alle meldingar.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke driftsutgifter til Spesialeininga for politisaker som lønn, godtgjersler til advokatar på verv, husleige og andre administrative utgifter. Spesialeininga for politisaker hadde 38 årsverk per 31. desember 2021.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,2 mill. kroner som følgje av heilårsverknaden av løyvingssauka frå 2022.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 61,9 mill. kroner.

Kap. 466 Særskilte straffesaksutgifter m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	1 188 919	1 255 953	1 279 522
	Sum kap. 0466	1 188 919	1 255 953	1 279 522

Juridisk hjelp i straffesaker bidrar til god rettstryggleik for den enkelte ved å sikre at alle partar får den hjelpa dei treng, anten dei er sikta,

tiltalte, fornærma eller pårørande. På denne måten kan ei rettssak gå rettvist for seg.

Lov 18. juni 2021 nr. 122 om endringer i straffeprosessloven mv. (aktiv saksstyring mv.) vart sett i kraft 1. juli 2022. Endringane skal effektivisere behandlinga av dei meir omfattande straffesakene. Fristen for å framstille pågripne personar for varetektsfengsling vart stramma inn, og det vart innført enkelte endringar som gjeld bistandsadvokatorordninga. Der endringane fører til meirarbeid for forsvarar, er det gjort endringar i salærregelverket for å kompensere dette. Lovendringane vil samla sett redusere dei særskilde straffesaksutgiftene med omtrent 10 mill. kroner i 2023. Sjå òg omtale under programkategori 06.20.

Lov 12. mai 2022 nr. 28 om advokater og andre som yter rettslig bistand (advokatlova), vart vedteken av Stortinget 3. mai 2022 og sanksjonert av Kongen i statsråd 12. mai 2022. Lova inneber ei heilskapleg regulering av verksemda til advokatane og av høvet til å yte rettsleg hjelp for andre enn advokatar. Eit lettare tilgjengeleg regelverk er viktig både for advokatar og det rettssøkande publikummet. Ikraftsetjinga til lova blir fastsett ved lov, jf. advokatlova § 72, og forslag til overgangsreglar vil bli fremma for Stortinget i samanheng med ikraftsetjinga av advokatlova.

Salær til offentleg oppnemnde forsvararar, bistandsadvokatar, sakkunnige og tolkar er regulert gjennom *forskrift 3. desember 1997 om salær frå det offentlege til advokatar mv.* (salærforskrifta) og *forskrift 12. desember 2005 om salær frå det offentlege til advokatar m.fl. etter faste satsar (stykkprissatsar) ved fri rettshjelp og i straffesaker* (stykkprisforskrifta). Frå november 2021 til mai 2022 heldt Advokatforeningen ein aksjon som råka straffesaker for Høgsterett. Bakgrunnen for aksjonen var eit krav om høgare kompensasjon i saker regulert gjennom salærforskrifta og stykkprisforskrifta, i tillegg til ein rett til å forhandle direkte

med regjeringa i spørsmål om økonomisk kompensasjon. Det vart i juni 2022 inngått ei ny avtale mellom departementet og Advokatforeningen om oppretting av eit salærråd, og alle sakene som vart råka av aksjonen er nå beramma. Det blir foreslått ein rettshjelpssats på 1 140 kroner i 2023.

I samband med revidert nasjonalbudsjett 2022 blei reisegodtgjeringa til aktørane som tek offentlege oppdrag auka frå 50 til 70 pst. av den offentlege rettshjelpsatsen (salærsatsen).

Det blir foreslått å redusere kompensasjonen til tolkar frå 4/5 til 2/3 av den offentlege salærsatsen frå 2023. Tiltaket vil bidra til at kompensasjonen tolkar mottar i straffe- og sivile saker harmoniserer betre med kompensasjonen dei mottar i samband med andre offentlege oppdrag. Sjå òg omtale under programkategori 06.20 og 06.70.


Den rettsmedisinske kommisjonen

Hovudoppgåva til den rettsmedisinske kommisjon (DRK) er å kvalitetssikre rettsmedisinske erklæringar og utsegner som sakkunnige gir i straffesaker, noko som er viktig for å sikre rettstryggleiken til den enkelte.

DRK får stadig tilsendt fleire erklæringar for kvalitetssikring. I 2021 tok kommisjonen både imot og behandla over 10 000 erklæringar. Om lag 48 pst. av dei innkomne erklæringane er innanfor fagområdet rettspatologi og klinisk rettsmedisin. Dei andre fagområda er toksikologi, genetik og psykiatri.

Saksbehandlingstida går i hovudsak ned, og kommisjonen har behandla fleire erklæringar enn tidlegare.

Kommisjonen har arbeidd med alternative tiltak og arbeidsformer for å effektivisere drifta ved DRK.



Figur 2.10 Innkomne og behandla saker, og dessutan restanse i DRK (2017–2021)

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker i hovudsak utgifter til juridisk hjelp i straffesaker til personar som har rett til advokathjelp i medhald av straffeprosesslova kap. 9 og 9 a. Dette er personar som har status som sikta eller tiltalte, som fornærma eller som pårørende til eller etterlatne etter fornærma i ei straffesak. Løyvinga dekker utgifter til salær og reise- og kostgodtgjersle til forsvararar, bistandsadvokatar, tolkar og sakkunnige som er oppnemnde av retten eller av kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker.

Løyvinga dekker vidare tapt arbeidsforteneste til tolkar utan salærrett og sakkunnige i straffesaker, enkelte utgifter til den rettsmedisinske kommisjon, som honorar og/eller godtgjersle og reise- og kursutgifter og dessutan salær og reise- og opphaldsutgifter til aktorar i militære straffesaker. Løyvinga dekker òg utgiftene til Justis- og beredskapsdepartementet i samband med omse-

tjing av rettsoppmodingar, utleveringssaker og barnebortføringssaker etter Haag-konvensjonen av 1980 og Europakonvensjonen av 1980.

Dei totale utgiftene på posten er i hovudsak avhengige av mengda straffesaker og omfanget av dei, talet på oppnemnde forsvararar eller bistandsadvokatar, bruken av tolkar og sakkunnige og nivået på den offentlege salærsatsen.

For 2023 blir det foreslått å redusere kompensasjonen til tolkar frå 4/5 til 2/3 av den offentlege salærsatsen. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga med 13,5 mill. kroner.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 30 mill. kroner som følgje av at reisegodtgjeringa for aktørar som tek offentlege oppdrag har auka frå 50 til 70 pst. av rettshjelpsatsen per time reise.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 8 mill. kroner som følgje av ny lov om valdserstatning.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1 280 mill. kroner.

Kap. 467 Norsk Lovtidend

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	8 376	9 264	8 125
	Sum kap. 0467	8 376	9 264	8 125

Norsk Lovtidend sørger for at lover og reglar er tilgjengelege for allmenta, og at regelverksendringar kan bli kunngjorde raskt, noko som er eit viktig prinsipp for rettstryggleiken. Norsk Lovtidend blir publisert av stiftinga Lovdata på vegner av Justis- og beredskapsdepartementet.

Dei siste åra har det vore ein auke i talet på produserte sider i Norsk Lovtidend som følgje av pandemien. Auken gjeld kunngjeringar og publisering av lover og forskrifter, sentralt og lokalt. I

2023 er det venta at talet på produserte sider blir tilnærma eit normalår.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker utgifter til tilarbeiding av manuskript og arbeidet med den elektroniske utgåva av Norsk Lovtidend.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 8,1 mill. kroner.

Kap. 468 Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	20 284	19 485	22 864
	Sum kap. 0468	20 284	19 485	22 864


Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker er eit uavhengig forvaltningsorgan som skal behandle krav om gjenopptaking av straffesaker som er rettskraftig avgjorde i domstolane. Kommisjonen skal rettleie, greie ut og avgjere sakene. Gjennom å opne for at domfelte kan få saka si prøvd på nytt i rettssystemet, bidrar kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker til å sikre rettstryggleiken til den domfelte.

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker skal ta stilling til om ein domfelt med rettskraftig straffedom skal få ny behandling av saka si i retten. Kommisjonen har hatt fleire krevjande saker til behandling i 2021 og 2022, og kommisjonen har fått vesentleg fleire saker til behandling enn tidlegare år. Det har kravd store ressursar og har medført at saksbehandlingstida har auka. I 2022 vart løyvinga til kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker auka med 1,4 mill. kroner

som ei varig styrking. Det er behov for å styrke løyvinga ytterlegare, slik at saker blir behandla innan rimeleg tid og rettstryggleiken til individet blir vareteken. Det blir foreslått å auke løyvinga til kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker med 3 mill. kroner i 2023 som ei varig styrking.

Gjennom åra har saker som reiser tvil om den domfelte var strafferettsleg tilrekneleg, utgjort ein relativt stor del av dei sakene kommisjonen har opna. Dette er noko politiet òg må vere merksame på for evaluering og læring. Utilreknelegreglane er nyleg endra slik at ein større grad av skjønn kan bli avgjerande. Det er mogleg at dette kan generere fleire saker for kommisjonen.

Av dei totalt 178 realitetsvurderte sakene i 2021 vart 82 opna att, mot 37 året før. Av dei sakene som vart opna att, vart 31 opna som følgje av tvil om den domfelte var strafferettsleg tilrekneleg, jf. figuren under.



Figur 2.11 Grunnlag for gjenopning, 2020 og 2021

Nav-sakene utgjør 56 pst. av dei gjenopna sakene i 2021 og tvil om strafferettsleg tilreknelegheit utgjør 38 pst. Nav-sakene dukka opp i kommisjonen for første gong i 2020.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer driftsutgifter til medlemmene av kommisjonen, lønn til tilsette i sekre-

tariatet og andre driftsutgifter for kommisjonen og sekretariatet. Sekretariatet hadde 12,5 årsverk per 31. desember 2021.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 3 mill. kroner slik at kommisjonen skal behandle sakene innan rimeleg tid.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 22,9 mill. kroner.

Kap. 469 Vergemålsordningen

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	269 851	263 959	269 647
21	Spesielle driftsutgifter	76 903	117 865	92 239
	Sum kap. 0469	346 754	381 824	361 886

Verjemålsforvaltninga sørger for rettstryggleiken til personar som treng hjelp til å handtere sine økonomiske og personlege forhold. Førstelinja i verjemålsforvaltninga er statsforvaltaren. Statens sivilrettsforvaltning (SRF) er sentral verjemålsstyresmakt og er bl.a. ansvarleg for klagebehandling og tilsyn med statsforvaltarane. Ordinære verjemål er eit frivillig velferdsgode, som byggjer på sjølvråderett. Dersom ein person motset seg det, kan ikkje statsforvaltaren opprette verjemål. Retten kan likevel unntaksvis fastsetje verjemål med fråtaking av rettsleg handleevne mot personen sin vilje, der-

som strenge vilkår er oppfylte. Det er viktig at kvart enkelt verjemål er tilpassa viljen og behovet til personen, og at verjemålet ikkje blir meir omfattande enn nødvendig. Barn kan få oppnemnd verje dersom dei er utan ei fungerande verje. Statsforvaltaren har òg til oppgåve å utnemne representantar til mindreårige som kjem til Noreg utan foreldre eller andre med foreldreansvar og som søker vern (asyl), jf. utlendingslova § 98 a. Representanten skal ta vare på rettane til den mindreårige i asylsaka og trer juridisk inn i staden for foreldra og trefjer alle avgjerder som faller inn under foreldre- og

verjeansvaret. Som førstelinje i verjemålsforvaltninga er det statsforvaltaren som har ansvar for rekruttering, opplæring, rettleiing og tilsyn med verjene og representantane.

Per 31. desember 2021 var det registrert om lag 65 000 verjemål, og om lag 43 000 av desse var for vaksne personar. Av desse var om lag 300 personar fråtekne rettsleg handleevne. På same tidspunkt var det registrert om lag 21 700 verjemål for mindreårige. Verjemåla var fordelte på nesten 45 000 verjer, irekna representantar, mellombels verjer og foreldreverjer til mindreårige som har formue til forvaltning. Om lag 27 000 var verje for vaksne personar, og av desse var om lag 92 pst. verje for berre éin person, i hovudsak nærstående. Nærstående får som hovudregel ikkje godtgjering. Ved avslutninga av 2021 forvalta statsforvaltaren om lag 23 mrd. kroner på vegner av personar med verje.

Sjølvråderetten til personen med verje, og rolla til verja med å støtte opp under retten, er godt innarbeidd i verjemålsforvaltninga. Dette er eit resultat av ei rekkje tiltak dei seinare åra. Utviklinga med at statsforvaltaren i fleire tilfelle enn tidlegare har samtale med personen det er aktuelt å opprette verjemål for, har vore positiv. Prosentdelen saker der det blir gjennomført samtalar, er stadig aukande og var i 2021 på 48 pst. Hovudårsaka til at det ikkje blir gjennomført samtale, er at statsforvaltaren vurderer det som umogleg eller formålslaust. Justis- og beredskapsdepartementet fremma hausten 2022 forslag til endringar i verjemålslova som tek sikte på å presisere tydinga og rekkevidda av sjølvråderetten, blant anna i lys av Noregs menneskerettslege plikter. Føremålet med endringane er først og fremst å tydeleggjere alminneleg verjemål som eit frivillig støttetiltak. Departementet held fram arbeidet med ein heilskapleg gjennomgang av verjemålsordninga, sjå omtale av oppmodingsvedtak nr. 848 (2020–2021). Sjølvråderett har òg stått sentralt i opplæringa av verjer. Det er grunn til å rekne med at meir bruk av e-læringskurs har bidratt til å sikre betre og meir lik kompetanse hos verjene.

Det viktigaste tiltaket i 2021 for meir individtilpassa verjemål, har vore prosjektet *Fullmaktsregister for innbyggere* (FUFINN). FUFINN er ein del av eit større prosjekt i regi av SKATE¹ for å lage ei heilskapleg løysing for digital fullmaktsrepresentasjon. Nye verjefullmakter som verjene etter

kvart kan bruke for å utføre tenester digitalt, gir både meir individtilpassa verjemål og auka rettstryggleik for personane med verje. Ved utgangen av 2021 hadde statsforvaltarane oppretta om lag 5 000 digitale fullmakter, medrekna alle nyoppretta verjemål.

Digitalisering er sentralt for å nå målet om betre og meir effektive tenester til brukarane. I prosjektet *Digitalt vergeregnskap* (DIVE) er formålet å digitalisere kontrollen av verjerekneskapane. Digital innhenting av opplysningar frå Skatteetaten og finansnæringa vil gjere det mogleg å kontrollere alle verjerekneskapane. Då kan ein avdekke avvik meir effektivt. Det er inngått avtale med Skatteetaten om digital overføring av skattemeldingar, og prosjektet har god dialog med finansnæringa om overføring av bankopplysningar.

Arbeidet til verjemålsforvaltninga med å informere meir om privatrettslege alternativ til verjemål, irekna framtidfullmakter, legalfullmakter og private fullmakter har hatt positiv effekt. Trenden med ein vesentleg auke i talet på stadfesta framtidfullmakter som har tredd i kraft, har halde fram, frå om lag 1 000 i 2020 til om lag 1 600 i 2021. Talet på søknader som ikkje fører til nye verjemål har òg auka. Auka bruk av framtidfullmakter, sikrar at fleire tek kontroll over eiga framtid, og bidrar til å redusere belastninga på verjemålsforvaltninga. Stadfesting av at framtidfullmakt trer i kraft, er frivillig og ikkje nødvendig for at fullmakta skal vere gyldig.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer driftsutgifter til statsforvaltarane og SRF, som lønn og andre administrative utgifter. I tillegg skal løyvinga dekke investeringar, nødvendig konsulenthjelp, utstyr og prosjektkostnader.

Det blir foreslått ei løyving på 269,6 mill. kroner i 2023.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer godtgjersle og utgiftsdekking til verjer, jf. verjemålslova § 30, og til representantar for einslege mindreårige asylsøkarar i tillegg til nødvendige utgifter til tolk, jf. utlendingslova § 98 f.

Det blir foreslått ei løyving på 92,2 mill. kroner i 2023.

¹ Styring og koordinering av tjenester i e-forvaltning

Kap. 3469 Vergemålsordningen

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Vergemåls-/representantordning, ODA-godkjente utgifter	4 407	4 499	8 550
	Sum kap. 3469	4 407	4 499	8 550

Post 01 Vergemåls-/representantordningen, ODA-godkjente utgifter

Visse innanlandske utgifter for mottak av asylsøkarar og flyktningar kan etter OECD/DAC sitt statistikkdirektiv godkjennast som offisiell utviklingshjelp det første året asylsøkarar og flyktningar er i mottakarlandet. Tiltaka må følgje inter-

nasjonale retningslinjer for offisiell utviklingsbistand (ODA) om dei skal kunne reknast som bistand. Det er venta ei auke i talet på einslege mindreårige asylsøkarar (EMA) i 2023. Løyvinga er justert i samsvar med dette.

Det blir foreslått ei løyving på 8,6 mill. kroner i 2023.

Programkategori 06.70 Statens sivilrettsforvaltning, rettshjelp, erstatningsordninger, m.m.

Utgifter under programkategori 06.70 fordelte på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Pst. endr. 22/23
01–25	Driftsutgifter	705 600	950 283	943 788	-0,7
70–89	Overføringer til private	705 189	687 149	722 526	5,1
Sum kategori 06.70		1 410 789	1 637 432	1 666 314	1,8

Utgifter under programkategori 06.70 fordelte på kapitler

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Pst. endr. 22/23
470	Fri rettshjelp	561 217	772 320	809 433	4,8
471	Statens erstatningsansvar og Stortingets rettfærdsvederlagsordning	186 208	216 172	222 657	3,0
473	Statens sivilrettsforvaltning	541 874	480 835	509 109	5,9
475	Bobehandling	121 490	168 105	125 115	-25,6
Sum kategori 06.70		1 410 789	1 637 432	1 666 314	1,8

Innleiing

Programkategori 06.70 omfattar utgifter til fri rettshjelp, tilskotsordninga for spesielle rettshjelpstiltak, erstatningsansvaret til staten, erstatning i samband med strafforfølgning, rettfærdsvederlagsordninga til Stortinget, Statens sivilrettsforvaltning, valdsoffererstatningsordninga og garantiordninga for bubehandling.

Målet for programkategori 06.70 *Statens sivilrettsforvaltning, fri rettshjelp, erstatningsordningar m.m.* er rettstryggleik.

Felles for dei ulike ordningane i denne programkategorien er at dei varetek rettstryggleiken til den enkelte gjennom hjelp og støtte til retts-

hjelp eller gjennom erstatning frå staten i visse tilfelle.

Prioriteringar i 2023

Inntektsgrensene for behovsprøvd rettshjelp vart oppjusterte med 30 pst. med verknad frå 1. januar 2022. Dette var den første oppjusteringa av grensene sidan 2009. Gjeldande grenser er 320 000 kroner for einslege og 490 000 kroner for ektefellar og sambuarar. Grensa for formue er 100 000 kroner for både einslege og par. Dei økonomiske grensene for 2022 blir førte vidare for 2023.

Kap. 470 Fri rettshjelp


(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	501 407	704 255	740 168
72	Tilskudd til spesielle rettshjelpstiltak	59 810	68 065	69 265
	Sum kap. 0470	561 217	772 320	809 433

Rettshjelpslova med forskrifter gir reglar om offentlig stønad til rettshjelp for dei som har behov for rettshjelp. Etter lova kan stønaden bli gitt i form av fritt rettsråd, fri sakførsel eller fritak for rettsgebyr. Fritt rettsråd og fri sakførsel inneber at den som har behov for rettshjelp, får hjelp frå ein advokat eller frå andre rettshjelparar. Tene- sta blir heilt eller delvis betalt av det offentlege på grunnlag av rettshjelpsatsen. Statens sivilrettsforvaltning (SRF) er klageinstans for vedtak gjorde av statsforvaltarane, av fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker og av kontrollkommissjo- nane for psykisk helsevern. SRF etatsstyrer stats-

forvaltarane på rettshjelpsområdet og skal bidra til styrkt kompetanse blant statsforvaltarembeta og sikre einsarta praksis.

Fri rettshjelp blir gitt både med og utan behovsprøving. Fri rettshjelp utan behovsprøving inneber fri rettshjelp uavhengig av inntekt og formue, og blir gitt på dei saksområda som blir sett på som av særleg stor personleg eller velferdsmessig betydning, som t.d. barnevernssaker. I andre typar saker er ordninga med fri rettshjelp behovsprøvd. Personar som har krav på behovsprøvd rettshjelp, har inntekt og formue under fastsette grenser.



Figur 2.12 Utgifter til fri rettshjelp og tilskot til spesielle rettshjelpstiltak (2016–2021)

Utgiftene til fri rettshjelp har vore avtakande sidan 2016, både nominelt og reelt. Den reelle nedgangen i rettshjelpsutgifter frå 2016 til 2021 var på 31 pst. Årsaka til dette er samansett. Ein grunn er at dei økonomiske grensene har blitt vidareførte nominelt kvart år i perioden. Over tid har dette ført til at ein stadig mindre del av befolkninga har krav på behovsprøvd rettshjelp. Tre fjerdedelar av

den totale reduksjonen i rettshjelpsutgifter kjem likevel frå saksområde der det blir innvilga fri rettshjelp uavhengig av inntekta og formuen til søkeren. Dette kjem i hovudsak av ein betydeleg nedgang i barnevernssaker og utlendingssaker i perioden. Delar av den totale nedgangen i rettshjelpsutgifter må òg sjåast i samanheng med virusutbrotet, både i tingrettane og lagmannsrett-

ane, i fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker og på rettsrådsstadiet.

Regjeringa Solberg sette i oktober 2018 ned eit offentleg utval som skulle gjennomgå rettshjelpsordninga, jf. oppmodingsvedtak nr. 98, 4. desember 2018. Utvalet la fram utgreiinga si 30. april 2020. Utvalet foreslår ei reform av rettshjelpsordninga og ei ny lov om trygd til rettshjelp (rettshjelpslova), som er meint å avløyse den gjeldande lova om fri rettshjelp frå 1980. Utvalet foreslår bl.a. endringar i dei økonomiske vilkåra for trygd til rettshjelp og eigendelar som blir tilpassa betalingssevna til kvar enkelt. Stortinget har bede regjeringa om å fremme forslag til ny rettshjelpslov i løpet av våren 2023, jf. oppmodingsvedtak nr. 49, 2. desember 2021.

Regjeringa vil sette i gang eit pilotarbeid i form av nærtenesesenter for auka tilgang til statlege tenester. Det vil bli vurdert om ein førstelinjeteneste for rettshjelp skal inngå i eit slikt nærtenesesenter.

Justis- og beredskapsdepartementet har med heimel i rettshjelpslova § 7 tredje ledd etablert eit særleg rettshjelpstiltak utan økonomisk behovsprøving for personar som er omfatta av den feilaktige praktiseringa av trygderegelverket til Nav. Ordninga omfattar personar som feilaktig har fått vedtak om stans i, avslag på og/eller tilbakebetaling av sjukepengar, arbeidsavklaringspengar (rehabiliteringspengar/attføringspengar) og pleiepengar fordi dei frå og med 1994 har opphalde seg mellombels i eit anna EØS-land. Ordninga gjeld saker der det nye vedtaket ikkje endar med full omgjering til gunst for den det gjeld. I 2020 og 2021 fekk statsforvaltaren høvesvis 65 og 68 saker gjennom ordninga. SRF, som behandlar ev. klagar, fekk ikkje saker til behandling i 2020 og 2021. Mange søkarar får medhald i saka si hos Nav, noko som kan forklare den låge inngangen av saker.

Ny barnevernslov blir sett i verk 1. januar 2023. Den nye lova skal gi betre rettstrygging for barn og familiar, og bidra til at fleire som har behov for hjelp frå barnevernet, får riktig hjelp til rett tid, jf. Prop. 133 L (2020–2021). Endringane fører til skjerpte krav til samværsplan for barn etter omsorgsovertaking og til auka utgifter til fri rettshjelp. Fastsetjing av samvær etter omsorgsovertaking, er eit sentralt tema i fleire av sakene der Noreg er dømt i EMD for krenking av retten til familieliv. Skjerpa krav til samværsplan er ein viktig del av korleis Noreg følgjer opp desse sakene. Det er derfor foreslått å auke posten med 6,3 mill. kroner som skal dekke auka utgifter til fri rettshjelp som følgje av fleire enkeltstående lov-

endringar som styrker barn og rettstrygginga til foreldre. Sjå òg omtale i budsjettproposisjonane for Barne- og familiedepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet.

Det kjem òg fram av den nye barnevernslova at betalingsansvaret for godtgjering til sakkunnige oppnemnde av fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker og til tolk i saker for fylkesnemndene blir overført frå kommunane til staten. Det er derfor foreslått å auke posten med 18,6 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 571, post 60. Sjå òg omtale i budsjettproposisjonane for Barne- og familiedepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til advokat, sakkunnige og meddommarar m.m. i saker der det er gitt fri sakførsel etter reglane i rettshjelpslova. Fri sakførsel blir gitt i saker for domstolane og for særskilde forvaltningsorgan som fylkesnemndene for barnevern og sosiale saker, kontrollkommisjonen (for psykisk helsevern), smittevernemnda m.m. I tillegg dekker løyvinga utgifter til advokat og rettshjelp i saker der det heilt eller delvis er løyvd fritt rettsråd etter reglane i rettshjelpslova. Fritt rettsråd er juridisk rådgiving i saker som ikkje er til behandling i domstolane eller eit anna organ der det kan bli gitt fri sakførsel.

For 2023 blir det foreslått å redusere kompensasjonen til tolkar frå 4/5 til 2/3 av den offentlege salærsatsen, sjå omtale under kap. 466. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga med 6,5 mill. kroner.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 7 mill. kroner som følgje av at reisegodtgjeringa for aktørar som tek offentlege oppdrag har auka frå 50 til 70 pst. av rettshjelpsatsen per time reise. Sjå òg omtale under kap. 466, post 01.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 6,3 mill. kroner i samband med fleire enkeltstående lovendringar som styrker barn og rettstrygginga til foreldrer.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 18,6 mill. kroner i samband med ny barnevernslov.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 733,9 mill. kroner i 2023. Posten er regelstyrt.

Post 72 Tilskudd til spesielle rettshjelpstiltak

Justis- og beredskapsdepartementet gir tilskot til spesielle rettshjelpstiltak. Løyvinga på posten dek-

ker tilskot for å sikre rettstryggleiksarbeid, retts-
hjelpsverksemd og rettspolitisk arbeid. Formålet
med tilskotsordninga er å gi kostnadseffektive
rettshjelpstilbod til utsette grupper og menneske
som er i ein spesielt vanskeleg situasjon, og som
kan oppfatte at terskelen for å oppsøke ordinær
juridisk hjelp er høg. Ordninga blir forvalta av Sta-
tens sivilrettsforvaltning som fordeler heile pos-
ten etter søknad frå dei ulike tilskotsmottakarane.

Ordninga er ein viktig del av det totale tilbodet
innanfor rettshjelp. Tilskotsmottakarane skal rap-
portere om oppnådde mål, erfaringar med tiltaka
og bruken av ressursane. Måloppnåinga til tilskots-
mottakarane er over år gjennomgåande god. Løy-
vinga har auka med 23,3 pst. frå 2017 til og med
2021.

Det blir foreslått ei løyving på posten på
69,3 mill. kroner i 2023.

Kap. 3470 Fri rettshjelp

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Tilkjente saksomkostninger m.m.	2 945	4 438	4 571
02	Fri rettshjelp, ODA-godkjente utgifter	5 391	5 503	5 668
	Sum kap. 3470	8 336	9 941	10 239

Post 01 Tilkjente saksomkostninger m.m.

Sakskostnader som blir tilkjende staten i saker
der éin eller begge partar får fri sakførsel (benefi-
serte saker), blir førte over til denne posten.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 4,6 mill.
kroner.

Post 02 Fri rettshjelp, ODA-godkjente utgifter

Utgifter til fri rettshjelp til asylsøkarar som har fått
avslag på søknad om vern, kan godkjennast som
utviklingshjelp (ODA). Dette er i tråd med
OECD/DAC sine presiseringar til ODA-regelver-
ket. Sjå utdjupande omtale under kap. 3490 og i
Utanriksdepartementet sin Prop. 1 S (2022–2023).

Det blir foreslått ei løyving på posten på 5,7 mill.
kroner.

Kap. 471 Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
71	Erstatningsansvar m.m., <i>overslagsbevilgning</i>	137 096	119 798	123 392
72	Erstatning i anledning av straffeforfølgning, <i>over- slagsbevilgning</i>	23 534	67 129	69 143
73	Stortingets rettferdsvederlagsordning	25 578	29 245	30 122
	Sum kap. 0471	186 208	216 172	222 657

**Post 71 Erstatningsansvar m.m.,
overslagsbevilgning**

Kap. 471, post 71 blir belasta når staten blir dømd til, eller har inngått forlik om, å betale erstatning fordi staten er ansvarleg etter ulovfesta eller lovfesta erstatningsrettslege reglar. Posten blir òg belasta når staten betaler ut erstatning utan at det har oppstått usemje om erstatningsansvaret i desse sakene. Posten blir vidare brukt til å dekke sakskostnadene til ein motpart og til å dekke forseinkingsrenter som er tilkomne fram til éin månad etter at ein dom vart rettskraftig. Utbetaling av erstatning i kontraktsforhold kan ikkje bli belasta posten. Finst det andre budsjettpostar som dekker dei aktuelle utgiftene, skal ikkje erstatningsutbetalingane bli belasta kap. 471, post 71. Sjå elles rundskriv G-01/2017. Løyvinga på posten er regelstyrt og er ei overslagsløyving.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 123,4 mill. kroner.

**Post 72 Erstatning i samband med
strafforfølgning, overslagsbevilgning**

Ein person som har vore sikta, tiltalt eller dømd for ei straffbar handling, kan ha rett til erstatning for økonomisk tap og oppreising dersom vedkommande blir frifunnen, dersom forfølgninga mot vedkommande blir innstilt, eller dersom vedkommande har vore pågripen eller fengsla i strid med sentrale menneskerettskonvensjonar. Oppreising for fridomsrøving følgjer faste satsar. Statens sivilrettsforvaltning (SRF) behandlar og avgjer krav om erstatning etter strafforfølgning.

Dei fem siste åra har saksinngangen halde seg nokså stabil på omkring 1 000 saker i året. I 2021 behandla SRF færre saker samanlikna med 2020, og restansane har auka noko. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid er redusert med ein månad samanlikna med 2020. Delen som fekk tilkjend erstatning i 2021, var 44 pst., noko som er den lågaste tilkjenningsprosenten dei siste fem åra. Utgiftene til erstatning i samband med strafforfølgning varierer frå år til år. Utbetalingane er først og

fremst avhengige av kva type saker som er til behandling. Mengda saker som blir behandla har mindre å seie for det totale utbetalingsnivået. SRF fekk få erstatningskrav med utgangspunkt i Navsakene i 2021, og har per 1. september 2022 mottatte 15 krav. SRF forventar å få fleire slike krav i 2023.

Løyvinga på kap. 471, post 72, blir belasta ved dekking av erstatning i samband med strafforfølgning etter straffeprosesslova kap. 31 og ved dekking av sakskostnadene til motparten etter straffeprosesslova § 438. SRF avgjer krav om erstatning i samband med strafforfølgning og betaler ut ev. erstatning. Når staten blir dømd til å betale sakskostnadene til motparten etter straffeprosesslova § 438, blir utbetalinga belasta post 72. Det er politidistriktet eller påtalemakta som utøver partsstillinga på vegner av staten som betaler ut, ikkje domstolen. Forseinkingsrenter av sakskostnadene som er tilkomne fram til éin månad etter at ein dom vart rettskraftig, kan bli belasta kap. 471, post 72. Forseinkingsrenter som er komne til etter dette tidspunktet, skal bli belasta driftsbudsjettet til verksemda. Løyvinga på posten er regelstyrt og er ei overslagsløyving.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 69,1 mill. kroner.

**Post 73 Stortingets
rettferdsvederlagsordning**

Posten dekker utbetalingar av rettferdsvederlag. Rettferdsvederlagsordninga er Stortinget si eiga ordning der enkeltpersonar som har komme særleg uheldig ut i møte med det offentlege jamført med andre på same tid, kan søke om kompensasjon etter skjønn. SRF er sekretariat for Stortinget sitt utval for rettferdsvederlag.

Talet på innkomne saker har auka med 37 pst. frå 2020. Auken har truleg samanheng med at Statens sivilrettsforvaltning har sett i verk fleire tiltak for å følgje opp Stortinget sitt oppmodingsvedtak nr. 111, 26. november 2020 om å gjere rettferdsvederlagsordninga betre kjend. Det blir foreslått ei løyving på posten på 30,1 mill. kroner.

Kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	82 703	77 923	78 505
70	Erstatning til voldsofre, <i>overslagsbevilgning</i>	459 171	402 912	430 604
	Sum kap. 0473	541 874	480 835	509 109


Statens sivilrettsforvaltning (SRF) forvaltar statlege ordningar på tvers av sivil- og strafferetten, som skal sikre rettar og rettslikskap til individet og bidra til god rettspleie. SRF har kompetanse til å treffe vedtak innanfor bl.a. verjemålsområdet, fri rettshjelp, erstatning i samband med strafforfølgning og saker etter valdserstatningslova. SRF etatsstyrer statsforvaltarane på områda verjemål og rettshjelp. SRF har i tillegg som oppgåve å etatsstyre Kontoret for valdsoffererstatning. SRF utøver òg sekretariatsfunksjon for erstatningsnemnda for valdsoffer, den rettsmedisinske kommisjonen, barnesakkunnig kommisjon, barnevernets tvisteløysingsnemnd, konkursrådet, kontrollutvalet for kommunikasjonskontroll, Stortinget sitt utval for rettferdsvederlag og klagenemnda for krav om erstatning og kompensasjon for psykiske belastningsskadar som følgje av deltaking i internasjonale operasjonar.

Sjå òg omtale under programkategori 06.60.

Valdsoffererstatning – Kontoret for valdsoffererstatning

Kontoret for valdsoffererstatning (KFV) behandlar søknader om valdsoffererstatning frå personar som er påførte personskade som følgje av ei straffbar valdshandling. KFV behandlar òg saker om regress mot skadevaldaren. Erstatningsnemnda for valdsoffer (ENV) behandlar klagar på vedtak om valdsoffererstatning som er gjorde i første instans. SRF utøver sekretariatsfunksjon for ENV og har delegert fullmakt til å gjere vedtak i nokre klagesaker.


Talet på nye søknader i 2021 var jamt med året før, med 4 658 nye søknader. Talet på behandla saker auka for tredje året på rad. KFV behandla om lag 7 pst. fleire saker i 2021 samanlikna med 2020. Sjølv om behaldninga av ubehandla saker vart redusert med 7,5 pst., er ho framleis betydeleg, jf. figuren under.




Figur 2.13 Saksbehandling hos KFV (2017–2021)

I 2021 gjorde KfV over 2 300 vedtak om regress mot skadevaldar, jf. figuren over. Det vart betalt inn om lag 111 mill. kroner frå skadevaldar. Det er ein auke på 26 pst. frå året før, som kjem av at regress har vore høgt prioritert av KfV, og at det fortløpande blir gjort vedtak om regress der det er høve til det. Det vart utbetalt om lag 459 mill. kroner i valdsoffererstatning i 2021. Det er ein auke på 28 pst. frå året før. Auken kjem bl.a. av lovendringa som tredde i kraft 1. juli 2021, jf. Prop. 113 L (2020–2021) *Endringer i valdsoffererstatningsloven (den øvre grensen)* og Lovvedtak 128

(2020–2021) *Lov om endringer i valdsoffererstatningsloven (den øvre grensen)*. Det vart utbetalt om lag 56 mill. kroner som følge av lovendringa. Auken kjem òg av fleire behandla saker i 2021 samanlikna med 2020, ein auke i prosentdelen innvilga søknader og at det er fleire saker der søkeren er tilkjend store beløp i dom. Delen søkarar som fekk innvilga erstatning auka frå 49,4 pst. i 2020 til 55 pst. i 2021. KfV utbetalte over 3 mill. kroner i erstatning i 22 saker i 2021, medan det til samanlikning var ni slike saker i 2020.



Figur 2.14 Utbetalt erstatning og innbetalt regress (2017–2021)



Figur 2.15 Saksbehandlingstid ved KfV (2017–2021)

Saksbehandlingstida ved KFV heldt fram med å auke i 2021, jf. figur 1.4. Trass i dette behandla KFV 56 pst. av sakene innan 120 dagar. Delen saker som er ferdigbehandla innan 60 dagar, utgjer 47 pst. Hovudutfordringa er høg restanse av eldre saker. KFV har i 2021 redusert restansen av saker som er eldre enn 16 md., og framleis nedgang vil på sikt gi positiv effekt på gjennomsnittleg behandlingstid.

SRF tok imot 948 klagesaker i 2021. Det er ein nedgang på 7 pst. frå 2020. Auken på 26 pst. frå 2019 til 2020 kom bl.a. av endringar i praksis til ENV. Denne tendensen ser ut til å ha flata ut i 2021. SRF og ENV behandla til saman 895 ordinære klagesaker, og SRF gjorde vedtak i 72 pst. av dei. Saksbehandlingstida på klagesaker i ENV har halde fram å auke, frå ti til elleve månader. Dette kjem av at færre saker vart behandla etter delegert makt. Saksbehandlingstida på klagesaker i SRF held seg på fem månader. Medhaldsprosenten i 2021 var 13,8 pst. Dette tyder at vedtaka frå KFV er i tråd med praksis og av tilfredsstillande kvalitet.

Den 17. september 2021 fremma regjeringa forslag til ny lov om valdserstatning, jf. Prop. 238 L (2020–2021) *Lov om erstatning fra staten til voldsutsatte (voldserstatningsloven)*. Lova vart vedteken med nokre justeringar i mai 2022, sjå Lovvedtak 70 (2021–2022) og Innst. 310 L (2021–2022). Den nye lova vil effektivisere valdserstatningsordninga og erstattar eit regelverk som er komplisert og vanskeleg tilgjengeleg. Lova trer i kraft frå 1. januar 2023. Dei fleste valdsoffer vil sleppe å søke KFV om erstatning, og vil i staden få utbetalt erstatning frå staten etter at straffesaka er behandla i domstolane. I dei tilfella der påtalemakta ikkje reiser tiltale, vil offer for vald framleis kunne søke om valdserstatning frå KFV.

Kontrollutvalet for kommunikasjonskontroll

Kontrollutvalet for kommunikasjonskontroll (KK-utvalet) er eit uavhengig organ som skal kontrollere at bruken av kommunikasjonskontroll i politiet, romavlytting og dataavlesing skjer innanfor

ramma av lover og instruksar. Utvalet skal òg kontrollere sletting og bruk av overskotsinformasjon og vurdere meldingar og rapportar som politimeistrane sender til Riksadvokatembetet. SRF utøver sekretariatsfunksjonen for utvalet.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer ordinære driftsutgifter til SRF. Dette omfattar òg godtgjersle og reise- og kursutgifter til medlemmer av Stortinget sitt utval for rettferdsvederlag og kontrollutvalet for kommunikasjonskontroll (KK-utvalet). Løyvinga dekkjer i tillegg dei ordinære driftsutgiftene til KFV, driftsutgiftene til den rettsmedisinske kommisjonen (DRK), medrekna sekretariatet til kommisjonen, driftsutgiftene til sekretariatet til KK-utvalet og driftsutgiftene til sekretariatet for konkursrådet og andre utgifter til konkursrådet, medrekna godtgjersle og reiseutgifter til medlemmene av rådet. Bemanninga i SRF utgjorde om lag 69 årsverk og KFV hadde 31 årsverk per 31. desember 2021.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 473, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3473, post 01, jf. forslag til vedtak.

Vidare blir det foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 kan nettoføre som utgiftsreduksjon på kap. 473, post 01, inntektene frå å halde kurs og konferansar i regi av konkursrådet og dessutan inntekter frå anna verksemd som rådet driv, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 78,5 mill. kroner.

Post 70 Erstatning til voldsofre, overslagsbevilgning

Løyvinga på posten dekkjer erstatning i saker etter valdserstatningslova. Løyvinga på posten er regelstyrt og er ei overslagsløyving.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 430,6 mill. kroner.

Kap. 3473 Statens sivilrettsforvaltning

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Diverse inntekter	746	5	5
	Sum kap. 3473	746	5	5

Post 01 Diverse inntekter

Inntektene på posten er refusjonar som skal dekke utgifter som den rettsmedisinske kommi-

sjonen har i samband med kurs, og ev. andre inntekter.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 5 000 kroner.

Kap. 475 Bobehandling

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter, <i>overslagsbevilgning</i>	114 885	159 910	116 704
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	6 605	8 195	8 411
	Sum kap. 0475	121 490	168 105	125 115

Post 01 Driftsutgifter, overslagsbevilgning

Løyvinga på posten dekker staten sitt ansvar for utgifter til konkursbehandling i tilfelle der buet eller den som ber om konkurs (rekvirenten), ikkje dekker utgiftene. Dette er regelstyrte utgifter etter konkurslova § 73. Det blir foreslått ei løyving på posten på 116,7 mill. kroner.

å pådra staten forplikingar med inntil 10 mill. kroner utover løyvinga som er gitt over kap. 475, post 21, slik at den totale ramma for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig 33 mill. kroner, jf. forslag til vedtak.

Vidare blir det foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 får fullmakt til å nettoføre som utgiftsreduksjon over kap. 475, post 21, inntekter under garantiordninga som er betalte tilbake, jf. forslag til vedtak. Slik tilbakebetaling skjer når buet får inn pengar etter at tingretten har betalt ut garantibeløp til bustyraren.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til Justis- og beredskapsdepartementet si særskilde garantiordning.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 8,4 mill. kroner.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet under garantiordninga får fullmakt til

Programkategori 06.80 Svalbardbudsjettet m.m.

Utgifter under programkategori 06.80 fordelte på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Pst. endr. 22/23
01-25	Driftsutgifter	49 193	57 103	58 120	1,8
50-59	Overføringer til andre statsregnskaper	403 862	449 536	376 407	-16,3
	Sum kategori 06.80	453 055	506 639	434 527	-14,2

Utgifter under programkategori 06.80 fordelte på kapitler

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Pst. endr. 22/23
480	Svalbardbudsjettet	403 862	449 536	376 407	-16,3
481	Samfunnet Jan Mayen	49 193	57 103	58 120	1,8
	Sum kategori 06.80	453 055	506 639	434 527	-14,2

Innleiing

Programkategori 06.80 *Svalbardbudsjettet m.m.* omfattar tilskotet til svalbardbudsjettet (kap. 480) og løyvinga til Samfunnet Jan Mayen (kap. 481).

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for koordineringa av norsk politikk i polarområda, medrekna Svalbard og Jan Mayen.

Justis- og beredskapsdepartementet fremmar svalbardbudsjettet som ein eigen budsjettproposisjon samstundes med statsbudsjettet, Prop. 1 S (2022–2023) *Svalbardbudsjettet*.

Kvart år blir det gitt eit tilskot frå statsbudsjettet til å dekke underskotet på svalbardbudsjettet. For 2023 er det foreslått 581,9 mill. kroner i utgifter og 205,5 mill. kroner i inntekter på svalbardbudsjettet. Differansen på 376,5 mill. kroner danner grunnlaget for tilskotet på Justis- og beredskapsdepartementet sitt kap. 480, post 50.

Tilskotet til svalbardbudsjettet i saldert budsjett for 2022 var 449,5 mill. kroner. I tillegg er løy-

vinga i 2022 auka med 8,0 mill. kroner, jf. Prop. 78 S (2021–2022) og Innst. 270 S (2021–2022).

Løyvinga er foreslått redusert samanlikna med tilskotet i saldert budsjett for 2022, bl.a. som følge av at eingongsutgifter i samband ny sivil redningshelikopterbase i Tromsø og felles operasjon med helikoptertenesta for Sysselmeisteren ikkje blir vidareført i 2023.

I hovudsak er det den statlege administrasjonen av Svalbard som er finansiert over svalbardbudsjettet. Dette inneber bl.a. verksemd på Svalbard som er underlagd Justis- og beredskapsdepartementet og verksemd underlagd andre fagdepartement. Longyearbyen lokalstyre får òg løyvingane sine over svalbardbudsjettet.

Prop. 1 S (2022–2023) *Svalbardbudsjettet* gir òg ei samla oversikt over statlege løyvingar til svalbardformål som ikkje er finansierte over kap. 480, post 50. Desse utgiftene blir dekte på statsbudsjettet på kapitla til dei enkelte fagdepartementa. Forslag til løyvingar for 2023 er omtalt nærmare i Prop. 1 S (2022–2023) *Svalbardbudsjettet*.

Kap. 480 Svalbardbudsjettet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
50	Tilskudd	403 862	449 536	376 407
	Sum kap. 0480	403 862	449 536	376 407

Måla for svalbardpolitikken

Det er lang tradisjon for brei politisk semje om hovudlinjene i svalbardpolitikken. Stortinget si behandling av Meld. St. 32 (2015–2016) *Svalbard*, jf. Innst. 88 S (2016–2017), reflekterte at dei overordna måla for svalbardpolitikken ligg fast:

- ei konsekvent og fast handheving av suvereniteten
- overhalde Svalbardtraktaten på korrekt måte og føre kontroll med at traktaten blir etterlevd
- bevaring av ro og stabilitet i området
- bevaring av den særneigne villmarksnaturen i området
- halde oppe norske samfunn på øygruppa.

Langsiktig forvaltning av Svalbard i tråd med dei stortingsforankra måla medverkar til tryggleik for folk i Longyearbyen, og til stabilitet og ei føreseieleg utvikling i regionen. Regjeringa legg vekt på å vidareføre dei lange linjene i forvaltninga av øygruppa. Innanfor dei stortingsforankra måla vil regjeringa vidareutvikle svalbardpolitikken på ein måte som sikrar norske interesser og norsk busetjing, og som varetek ein berekraftig utvikling i Arktis.

Alle departementa har ei rolle i gjennomføringa og utforminga av svalbardpolitikken og er involverte i arbeidet med å nå måla. Polarområda

er viktige politisk, noko som gjer det nødvendig å sjå verksemda til dei enkelte fagetatane i samanheng og i eit breiare perspektiv. Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for å koordinere og samordne polarsaker i statsforvaltninga.

Utover måla som er fastsette av Stortinget, har Justis- og beredskapsdepartementet eit eige mål for politikken i Arktis og Antarktis: *godt forvalta polarområde*. Med godt forvalta polarområde meiner ein at polarområda skal forvaltast slik at samordning og styring byggjer opp under dei overordna måla for Svalbard og andre polare strøk.

Befolkning og bustad i Longyearbyen

Nedbemanninga i gruveverksemda til Store Norske Spitsbergen Kulkompani AS frå 2018 har medført ei stor omstilling for Longyearbyen. Nedbemanninga har ikkje hatt særleg innverknad på talet på sysselsette eller innbyggjartalet i Longyearbyen. Samstundes er samansetninga av befolkninga i endring, med ein større del utlendigar enn tidlegare år. Longyearbyen er og skal vere eit livskraftig norsk lokalsamfunn og administrasjonssenter. Det er viktig med god balanse mellom talet på norske og talet på utanlandske statsborgarar i dette samfunnet. Regjeringa følgjer derfor med på utviklinga i Longyearbyen.

Tabell 2.10 Folketal i Longyearbyen og Ny-Ålesund, 1. januar

2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
2 100	2 185	2 152	2 145	2 214	2 258	2 428	2 459	2 486

Kjelde: SSB «Befolkningen på Svalbard» <https://www.ssb.no/befolkning/folketal/statistikk/befolkningen-pa-svalbard>, publisert 23. august 2022.

Tal frå SSB syner at folketalet i Longyearbyen og Ny-Ålesund i det første halvåret i 2022 var på om lag 2 500 personar.

Bustadpolitikken skal bidra til å halde oppe Longyearbyen som eit norsk lokalsamfunn gjen-

nom ei heilskapleg og effektiv forvaltning som sikrar bustader til offentleg tilsette og statleg kontroll med bustadmassen. Statsbygg Svalbard har ansvaret for statlege bygg og utbyggingar på Svalbard og for forvaltninga av ein bustadpool i Long-

yearbyen, som leiger ut bustader til offentleg tilsette.

Vidare er det ein føresetnad for å halde oppe norske samfunn på øygruppa at befolkninga har ein stor grad av tryggleik for liv, helse og materielle verdiar.

Dei stortingsforankra måla for svalbardpolitikken fordrar at regelverk og rammer for Svalbard og Longyearbyen blir vurderte og tilpassa etter samfunnsutviklinga. Regjeringa har sett i verk fleire endringar i regelverk i 2022. Andre regelverksendringar som omhandlar forholda på Svalbard, har vore på høyring. Endringane og forslaga til endringar legg til rette for at den langsiktige og føreseielege forvaltninga av Svalbard held fram.

Energiforsyning

Kolkraftverket som forsyner Longyearbyen med kraft og varme vart sett i drift i 1983, ber preg av den høge alderen og må om ikkje lenge erstattast av ei ny energiløysing. Stortinget har slutta seg til dei overordna rammene for etablering og drift av ny energiløysing, jf. Innst. 117 S (2021–2022). Det vidare arbeidet med ny energiforsyning blir følgd opp av Longyearbyen lokalstyre, i dialog med Olje- og energidepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet.

Longyearbyen lokalstyre har signalisert at dei også i framtida ønskjer å ha ansvaret for energiforsyninga i Longyearbyen. Dette legg grunnlaget for den vidare planlegginga, og Longyearbyen lokalstyre vil framleis ha ansvaret for energiproduksjonen i Longyearbyen ved overgangen til ei ny energiløysing. Longyearbyen lokalstyre vil vidare vere ansvarleg for å få etablert eit nytt energiverk i Longyearbyen.

Tiltak

Longyearbyen lokalstyre skal utarbeide ein energiplan for Longyearbyen innan utgangen av 2022 og overlevere han til Olje- og energidepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet. I arbeidet med energiplanen skal dei sjå på korleis overgangen til ei mest mogleg fornybar energiforsyning kan gjennomførast på ein måte som er så sikker, skånsam og kostnadseffektiv som råd. I energiplanen skal dei bl.a. gjere greie for korleis etablering av eit nytt dieselkraftverk blir sett i samband med energieffektivisering, lokal produksjon av fornybar energi, utprøving av nye teknologiar og drifta av Gruve 7, som forsyner dagens kraftverk med kol. Når lokalstyret har overlevert energiplanen, vil departementa og lokalstyret

saman vurdere den vidare prosessen med å få på plass ei ny energiløysing.

Beredskap og skredsikring

Det har vore ei auke i talet på fartøy som seglar i farvatna ved Svalbard i 2021, samanlikna med åra før. Trenden er at den maritime aktiviteten i farvatna rundt Svalbard aukar.

Sysselmeisteren disponerer det innleigde tenestefartøyet MS «Polarsyssel», som er eit fleirbruksskip. Fartøyet er ein sentral ressurs i rednings- og beredskapssamanheng bl.a. ved fare for skipsforlis, grunnstøyting, oljeutslepp, personskaadar m.m. I tillegg er fartøyet avgjerande i dei årlege inspeksjonane av Svalbard og generelt når Sysselmeisteren driv oppsyn og utøver mynde. Sysselmeisteren har kontraktoppfølging av avtalen om leige av «Polarsyssel». Avtaleperioden er 2014–2024, med moglegheit til å utløyse opsjon ut 2025. Justis- og beredskapsdepartementet fekk tidleg i 2022 ei konseptvalutgreiing om framtidig løysing for Sysselmeisteren sitt tenestefartøy på Svalbard. Departementet har på denne bakgrunnen gitt Sysselmeisteren i oppdrag å gjennomføre ein anskaffingsprosess, slik at ei framtidig løysing er på plass når dagens avtale går ut.

Sysselmeisteren disponerer to AWSAR Super Puma-redningshelikopter som er leigde inn. Helikoptera blir nytta til søk og redning på Svalbard og i nærliggjande område. I februar 2021 inngjekk Justis- og beredskapsdepartementet kontrakt med CHC Helikopter Service AS om drifta av ein ny sivil redningshelikopterbase i Tromsø og felles operasjon med helikoptertenesta for Sysselmeisteren. Ansvaret for drift av Svalbardbasen vart teke over av CHC Helikopter Service AS 1. april 2022. Sysselmeisteren har kontraktoppfølging av avtalen.

Oljeprisen har stege kraftig siste året. Dette har ført til at drivstoff for Sysselmeisteren sitt tenestefartøy og Sysselmeisteren sine helikopter har blitt tilsvarende dyrare. Sysselmeisteren har mått avpasse drifta innanfor gjeldande budsjett når det gjeld bruk av desse transportressursane. Sysselmeisteren vil i 2023 prioritere bruk av helikoptera og tenestefartøyet til beredskap, søk og redning.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har frå 2016 gjennomført regional snøskredvarsling for regionen Nordenskiöld Land. I tillegg er det etablert lokal varsling for Longyearbyen. Universitetsenteret på Svalbard (UNIS) er samarbeidspartnar for observasjonar.

Arbeidet med skredsikring i Longyearbyen har komme langt. Sikringstiltak under fjellet Suk-

kertoppen består av støtteforbygningar i fjellsida og ein fangvoll nedanfor fjellet. NVE har tidlegare rekna samla kostnad for skredsikring av området under Sukkertoppen til 165 mill. kroner. Stortinget har til saman løyvd midlar som svarer til den rekna kostnaden. Den samla kostnaden til skredsikringstiltak under Sukkertoppen er no rekna til 170 mill. kroner, ein auke på 5 mill. kroner frå førre estimat. Arbeidet starta opp i 2019 og er venta ferdig i 2023. Arbeidet har vore forseinka, bl.a. som følgje av utfordringar innan geoteknikk, fundamentering og bygging av skredsikringsinstallasjonar i område med permafrost

Regjeringa foreslo i samband med Prop. 1 S Tillegg 1 *Endring av Prop. 1 S (2021–2022) Statsbudsjettet 2022* å auke løyvinga på kap. 0007 Tilfeldige utgifter, post 30 Skred- og boligtiltak med 40 mill. kroner utover forslaget i Gul bok 2022. Løyvinga skal brukast til å gjennomføre sikrings-tiltak mot sørpeskred frå Vannledningsdalen. Tiltaket utgjør avsluttande ledd i sikringsarbeidet for sentrum av Longyearbyen, eit arbeid som vart byrja på etter snøskredet i 2015. Olje- og energidepartementet nyttar midlane. Samla kostnad for sikringstiltaket mot sørpeskred frå Vannledningsdalen er rekna til 90 mill. kroner, ein auke på 15 mill. kroner frå førre estimat.

Kap. 481 Samfunnet Jan Mayen

		(i 1 000 kr)		
Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	49 193	57 103	58 120
	Sum kap. 0481	49 193	57 103	58 120

Jan Mayen er ei øy i Norskehavet som vart ein del av kongeriket Noreg frå 27. februar 1930 gjennom ei eiga lov, *lov om Jan Mayen*. Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for lova. Øya er administrert av statsforvaltaren i Nordland. Justis- og beredskapsdepartementet koordinerer drifta av og har budsjettansvaret for Samfunnet Jan Mayen. Ansvaret for infrastruktur på Jan Mayen, medrekna flystripa, er lagt til Samfunnet Jan Mayen. Samfunnet Jan Mayen er ein del av Cyberforsvaret, som er ei avdeling i Forsvaret. Meteorologisk institutt har personell for vêrobservasjon på øya. I tillegg har desse statlege verksemdene

Tiltak

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på til saman 36,1 mill. kroner med stikkordet «kan overførast». Løyvinga vil kunne nyttast av Olje- og energidepartementet gjennom ei belastningsfullmakt.

Fram til skredsikringstiltak og nye bustader er på plass, er dei viktigaste tiltaka varsling og evakuering. Den lokale varslinga blir vidareført vinteren 2022–2023. Longyearbyen lokalstyre skal etter planen overta denne varslinga når sikringstiltaka er ferdige.

Det vart innført både personkontroll og kontroll med vareførselen til og frå øygruppa i mai 2022, bl.a. for å styrke moglegheita og evna norske styresmakter har til å føre kontroll på Svalbard. I 2023 vil regjeringa prioritere å følgje opp dei nye kontrollordningane og evaluere korleis innføringa har fungert.

Post 50 Tilskudd

Løyvinga skal nyttast til å dekke underskotet på svalbardbudsjettet for å sikre at inntektene på svalbardbudsjettet er like store som utgiftene. Bortsett frå tilskotet er skattar og avgifter på Svalbard den største inntektsposten.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 376,4 mill. kroner.

overordna ansvar for eller driftsansvar på Jan Mayen:

- Politimeisteren i Nordland
- Miljødirektoratet
- Norsk Polarinstitutt
- Riksantikvaren
- Forsvarsbygg
- Kongsberg Satellite Services (KSAT)
- Meteorologisk institutt

Norsk nærvær på Jan Mayen blir halde ved lag. Verksemda på Jan Mayen medverkar til norsk nordområdepolitikk på fleire område, bl.a. innan

meteorologi- og kommunikasjonstenester. Plasseringa gjer øya godt eigna for referansestasjonar for satellittbaserte navigasjonssystem.

Delar av verksemda på Jan Mayen er direkte knytte til oppfølging av internasjonale plikter, som drift av bakkestasjonar for EU sine satellittnavigasjonsprogram og dessutan ein seismisk målestasjon for overvaking av avtalen om prøvestans.

Hovudbygget på Jan Mayen vart oppført tidleg på 1960-talet, med ei levetid rekna til 10 år. Eit arbeid med å greie ut eit nytt hovudbygg på Jan Mayen er i gang. Forsvarsdepartementet er ansvarleg for prosjektet med nytt hovudbygg.

Forsvarsbygg har ansvar for drifta av bygga som er på Jan Mayen no. Forsvarsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet har bede Forsvarsbygg og Cyberforsvaret om å utarbeide ein vedlikehaldsplan for å sikre framleis norsk

nærvær på Jan Mayen fram til eit nytt bygg er på plass.

Post 01 Driftsutgifter

Samfunnet Jan Mayen omfattar all felles infrastruktur på øya og personellet som driv denne. Samfunnet yter i dag tenester til Meteorologisk institutt, og det omfattar bakkestasjonane for EGNOS og Galileo, Telenor Maritim Radio og seismiske stasjonar. Justis- og beredskapsdepartementet har avtalar med dei institusjonane som har ansvaret for desse tenestene. Avtalane omfattar bl.a. arbeidsoppgåver som skal utførast av personellet på øya, og dekning av fellesutgifter. Løyvinga skal dekke utgiftene til drifta av fellesfunksjonane på Jan Mayen.

Regjeringa foreslår ei løyving på 58,1 mill. kroner på posten.

Kap. 3481 Samfunnet Jan Mayen

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Refusjoner og andre inntekter	6 995	6 637	6 836
	Sum kap. 3481	6 995	6 637	6 836

Post 01 Refusjoner og andre inntekter

Inntektsposten omfattar refusjonar for delar av fellesutgiftene for Samfunnet Jan Mayen. Desse blir betalte av Meteorologisk Institutt, Kongsberg Satellite Services AS, Telenor Maritim Radio og andre som kjøper tenester på Jan Mayen. Inntekter frå kioskdirifta på Jan Mayen blir òg førte på denne posten.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 481, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3481, post 07, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei inntektsløyving på kap. 3481, post 01 Refusjoner og andre inntekter på 6,8 mill. kroner.

Programkategori 06.90 Beskyttelse og innvandring

Utgifter under programkategori 06.90 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Pst. endr. 22/23
01-25	Driftsutgifter	1 917 044	1 953 525	2 764 989	41,5
30-49	Nybygg, anlegg m.v.	74 484	119 821	111 018	-7,3
60-69	Overføringer til kommuner	145 634	144 639	464 246	221,0
70-89	Overføringer til private	183 453	227 069	318 991	40,5
	Sum kategori 06.90	2 320 615	2 445 054	3 659 244	49,7

Utgifter under programkategori 06.90 fordelte på kapitler

(i 1 000 kr)

Kap.	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023	Pst. endr. 22/23
490	Utlendingsdirektoratet	2 074 881	2 162 263	3 376 693	56,2
491	Utlendingsnemnda	245 734	282 791	282 551	-0,1
	Sum kategori 06.90	2 320 615	2 445 054	3 659 244	49,7

Innleiing

Programkategorien omfattar løyvinga til Utlendingsdirektoratet (UDI) og Utlendingsnemnda (UNE). Desse verksemdene er ansvarlege for iverksetjing av innvandringspolitikken, i samarbeid med politiet og utanrikstenesta (sjå omtale av politiet under programkategori 06.40 og utanrikstenesta under Prop. 1 S (2022–2023) for Utanriksdepartementet). Verksemdene i programkategorien har i hovudsak oppgåver som gjeld målet om kontrollert og berekraftig innvandring, og målet om rettstryggleik (sjå definisjon i del I).

UDI og UNE behandlar søknader og klagar knytte til opphald i Noreg. Dette inkluderer saker om arbeid, EØS-saker og saker etter statsborgarlover som er under ansvarsområdet til Arbeids- og inkluderingsdepartementet. UDI har òg ansvar for assistert retur, innkvartering av asylsøkarar og

omsorgsansvar for einslege mindreårige som bur i asylmottak.

Søknader om opphald og statsborgarskap blir leverte til førstelinja i politiet eller ved ein utanriksstasjon. Saker der det er tvil, eller der førstelinja ikkje har makt til å gjere vedtak, blir sende til UDI for behandling. Søknader om vern (asyl) blir leverte til politiet og behandla av UDI. Klagar på vedtak blir først behandla i UDI, og dersom UDI ikkje gjer om vedtaket blir dei sende til UNE.

Prioriteringar i 2023

Retten til å søke asyl og vern frå forfølging er ein grunnleggjande menneskerett. Noreg skal vise solidaritet med, og ta vår del av ansvaret for, menneske på flukt. Krigen i Ukraina har ført til at millionar av menneske er fordrivne frå heimlandet. Dette er den største flyktningstraumen i Europa sidan 2. verdskrigen. Våren 2022 vart det derfor

løyvd 5,4 mrd. kroner innanfor programkategori 06.90, og i tillegg gitt utvida overskridingsfullmakter, for å vareta personar på flukt frå Ukraina, medrekna overføring av personar på flukt i nær-områda og medisinsk evakuering av pasientar og deira pårørande, jf. Prop. 78 S og Innst. 270 S (2021–2022). Ifølgje prognosane som ligg til grunn for budsjettet er det berekna at det kjem om lag 10 000 fordrivne frå Ukraina i 2023, i tillegg til 4 000 asylsøkarar frå andre land. Regjeringa foreslår ei løyving til handtering og innkvartering i tråd med prognosane, medrekna vidareføring av nødvendige mellombelse stillingar i UDI. I tillegg foreslår regjeringa å løyve 79,6 mill. koner til ein auke i administrativ kapasitet i UDI for å ha beredskap til å handtere vesentleg fleire innkomstar enn det som ligg til grunn i prognosane frå juni. Sjå nærmare omtale bl.a. under kap. 490, post 01, post 21, post 60 og post 70. I tillegg foreslår regjeringa å vidareføre ei overskridingsfullmakt på 3 mrd. kroner som gjeld innkvartering av utlendingar som søker om vern, jf. forslag til vedtak. Sjå òg Prop. 1 S (2022–2023) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet for nærmare omtale av handteringa av fordrivne frå Ukraina.

Regjeringa meiner at talet på overføringsflyktningar til Noreg må sjåast i samanheng med talet på asylsøkarar. Krigen i Ukraina har medført ein stor auke i talet på asylsøkarar i 2022, i tillegg til dei overførte. Derfor foreslår regjeringa å redusere den ordinære kvoten for overføringsflyktningar / anna byrdedeling frå 3 000 plassar i 2022 til 2 000 plassar i 2023, sjå òg omtale under kap. 490, post 01, post 73 og post 75.

Noreg skal vere ein pådrivar for at rettane for barn på flukt blir varetakne. Saker som omfattar barn skal prioriterast høgt. Regjeringa vil jobbe for å sikre ei rask og effektiv saksbehandling som varetek rettstryggleiken og unngår å setje livet til barn og unge på vent. UDI er bede om å lyse ut eit oppdrag der oppdragstakar skal vurdere korleis omsynet til det beste for barnet er vurdert i vedtak i asylsaker frå UDI og UNE. På bakgrunn av denne gjennomgangen skal det vurderast om det er behov for endringar i regelverk eller praksis.

Noreg og dei andre Schengen-landa forbetrar for tida IKT-systema sine. Tiltaka gir betre tryggleik i Europa gjennom styrkt grensek kontroll, migrasjonskontroll og politisamarbeid. Noreg vil bli betre rusta til å førebyggje, avverje og motarbeide grensekryssande kriminalitet, ulovleg migrasjon og terrorisme. UDI og UNE held fram med å gjere nødvendige tilpassingar i systema sine, men har eit redusert investeringsbehov til formålet i 2023 samanlikna med 2022, i samsvar med fram-

driftsplanane for prosjekta. Regjeringa foreslår å løyve 61 mill. kroner til tiltaka i UDI og UNE.

Einslege mindreårige asylsøkarar

Vedtak nr. 540, 15. mars 2018

«Stortinget ber regjeringen sørge for at det snarest etableres reelle alternativer til frihetsberøvelse av enslige mindreårige asylsøkere, som ivaretar hensynet til barnets beste.»

Justis- og beredskapsdepartementet sende 18. desember 2019 på høyring forslag til alternativ til fridoms-krenking av mindreårige. I høyringsnotatet viste departementet til at det er ein klar hovudregel om at det blir nytta alternativ til internering i saker om uttransportering av einslege mindreårige, og at det har blitt ein strengare praksis for internering etter at Stortinget behandla regelverket i 2018. Departementet har derfor ikkje kunna identifisere ytterlegare tiltak for å følgje opp stortingsvedtaket. Det vart likevel sett fram nokre forslag til alternativ til fridoms-krenking av *mindreårige* generelt.

I høyringa peika fleire av høyringsinstansane på at alternativa som blir skisserte, er få og til dels lite treffsikre overfor barn og barnefamiliar. Politidirektoratet viste til at fleire av forslaga vil ha liten praktisk betydning. Enkelte av høyringsinstansane trekte òg fram at det må vere ein føresetnad at alternativa faktisk erstattar internering, og ikkje berre kjem i tillegg.

Det er etablert ei eiga barne- og familieeining (Haraldvangen) til bruk for både barnefamiliar og einslege mindreårige, det er teke inn ei eiga føresegn i utlendingslova om internering av barn, og PU har med bistand frå barnefaglege spesialistar utarbeidd ei eiga barnefagleg rettleiing for prosessen med tvangsretur. Desse tiltaka legg til rette for at internering kan skje på ein måte som tek betre vare på barn.

Det er ein svært høg terskel for å internere barn, og det blir gjort som ein absolutt siste utveg. I åra 2019 t.o.m. 2021 har ingen *einslege mindreårige* vore internerte på Haraldvangen. Også i åra forut for dette har pågriping og internering sjeldan førekomme. Samstundes må det framleis vere tilgang til å internere einslege mindreårige asylsøkarar i samband med uttransportering, der dette er absolutt nødvendig. Dette er òg i samsvar med dei internasjonale forpliktingane til Noreg, irekna returdirektivet.

Gjennom arbeidet med høyringsnotatet og det etterfølgjande arbeidet har det ikkje blitt identifisert treffsikre tiltak til alternative tvangsmiddel

for *barn* som kan tilrådest på fagleg grunnlag. I denne samanhengen er det òg naturleg å framheve at fleire av dei tiltaka ein finn i internasjonale rapportar, allereie er sjølvsgde element i norsk asylprosess. T.d. gjeld dette å tilby plass på asylmottak til asylsøkarar, tilbod om retur støtte ved assistert retur, rettleiing av asylsøkarar, moglegheit for å påleggje meldeplikt og pålegg om bestemt tilhaldsstad og beslag i reisedokument.

Regjeringa forslår at vedtaket blir oppheva, jf. forslag til vedtak.

Flyktningar frå Ukrainas naboland

Vedtak nr. 569, 24. mai 2022

«Stortinget ber regjeringa utarbeide en plan for raskt å respondere på anmodninger dersom Ukrainas naboland ber om bistand til å håndtere flyktninger med kollektiv beskyttelse. Planen bør inneholde en avtale om uttransport.»

Regjeringa meiner oppmodingar frå nabolanda til Ukraina om bistand til å handtere flyktningar er tilfredsstillande varetatt med gjeldande rutinar og etablerte samarbeid. Noreg tek del i dialog og samarbeid med styresmaktene i nabolanda til Ukraina, EU og mellomstatlege organisasjonar om humanitær bistand og tilrettelegging av annan bistand til flyktningar.

Utanriksdepartementet har ansvar for den humanitære bistanden til Ukraina og nabolanda. Denne bistanden bli kanalisert gjennom etablerte humanitære organisasjonar, som FNs høgkommissær for flyktningar (UNHCR), Røde Kors-systemet og norske organisasjonar, og dessutan gjennom den sivile beredskapsmekanismen i EU, UCPM.

Ein sentral arena for annan bistand er Europakommisjonens solidaritetsplattform, der EU, Schengen-assosierte land og nabolanda til Ukraina søker løysingar på dei behova landa til ei kvar tid har med omsyn til å handtera flyktningstraumen til sine land. Konkrete behov for logistikk, materiell og personell blir fremma gjennom EUs sivile krisemekanisme (UCPM), som Noreg òg er ein del av. Europakommisjonen har vidare beredskapsplanar for å handtere eventuelt nye masseinnkomstar av flyktningar mot Europa. I ein slik situasjon er det naturleg at òg Noreg vurderer korleis vi best kan bidra for å hjelpe dei landa som er mest råka.

Dersom nabolanda til Ukraina vil be om bistand til å handtere flyktningar, er det naturleg at desse blir fremma innanfor ramma av nemnde samarbeidsplattformer. Alternativt kan oppmodingar bli fremma bilateralt, slik Moldova gjorde til bl.a. Noreg. Moldova er det einaste landet som har fremma oppmoding overfor Noreg om overføring av flyktningar. Noreg har ikkje motteke bilaterale oppmodingar frå andre av Ukraina sine naboland. Dersom slike oppmodingar blir motteke vil dei bli vurdert, og svart på, slik det vart gjort med oppmodinga frå Moldova. Det tok knapt to og ei halv veke frå oppmodinga frå Moldova vart motteken 28. februar 2022 til Noreg vedtok bidraget sitt 17. mars 2022. Behandlingstida i departementet vart bl.a. brukt til å undersøke andre land sin posisjon, status for felles europeiske prosedyrar og politiske avgjerdsprosessar. Gitt behovet for avklaringar fagleg og politisk, er det vanskeleg å sjå at ein plan vil bidra til å forkorte responstida ytterlegare.

Noreg har ein tilbaketakingsavtale (returavtale) med Ukraina som vart inngått 1. september 2011. Denne gjeld framleis, og vi føreset at Ukraina overheld sine forpliktingar i denne.

Kap. 490 Utlendingsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter	1 134 496	1 130 192	1 200 086
21	Spesielle driftsutgifter, asylmottak	522 671	515 307	1 253 819
22	Spesielle driftsutgifter, tolk og oversettelse	8 348	18 735	21 862
23	Spesielle driftsutgifter, kunnskapsutvikling, kan overføres	5 795	6 500	6 671
30	Ombygginger, ankomstsenter for asylregistrering og mottak, kan overføres	15 456		

(i 1 000 kr)				
Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	59 028	119 821	37 783
46	Investeringer i Schengen IKT-systemer, <i>kan overføres</i>			73 235
60	Tilskudd til vertskommuner for asylmottak	145 634	144 639	464 246
70	Stønader til beboere i asylmottak	55 381	49 832	151 810
71	Tilskudd til aktivitetstilbud for barn i asylmottak, og veiledning for au pairer	8 450	8 700	8 947
72	Assistert retur og reintegrering i hjemlandet, <i>kan overføres</i>	35 810	29 336	25 316
73	Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., støttetiltak	19 991	28 078	19 903
74	Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv., <i>kan overføres</i>	42 809	49 565	56 198
75	Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, <i>kan overføres</i>	21 012	39 558	30 293
76	Internasjonalt migrasjonsarbeid, <i>kan overføres</i>		22 000	26 524
Sum kap. 0490		2 074 881	2 162 263	3 376 693

Innleiing

Hovudoppgåvene til UDI er å behandle søknader etter utlendingslova og statsborgarlova, å forvalte innkvarteringstilbodet til asylsøkarar, å leggje til rette for retur av personar utan lovleg opphald og å gjennomføre uttak av overføringsflyktningar og ev. anna byrdedeling. UDI skal vidare gi fagleg baserte bidrag til utviklinga av regelverk og politikk på innvandringsfeltet. UDI har òg ansvar for å drifte og forvalte fellesløysingar for IKT i utlendingsforvaltninga. UDI skal jobbe for å sikre ei rask og effektiv saksbehandling som varettek rettstryggleiken og unngår å setje livet til barn og unge på vent.


Behandling av saker

Utgifter til saksbehandling er førte over kap. 490, post 01 og post 22.

Covid-19-pandemien førte til færre søknader om vern og anna opphald i 2020 og 2021. Samstundes kom det inn langt fleire søknader om statsborgarskap enn tidlegare (særleg i 2021), som følgje av at det frå januar 2020 er opna for at personar kan ha dobbelt statsborgarskap. Innkomsten av

saker og klagar til UDI har derfor auka frå om lag 86 300 i 2020 til om lag 113 000 i 2021. I det første halvåret av 2022 har det komme inn endå fleire saker og klagar, rundt 82 800 til saman. Pandemien og smitteverntiltaka førte til utfordringar med behandlinga av saker. Politiet som førstelinje hadde avgrensa kapasitet, og innreiseregelverket vart stadig endra. Dette førte til eit stort behov for brukarrettleiing i UDI. Vidare vart det særleg i 2021 nytta mykje ressursar til tilpassing til stadige endringar i innreiserestriksjonane og handtering av ordningane for karantenehotell og kjærastebe-søk. Som figuren under viser, var det nesten 63 000 ubehandla saker og klagar i UDI ved utgangen av 2021, og nesten 72 000 per 30. juni 2022. Restansane i UDI er no på eit historisk høgt nivå.

Krigen i Ukraina har ført til mange søknader om vern i 2022. Handteringa har kravd mykje ressursar frå store deler av UDI sin organisasjon, og situasjonen har påverka saksbehandlinga i UDI. Saksbehandlingstida og restansane har auka for fleire av sakstypene i 2022, men UDI har i det første halvåret behandla 73 700 saker og klagar, samanlikna med 42 800 i det første halvåret av 2021.



Figur 2.16 Utvikling i restansar i UDI 2017–juni 2022. Tilbakekallssaker registrerte frå 2018

Kjelde: UDI

Saker om vern (asyl)

Asylsøkarar som kjem til Noreg, blir registrerte av politiet og får søknaden sin behandla av UDI. Vanlegvis skal dei fleste asylsøkarane bli innkvarterte på Nasjonalt ankomstsenter i den første fasen samstundes som dei får behandla søknaden om vern. Dei høge inkomstane av fordrivne frå Ukraina i 2022 gjorde at politiet desentraliserte og oppretta fleire registreringsstader rundt om i landet, og at asylsøkarane òg i den innleiande fasen vart innkvarterte på andre stader enn Nasjonalt ankomstsenter.


Dei som får innvilga vern, får som hovudregel eit mellombels opphaldsløyve på tre år, som så må bli fornya. Dei fleste som får innvilga vern, får løyve som gir grunnlag for å søke om permanent opphald og deretter statsborgarskap. Fordrivne frå Ukraina i 2022 får opphaldsløyve i eitt år etter føresegna om mellombels kollektivt vern. Dei som ikkje fell inn under ordninga med mellombels kollektivt vern, kan søke om vern med ordinær saksbehandling.

Figuren under viser dei store svingingane i innkomne og behandla asylsaker frå 2015 til juni 2022. Det høge talet på vedtak i 2022 kjem av at UDI fekk til ei automatiseringsløyving for behandling av søknader frå ukrainarar som vart behandla etter føresegna om mellombels kollektivt vern. Dei fleste ukrainarane fekk svar på søknaden sin innan tre veker frå søknadsdatoen.

I budsjettet for 2023 er det lagt til grunn 14 000 asylsøkarar. Av desse er 10 000 fordrivne frå Ukraina. Det er alltid stor uvisse om talet på asylsøkarar, noko situasjonen som følgje av krigen i Ukraina har vist.

Boks 2.3 Mellombels kollektivt vern

Regjeringa innførte 11. mars d.å. ei ordning med mellombels kollektivt vern for personar som er fordrivne frå Ukraina, med heimel i utlendingslova § 34, jf. utlendingsforskrifta § 7-5a. Ordninga inneber eit unntak frå utgangspunktet om at ein søknad om vern skal vurderast individuelt, då ho opnar for å gi vern etter ei gruppevurdering. Opphald gis for eitt år og kan fornyast eller forlengjast i inntil tre år. Opphaldsløyvet dannar ikkje grunnlag for permanent opphald, men det gir rett til familiegjensameining og rett til å arbeide. Bakgrunnen for dei særlege føresegnene om forenkla saksbehandling er behovet for effektivitet i ein situasjon der det kjem svært mange asylsøkarar på kort tid, at behovet for vern er mellombels, og at personar som har fått innvilga mellombels kollektivt vern skal returnere når situasjonen i opphavslandet tilseier det. Det er Kongen i statsråd som avgjer når ordninga ikkje lenger gjeld.



Figur 2.17 Tal på asylsaker og saksbehandlingstid 2015–juni 2022

Kjelde: UDI

UDI skal sikre at det beste for barnet er eit grunnleggjande omsyn i behandlinga av alle asylsaker som gjeld barn. UDI skal prioritere einslege, mindreårige asylsøkarar i alle ledd i saksbehandlinga. Gitt prognosen på 14 000 saker, er det forventa at UDI skal behandle omtrent 15 000 asylsaker i 2023, og det er eit mål at 70 pst. av asylsakene skal bli behandla innan 21 dagar. Med tilleggsløyvinga for å kunne handtere fleire fordrevne frå Ukraina, blir det lagt til rette for at UDI kan behandle fleire saker om kollektivt vern. I 2022 har den innleiande asylfasen blitt svært annleis pga. dei høge innkomstane av ukrainarar og at dei fleste av desse har fått vedtak om mellombels kollektivt vern.

Saker om opphald og statsborgarskap


Søknader om statsborgarskap, visum og opphald på anna grunnlag enn vern blir leverte til politiet eller til ein utanriksstasjon. Søkarar med innvilga sak får eit førstegongsløyve som er mellombels og må fornyast. Fleire av løyva gir grunnlag for å søke om permanent opphald og seinare statsborgarskap. Visum blir gitt for 90 dagar og kan ikkje fornyast. UDI gjer vedtak i alle typar saker, men politiet og utanriksstasjonane har makt til å gjere vedtak i enkelte saker. Figuren under viser utvikling i innkomne saker og saksbehandling i UDI frå 2018 til juni 2022.

I 2021 er det auken i søknader om statsborgarskap som gjer at talet på innkomne saker til UDI

er såpass høgt. Auken heng saman med lovendringa som opna for dobbelt statsborgarskap frå januar 2020. Covid-19-pandemien førte til lågare innkomst av saker om opphald i store delar av 2020 og 2021, bl.a. pga. stengde publikumsmottak og reiserestriksjonar. Samstundes auka behovet for brukarretteleing, og talet på brukarførespurnader til UDI auka med 32 pst., tilsvarende 100 000 førespurnader, frå 2018 til 2021. I det første halvåret av 2022 har det vore over 217 000 brukarførespurnader.

Figuren under viser at UDI i 2021 behandla fleire saker enn dei har gjort dei siste åra, noko som heng saman med at om lag 35 pst. av sakene om statsborgarskap vart behandla heilautomatisk. Samla har UDI i 2021 og så langt i 2022 likevel behandla færre saker om opphald enn det som har komme inn, og restansane har auka. Meirarbeid i UDI pga. pandemien i 2020 og 2021 og meirarbeid pga. dei høge innkomstane av fordrevne frå Ukraina i 2022, har påverka behandlinga av saker i UDI.

I 2021 har saksbehandlingstida auka for dei fleste sakstypar utanom statsborgarskap, der saksbehandlingstida har blitt redusert. Reduksjonen heng saman med automatiseringa. I det første halvåret av 2022 har median saksbehandlingstid for statsborgarskapssaker gått ytterlegare ned. Figuren under viser utviklinga i median saksbehandlingstid for dei ulike sakstypane frå sakane er teke imot i utlendingsforvaltninga til første vedtak i UDI.




Figur 2.18 Tal på saker om opphald og statsborgarskap 2018–juni 2022 (ekskl. utvisning og tilbakekall) og brukarførespurnader frå 2018–juni 2022

Kjelde: UDI

Talet på innkomne saker til UDI avheng av nye søknader og av kapasiteten i førstelinja i politiet og utanrikstenesta. Samla blir det forventa 212 000 søknader om opphald og statsborgarskap til førstelinja i 2023, og det blir forventa at UDI vil

få om lag 103 500 søknader. Det går òg for seg ei utgreiing av måtar å organisere og effektivisere saksbehandlinga av visum- og opphaldssaker i førstelinja i utanrikstenesta.



Figur 2.19 Saksbehandlingstid i ulike saker om opphald, 2018–juni 2022

Kjelde: UDI

Saker om tilbakekall og utvisning

Politiet og UDI opprettar sjølv saker om utvisning og tilbakekall av løyve. Det blir oppretta sak om utvisning dersom ein utlending bryt norsk lov, og

oppretta sak om tilbakekall når det er mistanke om at løyvet er gitt basert på urette opplysningar, at søkaren har heldt tilbake vesentleg informasjon, eller at grunnlaget for løyvet er falle bort. I saker som involverer barn, skal omsynet til kva

som er best for barnet, vurderast særskilt. Departementet sette våren 2021 ned ei arbeidsgruppe som såg nærmare på terskelen for utvising i saker som involverer barn. Rapporten vart overlevert i februar i år. Departementet arbeider med oppfølginga av rapporten. Ordninga med fri rettshjelp til barn der ein forelder blir utvist pga. brot på utlendingslova, vart utvida i 2022. Endringa inneber at det blir gitt inntil fem ekstra timar fritt rettsråd for kvart barn som risikerer at ein av foreldra blir utviste. Tiltaket betrar rettstryggleiken og bidrar til å vareta interessene til desse barna.

UDI behandla i 2021 i underkant av 3 000 saker og klagar om utvising. Talet for 2020 var om lag 4 100. I 2021 vart 1 210 personar utviste frå Noreg. Over 60 pst. av utvisingane var med årsak i brot på utlendingslova. Ein mindre del av desse sakene gjeld barn. Dei fleste sakene der det blir spørsmål om utvising av foreldre med barn i Noreg, ender det med at det ikkje blir fatta vedtak om utvising. Sjå òg arbeidsgrupperapport om *Terskelen for utvisning i saker som berører barn*.

Betre ID-arbeid har ført til at utlendingsstyresmaktene har avdekt at fleire personar har opphaldsløyve basert på feil identitet eller på andre urette opplysningar, noko som gir grunnlag for å kalle tilbake opphaldsløyvet. Samstundes kan ein kalle tilbake flyktningstatus og opphaldsløyve når det ikkje lenger er behov for vern. Opphaldsløyve kan òg kallast tilbake når opphaldsgrunnlaget elles ikkje lenger er til stades.

I 2021 vart det oppretta kring 1 800 tilbakekallssaker, og UDI behandla ca. 1 500 slike saker. I tillegg kjem innkomne og behandla klagesaker. I 2021 fekk til saman rundt 860 personar trekt tilbake eit løyve i vedtak fatta i UDI. Om lag 30 pst. av løyva som vart kalla tilbake i 2021, var knytte til feil eller urette opplysningar, og rundt 7 pst. var knytte til betra forhold i heimlandet. Dei resterande gjeld i hovudsak at vilkåra for løyvet ikkje lenger er oppfylte. Fleire av dei som får eit løyve kalla tilbake, får eit nytt løyve på anna grunnlag. UDI kan elles leggje vekk oppretta tilbakekallssaker der forvaltningslova sine krav til saksbehandlingstid er brotne, eller der barn i ein familie mest sannsynleg fyller vilkåra for eit nytt opphaldsløyve.

Det er sidan 2020 gitt auka løyve til å byggje ned restansar og for å styrke rettsvernet i saker om tilbakekall av statsborgarskap. UDI behandla i 2021 totalt 275 saker og klagar om tilbakekall etter

statsborgarlova. Det var 20 fleire vedtak enn i 2020. Likevel har restansane for denne porteføljen auka med 100 saker i 2021, til kring 1 100 ved utgangen av året, og 1 200 per 30. juni 2022.


Asylmottak

Alle utlendingar som søker om vern, har rett til innkvartering i asylmottak. Det blir gitt tilbod om plass i mottak fram til retur eller busetjing. Mottakstilbodet er differensiert etter behova til utlendingsforvaltninga og mottaksbebuarane, bl.a. med Nasjonalt ankomstsenter, transittmottak, ordinære mottak, mottak for einslege mindreårige mellom 15 og 18 år, integreringsmottak og mottak for bebuarar med særskilde behov. Aktivitetar i mottaka vil vere retta både mot retur og mot integrering.

UDI har omsorgsansvaret for einslege mindreårige som bur i asylmottak. I 2022 vart det innført ei tilsynsordning, der statsforvaltaren fører tilsyn med omsorga for einslege mindreårige som bur i asylmottak. Omsorgsansvaret for einslege mindreårige under 15 år ligg under Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) (sjå omtale i Prop. 1 S (2022–2023) for Barne- og familiedepartementet).

Utgifter til asylmottak er førte over høvesvis kap. 490, post 01 og 21. Det er ført utgifter til tilskot til vertskommunar for asylmottak over kap. 490, post 60, og utgifter til stønader til bebuarar i mottak over kap. 490, post 70. I tillegg blir det gitt tilskot for aktivitetar for barn i mottak over kap. 490, post 71.

Talet på bebuarar i asylmottak er i hovudsak avhengig av talet på asylsøkarar, men òg saksbehandlingstid, kapasitet til å busetje og moglegheit for returar. Talet på bebuarar har variert frå å vere rekordhøgt ved utgangen av 2015 til å vere svært lågt i 2020 og 2021, til å igjen vere høgt per juni 2022, jf. figuren under. Talet på bebuarar i mottak auka vesentleg det første halvåret i 2022, og per 30. juni var det om lag 8 000 bebuarar i asylmottak. Dei fordrevne frå Ukraina har budd vesentleg kortare tid i mottak samanlikna med asylsøkarar frå andre land, pga. raskare saksbehandling som følgje av føresegna om kollektivt vern og hurtigprosedyrar for busetjing. Fordrivne ukrainarar har i tillegg i større grad budd privat enn andre grupper som ber om vern.




Figur 2.20 Bebuarar i mottak per 31. desember 2015–2022 (30. juni 2022)

Kjelde: UDI

UDI har dei seinare åra tilpassa kapasiteten i mottaka til færre bebuarar pga. at det har vore færre asylsøkarar, sjå utvikling i figuren under. Ved utgangen av 2021 var det til saman 31 ulike avdelingar i asylmottak i drift. Som følgje av innkom-

stane av fordrivne frå Ukraina vart det oppretta fleire nye asylmottak i perioden februar/mars-juni 2022. Ved utgangen av juni 2022 var 120 avdelingar i asylmottak i drift, med ein samla kapasitet på 22 900 plassar.



Figur 2.21 Tal asylmottak per 31. desember 2014–2022 (30. juni 2022)

Merk at for 2021 og 2022 er talet på mottak talt på ein annan måte enn tidlegare år. Eit mottak kan ha fleire ulike avdelingar, som ordinær avdeling og tilrettelagd avdeling. Tidlegare vart eit mottak med ulike avdelingar talt som eitt mottak. Det er ikkje gitt at avdelingane utover ordinære mottak ligg i tilknytning til det ordinære mottaket. Ved same måte å telje på i 2021 og 2022 som tidlegare år, vil talet på mottak vere høvesvis 25 og 114.

Kjelde: UDI

Det er alltid uvisse om asyltilstrøyminga til Noreg, og dette gjer det utfordrande å planleggje mottakskapasiteten. Tilpassing av kapasiteten til behovet

gir reduserte offentlege utgifter i ein situasjon med få asylsøkarar. Samstundes gir færre mottaksplassar redusert kapasitet til å handtere rask

og uventa auke i talet på asylsøkarar. UDI må derfor ha ein basiskapasitet sjølv i situasjonar med låge tal på asylsøkarar, dvs. eit minimum av plassar i operative mottak, som er tilstrekkeleg til å halde ved lag marknaden for mottaksplassar og med moglegheit for å skalere opp raskt. Regjeringa planlegg for ein basiskapasitet på 2 720 plassar i 2023, i tillegg til Nasjonalt ankomstsen- ter. Sjå òg omtale under kap. 490, post 21 og post 60.

Overføringsflyktningar og anna byrdedeling


Noreg tek imot overføringsflyktningar innanfor ein årleg kvote. Overføringsflyktningar er persona som FN sin høgkommissær for flyktningar (UNHCR) har slått fast at treng vern. Plassane på kvoten kan òg nyttast til annan type byrdedeling.

Justis- og beredskapsdepartementet fastset kven som skal prioriterast på kvoten i samråd med Utanriksdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet etter forslag frå UDI og Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi), som igjen byggjer på forslag frå UNHCR og innspel frå norske frivillige organisasjonar. UDI har ansvar

for å gjennomføre uttak av overføringsflyktningar i tråd med føringar frå Justis- og beredskapsdepartementet. Som hovudregel deltek òg IMDi og politiet i uttaka av overføringsflyktningane. Når overføringsflyktningane kjem til Noreg, skal dei som hovudregel bli busette direkte i ein kommune, sjå omtale i Prop. 1 S (2022–2023) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Utgifter som gjeld uttak av overføringsflyktningar og ev. anna byrdedeling, blir førte over kap. 490, post 01, 73 og 75. Nokre gonger er det behov for at flyktningar, ev. relokaliserte asylsøkarar, som blir overførte til Noreg, bur i mottak, og då tilkjem òg utgifter over kap. 490, post 21, 60 og 70. Det blir òg ført utgifter til politiet og IMDi sitt arbeid med uttak under kap. 440, post 01, og kap. 670, post 01, og dessutan utgifter til busetjing og integrering over kap. 671, post 60 og 61, og kap. 672, post 60. Sjå omtale i Prop. 1 S (2022–2023) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Figuren under viser talet på vedtak om overføring og det faktiske talet på innkomne overføringsflyktningar til Noreg i åra 2015–2022 (per utgangen av juni).



Figur 2.22 Overføringsflyktningar 2015–2022 (per 30. juni)

Kjelde: UDI

I 2021 var det 3 608 plassar på kvoten, inkludert 608 plassar som vart overførte frå 2020. Heile kvoten vart fylt i 2021. Av dei 3 608 var om lag 900 afg-hanarar som vart evakuerte i samband med Tali-ban si maktovertaking i landet, og 51 var relokali-serte asylsøkarar frå Hellas.

Kvoten for 2022 er på 3 000 plassar. Regjeringa vil bidra til EUs relokiseringsordning, og vi tek sikte på å relokalisere til saman 200 asylsøkarar i 2022 og 2023. Desse blir rekna på kvoten. Regjeringa planlegg å redusere kvoten til 2 000 plassar i 2023 pga. krigen i Ukraina. Sjå òg omtale under prioriteringar for 2023.

Assistert retur

Dei som får endeleg avslag på ein søknad om vern eller anna opphald, har ei plikt til å forlate landet, normalt innan tre veker. Vedkommande skal rette seg etter dette ved å returnere til heimlandet innan fristen anten på eiga hand (sjølvorganisert retur) eller ved å søke om assistert retur med hjelp frå norske styresmakter. Dersom dette ikkje blir gjort, blir vedkommande transportert ut av politiet, sjå nærmare omtale under programkategori 06.40.

Dei som fyller vilkåra for assistert retur, får hjelp med å skaffe reisedokument, flybilletter m.m., og dei får tilskot til reise og reintegrering. Utgifter til administrasjon av assistert retur er førte over kap. 490, post 01, og utgifter til tilskot til retur er førte over kap. 490, post 72.

Målgruppa for retur har blitt mindre dei siste åra. Hovudsakleg fordi det har komme få asylsøkarar til Noreg, og delen som får innvilga opphald er høg (87 pst. i 2021). Det er òg grunn til å tru at ein konsekvent returpolitikk har gitt resultat, og at færre oppheld seg utan lovleg opphald i Noreg. Talet på assisterte returar har òg gått ned. Det har blitt meir utfordrande for UDI å motivere personane til å velje assistert retur fordi ein stor del av dei utreisepliktige i Noreg har anten opphalde seg i landet over lang tid, har familie med opphald i Noreg eller har særskilde behov som gjer returarbeidet vanskelegare.

I løpet av 2021 valde 127 personar assistert retur, same tal som i 2020. Denne tendensen held fram i 2022, per utgangen av juni 2022 har 37 personar reist heim assistert.

I 2022 har det komme vesentleg fleire asylsøkarar til Noreg, men dei fleste av desse er fordrivne frå Ukraina. Det er framleis stor uvisse kring korleis situasjonen i Ukraina vil utvikle seg framover, og derfor òg om og korleis dette vil påverke returarbeidet i 2023 og framover.

Det er ikkje berre talet på returar som er viktig, men òg kven som reiser. Nokre utreisepliktige personar utløyser store kostnader for samfunnet. Dette gjeld t.d. personar som bur i særskilde butilbod, tilrettelagde avdelingar i mottak og i fengsel. UDI og Politiets utlendingseining (PU) og spesialutsendingar ved norske utanriksstasjonar samarbeider tett for å få til retur av denne gruppa. I 2021 returnerte ni personar, assistert eller med tvang, frå slike spesielle butilbod. Tilsvarande tal for 2020 var 12.

I 2023 forventar ein 170 assisterte returar.

Implementering av Schengen IKT-system

Schengen-landa er i gang med å utvikle og ta i bruk nye IT-system og arbeidsmetodar for å styrke behandlinga av den felles yttergrensa og tryggleiken på Schengen-området. Innføring av systema krev til dels store endringar i IKT-systema til politiet og UDI i perioden 2022–2024/2025, og etter kvart endring i arbeidsprosessar. Implementering av systema vil leggje til rette for auka informasjonstilgang til og frå utlandet, og Noreg vil bli betre rusta til å førebyggje, avverje og motarbeide grensekryssande kriminalitet, ulovleg migrasjon og terrorisme.

Systema som skal oppdaterast/implementerast er informasjonsdelingsplattforma Schengen Information System (SIS), visumregisteret Visa Information System (VIS), fingeravtrykkregisteret Europeisk Daktyloskopisk Register (Eurodac) og den systemoverbyggande løysinga og søkeportalen Interoperabilitet (IO). Det går òg føre seg arbeid med implementering av inn- og utreise-systemet Entry-Exit System (EES) og framreise-systemet European Travel Information Authorisation System (ETIAS). EES og ETIAS fekk løyving i 2022-budsjettet og er i ein avsluttande fase, så dei blir ikkje omtala nærmare.

Prosjekt for å implementere SIS, VIS, Eurodac og IO i UDI fekk løyving i 2022-budsjettet, og det vart vedteke ei styringsramme på 206,7 mill. 2022-kroner i perioden 2022–2024 og ei kostnadsramme på 237,3 mill. 2022-kroner, i tråd med anbefaling frå ekstern kvalitetssikrar (KS2). Våren 2022 har det blitt gjennomført ei ny ekstern kvalitetssikring med oppdaterte basisestimat og som har sett prosjekta i UDI og politiet i samanheng. I tråd med kvalitetssikrar si anbefaling blir det foreslått ei samla kostnadsramme for prosjekta i politiet (kap. 440) og UDI (kap. 490) på 2 187 mill. kroner for perioden 2022–2025, sjå og omtale under kap. 440. Den eksterne kvalitetssikringa viser at samla rammer for politiet og UDI gir eit redusert behov for usikkerheitsavsetning. Forventa utgiftsbehov i UDI for prosjektperioden 2022–2024 er no anslått til om lag 226 mill. kroner. Auken i utgifter for UDI på om lag 20 mill. kroner kjem av ein nødvendig auke i omfanget på to av prosjekta. Varige driftsutgifter frå 2025 er anslått til 50 mill. kroner for systema i UDI.

Kostnadsramma blir foreslått samla og at ho skal forvaltast av departementet, jf. forslag til vedtak om fullmakt til å pådra staten forplikningar for investeringsprosjekt.

Løyvinga til UDI som gjeld Noreg sine Schengen IKT-system er nærmare omtalt under post 01, post 45 og post 46.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til drift av UDI. Dette inkluderer lønn til tilsette, IT-system, utstyr, anskaffingar med unntak av større investeringar og asylmottak, jf. kap. 490, post 21 og 45, og dessutan kontorlokale m.m. I det første halvåret av 2022 var utførte månadsverk i UDI i gjennomsnitt 912 årsverk, mot 896 utførte årsverk i 2021.

Det blir i sum foreslått å auke løyvinga med 69,9 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2022. Dei ulike endringane er som følgjer:

Det blir foreslått å auke løyvinga med 33,1 mill. kroner til vidareføring av nødvendige mellombelse tilsettingar i 2022 for å handtere auka oppgåvemengd som følgje av høge inkomstar av fordrivne frå Ukraina. Det blir vidare foreslått å auke løyvinga med 79,6 mill. kroner for å ha beredskap til å handtere vesentleg høgare inkomstar enn det som ligg til grunn i prognosane.

Det blir foreslått å opprette ein eigen post 46 for utgifter som gjeld implementering av Noreg sine Schengen-IKT-system. Som følgje av dette blir det foreslått å redusere løyvinga på post 01 med 21,1 mill. kroner i 2023, mot ein tilsvarande auke over kap. 490, post 46.

Vidare blir det foreslått å redusere løyvinga som gjeld tilbakekall av statsborgarskap med 18,2 mill. kroner. 9,7 mill. kroner til tilbakekall av statsborgarskap blir vidareførte i 2023. Det blir òg foreslått å redusere løyvinga til handtering av statsborgarskapssaker med 8,9 mill. kroner, i tråd med ein forventta nedgang i inkomsten av søknader.

Regjeringa foreslår å redusere den ordinære kvoten for overføringsflyktingar og anna byrdedeling frå 3 000 plassar i 2022 til 2 000 plassar i 2023. Løyvinga på posten blir derfor foreslått redusert med 4,2 mill. kroner. I tillegg blir det foreslått å redusere løyvinga med 7,7 mill. kroner som følgje av budsjetterte administrative utgifter knytte til forskyving av overføring av kvoteflyktingar frå 2021 til 2022 som ikkje gjer seg gjeldande i 2023.

Som følgje av innføringa av ein ny saksflyt i den innleiande asylfasen i samband med opprettinga av Nasjonalt ankomstsenter, blir det foreslått å redusere løyvinga med 2,1 mill. kroner.

Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten som ikkje blir omtalt nærmare.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 01, blir rapporterte som bistandsutgifter i tråd med OECD sine retningslinjer om Official Development Aid (ODA) og blir førte som inntekter på kap. 3490, post 01, post 03 og post 06, jf. nærmare omtale under posten.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 490, post 01, mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3490, post 05, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 1 200,1 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, asylmottak

Løyvinga på posten skal dekke utgifter staten har til drift av mottak for asylsøkarar, inkludert integreringsmottak.

Forutan losji skal tilbodet om innkvartering omfatte visse nødvendige sosial- og omsorgstenester, bl.a. mat, klede og omsorgstenester for bebuarar med særskilde behov. Løyvinga dekker òg opplærings- og informasjonstiltak, ulike organiserte sosiale aktivitetar som dagtilbod for barn, nødvendig helsehjelp til nykomne asylsøkarar og returfremmande tiltak for bebuarane i mottaka. Vidare dekker posten utgifter til bl.a. tiltak som vakthald, tilrettelegging av buforhold og plassering utanfor mottak for personar med særskilde behov, aldersundersøkingar av asylsøkarar som oppgir å vere einslege mindreårige, reise og kost for asylsøkarar i samband med asyLintervju og transport for asylsøkarar til og frå norskopplæring og mellom mottak.

Posten omfattar òg midlar til lokala (ekskl. kontorlokale til tilsette i UDI og politiet som blir ført over kap. 440 og kap. 490, post 01) og mottaksdrifta på Nasjonalt ankomstsenter. Ekstra utgifter til lovpålagde kommunale tenester for vertskommune for eit inkomstsenter, kan dekkast over posten.

Behovet for løyving på posten avheng av talet på mottaksplassar, kor mange bebuarar det er i mottaka, og samansetninga av bebuarane og behova deira. Det er venta at det i gjennomsnitt vil vere i overkant av 4 500 bebuarar i mottaka i løpet av 2023. Samla er dette nesten 3 000 fleire bebuarar enn det som er lagt til grunn for saldert budsjett 2022. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 738,5 mill. kroner.

Regjeringa foreslår ein basiskapasitet på 2 720 tilgjengelege plassar i tillegg til Nasjonalt ankomstsenter. Dette inneber at den tilgjengelege mottakskapasiteten ikkje blir justert ned ut over denne kapasiteten.

Det er svært usikkert kor mange asylsøkarar som faktisk vil komme gjennom året, og det er uvisse om behovet for innkvartering av fordrivne frå Ukraina. Den faktiske kapasiteten gjennom året kan derfor avvike frå det som blir lagt til grunn ved inngangen til året. Ved endringar i bebuarsamansetninga kan det òg bli behov for å utløyse fleire plassar. Sjå òg forslag til romartalsvedtak om fullmakt om mellombels drift av asylmottak.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 21, blir førte som ODA-godkjende utgifter og blir førte som inntekter under kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 1 253,8 mill. kroner.

Post 22 Spesielle driftsutgifter, tolk og oversettelse

Posten skal dekke tolking og omsetjing i kommunikasjonen mellom søkarar og UDI i første instans. Løyvinga skal òg dekke kvalitetssikringsarbeid i samband med intervju og omsetjingar. Vidare dekker løyvinga utgifter til nødvendig omsetjing av originaldokument. Løyvinga kan òg dekke tolking og omsetjing for overføringsflyktningar som blir valde ut frå transittområde der det er vanskeleg å finne tilstrekkeleg med tolkar.

Det er forventa at UDI i 2023 vil gjennomføre fleire intervju i samband med behandling av søknader enn det som vart lagt til grunn for saldert budsjett 2022. Innføring av vedtakssamtale på video ved innvilga asylsøknad reduserer behovet for løyving noko. Samla blir det foreslått å auke løyvinga på posten med 3,1 mill. kroner.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 22, kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 07, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 07.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 21,9 mill. kroner.

Post 23 Spesielle driftsutgifter, kunnskapsutvikling, kan overføres

Løyvinga skal brukast til å støtte oppgåveløysinga i UDI ved å utvikle kunnskap om innvandring.

I 2021 og hittil i 2022 har UDI publisert sju studiar ved hjelp av midlar frå post 23. Alle rapportane er tilgjengelege på nettsida til UDI:

- Bevis- og troverdighetsvurderingar i Utlendingsdirektoratets asylvedtak i 2018: Anbefalinger til regelutvikling (Cecilie Schjatvet)

- Torturutsatte i den norske asylprosessen. En utredning av Norges forpliktelser, og anbefalinger til praksis (Fafo)
- Underholdskrav, familieinnvandring og integrering (Stiftelsen Frisch-senteret for samfunnsøkonomisk forskning)
- Kompetanse om vold i nære relasjoner i asylmottak (Telemarksforskning)
- Barnefaglig kompetanse i utlendingsforvaltningen. En evaluering av utlendingsforvaltningens arbeid med barn og barnefaglig kompetanse (Fafo)
- Arbeidsinnvandrere fra tredjeland – kunnskapsoppsummering (Fafo)
- Evaluering av representantordningen for enslige mindreårige asylsøkere (NTNU Samfunnsforskning og Oxford Research)

Seks studiar til skal bli ferdige i 2022:

- Tilrettelegging for faglært arbeidsinnvandring fra tredjeland (i samarbeid og samfinansiering med AID) (Fafo)
- Høring av barn som er berørt i utvisningssaker (Fafo)
- Evaluering av kvaliteten på UDIs asylintervjuer (Fafo)
- Evaluering av arbeidet med automatisering av saksbehandling i UDI (A-2 Norge og Menon Economics)
- Hvordan fungerer regelverket for økonomiske ytelser for brukerne i asylmottak? (Proba samfunnsanalyse)
- Ukrainere på flukt – erfaringer fra den første fasen i Norge (i samarbeid og samfinansiering med IMDi) (NIBR/OsloMet)

I 2023 planlegg UDI følgjande evalueringar og studiar:

- Evaluering av UDIs krisehåndtering våren 2022
- Gjennomgang av barnets beste-vurderinger i asylsaker
- Forstår brukerne hva vi mener – i vedtakene, på nettsidene, på telefon?
- Hvordan fungerer advokatordningen for brukerne? Evaluering av ordningen
- Undersøkelse av fireårskravet og betydningen for arbeidsdeltakelse
- Kunnskapsoppsummering om asylmottak
- Evaluering av Nasjonalt ankomstsenter

Nokre av desse prosjekta blir sett i gang allereie i 2022. Andre skal starte opp i 2023. UDI skal identifisere nye kunnskapsbehov i siste del av 2022.

Deretter vil UDI revidere og utvikle prosjektlista for 2023.

Løyvinga på posten vart auka frå 2022 for også å dekke utgifter til arbeid i UDI med å utvikle kunnskap i samarbeid med European Migration Network (EMN) og bistand i form av opplæring av migrasjonsstyresmakter i aktuelle samarbeidsland.

Følgjande EMN-publikasjonar vil bli fullførte i 2022:

- Erlend Paasche Analytics: Occasional paper om retur og reintegrering
- Fafo prosjekt: Migrasjons- og returintensjonar blant ukrainarar i Polen og Noreg

Når det gjeld opplæring av migrasjonsstyresmakter i aktuelle samarbeidsland, utviklar UDI i 2022 opplæringa si og gjennomfører opplæring i Ghana og Somalia.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 6,7 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsansanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, medrekna utgifter til utvikling av IKT-system for utlendingsforvaltninga.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 82 mill. kroner.

Implementeringa av felleseuropeiske IKT-system som Noreg har forplikta seg til gjennom Schengen-samarbeidet er over i ein ny fase. Det er i tråd med framdriftsplanen eit lågare behov for investering i UDI i 2023 samanlikna med 2022. Dette reduserer behovet for løyving med 29,9 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett for 2022. Det blir vidare foreslått å opprette ein eigen post 46 for utgifter som gjeld implementering av Noreg sine Schengen-IKT-system. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga på post 45 med 52,2 mill. kroner i 2023 mot tilsvarende auke over post 46 (høvesvis 45,7 mill. kroner til SIS, VIS, Eurodac og IO og 6,4 mill. kroner til EES og ETIAS, sjå nærmare forklaring under post 46).

Løyvingsforslaget legg til grunn ei vidareføring av 27,8 mill. kroner til modernisering av IKT-systema til UDI, som starta i 2017. Moderniseringa skal bidra til høgare effektivitet og betre kontroll og styring.

I 2021 og så langt i 2022 har UDI gjennomført tiltak for stegvis modernisering og utvida opptak, lagring og bruk av biometri. UDI har òg starta ei gradvis modernisering av utlendingsforvaltninga

sine databasar og system, og har levert ei konseptvalutgreiing om modernisering i 2022 som vil vere nødvendig for å auke automatiseringsgraden ytterlegare. Arbeidet vil halde fram i 2023.

Vidare legg løyvingsforslaget til grunn 10 mill. kroner til påkravde systemendringar og systemkorreksjonar knytte til internasjonalt samarbeid generelt.

Regjeringa foreslår ei samla løyving på posten på 37,8 mill. kroner.

Post 46 Investeringer i Schengen IKT-systemer, kan overføres

Det blir foreslått å opprette ein ny post for UDIs investeringsutgifter til felleseuropeiske IKT-system, som Noreg er forplikta til å gjennomføre via deltaking i Schengen-samarbeidet. Viser til omtale i del I og under kap. 490 og 440.

Til SIS, VIS, Eurodac og IO blir det foreslått å auke løyvinga på posten med 21,1 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon på post 01. Det blir vidare foreslått å auke løyvinga på posten med 45,7 mill. kroner, mot tilsvarende reduksjon under post 45

Når det gjeld EES og ETIAS blir det foreslått å auke løyvinga på posten med 6,4 mill. kroner, mot tilsvarende reduksjon under post 45.

Regjeringa foreslår ei samla løyving på posten på 73,2 mill. kroner i 2023.

Post 60 Tilskudd til vertskommuner for asylmottak

Vertskommunetilskotet skal dekke gjennomsnittlege utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon i samband med drift av mottak og omsorgssenter i kommunen. I tillegg til det ordinære vertskommunetilskotet omfattar ordninga eit særtilskot ved omsorgsplassering og tilskot til kommunar som tek imot og følgjer opp personar med alternativ mottaksplassering (AMOT). UDI forvaltar tilskotsordninga og betaler ut tilskot kvartalsvis når det er inngått kontrakt med ein driftsoperatør i den respektive kommunen. Kommunane treng ikkje å søke om tilskot.

For 2023 vil desse satsane gjelde:

- grunnsats per kommune: 739 325 kroner per år
- sats per ordinære mottaksplass og plass ved Nasjonalt ankomstsenter: 11 347 kroner per år
- sats per plass for einslege mindreårige asylsøkarar: 17 475 kroner per år
- sats per tilrettelagd plass: 160 654 kroner per år

- sats per plass i omsorgssenter: 43 100 kroner per år

Vertskommunar for omsorgssenter tek ikkje imot grunntilskot. Ei ordning for alternativ mottaksplassering (AMOT) inneber at UDI gir tilskot til ein kommune mot at kommunen gir ein person utan opphaldsløyve eller ein flyktning eit tilbod om bustad i kommunen i staden for opphald i asylmottak. I 2022 fekk UDI fekk ei mellombels fullmakt til å utvide målgruppa for AMOT for fordrivne frå Ukraina som får mellombels kollektivt vern. I tilskotsbrevet blir det stilt krav til korleis kommunen skal bruke tilskotsmidlane. Kommunen skal vurdere individuelt kva for oppfølging personen i AMOT har bruk for. I 2023 vil satsen for AMOT vere 16 556 kroner per plass per månad.

Kommunen kan i visse tilfelle få eit auka ansvar for ein mindreårig asylsøkar, jf. barnevernlova kap. 4. Det er fastsett egne satsar for å bidra til å dekke desse utgiftene til barnevern. For 2023 vil desse satsane gjelde:

- særtilskot for barn som har komme til Noreg i følge med føresette: 31 508 kroner per månad
- særtilskot for einslege mindreårige: 15 753 kroner per månad

Regjeringa foreslår å vidareføre tilbod om gratis barnehageplass for alle barn i asylmottak frå eitt år og fram til skulestart, i tillegg til tilbod om gratis skulefritidsordning (SFO) for barn i integreringsmottak. Alle kommunar som tilbyr plass, får tilskot til å dekke utgiftene til barnehageplass for barn i mottak og SFO for barn i integreringsmottak.

Satsane for barnehageplass i 2023 er som følger:

- 1–2-åringar, heildagsplass: 316 910 kroner per år
- 3–5-åringar, heildagsplass: 176 066 kroner per år
- SFO: 31 735 kroner per år.

Behovet for løyving på posten er avhengig av talet på mottak og omsorgssenter, talet på vertskommunar og talet på plassar. Behovet vil derfor kunne endre seg i løpet av budsjettåret.

I 2021 var det totalt 25 kommunar som fekk vertskommunetilskot for delar av eller heile året. I løpet av året gjekk talet frå 21 kommunar i første kvartal til 22 i fjerde kvartal. Det er lagt til grunn at 53 kommunar vil få tilskot i 2023.

Det er planlagt ei kartlegging av kommunane sine utgifter til lovpålagde oppgaver i 2023 for å sjå dekningsgraden for tilskotet for 2022.

Løyvingsforslaget er auka med 319,6 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2022. Det kjem av at det blir planlagt for fleire vertskommunar og mottaksplassar enn det som vart lagt til grunn for 2022, jf. òg omtalen av kap. 490, post 21.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 60, kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 464,2 mill. kroner.

Post 70 Stønader til beboere i asylmottak

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til stønadsordninga som omfattar økonomiske ytingar til livsopphald for bebuarar i asylmottak som ikkje kan dekke dette sjølv, og andre nødvendige ytingar. Driftsoperatøren for asylmottaket betaler ut ytingar for bebuarar i asylmottak og får dei refunderte av UDI. Dei nærmare krava til stønadsordninga er gitt i *forskrift om stønad til beboere i asylmottak*, som tredde i kraft 1. juni 2022. Stønadsordninga blir følgd opp ved UDI sine kontrollar av asylmottak, eller ved søknadar til UDI i dei tilfella der ytingar ikkje dekker nødvendig livsopphald for bebuarar i mottak.

Behovet for løyving på posten er avhengig av talet på bebuarar i mottak og samansetninga av bebuargruppa. Løyvingsforslaget for 2023 er basert på ein prognose på i overkant av 4 500 bebuarar i mottak. Dette er nesten 3 000 fleire enn det som var lagt til grunn for saldert budsjett 2022. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 102 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2022.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 70, kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 151,8 mill. kroner.

Post 71 Tilskudd til aktivitetstilbud for barn i asylmottak, og veiledning for au pairar

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til ei tilskotsordning til aktivitetstilbud for barn i mottak og utgifter til tilskot til informasjons- og rettleiingstiltak for au pairar.

Formålet med tilskot til aktivitetstilbud er å bidra til at barna får ein meningsfull kvardag,

gjennom eit aktivitetstilbod tilpassa alderen til barna og det utviklingsmessige behovet og interessene deira. UDI lyser ut og forvaltar tilskotsordninga. Tilskot kan bli gitt til enkeltpersonar, frivillige organisasjonar og andre ikkje-fortenesestebaserte verksemdar som organiserer aktivitetar for barn. Tiltaka har bidratt til at barn i mottak har fått fleire moglegheiter til å vere med på sportslege og kulturelle aktivitetar. Sjå nettsidene til UDI for utdjupande opplysningar om tilskot-smottakarane. UDI evaluerer løypande kriterium fastsett i forskrifta om tilskotsordninga. UDI har i 2021/2022 gjennomført ein revisjon av ordninga.

På oppdrag frå UDI, etter ein anbudsprosess, driv organisasjonen Caritas eit nasjonalt senter der au pairar og vertsfamiliar kan få rådgiving og hjelp, både med praktiske problem og juridiske problemstillingar. Senteret er ikkje ein del av utlendingsforvaltninga, men dei kan hjelpe til med kontakt vidare med den rette offentlege verksemda, t.d. Skatteetaten, Nav og helsetenesta.

Heile løyvinga på 3,3 mill. kroner til rettleiing for au pairar vart brukt i 2021. Regjeringa foreslår å løyve 3,4 mill. kroner til tilskot til informasjons- og rettleiingstiltak til au pairar i 2023. Det vart utbetalt 5,2 mill. kroner i tilskot til aktivitetar for barn i asylmottak i 2021. Regjeringa foreslår å vidareføre løyvinga til tilskotsordninga på 5,6 mill. kroner.

Delar av utgiftene til tilskot til aktivitetstilbod på kap. 490, post 71, kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 8,9 mill. kroner.

Post 72 Assistert retur og reintegrering i hjemlandet, kan overføres

Formålet med posten er å bidra til:

- at personar med endeleg avslag på søknad om vern og andre personar utan lovleg opphald i Noreg returnerer til heimlandet
- at flyktningar kan vende tilbake til heimlandet når det er trygt.

Desse tilskotsordningane til enkeltpersonar blir finansierte over denne posten:

- reisetilskot ved assistert retur
- reintegreringstilskot ved assistert retur
- reintegreringstilskot til særleg sårbare grupper og einslege mindreårige
- reintegreringstilskot til utlendingar som er særleg kostnadsnevjande for samfunnet
- reintegreringstilskot for personar som blir tvangsreturnerte til land UDI har eit eige returprogram for
- tilbakevendingstilskot for personar med opphaldsløyve.

Justis- og beredskapsdepartementet forskriftsfesta i 2020 ordninga med tilskot til assistert retur. Forskrifta har reglar om reisetilskot og reintegreringstilskot for personar som vel assistert retur, og reintegreringstilskot ved tvangsretur av utlendingar som anten er særleg kostnadsnevjande for samfunnet, eller som blir returnerte til land UDI har eit særskilt returprogram for. I 2021 vart det gjennomført 127 assisterte returar, og 6 personar fekk tilbakevendingstilskot.

Tabellen under viser talet på returar innanfor kvar ordning og summen som vart brukt til desse ordningane i 2021. Éin retur kan ha fått tilskot frå fleire ordningar.

Tabell 2.11 Returar og rekneskapstal per ordning, 2021

	Rekneskap 2021 (i 1 000 kroner)	Talet på returar og tilbake- vendingar
Voluntary Assisted Return Programme («VARP») – avtale med International Organization for Migration (IOM)	7 928	93
Returførebuande utgifter for personar i mottak	113	
Assistert retur med politiet, reintegreringstilskot	480	34
Landprogram, assistert retur, Somalia	2 395	12
Landprogram, retur, Marokko	16	2
Landprogram, retur, Afghanistan	829	8
Verifiseringsavtale, Afghanistan	0	–
Tilbakevending, reintegreringstilskot	98	6
Totalt	11 859	

Løyvinga skal òg dekke utgifter til ei tilskotsordning til organisasjonar for at dei skal bidra med informasjons- og motiveringsarbeid som kan få personar som er busette utanfor mottak, til å returnere til heimlandet. UDI forvaltar tilskotsordninga. UDI inngår hovudsakleg fleirårige avtalar med ulike organisasjonar. Tabellen under viser organisasjonar UDI har fleirårige avtalar med og gav tilskot til i 2021. I tillegg vart det i 2021 til saman gitt 1,7 mill. kroner i tilskot til Frelsesarmeen, Clap Along AS og Internasjonal velferdsforening, medan Det felles innvandrerråd i Hordaland måtte betale tilbake 150 000 kroner av tilskotet som vart gitt i 2020.

Tabell 2.12 Organisasjonar UDI har inngått fleirårige avtalar med og gitt tilskot til i 2021

Namn	Beløp
NOAS (Norsk organisasjon for asylsøkere)	1 200 000
Caritas	1 400 000
NOMKUS (Norges multi-kulturelle senter)	600 000
Pireus	800 000
Totalt	4 000 000

Delar av utgiftene på kap. 490, post 72, kan bli førte som ODA-godkjende utgifter og blir førte som inntekter på kap. 3490, post 01, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 01.

Løyvingsforslaget er redusert med 4 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2022, i hovudsak pga. ein lågare prognose for talet på returar. I forslaget er det teke utgangspunkt i at det vil bli 170 assisterte returar i 2023.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 25,3 mill. kroner.

Post 73 Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., støttetiltak

Formålet med posten er å finansiere støtte til arbeidet som FN sin høgkommissær for flyktninger (UNHCR), Den internasjonale organisasjonen for migrasjon (IOM) og ev. andre organisasjonar gjer med overføring av flyktningar. Dersom midlar på posten ikkje blir brukte til slik støtte, vil dei bli brukte til å overføre flyktningar til Noreg. Løyvinga bidrar til å auke kapasiteten organisasjonane har til å arbeide med overføringssaker med tanke på både kvantitet og kvalitet. Tilskot blir gitt direkte frå departementet utan utlysing.

I 2021 vart det løyvd 20 mill. kroner på posten, og same sum vart rekneskapsført ved utgangen av året. Det meste av løyvinga vart overført til UNHCR. Av løyvinga vart 11 mill. kroner løyvde til UNHCR og IOM sitt operative arbeid, bl.a. arbeid med gjennomføring av norske uttak. I tråd med løyvinga gjekk det 9 mill. kroner til UNHCR til prosjektstøtte for bruk av personell frå samarbeidsorganisasjonane International Catholic Migration Commission, RefugePoint, Dansk Flygtningehjælp og International Refugee Assistance Project. Dette personellet inngår i ei ord-

ning for utplassering i land der UNHCR har behov for styrking av kapasiteten. Regjeringa foreslår ein kvote på 2 000 plassar i 2023. Løyvinga blir foreslått redusert med 8,2 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2022, i hovudsak pga. redusert kvotestorleik og justeringar som følgje av budsjettert forskyving av overføring av kvoteflyktingar frå 2021 til 2022 som ikkje gjer seg gjeldande i 2023.

Utgiftene på kap. 490, post 73, kan bli førte som ODA-godkjende utgifter og bli førte som inntekter på kap. 3490, post 06, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 06.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 19,9 mill. kroner.

Post 74 Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv., kan overføres

Løyvinga under posten dekker utgifter til internasjonale forpliktingar på migrasjonsområdet, medrekna bl.a. EU sitt organ for samarbeid på asylfeltet (European Union Agency for Asylum, EUAA), IKT-systemet VIS, som er eit system for grensekontroll som Noreg er forplikta til å ta i bruk som følgje av at vi deltek i Schengen-samarbeidet, og Eurodac, som er eit biometrisystem for asylsøkarar.

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 6,6 mill. kroner. Budsjettet til EUAA blir fordelt dei tilknytte landa etter ein fordelingsnøkkel, og Noreg sin betalingsdel har auka.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 56,2 mill. kroner.

Post 75 Reiseutgifter for flyktingar til og fra utlandet, kan overføres

Løyvinga dekker reiseutgifter for overføringsflyktingar og ev. anna byrdedeling og reiseutgifter for flyktingar som vender tilbake til heimlandet sitt. Løyvinga dekker òg utgifter i samband med mottak av overføringsflyktingar.

Løyvinga på posten varierer med talet på personar som kjem som overføringsflyktingar og ev. anna byrdedeling.

Det er lagt til grunn for løyvingsforslaget på posten at det vil komme om lag 2 750 overføringsflyktingar til Noreg i 2023. Sjå òg omtale under kap. 490 og kap. 490, post 01 og post 73.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 75, kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 03, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 03.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 30,3 mill. kroner.

Post 76 Internasjonalt migrasjonsarbeid, kan overføres

Formålet med posten er å bidra til at migrasjon går for seg på ein velordna, trygg og regulert måte, og at det blir mindre irregulær migrasjon frå enkelte land og regionar.

Posten skal bli brukt til tilskot til prosjekt som støttar opp om dialog og forhandlingar med viktige opphavs- og transitland og om velordna, trygg migrasjon. Det kan bli gitt prosjekttilskot til tiltak som styrker retursamarbeid generelt eller migrasjonsforvaltninga spesielt i land Noreg prioriterer for retur- og reintegreringsprogram, og til retur- og reintegreringsprogram i regi av Den internasjonale organisasjonen for migrasjon (IOM) for retur frå transitland til opphavsland. Justis- og beredskapsdepartementet tildelte 19,2 mill. kroner i tilskot til slike prosjekt i 2021. Det vart i 2021 gitt tilskot bl.a. til styrking av migrasjonsforvaltninga i Somalia og til retur- og reintegreringsprogram i Afghanistan, Bosnia-Hercegovina, Marokko og Tyrkia. Tilskot blir gitt direkte frå departementet utan utlysing.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 76, kan først som ODA-godkjende utgifter og først som inntekter på kap. 3490, post 08, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 08.

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 4,5 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2022, noko som i hovudsak kjem av at stillinga som spesialutsending for utlendingssaker som dekker Eritrea og Sudan blir inndratt.

Samla blir det foreslått å løyve 26,5 mill. kroner på posten.

Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Assistert retur fra Norge for asylsøkere med avslag, ODA-godkjente utgifter	2 187	3 566	2 763
03	Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, ODA-godkjente utgifter	51 848	63 322	54 546
04	Asylmottak, ODA-godkjente utgifter	239 163	254 042	1 233 956
05	Refusjonsinntekter	5 496	2 600	2 678
06	Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., ODA-godkjente utgifter	19 848	30 410	18 715
07	Tolk og oversettelse, ODA-godkjente utgifter	8 955	17 986	20 769
08	Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i hjemlandet, ODA-godkjente utgifter	24 530	26 600	28 167
	Sum kap. 3490	352 027	398 526	1 361 594

Innleiing

Visse utgifter under kap. 490 Utlendingsdirektoratet (UDI) kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (Official Development Assistance, «ODA») og inntektsførast under kap. 3490. Desse utgiftene blir altså rekna som ein del av bistandsbudsjettet til Noreg. Under følgjer ei oversikt over dei ulike postane og delane av verksemda til UDI som kan reknast som utviklingshjelp, i tillegg til ein omtale av post 05, som består av refusjonsinntekter UDI tek imot.

Etter retningslinjene til OECD/DAC (Development Assistance Committee) kan visse utgifter knytte til både opphald i Noreg og tilbakevending til heimlandet for flyktningar klassifiserast som offisiell internasjonal bistand (ODA). Kva for utgifter som skal reknast som bistand, er regulert i retningslinjene til OECD. På bakgrunn av presiseringar frå OECD gjorde Noreg frå og med 2019 fleire endringar i rapporteringa, jf. Prop. 1 S (2018–2019) for Justis- og beredskapsdepartementet og for Utanriksdepartementet. Denne praksisen er lagd til grunn for berekninga av løyvingforslaga for 2023.

Post 01 Assistert retur fra Norge for asylsøkere med avslag, ODA-godkjente utgifter

Utgifter til tilrettelegging for at flyktningar skal kunne vende tilbake til heimlandet, og utgifter til at personar med avslag på asylsøknad skal kunne returnere, kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell internasjonal bistand. Regjeringa foreslår at delar av utgiftene på kap. 490, post 01 og 72, blir rapporterte inn som bistand. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 2,8 mill. kroner på kap. 3490, post 01, i 2023.

Post 03 Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, ODA-godkjente utgifter

Reiseutgifter til og frå utlandet for flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. Regjeringa foreslår at relevante utgifter på kap. 490, post 01, og alle utgiftene på post 75, som gjeld reiser og administrative tenester i samband med at flyktningar reiser, blir rapporterte som bistand. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 54,5 mill. kroner på kap. 3490, post 03, i 2023.

Post 04 Asylmottak, ODA-godkjente utgifter

Visse innanlandske utgifter for mottak av asylsøkarar og flyktingar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. Regjeringa foreslår at delar av utgiftene på kap. 490, post 21, post 60, post 70 og post 71, blir rapporterte som bistand. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 1 234 mill. kroner på kap. 3490, post 04, i 2023.

Post 05 Refusjonsinntekter

Posten består av refusjon for deltaking i europeiske samarbeidsprosjekt og andre refusjonar. På bakgrunn av erfaringstal blir det foreslått å løyve 2,7 mill. kroner i 2023. Det blir foreslått at løyvinga på kap. 490, post 01, kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3490, post 05, jf. forslag til vedtak.

Post 06 Beskyttelse til flyktinger utenfor Norge mv., ODA-godkjente utgifter

Utgifter for overføring av flyktingar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. Regjeringa foreslår at relevante utgifter på kap. 490, post 01 og post 73, blir rapporterte inn som bistand. I samband

med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 18,7 mill. kroner på kap. 3490, post 06, i 2023.

Post 07 Tolk og oversettelse, ODA-godkjente utgifter

Utgifter til tolk, omsetjing og informasjon i samband med asylsøkarprosessen kan ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. Det blir foreslått at utgiftene på kap. 490, post 22, blir rapporterte som bistand. I samband med dette blir det foreslått å inntektsføre 20,8 mill. kroner på kap. 3490, post 07, i 2023.

Post 08 Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i hjemlandet, ODA-godkjente utgifter

Utgifter for reintegrering av personar som blir returnerte til opphavslandet eller til eit tredjeland, og tiltak som bidrar til samarbeid om retur, returavtalar, oppbygging av migrasjonsforvaltninga i opphavs- og/eller transitland og velordna migrasjon, kan godkjennast som offisiell internasjonal bistand ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC. Regjeringa foreslår at relevante utgifter under kap. 490, post 72 og post 76, blir rapporterte inn som bistand. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 28,2 mill. kroner på kap. 3490, post 08, i 2022.

Kap. 491 Utlendingsnemnda

(i 1 000 kr)

Post	Betegnelse	Regnskap 2021	Saldert budsjett 2022	Forslag 2023
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttas under post 21</i>	239 488	269 637	275 292
21	Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling, <i>kan nyttas under post 1</i>	6 246	13 154	7 259
	Sum kap. 0491	245 734	282 791	282 551

Innleiing

Som klageinstans har Utlendingsnemnda (UNE) til hovudoppgåve å etterprøve vedtak som er gjorde i første instans av Utlendingsdirektoratet (UDI), og som blir klaga på. UNE fungerer som eit uavhengig forvaltningsorgan når dei gjer vedtak i klagesaker. UNE vurderer både saker om vern og andre saker om opphald etter utlendingslova, i tillegg til saker om statsborgarskap. UNE saksbehandlar òg krav om omgjering av eigne

vedtak. UNE har ei eiga prosedyreeining som prosederer ein del av UNE sine saker i rettssystemet i samarbeid med Regjeringsadvokaten.

Gjennom systematisk og grundig etterprøving av vurderingane som er gjorde i første instans, og ved å vurdere eventuelle nye opplysningar i saka, bidrar UNE til å vareta rettstryggleiken på utlendingsfeltet. Saker med tvilsspørsmål som er utslagsgivande for utfallet, blir avgjorde i nemndmøte, som oftast med frammøte av klageren. Nemndleiarar og nemndmedlemmer har

sjølvstendig avgjerdsrett slik som dommarar i domstolane. UNE skal jobbe for å sikre ei rask og effektiv saksbehandling som varetek rettstryggleiken, og unngår å setje livet til barn og unge på vent.


Behandling av klagar og omgjeringsoppmodingar

Talet på innkomne saker hos UNE vil variere både med talet på asylsøkarar og søknader om ulike løyve, og med utfalla i vedtaka hos UDI. UNE tok samla i mot 5 220 saker i 2021, om lag 340 færre enn i 2020. Om lag ein fjerdedel av sakene var omgjeringsoppmodingar. Det har vore ein vedvarande nedgang i innkomne saker til UNE sidan 2016, då UNE tok imot nærmare 17 000 saker. Nedgangen har vore særleg stor for asylsaker.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for alle saker auka frå 2020 til 2021 og var i 2021 på 168

dagar. Auka saksbehandlingstid heng bl.a. saman med talet på innkomne saker, samansetninga av porteføljen, covid-19-pandemien og endringar i verksemda.

UNE har dei siste åra behandla fleire asylsaker enn det som har komme inn, og talet på ubehandla asylsaker i UNE har derfor gått ned. Per 30. juni 2022 var det 391 ubehandla asylsaker i UNE, inkl. omgjeringsoppmodingar. Samstundes har gjennomsnittleg saksbehandlingstid i asylsakene gått opp frå 140 dagar i 2020 til 171 dagar i 2021 og til 185 i det første halvåret av 2022. Når ein større del av sakene som blir behandla er eldre saker, vil gjennomsnittleg saksbehandlingstid bli påverka av dette. UNE skal sikre at det beste for barnet er eit grunnleggjande omsyn i behandlinga av alle asylsaker som gjeld barn. UNE skal prioritere einslege, mindreårige asylsøkarar i alle ledd i saksbehandlinga.




Figur 2.23 Tal på saker og gjennomsnittleg saksbehandlingstid i asylsaker 2016–juni 2022

Kjelde: UNE

Talet på innkomne opphaldssaker var òg lågare i 2021 enn i 2020. Talet på ubehandla saker auka gjennom 2021, men har gått ned igjen det første halvåret av 2022 og er no på 1 870 saker. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid auka frå 2020 til 2021, frå 127 til 168 dagar. I det første halvåret av 2022 var tilsvarende tal 175 dagar.

UNE behandla til saman 4 700 saker i 2021, som var nesten 600 færre enn i 2020. Sekretariatet er styrkt i siste halvdel av 2021 og første halvdel av 2022, og det er forventa ein auke i talet på behandla saker i 2022 samanlikna med 2020 og 2021.



Figur 2.24 Tal på saker og gjennomsnittleg saksbehandlingstid i saker om opphald 2016–juni 2022

Kjelde: UNE

Når UNE stadfestar eit avslag frå UDI, er dette eit endeleg avslag. Det er då mogleg å saksøke staten ved UNE med påstand om at domstolen skal kjenne vedtaket frå UNE ugyldig. UNE var 224 dagar i retten i 2021, mot 261 og 360 dagar i høvesvis 2020 og 2019. Nedgangen har truleg samanheng med at det i 2020 og 2021 var fleire retts saker som vart forskyvde eller stansa som følgje av covid-19-pandemien. Staten ved UNE tok imot 78 rettskraftige dommar i 2021. Staten fekk medhald i 53 av sakene, som utgjør 68 pst. Tilsvarende del i 2020 var 74 pst.

Det vart samla løyvd 2,2 mill. kroner til ei eingongsløysing for asylsøkarar med lang opphaldstid i Noreg som tok til å gjelde i juli 2021. Per 30. juni 2022 har vel 140 personar bede om å bli vurderte etter denne ordninga, og 63 saker er omgjorde.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttes under kap. 491, post 21

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til drift av UNE. I det første halvåret av 2022 var utførte månadsverk i UNE i gjennomsnitt 200 årsverk.

Det blir foreslått å auke løyvinga til UNE med 5,7 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2022. Til grunn for løyvingsforslaget ligg ei auking på 5 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon på post 21 knytt til oppdaterte saksprognosar, der det blir anslått eit meirbehov til saksbehandling, men at færre saker blir behandla i nemnd.

Det blir vidare foreslått å auke løyvinga med 600 000 kroner knytt til implementering av Schengen-IKT-systema, jf. nærmare omtale under kap. 490, post 46 og del I.

Løyvingsforslaget inneber òg ein reduksjon i løyvinga til tilbakekall av statsborgarskap på 5,2 mill. kroner, der 3,9 mill. kroner av desse er refordelte til UDI og politiet.

Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 491, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3491, post 01, jf. forslag til vedtak.

Samla foreslår regjeringa ei løyving på posten på 275,3 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling, kan nyttes under kap. 491, post 01

Løyvinga på posten skal dekke utgifter i samband med avvikling av nemndmøte. Det er den enkelte nemndleiaren som, ut frå regelverket, avgjer om det skal setjast nemnd i den enkelte saka. Nemndutgiftene omfattar bl.a. godtgjersle for reise og opphald for nemndmedlemmer og tolkar i tillegg til reise- og opphaldsutgifter for advokatar og klagarar.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 5,9 mill. kroner.

Løyvingsforslaget inneber ein reduksjon på 5 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på post 01 knytt til at det blir anslått eit meirbehov for saksbehandling men at færre saker blir behandla i nemnd. Løyvingsforslaget inneber òg ein reduksjon på 1,2 mill. kroner til tilbakekall av statsborgarskap.

Posten skal òg dekke sakskostnadene til klagaren ut frå forvaltningslova § 36 og i tillegg reise- og opphaldsutgifter for sakføraren i samband med tvunge verneting for utlendingssaker.

Samla foreslår regjeringa ei løyving på posten på 7,3 mill. kroner.

Del III
Særlege tema

3 Berekraftsmåla til FN – rapportering

Agenda 2030 med berekraftsmåla til FN vart vedteken av FN i 2015. Berekraftsmåla består av 17 hovudmål og 169 delmål og utgjer arbeidsplanen til FN for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Måla er universelle, dvs. at alle land har ansvar for å følgje opp måla nasjonalt. Måla skal fungere som ei felles global retning for statar, næringsliv og sivilsamfunn.

Kommunal- og distriktsdepartementet koordinerer arbeidet med nasjonal oppfølging av berekraftsmåla. I juni 2021 la regjeringa Solberg fram Meld. St. 40 (2020–2021) *Mål med mening. Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030*. Justis- og beredskapsdepartementet har det nasjonale koordineringsansvaret for hovudmål 16 Fremme fredelege og inkluderande samfunn for å sikre berekraftig utvikling, sørge for tilgang til rettsvern for alle og byggje velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå. Justis- og beredskapsdepartementet har òg ansvar for oppfølging av tiltak innanfor delmål under hovudmål 10 Redusere ulikskap i og mellom land. Justis- og beredskapsdepartementet rapporterer under på relevante delmål.

10. Redusere ulikskap i og mellom land

10.7) *Leggje til rette for migrasjon og mobilitet i ordna, trygge, regelbundne og ansvarlege former, bl.a. ved å føre ein planmessig og godt forvalta migrasjonspolitik.*

Noreg har ei velfungerande migrasjonsforvaltning som fortløpande arbeider for ein tilpassa respons på utfordringar på migrasjonsfeltet.

Regjeringa støttar det pågåande arbeidet i EU med ei reform av ulike rettsakter som har som formål å førebyggje ukontrollerte sekundærrørsler og sikre jamnare fordeling av asylsøkarar i Europa. EU-landa diskuterer endringar i både Dublin-samarbeidet og andre typar asylsamarbeid. Regjeringa vurderer det slik at det i utgangspunktet er i norsk interesse at EU-landa blir samde om ein permanent og bindande fordelingsmekanisme.

Regjeringa foreslår å byggje opp ein solidaritetspott i utviklingsbudsjettet for å betre forholda for menneske på flukt og lokalsamfunna som tek imot flyktningar og fordrivne. Regjeringa vil i tillegg halde fram med å hjelpe europeiske land som er utsette for eit særleg migrasjonspress. Noreg støttar europeiske land, bl.a. ved å sende ut ekspertar gjennom asylbyrået EUAA og grense- og kystvaktbyrået Frontex. I tillegg bidrar Noreg gjennom EØS-midlane til å styrke asyl- og migrasjonsforvaltninga i land som Hellas, Romania og Bulgaria. Vi viser til omtalen av solidaritetspotten og EØS-midlane i Prop. 1 S (2022–2023) for Utanriksdepartementet.

16. Fremme fredelege og inkluderande samfunn for å sikre berekraftig utvikling, sørge for tilgang til rettsvern for alle og byggje velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå.

16.1) *Vesentleg redusere vald i alle former og dødsfall som skriv seg frå vald i heile verda*

Nasjonalt: Drapsrata i Noreg ligg stabilt på rundt 0,5 drap per 100 000 innbyggjarar. I 2021 vart det gjort 29 drap i Noreg. Sju av offera var partner/ekspartner, kjæraste eller tidlegare kjæraste til gjerningspersonen. Partnardrap har dei siste åra representert ein fjerdedel av alle drap i Noreg. Dei fleste drepne i denne gruppa er kvinner. Partnardrapsutvalet, i utgreiinga NOU 2020: 17 *Varslede drap?*, fremma ei rekkje tilrådingar som regjeringa følgjer opp. Ein permanent kommisjon vil bli sett ned for å avdekke om, i kva grad og på kva måte det har vore svikt i relevante styresmakter si handtering før desse drapa. I Noreg har vi sett ein generell nedgang i den registrerte kriminaliteten over fleire år. Innbyggjarane opplever òg at det er trygt å bu i Noreg. Fleire kvinner enn menn er urolege for vald eller truslar på bustaden. Vald og seksuallovbrot held fram med å vere ei betydeleg utfordring. Regjeringa arbeider no med ein opptrappingsplan for å førebyggje og motarbeide vald mot barn og vald i nære relasjonar. Planen skal leggast fram i 2023.

16.2) Stanse overgrep, utnyttning, menneskehandel og alle former for vald og tortur mot barn

Nasjonalt: Regjeringa la i haust fram ein handlingsplan mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet som bl.a. skal førebyggje menneskehandel og utnyttning innan arbeidslivet. Eit tiltak i handlingsplanen er å styrke bistanden til offer for menneskehandel og tvangsarbeid, bl.a. ved å vidareføra og styrka ordninga med økonomisk tilskot til frivillige organisasjonar som hjelper utsette arbeidstakarar. Justis- og beredskapsdepartementet forvaltar ei tilskotsordning på prostitusjons- og menneskehandelsfeltet.

Internasjonalt: Noreg støttar arbeidet mot vald og overgrep mot barn gjennom Unicef og FN sin spesialrepresentant for nedkjemping av vald mot barn. I 2020 vart arbeidet med å førebyggje og oppklare straffesaker om seksualrelatert kriminalitet mot barn og unge styrkt med ei politiutsending ved ambassaden i Manila. Vern mot seksualisert og kjønnsbasert vald, spesielt mot kvinner og jenter, er høgt prioritert i den humanitære strategien til Noreg.

16.3) Fremme rettsstaten nasjonalt og internasjonalt, og sikre likskap for lova, rettstryggleik og rettsvern for alle

Nasjonalt: I 2021 vart ein ny domstolsstruktur vedteken, og dette inneber at talet på rettskrinsar vart redusert våren 2021. Våren 2022 sende regjeringa på høyring et forslag om å gå tilbake til strukturen frå før 2021 for å sikre innbyggjarar over heile landet god rettsikkerheit og tilgjengelege tenester. Høyringa er no til oppfølging i departementet.

I 2022 vart inntektsgrensene for fri rettshjelp auka med ca. 30 pst., slik at fleire no er omfatta av ordninga. Videre følger departementet opp utgreiinga frå Rettshjelpsutvalet. I utgreiinga foreslår utvalet ei ny lov om støtte til rettshjelp i staden for den noverande ordninga med fri rettshjelp. Det inneber at fleire personar vil bli omfatta av ordninga, men med ein betydeleg bruk av eigendelar tilpassa betalingsevna til mottakaren.

Internasjonalt: Noreg samarbeider med aktørar i sivilt samfunn, som International Commission of Jurists, som fremmar rettstryggleik for menneskerettsforsvararar.

16.4) Innan 2030 oppnå ein vesentleg reduksjon av ulovlege finans- og våpenstraumar, gjere det enklare å spore opp og returnere stolne eigedelar og motarbeide alle former for organisert kriminalitet, og 16.5) Vesentleg redusere korrupsjon og bestikkingar i alle former

Nasjonalt: Dei siste åra har det blitt lagt meir vekt på å hindre og kjempe mot ulovlege pengestraumar. Ny teknologi og nye betalingstenester gjer det vanskelegare å avdekke slik kriminalitet. I løpet av 2022 vil det publiserast ei ny nasjonal risikovurdering om kvitvasking og terrorfinansiering, som gir eit oppdatert kunnskapsgrunnlag på området. Regjeringa ønsker å legge fram ei stortingsmelding om innsats mot økonomisk kriminalitet i Noreg, som kan bidra til politikktutvikling på området. Eit ope og gjennomsiktig samfunn bidrar vesentleg til å førebyggje korrupsjon, og tiltak for å sikre openheit om kva fysiske personar som eig og/eller kontrollerer selskap, er viktig i så måte. Lov og forskrift om register over reelle rettshavarar er vedtekne, og det blir arbeidd med å skipe registeret.

Sjølv om korrupsjon førekjem i Noreg, har han ikkje vore eit stort samfunnsproblem. Institusjonar sin integritet er verna ved offentleglova, forvaltningslova og spesiallover for dei enkelte institusjonane. Medvitngjering, transparens, nulltoleranse og straffetrussel kombinert med aktive tilsynsstyresmakter og effektiv rettshandheving er viktige føresetnader for førebygging og kamp mot korrupsjon i Noreg.

Internasjonalt: Gjennom deltaking i UNODC (FN sitt kontor mot narkotika og kriminalitet), generalforsamlinga i FN, det økonomiske og sosiale rådet til FN (ECOSOC), Financial Action Task Force (FATF), utviklingsbankane, OECD og andre forum, arbeider Noreg for å styrke internasjonale normer, standardar og operative tiltak for å førebyggje og nedkjempe korrupsjon, bestikkingar, skatteunndraging, kvitvasking og ulovleg kapitalflyt. Dette gjelder særleg ulovlege finansstraumar i offentleg og privat sektor på tvers av landegrensar. Rapporten frå FN sitt høgnivåpanel for finansiell ansvarlegheit, openheit og integritet (FACTI-panelet) vart lagd fram i februar 2021. Generalforsamlinga i FN sin spesialsesjon mot korrupsjon og den niande statspartskonferansen for FN konvensjonen mot korrupsjon var viktige milestolpar i 2021. Støtta til fagleg samarbeid for å nedkjempe korrupsjon og fremme godt styresett har auka.

16a: Styrke relevante nasjonale institusjonar, bl.a. gjennom internasjonalt samarbeid, med sikte på å bygge kapasitet på alle nivå, særleg i utviklingsland, for å førebyggje vald og motarbeide terrorisme og kriminalitet

Internasjonalt: Norsk politi og anna personell frå justissektoren deltek i internasjonale fredsoperasjonar i land som har behov for støtte til på ny å opprette ein normal samfunnsstruktur etter krig og konflikt. Norsk politi deltek for tida i FN sine fredsoperasjonar og politiske oppdrag i Sudan, Sør-Sudan og Colombia. Der bidrar dei til å bygge opp kapasitet i lokalt og nasjonalt politi og dessutan til å verne sivile. Norge deltok inntil midten av 2022 òg i FN sin operasjon i Mali, der Noreg hadde ansvar for eit spesialisert polititeam med mål å auke malisk politi sin kompetanse på åstadgransking. Dette har bidrege til å styrke styresmaktene sin kamp mot organisert kriminalitet og terrorisme. Norsk politi bidrar vidare med kurs og instruktørstøtte. Overordna prioriteringar for innsatsen er å bidra til å auke kvinneandelen, støtte utviklinga av FN-politiets arbeidsmetodar og samarbeide med andre bidragsytande land.

Sidan etableringa i 2015 har Noreg tatt del i eit formelt nordisk nettverk med formål om å tryggje effektiv informasjonsutveksling og erfaringsbasert læring mellom dei nordiske land om førebygging av valdeleg ekstremisme. Dette inkluderer

utveksling av kunnskap om trendar, førebyggingsmetodar og målretta tiltak. Noreg vil halde fram med å bidra aktivt inn i nettverket. Noreg er òg med i EU Internet Forum, der fjerning av ekstremistisk innhald på nett er eitt av to hovudtema. Sidan 2021 har Noreg sitt medlemskap i FN sitt tryggingråd gitt oss høve til å påverke den internasjonale behandlinga av viktige tema på kontraterrorfeltet.

Handlingsplan mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme vart i 2020 revidert med nye og justerte tiltak og er under oppfølging. Handlingsplanen inneheld bl.a. tiltak for styrking av førstelinja sitt arbeid på feltet, som t.d. ei ordning med radikaliseringskontaktar i politidistrikta og i kriminalomsorga. Dessutan etablering av ein nasjonal ressurs- og rettleingsfunksjon innan førebygging og handtering av radikaliserings og valdeleg ekstremisme ved dei regionale ressurscentera om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (RVTS). RVTS har bl.a. vidareutvikla nettressursen utveier.no, som kan brukast av alle som søker kunnskap om fenomenet radikaliserings og om arbeidet på feltet. I den internasjonale innsatsen for førebygging og kamp mot valdeleg ekstremisme er inkludering ein gjennomgåande prioritet. Noreg er engasjert for å bidra til at FN og regionale aktørar sine fredsoperasjonar inkluderer fleire kvinner og sikrar rettane til menn- og kvinner.

4 Likestilling

Under følger ei omtale av og oversikt over arbeidet med likestilling i Justis- og beredskapsdepar-

tementet og dei underliggjande og tilknytte etatane. Vi viser òg til årsrapportane for etatane.

4.1 Justis- og beredskapsdepartementet

Tabell 4.1 Oversiktstabell for departementet

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Legemeldt frávær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K
2022	376	34	66	96,6	1,6	2,4	–	–
2021	374	37	63	97,7	0,3	1,4	–	–
2020	377	37	63	99,4	0,7	3,0	0,5	4,2
2019 ¹	377	37	63	96,8	1,4	3,8	1,2	4,4

¹ Tala for 2022 er frå DFØ per 1. feb.22

Tabell 4.2 Fordeling av stillingar 2021 og 2022

	Februar 2021		Februar 2022	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Dep.råd og eksp.sjef	3	7	3	7
Avdelingsdirektør	24	16	23	14
Seksjonssjef			2	1
Direktør		1		
Fagdirektør	26	17	29	19
Underdirektør	1	3		
Spesialrådgivar	2	3	2	3
Lovrådgivar	14	5	14	5
Prosjektleiar	2	1		
Utgreiingsleiar	21	3	38	8
Seniorrådgivar	94	52	86	48
Rådgivar	36	22	32	20
Seniorkonsulent	8		10	
Førstekonsulent	6	9	10	2
Konsulent				
Sum	237	139	249	128

Talet inkluderer både tilsette lønte på kap. 400 og dei som er lønte over andre kapittel under Justis- og beredskapsdepartementet. DFØ per 1. feb. 2021 og 2022.

Oversikta viser at delen av kvinner i departementet har auka til 66 pst. i 2021 frå 63 pst. i 2020. Delen kvinner på mellomleiar-nivå har auka til 63 pst. i 2021 frå 60 pst. i 2020. På høgaste leiar-nivå er kvinner framleis underrepresenterte, med 3 kvinner mot 7 menn, uendra frå 2020. I stillingar som fagdirektør er delen kvinner 60 pst. i 2021, uendra frå 2020.

Departementet har fleire kvinner enn menn i saksbehandlarstillingar som seniorrådgivar og rådgivar. Hos dei som har stillingskoden utgreiingsleiar er det framleis stor overvekt av kvinner: 83 pst. Blant seniorrådgivarar er delen kvinner 64 pst. i 2021 og uendra frå 2020. Delen kvinnelege rådgivarar er framleis 62 pst. i 2021 som i 2020. I førstekonsulentstillingar er det 83 pst. kvinner i 2021, auka frå 40 pst. i 2020.

Tabell 4.3 Lønn (i 1 000 kroner)

	Februar 2021		Februar 2022	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Dep.råd og eksp.sjef ¹	1589	1420	1604	1447
Avdelingsdirektør	1025	991	1069	1031
Seksjonssjef			844	865
Direktør		990		
Fagdirektør	809	836	863	849
Underdirektør	770	785		
Spesialrådgivar	1 168	1 181	1195	1245
Lovrådgivar	896	861	959	950
Prosjektleiar	875	1360		
Utgreiingsleiar	728	850	765	790
Seniorrådgivar	668	704	690	734
Rådgivar	561	560	587	563
Seniorkonsulent	585	-	623	
Førstekonsulent	511	511	513	513

¹ Tala for 2021 inkluderer lønnsauken frå 1. jan. 2021. DFØ per 1. feb. 2021 og 1. feb. 2022

Skilnadene i lønn på toppleiarnivå er i nokon grad knytt til tyngda til stillinga, dvs. ansvar, omfang og kompleksitet jf. leiarlønnssystemet.

Justis- og beredskapsdepartementet er oppteke av å ha mest mogleg lik kjønnsbalanse i alle stillingar og lik lønn for samanliknbare stillingar.

Det er nokre fleire kvinner enn menn som arbeider deltid. Bruk av deltid er i stor grad knytt til omsorgspermisjonar. Det legemelde sjukefråværet er 2,9 pst. samla for kvinner og menn.

Ved tilsetjingar i ledige stillingar skal minst ein kvalifisert søkar med minoritetsbakgrunn, nedsett funksjonsevne og hol i CV-en kallast inn til intervju. Dette skal omtalast i innstillinga.

Justis- og beredskapsdepartementet hadde ein måloppnåing på 8,9 pst. for 2021 i den statlege inkluderingsdugnaden. Det er høgare enn det overordna mål på 5 pst. og auka frå 2 pst. i 2020.

Sjølv om inkluderingsdugnaden ikkje er gjeldande i 2022 så fortset arbeidet med å bygge ein organisasjonskultur som fremmar og anerkjenner mangfald.

Justis- og beredskapsdepartementet samarbeider med representantane til dei tilsette i det løpande arbeidet med å fremme likestilling og hindre diskriminering i departementet. Det er fast-

sett i lønnspolitikken til departementet at vi ikkje skal ha ugrunna skilnader i lønn. Likestillingsperspektivet skal takast omsyn til både ved tilsetjingane og ved forhandlingane om lønn, og alle tilsette skal ha lik moglegheit for utvikling i lønn. Ved gjennomføring av forhandlingane om lønn kartlegg departementet lønn bl.a. fordelt etter kjønn. Likestilling er vidare omtalt i tilpassingsavtalen til Hovudavtalen i staten. I 2022 vart det gjennomført ein lønnsanalyse der resultatet vart at ein fekk retta opp i grunnlause lønnskilnader. Departementet gjennomfører jamleg ein ROS-analyse på likestillings- og diskrimineringsfeltet i samarbeid med dei tilsette sine representantar, medrekna arbeidsmiljøutvalet. På bakgrunn av analysen fastset ein konkrete tiltak i samarbeid med representantane.

Departementet gjennomfører årlege ROS-analysar på HMS-området for å undersøke det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet i verksemda, irekna risikoen for mobbing og trakassering. Medarbeidarundersøkingar der også slike spørsmål blir tekne opp, blir gjennomførte jamleg. På bakgrunn av eit leverandørbyte vart ikkje medarbeidarundersøkinga gjennomført i perioden 2020-2021.

4.2 Domstoladministrasjonen

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
		2021	2078	36,7	63,3	74,5	2,9	8,5	11,2	13,8
2020	2062	37,2	62,8	74,2	2,6	9,4	11,2	12,1	2,2	4,5
2019	2002	36,3	63,7	73,9	3,3	10,3	9,0	10,0	2,2	4,8
2018	2048	36,2	63,8	72,4	2,9	10,9	8,3	8,6	2,1	4,6
2017	2073	36,5	63,5	71,3	2,8	12,2	7,7	7,0	2,1	4,8

Per 31. desember 2021 var det 2 078 tilsette i domstolane. Dette svarte til 2025 årsverk. Det er ei overvekt av kvinnelege tilsette i Domstoladministrasjonen og i domstolane. Dette kjem i hovudsak av at kvinner er overrepresenterte i saksbehandlarstillingar, som utgjer om lag halvparten av talet på medarbeidarar i domstolane. Utsiftinga i administrative stillingar i domstolane er relativt låg. Ei endring i kjønnsfordelinga vil derfor ta tid, uavhengig av kva for nokre tiltak som blir sette i verk. Domstolane prioriterer balansert kjønnsfordeling i arbeidet med rekrutterings- og personalpolitikken. Bruken av deltidstillingar er stabil og følgjer hovudsakleg av ønska til dei tilsette om redusert stilling i ein periode.

Av statistikken ser det ut som at bruken av mellombelse stillingar samla sett har auka litt i

2021. Dette kjem i hovudsak av at det vart oppdaga at fleire dommarfullmektigar (mellombelse stillingar jf. domstollova § 55 g) tidlegare feilaktig var registrerte som faste tilsette i lønssystemet. Dette vart korrigert i 2021. Det vart òg tilsett fleire lærlingar i verksemda i 2021 enn i føregåande år.

Det legemelde sjuke fråværet er stabilt og lågt, med ein liten auke i 2021 som blir anteken å komme av koronarelatert sjukdom. Lønnskilnadene mellom kvinner og menn må sjåast i samanheng med at kvinner er overrepresenterte i saksbehandlarstillingar, og at menn er overrepresenterte i dommarstillingar, som er vesentleg høgare lønte.

4.3 Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)	
		M	K		M	K	M	K
		2021	4 934	53	47	98	4	11
2020	4 897	54	46	97	4	12	1	1
2019	4 935	55	45	98	4	11	1	1
2018	5 047	55	45	97	6	19	6	6

Kjelde: KDI

Talet på tilsette omfattar òg aspirantar ved KRUS. I tala på lønn, deltid og mellombelse stillingar er aspirantar haldne utanfor.

Kjønnsfordelinga blant tilsette i kriminalomsorga var 47 pst. kvinner og 53 pst. menn i 2021. Dette er ein auke på 1 prosentpoeng samanlikna med 2020. Det er fleire kvinner enn menn som

arbeider deltid. Dei deltidstilsette utgjer om lag 7 pst. av dei tilsette. Delen tilsette i kortvarige stillingar auka i åra fram til 2015, men har gått ned dei siste åra. Den gjennomsnittlege månadslønna til kvinner utgjer om lag 98 pst. av lønna til menn. Kjønnsfordelinga blant aspirantar ved Høgskolen og utdanningssenteret for kriminalomsorga KRUS var 54 pst. menn og 46 pst. kvinner i 2021.

Kriminalomsorga har som mål å oppnå ein del av kvinner i leiarstillingar på minimum 40 pst. KDI, KRUS og to av fem regionar oppnådde målet

i 2021. Kriminalomsorga legg vekt på balansert kjønnsfordeling ved tilsetjingar. I 2020 utarbeidde Kriminalomsorgsdirektoratet ny rutine og nye rettleiingar for handtering av konflikhtar og trakassering og nye etiske retningslinjer.

Kriminalomsorga har som mål å auke mangfaldet blant dei tilsette i etaten. I 2021 hadde om lag 8,6 pst. av aspirantane ved KRUS ein annan kultur- og språkkompetanse enn norsk og engelsk. Kriminalomsorgsdirektoratet har eit mål om at minst 10 pst. av aspirantane skal ha ein slik kompetanse.

4.4 Sekretariatet for konfliktråda (Sfk)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K	kvinner i pst. av lønna til menn	M	K	M	K	M	K
2021	148	28	72	96,6	4	9	20,1	16	3	6,4
2020	143	29	71	99,0	4,8	3,0	11,9	9,9	3,1	7,3
2019	142	41	59	101,2	0	3,5	5,6	9,8	3,1	3,6
2018	128	29	71	102,6	0	11	27,0	15,0	8,2	2,9
2017	134	27	73	103,3	0	8,9	16,2	18	4,1	6,8

Kjelde: Sfk

31. desember 2021 utgjorde bemanninga i konfliktrådet 148 årsverk, med 148 tilsette. Kvinner er overrepresenterte blant dei tilsette. Sekretariatet blir leidd av ein kvinneleg direktør. I leiargruppa til Sfk er det tre menn og to kvinner. Ved årsskiftet var to konfliktrådsleiarar under rekruttering, og det var derfor berre elleve konfliktrådsleiarar. Av desse var åtte kvinner og to menn. Sfk har som mål å ha eit inkluderande arbeidsmiljø der medarbeidarane speglar mangfaldet i befolkninga med tanke på kjønn, funksjonsevne og etnisk bakgrunn. Dette blir spegla i stillingsannonsane til verksemda. Menn har blitt oppmoda om å søke ved nokre rekrutteringar for å fremme likestilling blant kjønna.

Som offentlig styresmakt arbeider konfliktrådet for at det skal vere god og lett tilgang til tenesene, for alle innbyggjarar uansett alder, etnisitet, bakgrunn og geografisk plassering. Dette blir bl.a. gjort gjennom mangfaldsrekruttering av meklarar, gjennom rettleiing og opplæring av meklarar og gjennom bevisst representativitet i kommunikasjonsmaterialet som verksemda lagar for brukarane. I det lønnspolitiske dokumentet for organisasjonen er det òg teke omsyn til likebehandling mellom kjønna, og det er etablert etiske retningslinjer som bidrar til å motarbeide diskriminering.

4.5 Politiet

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
		2021	18 920	53	47	97,5	1,2	5	4,6	5,2
2020	18 540	54	46	97	0,8	4,9	4,3	4,7	2,6	5,8
2019	17 758	54	46	96,7	1,0	5,5	1,8	2,4	2,6	5,8
2018	17 626	54	46	96,3	0,9	6,0	2,3	3,2	2,6	5,7
2017	17 242	54	46	96,1	0,9	7,6	3,5	4,3	2,6	5,8
2016	16 595	55	45	95,1	1	8,7	2,3	3,6	2,3	5,5

Tabellen omfattar Politidirektoratet og alle underliggjande einingar og er basert på data frå personal- og lønssystemet i etaten. Tala omfattar ikkje timelønte medarbeidarar, medarbeidarar på pensjonistvilkår, eksterne, medarbeidarar i permisjon utan lønn eller tilsette i Politiets tryggingsteneste (PST).

Kjønnsbalanse: prosent av tilsette som får lønn, inkludert medarbeidarar i foreldrepermisjonar (ikkje årsverk).

Lønn: berekna av gjennomsnittleg grunnlønn per månad for alle tilsette (eksklusiv faste tillegg). Lønn for deltidstilsette er omrekna tilsvarende 100-pst.-stilling.

Deltid: omfattar ikkje medarbeidarar i delvis omsorgspermisjon.

Mellombelse: Tala for tidlegare år er endra som følgje av at vikarar tidlegare var tekne med i berekningane. Ein del fast tilsette er mellombelse i ei anna stilling og kan vere koda som mellombelse.

Kvinner ligg noko under menn i gjennomsnittleg lønn, men det har vore ein gradvis nedgang i ulikskapen sidan 2015, på 0,5 prosentpoeng det siste året. Lønnskilnader kan bl.a. forklarast ut frå variablar som ansiennitet, turnover og type stillingar, då det er fleire menn i leiarstillingar. Det er behov for gode analysar for å kunne fastslå årsakene. Det er ein betydeleg auke i delen tilsette i mellombelse stillingar samanlikna med tidlegare år. Ei av årsakene til dette er at medarbeidarar i de 400 covid-19 stillingane i stor grad framleis er mellombels tilsette.

Opptaket til PHS i 2021 viste den høgaste delen av kvinnelege søkarar gjennom tidene, med 60 pst., opp frå 54,6 pst. i 2019. Det er venta at god kjønnsbalanse på Politihøgskolen vil bidra til fleire kvinnelege leiarar i etaten på sikt. For å få fleire kvinner til å satse på leing er det viktig med gode rollemodellar. Delen kvinnelege toppleiarar i distrikta per 31. desember 2021 var 50 pst.

I den overordna planen for kjønnsbalanse i leiarstillingar er det sett mål om 30 pst. kvinnelege leiarar i politistillingar og 40 pst. kvinnelege leiarar totalt innan 2022. Alle distrikt og særorgan har utarbeidd egne tiltak som blir følgde opp lokalt, for å nå målsetjinga. Eit resultat av dette arbeidet er ein jamn auke av kvinner i leiarstillingar dei siste åra. Per 31. desember 2021 var delen kvinnelege leiarar totalt 37 pst., medan delen i politistil-

lingar var 25 pst., opp frå 16 pst. i 2015. Ein konsekvens av pandemien for arbeidet med likestilling i politiet kan vere at det vart avlyst fleire kurs på Politihøgskolen for å utdanne innsatspersonell, der det er eit mål om å auke delen kvinner. Fleire tiltak er òg utsette pga. omprioritering av oppgåver under pandemien. Det er starta eit arbeid for å betre kjønnsbalansen i operative stillingar, og det er starta to forskingsprosjekt på det same temaet.

I etterkant av undersøkinga om uønskt seksuell merksemd i politiet har politidistrikt og særorgan arbeidd lokalt og utarbeidd handlingsplanar med tiltak. Politidirektoratet følgjer opp i styringsdialog og resultatavtalar og gjennom HMT-leiarnettverk. Dei første tiltaka var dilemmatrening i alle einingar og obligatorisk gjennomføring av etiske retningslinjer gjennom e-læring. Ei breitt samansett nasjonal arbeidsgruppe har utarbeidd overordna tiltak som omhandlar leiarutvikling og -opplæring med merksemd på konkret handtering av trakasseringssaker og på systematisk arbeid med å utvikle eit trygt arbeidsmiljø. Politidirektoratet har revidert rutinar og prosedyrar og har ei temaside på intranettet med verktøy for å arbeide med eit trygt arbeidsmiljø. I 2021 vart det lansert ei haldningskampanje retta mot leiarar og alle medarbeidarar som skal medverke til bevisstgjeriing og førebygging. Arbeidet vil følgast opp av ei ny kartlegging i 2022.

Sjuefråværet har auka noko til om lag 6 pst. for kvinner og 2,7 pst. for menn. Auken kan

komme av pandemien, men det finst det ikkje gode nok data om.

4.6 Den høgare påtalemakta

År	Talet på tilsette	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt frávær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2021	217	37,3	62,7	72,5	1,2	7,4	14,8	13,2	0,0	5,6
2020	216	37	63	70,4	1,3	9,6	16,3	16,9	1,1	4,2
2019	209	37,3	62,7	68,6	2,6	9,9	12,8	12,2	2,7	2,2
2018	204	37,7	62,3	67,5	1,3	9,4	13	13,4	2,1	3,4

Stillingskategoriane i Den høgare påtalemakta er embetsmenn og administrativt tilsette. Lønna til embetsmennene er høgare enn lønna til administrativt tilsette. Vidare er dei fleste av dei administrativt tilsette kvinner, noko som gjer lønna at til kvinner i prosent av lønna til menn verkar som låg når begge stillingskategoriane blir slått saman.

Stillingskategorien embetsmenn omfattar riksadvokaten, assisterande riksadvokat, førstestatsadvokatar og statsadvokatar. Blant statsadvokatanne er det 44,7 pst. kvinner og 55,3 pst. menn. Det blir praktisert likelønn i denne stillingskate-

gorien, og lønna til kvinner er 97,6 pst. av lønna til menn. Det er framleis flest førstestatsadvokatar/embetsleiarar som er menn.

Trenden er likevel ei utjamning i kjønnsbalansen. Av dei statsadvokatanne som no går av med pensjon, er det flest menn, og nye tilsetjingar er meir balanserte med omsyn til kjønn. Dei siste åra har det blitt tilsett fire kvinnelege embetsleiarar. Frå 2018 til 2021 har det auka frå 8 til 11 kvinnelege embetsleiarar. I denne stillingskategorien utgjer løn til kvinner 99 pst. av mannens løn.

4.7 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt frávær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
2021	641	56,4	43,6	96,4	4,6	10,6	1,6	4,2	2,8	4,9
2020	631	56,1	43,9	94,5	3,1	12,3	0,5	1,5	3,1	4,5
2019	661	55,8	44,2	95,6	1,5	6,2	3,2	2,2	2,4	4,3
2018	667	56,4	43,6	94,1	2,2	8,7	1,9	1,3	2,9	5,5
2017	684	56,4	43,6	94,0	2,9	9,6	2,4	1,9	2,1	2,4
2016	639	56,6	43,4	91,5	1,9	6,7	2,5	2,4	2,1	2,6

Kjelde: DSB

Blant leiarar i Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) i 2021 utgjer kvinner totalt 38 pst., mot 34 pst. i 2020. Det er i dag stor skilnad innanfor dei ulike leiarnivåa, med 60 pst. kvinne-

del på direktørnivå, mot 35 pst. kvinne- del i mellomleiararsjiktet.

I mellomleiararsjiktet finn vi dei tradisjonelt mannsdominerte delane av verksemda med sivilfor-

svarsdistrikt og regionskontor innanfor eltryggleik. Her er berre 5 av 25 leiarar kvinner, og rekrutteringsgrunnlaget består i hovudsak av menn.

DSB jobbar for likestilling og ei balansert kjønnsamansetning gjennom rekrutteringsprosessar, og direktoratet legg særleg vekt på at kunngjeringsstekstane skal utformast slik at verk-

semnda kan tiltrekkje seg begge kjønn og samstundes stimulere til betre mangfald i verksemnda. DSB arbeider for likelønn mellom kjønna og for å redusere uønskete skilnader i lønn mellom nytilsette og tilsette som har arbeidd i DSB i fleire år. Likelønnsprinsippet er nedfelt i DSBs lønnspolitiske dokument.

4.8 Sivil klareringsmyndigheit (SKM)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt frávær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
		2021	42		33,3	66,7	90,2	0	0	0
2020	34	35,3	64,7	89,2	0	0	8,8	5,9	0,01	2,88
2019	33	30,3	69,7	88,7	0	0	6,1	0	0,41	1,27
2018	27	33,3	66,7	86,4	0	0	11	4	0,10	0,75

Kjelde: SKM

Mot slutten av 2021 var det kjønnsbalanse i leiargruppa i Sivil klareringsmyndigheit (SKM), som bestod av to kvinner og to menn. Per 31. desember 2021 var 68 pst. av dei tilsette kvinner og 33 pst. var menn. Lønna til kvinner i prosent av lønna til menn har auka frå 2020 til 2021.

I kunngjeringsstekstane har verksemnda alltid med ei mangfaldserklæring, men SKM har ikkje aktivt oppfordra kandidatar av eit bestemt kjønn om å søke. Kjønnsbalanse har likevel vore eitt av fleire element som har vore vurdert i rekrutteringsprosessar.

I lønnspolitikken til verksemnda er det eit mål at tilsette skal få lik lønn for arbeid av lik verdi, og at kvinner og menn skal ha lik lønnsutvikling. Lønns- og personalpolitikken skal medverke til at alle arbeidstakarar har moglegheit for karriere-messig utvikling, uavhengig av kjønn. Samstundes skal lønn og stillingskode spegle innhald, ansvar, kompleksitet og krav til kompetanse og resultat i stillinga.

Likestilling vil vere eit sentralt tema i utviklinga av livsfasepolitikken til SKM.

4.9 Hovudredningsentralen (HRS)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt frávær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
		2021	54		81,5	18,5	76,6	0	0	1,9
2020	53	79,2	20,8	69,3	0	0	0	1,9	1,9	2,5
2019	54	79,7	20,3	73,1	0	0	0	1,9	1	4,2
2018	53	80,9	19,1	75,7	0	0	0	0	2,7	2,5
2017	48	83,3	16,7	66,7	0	0	0	0	1	2,8
2016	48	83,3	16,7	66,7	0	0	0	0	1	2,8

Kjelde: HRS

Av sju leiarar ved Hovudredningssentralen var seks menn ved utgangen av 2021. Ved nyrekruttering blir kvalifiserte kandidatar med ulik utdanning og arbeids- og livserfaring alltid oppmoda til å søke stillinga. Det blir likevel ikkje praktisert noka form for kvotering. Til stillingane som redningsleiar er det eit krav om såkalla operativ erfa-

ring. Dette inneber at kandidatane ofte kjem frå mannsdominerte yrke, som Forsvaret, politiet eller sivil luft- og sjøfart. HRS har ei forventning om at prosentdelen kvalifiserte kvinnelege søkarar vil auke i takt med at kvinneprosenten aukar i dei nemnde sektorane.

4.10 Nasjonalt tryggingsorgan (NSM)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
		2021	322	66,1	33,9	93,3	2,9	3,4	12,0	15,2
2020	297	64,8	35,2	92,1	4,7	1,7	4,4	3,8	1,81	5,57
2019	295	68,1	31,9	92,3	4,7	1,3	2,1	2,5	3,55	8,33
2018	289	68,5	31,5	94,3	2,4	2,4	2,8	3,5	3,0	7,5

Ved utgangen av 2021 var 33,9 av dei tilsette i Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) kvinner. I leiargruppa var 22 pst. kvinner. I mellomleiarstillet (kontorsjef og seksjonsleiarstillingar) var 21,9 pst. av dei tilsette kvinner.

NSM har som målsetjing å vere ein attraktiv arbeidsgivar for begge kjønn. Dette kan først og fremst bli påverka gjennom rekrutteringsprosessane. NSM er oppteke av å ha personalgode som er kjønnsnøytrale, og som appellerer til begge kjønn. I rekrutteringsprosessane legg vi til grunn kvalifikasjonsprinsippet, som betyr at den best kvalifiserte kandidaten blir tilsett i alle rekrutteringsprosessar. I fleire utlysningstekstar oppmodar NSM kvinner til å søke. Kvalifiserte kvinnelege søkarar blir alltid inviterte til intervju. NSM

er spesielt merksame på dette ved utlysing av tekniske stillingar, meir spesifikt for stillingar innanfor IKT-tryggleik. I andre fagmiljø er kjønnsmansetninga jamn, og i enkelte miljø er kvinneandelen høg.

I profilering eksternt opp mot bl.a. skular og media ser NSM at det er viktig at begge kjønn er representerte. NSM jobbar for likelønn mellom kjønna. Ein av grunnane til at menn tener meir enn kvinner i NSM, kan ha å gjere med at menn er overrepresenterte i enkelte tekniske fagmiljø. Det har vist seg at det ofte kan vere vanskeleg å rekruttere til desse miljøa, som medfører at løningane er høgare enn i andre deler av verksemda. Dette vil igjen gi utslag på lønnsstatistikken.

4.11 Spesialeininga for politisaker

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt frávær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
		2021	44		45,5	54,5	96,4	0	4,5	4,5
2020	42	42	57,1	95	0	0	7,1	7,1	1,5	1,6
2019	39	41	59	96	0	0	5,1	5,1	2,1	3,7
2018	36	41,7	58,3	86	0	0	0	2,8	1,4	6,6
2017	36	38,9	61,1	79	0	0	0	5,6	1,2	4,8

Spesialeininga for politisaker hadde per 1. desember 2021 41 faste og tre mellombelse stillingar. Det er fleire kvinnelege enn mannelege tilsette i eininga (24 kvinner og 20 menn), og kjønnsbalansen har vore stabil opp gjennom åra. I tillegg har eininga oppnemnt seks advokatar på verv (to kvinner og fire menn). Leiinga består av to menn (40 pst.) og 3 kvinner (60 pst.). Personell blir likt lønt i dei enkelte stillingskategoriane uavhengig av kjønn. Årsaka til at statistikken viser noko lågare lønn på kvinner, er at dei lågast lønte stillin-

gane for verksemda (administrasjon) i stor grad har kvinnelege tilsette.

Delen mellombelse stillingar har auka frå 2018. Årsaka er at eininga ved revidert nasjonalbudsjett i 2019 og 2020 vart tildelt midlar for å handtere ein svært utfordrande driftssituasjon ved å auke kapasiteten og ved å tilsetje personell i mellombelse stillingar.

Sjukefráværet ved verksemda er i 2021 3,7 pst. (legemeldt frávær) og blir sett på som lågt.

Talet på årsverk er 38.

4.12 Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt frávær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
		2021	16		19	81	100	0	19	6,25
2020	14	14	86	89	0	21	0	21		1,31
2019	13	23	77	98	7,7	23	0	7,7	0	2,9
2018	12	25	75	100	0	8	8	16,6	0	2,8
2017	12	25	75	93,3	0	8	8	16,6	0	0,5

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker hadde per 31. desember 2021 16 tilsette. Dette utgjorde 12,6 årsverk. Kjønnsfordelinga i sekretariatet i 2021 har vore 81 pst. kvinner og 19 pst. menn. Alle leiarstillingane i organisasjonen har kvinnelege tilsette. Staten si målsetjing om å

oppnå ein kvinneandel i leiarstillingane på 40 pst. er dermed oppfylt for sekretariatet sin del. Det er i 2021 ingen lønnskilnader mellom kvinner og menn. Av omsyn til personvernet er legemeldt frávær oppgitt i totale tal for verksemda.

4.13 Statens sivilrettsforvaltning

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt frávær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
		2021	76		32,9	67,1	103,9	4	3,9	8
2020	82	34,1	65,9	105,5	0	6,1	7,3	11	0,9	4,8
2019	75	36,5	63,5	104,7	0	10,6	14,8	12,8	0,7	1,6
2018	74	39,2	60,8	97,6	0	13	12,9	13	0,2	3,4
2017	61	39,3	60,7	96,3	0	13,5	12,5	8,1	0,2	2,2

Statens sivilrettsforvaltning hadde per 31. desember 2021 76 tilsette. Dette svarer til om lag 69 årsverk. Delen kvinner og menn var høvesvis 67 og 33 pst. På leiarnivå, direktør og avdelingsdirektør, var kvinnedelen 100 pst.

Statens sivilrettsforvaltning har som mål å ha eit inkluderande arbeidsmiljø der medarbeidarane

speglar mangfaldet i befolkninga og har ein variert erfaringsbakgrunn med omsyn til kjønn, alder, funksjonsevne og etnisk bakgrunn. Desse forholda blir vektlagde i rekrutteringsprosessane i verksemda. Statens sivilrettsforvaltning jobbar kontinuerleg med å auke delen menn i samband med rekruttering.

4.14 Kontoret for valdsoffererstatning

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt frávær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
		2021	31		23	77	80,4	0	0	0
2020	32	28	72	83,1	0	0	0	0	1,9	1,5
2019	31	32	68	78	0	0	0	0	0,7	1,3
2018	28	29	71	90	0	0	0	0	0,4	1,7
2017	31	32	68	95,4	0	0	0	0	1	3,5

Kontoret for valdsoffererstatning hadde per 31. desember 2021 31 tilsette. Dette svarer til 31 årsverk. Kontoret for valdsoffererstatning har alltid hatt ein stor del kvinnelege tilsette. KVF har forsøkt å betre kjønnsbalansen, men dei opplever at det er få menn som søker på stillingane som blir lyste ut. Årsaka til at gjennomsnittleg lønn for

kvinner er lågare enn lønna til menn, er at ein stor del av dei tilsette kvinnene er nyutdanna og har kort ansiennitet. I tillegg er tre av fire personar i leiargruppa menn, noko som gir stort utslag på lønnsstatistikken.

KVF har god kontroll på sjukefráværet og følger dette opp etter behov.

4.15 Utlendingsdirektoratet (UDI)

År	N	Kjønnsbalanse		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		(pst.)			(pst.)					
		M	K		M	K	M	K	M	K
2021	1 027	28,9	71,1	91,7	2,8	3,8	1,94	0,68	5,3	5,0
2020	1 009	29,5	70,5	92,0	2,5	4,0	0,69	0,69	3,0	4,8
2019	1 004	29,3	70,7	90,0	2,6	4,4	0,20	0,10	3,8	5,0
2018	941	30,7	69,3	91,0	2,8	5,4	0,32	0,43	3,0	5,8
2017	1 092	30,4	69,6	84,9	3,4	8,6	24,4	21,2	2,2	4,8
2016	1 517	32,8	67,2	95,8	1,7	7,4	38	34,7	2,5	4,4

Tal for deltid for åra 2018–2020, i tillegg til legemeldt fråvær for 2020, er korrigert samanlikna med Prop. 1 S (2021–2022).
Kjelde: UDI

Det var om lag same tal tilsette ved utgangen som ved inngangen til 2021. Tala er tekne ut per 31. desember 2021.

Arbeidet med likestilling og diskriminering i 2021 bestod av ei vidareføring av aktivitetane frå 2020. Dvs. at UDI tilsette personar med hol i CV-en og/eller nedsett funksjonsevne og brukte mangfaldserklæringa i stillingsutlysingar.

UDI har i 2022 sett ned ei arbeidsgruppe som består av dei fire hovudtillitsvalde og dessutan to representantar frå HR og organisasjonen. Arbeidsgruppa jobbar med å oppfylle krava i § 26 i likestillings- og diskrimineringslova (aktivitets- og forklaringsplikta).

Som offentlig styresmakt har UDI eit særleg ansvar for å ta omsyn til likestilling og ikkje-diskri-

minering i arbeidet. Dette gjer UDI bl.a. gjennom å jobbe med universell utforming av nettsider og dokument.

UDI sine digitale tenester skal vere lette å finne, lette å forstå, og lette å bruke. Uavhengig av føresetnader skal brukarane på ein god og enkel måte kunne nytte seg av både nettsider og automatar. For ei systematisk tilnærming til arbeidet og for å sikre at ein følgjer dei styringssignala, lovkrav og standardane som gjeld, har UDI forma ut ein handlingsplan for universell utforming av IKT. UDI stiller bl.a. systematisk krav til universell utforming av tenester i alle digitale utviklingsprosjekt, og brukskvaliteten på dei digitale tenestene blir testa periodisk.

4.16 Utlendingsnemnda (UNE)

År	N	Kjønnsbalanse		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		(pst.)			(pst.)					
		M	K		M	K	M	K	M	K
2021	225	34	66	97,5	0	2,0	2,6	0,7	3,1	4,2
2020	223	30	70	93,3	2,9	7,7	0	0,6	4,7	3,3
2019	250	30	70	95,0	1,6	9,2	0	0,8	4,3	4,3
2018	290	28	72	97,0	1,2	7,2	1,2	0	4,1	4,1
2017	353	28	72	95,1	3	10	0	0,5	3,1	4,8
2016	337	29	71	95,8	2	12	0,3	0,5	4,2	3,5

Kjelde: UNE

Det var om lag like mange tilsette i 2021 som året før. Kjønnfordelinga er noko endra ved at den mannlege delen av de tilsette har auka med 4 prosentpoeng. Ved utgangen av 2021 var det 13 leiarar i UNE. Kjønnfordelinga blant desse var den same som året før; 54 pst. menn (7 stk.) og 46 pst. kvinner (6 stk.).

Tala for 2021 som gjeld deltid viser berre dei som er tilsette i ei deltidsstilling. Medarbeidarar som er tilsette i ei 100 pst. stilling, men som t.d. har delvis omsorgspermisjon er ikkje medrekna. Dette er ikkje i samsvar med korleis desse tala er framstilte tidlegare år.

Det siste året har differansen i lønna til kvinner samanlikna med menn blitt redusert med om lag 4 pst. Som ledd i det systematiske og fortløpande arbeidet med å vareta likestillingsperspektivet, har UNE både i 2021 og 2022 gjennomført ein lønnsanalyse med tanke på å avdekke eventuelle lønnskilnader som ikkje kan bli forklarte med andre årsaker enn kjønn.

UNE varetar omsynet til likestilling på alle nivå i verksemda, både på leiarnivå, i fortløpande dialog med dei tillitsvalde, og dessutan i dei månadlege møta i UNE si breitt samansette og faste arbeidsgruppe for likestilling og mangfald. Likestilling og mangfald er tema i UNE sine jamlege medarbeidarundersøkingar, og det blir òg vareteke gjennom personalpolitikken som blir ført.

UNE legg vekt på å fremme likestilling- og mangfaldsperspektivet i alle rekrutteringsprosessar for å trekkje til seg søkarar uavhengig av kjønn, alder, etnisitet, hol i CV-en eller funksjonsevne. I 2021 hadde minst 5 pst. av dei nytilsette hol i CV-en eller nedsett funksjonsevne, og gjennom dei siste større rekrutteringsprosessane har delen av nytilsette med innvandrarbakgrunn auka betrakteleg.

5 Omtale av klima- og miljørelevante saker

Klima- og miljøpolitikken til regjeringa byggjer på at alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å medverke til at dei nasjonale klima- og miljømåla kan nåast. For ei omtale av regjeringa sine samla klima- og miljørelevante saker, sjå fagproposisjonen til Klima- og miljødepartementet.

5.1 Politiet

Dei viktigaste oppgåvene for politiet innanfor miljøvern er å kjempe mot miljøkriminalitet gjennom førebyggjande verksemd, etterforskning med høg kvalitet og adekvat reaksjon. Førebygging på miljøområdet inneber særleg gjensidig informasjonsdeling med relevante samarbeidsaktørar, slik at alle kan setjast i stand til å utføre nødvendige tiltak på sitt eige ansvarsområde. Samarbeidspartnarane til politiet i miljøforvaltninga må derfor involverast både lokalt og sentralt. Regjeringa vil styrke innsatsen mot fiskeri- og miljøkriminalitet nasjonalt og vil i den kommande stortingsmeldinga om økonomisk kriminalitet omtale innsatsen mot profittmotivert miljøkriminalitet.

5.2 Svalbard – Sysselmeisteren og Longyearbyen lokalstyre

Klima- og miljødepartementet har det overordna ansvaret for miljøforvaltninga på Svalbard med Miljødirektoratet, Norsk Polarinstitut og Riksantikvaren som ytre etatar og Sysselmeisteren på Svalbard som regionalt apparat.

Justis- og beredskapsdepartementet har etatsstyringsansvar for Sysselmeisteren på Svalbard og er kontaktpunkt for Longyearbyen lokalstyre.

Ein generell omtale av klima- og miljøpolitikken på Svalbard finst i Prop. 1 S (2022–2023) for Klima- og miljødepartementet og Prop. 1 S (2022–2023) Svalbardbudsjettet.

Longyearbyen lokalstyre er som eigar av Longyearbyen energiverk og infrastruktur knytt til kraftverket ansvarleg for å levere varme og elektrisitet i Longyearbyen. Kolkraftverket som forsyner i Longyearbyen med kraft og varme, vart sett i drift i 1983, ber preg av den høge alderen og må om ikkje lenge erstattast av ei ny energiløysing. Stortinget har slutta seg til dei overordna rammene for etablering og drift av ny energiløysing, jf. Innst. 117 S (2021–2022). Longyearbyen lokalstyre vil framleis ha ansvaret for energiproduksjonen i Longyearbyen ved overgangen til ei ny energiløysing, og vil vere ansvarleg for å få etablert eit nytt energiverk i Longyearbyen. Det vidare arbeidet med ny energiforsyning blir følgt opp av Longyearbyen lokalstyre, i dialog med Olje- og energidepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet.

Longyearbyen lokalstyre skal innan utgangen av 2022 utarbeide ein energiplan for Longyearbyen som dei skal overlevere til Olje- og energidepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet. I arbeidet med energiplanen skal dei sjå på korleis overgangen til ei mest mogleg fornybar energiforsyning kan gjennomførast på ein måte som er så sikker, skånsam og kostnadseffektiv som råd. I energiplanen skal dei bl.a. gi ei vurdering av korleis etablering av eit nytt kraftvarmeverk blir sett i samanheng med energieffektivisering, lokal produksjon av fornybar energi, utprøving av nye teknologiar og drifta av Gruve 7, som forsyner kraftverket med kol. Når lokalstyret har overlevert energiplanen til departementa, vil departementa og lokalstyret saman vurdere den vidare prosessen med å få på plass ei ny energiløysing.

6 Opptrappingsplan mot vald og overgrep 2017–2021

Regjeringa Solberg la i oktober 2016 fram Prop. 12 S (2016–2017) *Opptrappingsplan mot vald og overgrep (2017–2021)*. Tiltaka i denne planen vart gjennomførte i perioden 2017 til 2021. Justis- og beredskapsdepartementet følgjer òg opp fleire oppmodingsvedtak om tema som ligg nær opptrappingsplanen. Status for oppmodingsvedtaka blir omtalt i del I av budsjettproposisjonen. Nedanfor følgjer ei oversikt over statusen for tiltaka i opptrappingsplanen.

Omsynet til dei som blir utsette for vald og overgrep, er viktig i heile straffesakskjeda. Regjeringa etablerte i 2017 støttesenter for kriminalitetsutsette i alle dei 12 politidistrikta. Sentera skal styrke stillinga til dei fornærma gjennom straffesakskjeda og bidra til at valdsoffer og deira pårørande blir tekne hand om. Støttesentera for kriminalitetsutsette skal evaluerast i 2022.

Det er gjennomført evalueringar av besøksforbodet og kontaktforbod med elektronisk kontroll (omvend valdsalarm). Bruken av omvend valdsalarm var nærmast tredobla frå 2019 til 2020. Det er òg gjennomført ei utgreiing av spørsmålet om å utvide ordninga med omvend valdsalarm til òg å gjelde straffeprosessuelt besøksforbod.

Politidirektoratet har etablert retningslinjer for politiet sin bruk av kode 6 og samarbeid med andre tenester i slike tilfelle. Bruken av vernetiltaket kode 6 (strengt fortruleg adresse) og kode 7 (fortruleg adresse) skal evaluerast.

Partnardrapsutvalet leverte utgreiinga si, NOU 2020: 17 *Varslede drap?*, i desember 2020. Utvalet tilrår 70 tiltak for å førebyggje partnardrap, inkludert etablering av ein permanent partnardrapskommisjon. Utgreiinga har vore på høyring og blir no følgd opp i Justis- og beredskapsdepartementet.

I 2016 vart det utarbeidd felles retningslinjer for drifta av Statens barnehus.

I 2014 vart det starta opp eit forskingsprogram om vald i nære relasjonar, som blir gjennomført av

NOVA/OsloMet og Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS). Programmet er vidareført for perioden 2019–2024. Som ein del av den nye programperioden skal det forskast på vald og overgrep i samiske samfunn.

I 2021 vart det starta opp eit større forskingsprosjekt om seksuelle overgrep mot barn og unge, med vekt på overgrep utførte over internett. Prosjektet består av tre deloppdrag. Formålet er å få betre kunnskap om seksuelt skadeleg åtferd på og utanfor internett og om korleis ulike verkemiddel for å førebyggje, motverke og behandle seksuelle overgrep mot barn og unge fungerer. Vidare skal prosjektet sjå nærmare på gjerningspersonar og fornærma for seksuelle overgrep mot barn og unge, primært over internett. Eit breitt samansett forskingsmiljø frå NTNU og politiet i Trøndelag og Oslo har fått i oppdrag å gjennomføre ei kartlegging og ein analyse av arenaer som blir brukte til tilgang og deling av overgrepsmateriale.

Regjeringa oppmodar kommunane om å utarbeide kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar. NKVTS har kartlagt korleis kommunane bruker handlingsplanane, korleis dei implementerer planane i den daglege verksemda, og kva dei treng for å utvikle gode planar. Tilrådingane i kartlegginga er følgd opp gjennom ein revisjon av ei webbasert rettleiing om utvikling av kommunale handlingsplanar.

Om vi skal få ein slutt på vald i nære relasjonar, krev det ei nær kopling mellom politiet sine verneiltak, praktisk bistand og psykososial oppfølging. Prosjekt November – no RISK – i Oslo politidistrikt har utvikla ein metodikk for arbeidet som bidrar til meir tilgjengelege tenester og betre oppfølging av og tryggleik for dei som er utsette for vald i nære relasjonar. Arbeidet er vidareført og utvida i 2020/2021. Bakgrunnen for utvidinga er samanhengen mellom ungdomskriminalitet og dårlege oppvekstvilkår med vald og overgrep i familien.

7 Andre felles tiltak

7.1 Budsjettgevinstar frå endra jobbreisevanar

Pandemien har ført til endra jobbreisevanar. Redusert reiseaktivitet vil både redusere reiseutgifter i verksemdene og spare reisetid for dei tilsette. Sjølv om reiseaktiviteten er høgare no enn under pandemien, vil nivået på reiseaktiviteten truleg vere varig redusert. I Saldert budsjett 2022 blei det lagt til grunn eit gevinstuttak på om lag 7 pst. av reiseutgiftene før pandemien. I samband med RNB 2022 blei gevinstuttaket auka til om lag 14 pst. i andre halvår 2022. Regjeringa foreslår å auke gevinstuttaket i 2023 til om lag 20 pst. av reiseutgiftene før pandemien. Dette inneber eit auka gevinstuttak under Justis- og beredskapsdepartementet samanlikna med Saldert budsjett 2022 på om lag 72 mill. kroner.

7.2 Kompensasjonsutrekningar i samband med innføring av ny premiemodell for statlege verksemder frå 2022

Statens pensjonskasse (SPK) innførte frå og med 2022 ein ny hendingsbasert og verksemdsspesifikk premiemodell for statlege verksemder. Det vart lagt opp til at omlegginga skulle vere om lag budsjettneutryl på innføringstidspunktet, ved at dei verksemdene dette gjeld, fekk ein reduksjon eller auke i løyvinga i tråd med endra premie, samanlikna med kva som ville følgt av gammalt premiesystem. Saka var omtalt i Prop. 1 S (2021–2022) for Arbeids- og sosialdepartementet på sidene 28 og 29.

Etter at ein gjennomførte utrekningane av kompensasjonen, er det registrert forhold som gjer at verksemdene samla er noko overkompenserte. Dette kjem av at utrekningane i saldert budsjett 2022 av pensjonspremiar etter gammal pre-

miemodell var baserte på estimert pensjonsgrunnlag per 1. januar 2022. Grunnlaget vart ved ein feil ikkje oppjustert med lønsveksten gjennom året. Det inneber at premieanslaga etter gammal modell skulle vore noko høgare, og at kompensasjonen skulle vore noko lågare. Under Justis- og beredskapsdepartementet utgjer dette 46,3 mill. kroner. Regjeringa vil som følgje av dette redusere løyvinga under Justis- og beredskapsdepartementet med same beløp frå 2023. Sjå Arbeids- og inkluderingsdepartementets Prop. 1 S (2022–2023) for nærare omtale.

7.3 Einskildståande tilskot

Tilskotsmidlar skal normalt lysast ut og fordelast på grunnlag av opne søknadsprosessar og kjente tildelingskriterium, slik at fleire får moglegheit til å søke tilskot og alternative tilnærmingar for å oppnå mål og samfunnseffektar kan vurderast opp mot kvarandre. Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) har gjennomført ein områdegjennomgang av praksis for namngjeving av tilskotsmottagarar i statsbudsjettet. Tilskot der mottakaren er namngjeven i budsjettproposisjonen utgjer unntak frå føresegnene i økonomiregelverket. Slike unntak kan vere teneleg i enkelte tilfelle, for eksempel viss det gjeld viktige formål utan alternative tilbodarar, men namngjevne mottakarar kan også medføre mindre effektiv måloppnåing fordi mottakaren blir unnteken frå konkurranse og prioritering. Regjeringa har derfor starta eit arbeid med å redusere talet på namngjevne tilskotsmottagarar i statsbudsjettet. Sjå Prop. 1 S (2022–2023) Gul bok for ytterlegare omtale. Justis- og beredskapsdepartementet har som del av arbeidet innlemma to tilskot i eksisterande tilskotsordningar, og oppretta ein ny tilskotsordning for fire tidlegare enskildståande tilskot til private organisasjonar relatert til politiet.

Tabell 7.1 Samla oversikt over enskildstående tilskot under Justis- og beredskapsdepartementet i 2023

Tilskotsmottakar	Kap.	Post	Saldert beløp 2022	Forslag 2023
Norsk senter for informasjonssikring (NorSIS)	400	70	9 400	9 680
Oslo kommunes EX/IN-prosjekt	433	70	1 000	1 000
Forandringshuset i regi av KFUK/KFUM	433	70	2 000	2 000
Krisesentersekretariatet (Rosa-prosjektet)	440	70	4 900	5 039
Justismuseet	440	71	8 000	8 200
Norsk elektroteknisk Komite (NEK), Norsk brannvernforening	451	70	7 100	7 300
Telenor Kystradio og Avinor Svalbard	455	72	124,3	127 781
Redningsselskapet	455	73	124 300	131 376

8 Tekniske endringer i kontostrukturen og bruk av stikkord «kan overføres»

Det blir foreslått å endre postar, postnamn og stikkord slik:

Det blir oppretta nytt kap. 411 Domstoladministrasjonen, post 01 Driftsutgifter. Midlar på posten blir nytta til drift av direktoratet som tidlegare var budsjettert på kap. 410, post 01. Posten får òg tilføydd stikkordet «kan nyttas under kap. 61, post 01 og kap. 410, post 01». Samstundes får kap. 410, post 01 nytt stikkord «kan nyttas under kap. 61, post 01 og kap. 411, post 01» og at kap. 61, post 01 får «kan nyttas under kap. 410, post 01 og kap. 411, post 01».

Det blir oppretta et tilhørende inntektskapittel til kap. 411, post 01, nytt kap. 3411, post 03 Diverse refusjoner.

Nemninga på kap. 433, i tillegg til nemninga på kap. 3433, blir endra frå «Konfliktråd» til «Konfliktrådet».

Det blir oppretta nytt kap. 431 Kriminalomsorgsdirektoratet, post 01 Driftsutgifter. Midlar på posten blir nytta til drift av direktoratet som tidlegare var budsjettert på kap. 430, post 01. Posten får òg tilføydd stikkordet «kan nyttas under kap. 430, post 01». Samstundes får kap. 430 Kriminalomsorgen, post 01 Driftsutgifter tilføydd stikkordet «kan nyttas under kap. 431, post 01».

Det blir oppretta to nye postar, kap. 440, post 46 Investeringar i Schengen-IKT-systemer og kap. 490, post 46 Investeringar i Schengen-IKT-systemer. Postane får òg tilføydd stikkordet «kan

overføres». Midlar på postane blir nytta til investeringar til Schengen-IKT-prosjekt i politiet og UDI.

Kap. 440, post 71 endrar namn frå «Tilskudd Norsk rettsmuseum» til «Tilskudd Justismuseet».

Det blir oppretta nytt kap. 441 Politidirektoratet, post 01 Driftsutgifter. Midlar på posten blir nytta til drift av direktoratet som tidlegare var budsjettert på kap. 440, post 01. Posten får òg tilføydd stikkordet «kan nyttas under kap. 440, post 01», samstundes som kap. 440, post 01 får tilføydd stikkordet «kan nyttas under kap. 441, post 01».

Det blir oppretta nytt kap. 443 Påtalemyndigheten i politiet, post 01 Driftsutgifter. Posten får òg tilføydd stikkordet «kan nyttas under kap. 440, post 01», samstundes som kap. 440, post 01 får tilføydd stikkordet «kan nyttas under kap. 443, post 01». Midlar på posten blir nytta til lønns- og overheadkostnader til påtalejuristar i politiet.

Stikkordet «kan nyttas under kap. 671, post 60» på kap. 490, post 73 blir fjerna.

Kap. 490, post 72 blir føyd til stikkordet «kan overføres». Tilskot til personar som returnerer til heimlandet kan bli utbetalt året etter at avtalen er inngått, sidan det kan ta noko tid frå avtalen er inngått til retur kan gjennomførast og tilskot blir utbetalt. Midlar til avtalepartnarar om returprogram kan òg bli utbetalt i seinare år til avtalar som er inngått i inneverande år.

Forslaga er i tråd med tabellen under:

Under Justis- og beredskapsdepartementet blir stikkordet foreslått knyttet til disse postene utenom postgruppe 30-49

Kap.	Post	Betegnelse	Overført til 2022	Forslag 2023
400	23	Spesielle driftsutgifter, forskning, evaluering og kunnskapsinnhenting	21 861	35 392
410	22	Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstoler	1 130	2 850
430	21	Spesielle driftsutgifter	5 655	108 410
430	60	Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv.		114 991
433	60	Tilskudd til kommuner		10 514
440	22	Søk etter antatt omkomne	7 669	10 142
440	73	Internasjonale forpliktelser, mv.	242 870	657 190
451	22	Spesielle driftsutgifter – Nødnett	42 749	529 093
475	21	Spesielle driftsutgifter	15 852	8 411
490	23	Spesielle driftsutgifter, kunnskapsutvikling	1 703	6 671
490	72	Assistert retur og reintegrering i hjemlandet		25 316
490	74	Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv.	215	56 198
490	75	Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet	591	30 293
490	76	Internasjonalt migrasjonsarbeid	3 294	26 524

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2022–2023) om statsbudsjettet for år 2023 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Justis- og beredskapsdepartementet blir i Prop. 1 S (2022–2023) statsbudsjettet for budsjettåret 2023 dei forslag til vedtak som følgjer førde opp:

Kapitla 61, 400–491, 3400–3490

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Administrasjon			
400	Justis- og beredskapsdepartementet		
	01 Driftsutgifter	518 368 000	
	23 Spesielle driftsutgifter, forskning, evaluering og kunnskapsinnhenting, <i>kan overføres</i>	35 392 000	
	50 Norges forskningsråd	61 432 000	
	70 Overføringer til private	18 811 000	
	71 Tilskudd til internasjonale organisasjoner	17 857 000	651 860 000
	Sum Administrasjon		651 860 000
Rettsvesen			
61	Høyesterett		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 410, post 01 og kap. 411, post 01</i>	128 079 000	128 079 000
410	Domstolene		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 61, post 01 og kap. 411, post 01</i>	2 840 398 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	101 354 000	
	22 Vernesaker/sideutgifter, jordskifte-domstoler, <i>kan overføres</i>	2 850 000	2 944 602 000
411	Domstoladministrasjonen		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 61, post 01 og kap. 410, post 01</i>	82 700 000	82 700 000
414	Forliksråd og andre domsutgifter		
	01 Driftsutgifter	278 546 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	41 902 000	320 448 000
	Sum Rettsvesen		3 475 829 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Straffegjennomføring og konfliktråd			
430	Kriminalomsorgen		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 431, post 01</i>	5 105 958 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres, kan nyttes under kap. 430, post 01</i>	108 410 000	
	45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	46 849 000	
	60 Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv., <i>kan overføres</i>	114 991 000	
	70 Tilskudd	36 172 000	5 412 380 000
431	Kriminalomsorgsdirektoratet		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 430, post 01</i>	148 125 000	148 125 000
432	Kriminalomsorgens høgskole og utdanningscenter		
	01 Driftsutgifter	225 241 000	225 241 000
433	Konfliktrådet		
	01 Driftsutgifter	140 546 000	
	60 Tilskudd til kommuner, <i>kan overføres</i>	10 514 000	
	70 Tilskudd	26 349 000	177 409 000
	Sum Straffegjennomføring og konfliktråd		5 963 155 000
Politi og påtalemyndighet			
440	Politiet		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 441, post 01 og kap. 443, post 01</i>	19 520 757 000	
	22 Søk etter antatt omkomne, <i>kan overføres</i>	10 142 000	
	23 Sideutgifter i forbindelse med sivile gjøremål	34 800 000	
	25 Variable utgifter ved ankomst, mottak og retur i politiets utlendingsforvaltning	104 350 000	
	45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	80 842 000	
	46 Investeringer i Schengen IKT-systemer, <i>kan overføres</i>	501 084 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	48	Tildeling fra EUs grense- og visum- finansieringsordninger, <i>kan overføres</i>	14 070 000	
	70	Tilskudd	52 402 000	
	71	Tilskudd Justismuseet	8 237 000	
	73	Internasjonale forpliktelser, mv., <i>kan overføres</i>	657 190 000	
	74	Midlertidig destruksjonspant for enkelte typer halvautomatiske rifler	1 000 000	20 984 874 000
441		Politidirektoratet		
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 440, post 01</i>	389 156 000	389 156 000
442		Politihøgskolen		
	01	Driftsutgifter	654 870 000	654 870 000
443		Påtalemyndigheten i politiet		
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 440, post 01</i>	1 432 401 000	1 432 401 000
444		Politiets sikkerhetstjeneste (PST)		
	01	Driftsutgifter	1 298 959 000	
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	95 822 000	1 394 781 000
445		Den høyere påtalemyndighet		
	01	Driftsutgifter	317 319 000	317 319 000
446		Den militære påtalemyndighet		
	01	Driftsutgifter	9 329 000	9 329 000
448		Grensekommisæreren		
	01	Driftsutgifter	6 104 000	6 104 000
		Sum Politi og påtalemyndighet		25 188 834 000
		Redningstjenesten, samfunnssikkerhet og beredskap		
451		Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap		
	01	Driftsutgifter	1 193 569 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	24 940 000	
	22	Spesielle driftsutgifter – Nødnett, <i>kan overføres</i>	529 093 000	
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	132 415 000	
	70	Overføringer til private	7 278 000	1 887 295 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
452	Sentral krisehåndtering		
	01 Driftsutgifter	27 916 000	27 916 000
453	Sivil klareringsmyndighet		
	01 Driftsutgifter	57 829 000	57 829 000
454	Redningshelikoptertjenesten		
	01 Driftsutgifter	893 601 000	
	45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	1 867 529 000	2 761 130 000
455	Redningstjenesten		
	01 Driftsutgifter	138 623 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	29 928 000	
	45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	6 522 000	
	71 Tilskudd til frivillige organisasjoner i redningstjenesten	72 832 000	
	72 Tilskudd til nød- og sikkerhetstjenester	127 781 000	
	73 Tilskudd til Redningsselskapet	131 676 000	507 362 000
457	Nasjonal sikkerhetsmyndighet		
	01 Driftsutgifter	429 234 000	
	45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	25 990 000	455 224 000
	Sum Redningstjenesten, samfunnsikkerhet og beredskap		5 696 756 000
	Andre virksomheter		
460	Spesialenheten for politisaker		
	01 Driftsutgifter	61 861 000	61 861 000
466	Særskilte straffesaksutgifter m.m.		
	01 Driftsutgifter	1 279 522 000	1 279 522 000
467	Norsk Lovtidend		
	01 Driftsutgifter	8 125 000	8 125 000
468	Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker		
	01 Driftsutgifter	22 864 000	22 864 000
469	Vergemålsordningen		
	01 Driftsutgifter	269 647 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	92 239 000	361 886 000
	Sum Andre virksomheter		1 734 258 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Statens sivilrettsforvaltning, rettshjelp, erstatningsordninger m.m.			
470	Fri rettshjelp		
	01 Driftsutgifter	740 168 000	
	72 Tilskudd til spesielle rettshjelptiltak	69 265 000	809 433 000
471	Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning		
	71 Erstatningsansvar m.m., <i>overslagsbevilgning</i>	123 392 000	
	72 Erstatning i anledning av straffeforfølgning, <i>overslagsbevilgning</i>	69 143 000	
	73 Stortingets rettferdsvederlagsordning	30 122 000	222 657 000
473	Statens Sivilrettsforvaltning		
	01 Driftsutgifter	78 505 000	
	70 Erstatning til voldsofre, <i>overslagsbevilgning</i>	430 604 000	509 109 000
475	Bobehandling		
	01 Driftsutgifter, <i>overslagsbevilgning</i>	116 704 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	8 411 000	125 115 000
	Sum Statens sivilrettsforvaltning, rettshjelp, erstatningsordninger m.m.		1 666 314 000
Svalbardbudsjettet m.m.			
480	Svalbardbudsjettet		
	50 Tilskudd	376 407 000	376 407 000
481	Samfunnet Jan Mayen		
	01 Driftsutgifter	58 120 000	58 120 000
	Sum Svalbardbudsjettet m.m.		434 527 000
Beskyttelse og innvandring			
490	Utlendingsdirektoratet		
	01 Driftsutgifter	1 200 086 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, asylmottak	1 253 819 000	
	22 Spesielle driftsutgifter, tolk og oversettelse	21 862 000	
	23 Spesielle driftsutgifter, kunnskapsutvikling, <i>kan overføres</i>	6 671 000	
	45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	37 783 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	46	Investeringer i Schengen IKT-systemer, <i>kan overføres</i>	73 235 000	
	60	Tilskudd til vertskommuner for asylmottak	464 246 000	
	70	Stønader til beboere i asylmottak	151 810 000	
	71	Tilskudd til aktivitetstilbud for barn i asylmottak, og veiledning for au pairer	8 947 000	
	72	Assistert retur og reintegrering i hjemlandet, <i>kan overføres</i>	25 316 000	
	73	Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., støttetiltak	19 903 000	
	74	Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv., <i>kan overføres</i>	56 198 000	
	75	Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, <i>kan overføres</i>	30 293 000	
	76	Internasjonalt migrasjonsarbeid, <i>kan overføres</i>	26 524 000	3 376 693 000
491		Utlendingsnemnda		
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under post 21</i>	275 292 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling, <i>kan nyttes under post 1</i>	7 259 000	282 551 000
		Sum Beskyttelse og innvandring		3 659 244 000
		Sum departementets utgifter		48 470 777 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
Departementets inntekter				
3400		Justis- og beredskapsdepartementet		
	01	Diverse inntekter	6 073 000	
	02	Refusjon av ODA-godkjente utgifter	1 079 000	7 152 000
3410		Domstolene		
	01	Rettsgebyr	270 861 000	
	02	Saks- og gebyrinntekter jordskiftedomstolene	20 850 000	
	03	Diverse refusjoner	1 760 000	
	04	Vernesaker jordskiftedomstolene	2 426 000	295 897 000
3411		Domstoladministrasjonen		

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	03	Diverse refusjoner	300 000	300 000
3430		Kriminalomsorgen		
	02	Arbeidsdriftens inntekter	108 421 000	
	03	Andre inntekter	22 804 000	
	04	Tilskudd	2 647 000	133 872 000
3432		Kriminalomsorgens høgstole og utdanningssenter		
	03	Andre inntekter	1 173 000	1 173 000
3433		Konfliktrådet		
	02	Refusjoner	6 000	6 000
3440		Politiet		
	01	Gebyr – pass og våpen	718 795 000	
	02	Refusjoner mv.	222 506 000	
	03	Salgsinntekter	51 651 000	
	04	Gebyr – vaktsekskap og etterkontroll av deaktiverte skytevåpen	4 828 000	
	06	Gebyr – utlendingssaker	304 187 000	
	07	Gebyr – sivile gjøremål	721 078 000	
	08	Refusjoner fra EUs grense- og visumfinansieringsordninger	94 100 000	2 117 145 000
3442		Politihøgskolen		
	02	Diverse inntekter	17 147 000	
	03	Inntekter fra Justissektorens kurs- og øvingssenter	11 228 000	28 375 000
3444		Politiets sikkerhetstjeneste (PST)		
	02	Refusjoner	19 237 000	19 237 000
3451		Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap		
	01	Gebyr	128 403 000	
	02	Refusjoner driftsutgifter Nødnett	35 795 000	
	03	Diverse inntekter	27 467 000	
	04	Refusjoner større utstørsanskaffelser og vedlikehold Nødnett	78 909 000	
	05	Abonnementsinntekter og refusjoner Nødnett	514 236 000	
	06	Refusjoner	7 425 000	792 235 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
3453	Sivil klareringsmyndighet		
	01 Gebyr	1 750 000	1 750 000
3454	Redningshelikoptertjenesten		
	01 Refusjoner	29 968 000	29 968 000
3457	Nasjonal sikkerhetsmyndighet		
	01 Inntekter	35 338 000	35 338 000
3469	Vergemålsordningen		
	01 Vergemåls-/representantordning, ODA-godkjente utgifter	8 550 000	8 550 000
3470	Fri rettshjelp		
	01 Tilkjente saksomkostninger m.m.	4 571 000	
	02 Fri rettshjelp, ODA-godkjente utgifter	5 668 000	10 239 000
3473	Statens sivilrettsforvaltning		
	01 Diverse inntekter	5 000	5 000
3481	Samfunnet Jan Mayen		
	01 Refusjoner og andre inntekter	6 836 000	6 836 000
3490	Utlendingsdirektoratet		
	01 Assistert retur fra Norge for asylsøkere med avslag, ODA-godkjente utgifter	2 763 000	
	03 Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, ODA-godkjente utgifter	54 546 000	
	04 Asylmottak, ODA-godkjente utgifter	1 233 956 000	
	05 Refusjonsinntekter	2 678 000	
	06 Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., ODA-godkjente utgifter	18 715 000	
	07 Tolk og oversettelse, ODA-godkjente utgifter	20 769 000	
	08 Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i hjemlandet, ODA-godkjente utgifter	28 167 000	1 361 594 000
	Sum Departementets inntekter		4 849 672 000
	Sum departementets inntekter		4 849 672 000

Fullmakter til å overskride gitte bevilgninger

II

Merinntektsfullmakter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 kan:

1.

overskride bevilgningen under	mot tilsvarende merinntekter under
kap. 61 post 01	kap. 3061 post 03
kap. 400 post 01	kap. 3400 post 01
kap. 410 post 01	kap. 3410 postene 02 og 03
kap. 410 post 22	kap. 3410 post 04
kap. 411 post 01	kap. 3411 post 03
kap. 430 post 01	kap. 3430 postene 03 og 04
kap. 431 post 01	kap. 3430 postene 03 og 04
kap. 430 post 21	kap. 3430 post 02
kap. 432 post 01	kap. 3432 post 03
kap. 433 post 01	kap. 3433 post 02
kap. 440 post 01	kap. 3440 postene 02, 03 og 04
kap. 441 post 01	kap. 3440 post 02
kap. 442 post 01	kap. 3442 postene 02 og 03
kap. 443 post 01	kap. 3440 post 02
kap. 444 post 01	kap. 3444 post 02
kap. 451 post 01	kap. 3451 postene 02, 03 og 06
kap. 451 post 22	kap. 3451 post 05
kap. 451 post 45	kap. 3451 post 04
kap. 454 post 01	kap. 3454 post 01
kap. 455 post 01	kap. 3455 post 01
kap. 457 post 01	kap. 3457 post 01
kap. 473 post 01	kap. 3473 post 01
kap. 481 post 01	kap. 3481 post 01
kap. 490 post 01	kap. 3490 post 05
kap. 491 post 01	kap. 3491 post 01

Merinntekt som gir grunnlag for overskridelse, skal også dekke merverdiavgift knyttet til overskridelsen, og berører derfor også kap. 1633, post 01 for de statlige forvaltningsorganene som inngår i nettoordningen for merverdiavgift. Merinntekter og eventuelle mindreinntekter tas med i beregningen av overføring av ubrukt bevilgning til neste år.

2. Overskride bevilgningen under kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, post 01 Driftsutgifter med inntil 75 pst. av inntekter ved salg av sivilforsvarsanlegg og fast eiendom. Inntekter inntektsføres under kap. 3451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, post 40 Salg av eiendom mv.

III

Fullmakt til overskridelse

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 kan overskride bevilgningen under kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, post 21 Spesielle driftsutgifter

med inntil 34 mill. kroner dersom det oppstår en situasjon med ekstraordinær stor skogbrannfare og/eller mange skogbranner, og det i den forbindelse er nødvendig med innsats for slokking og beredskap utover det som må påregnes i et normalår. Fullmakten gjelder uten opphold og før Kongen kan gi slikt samtykke.

Fullmakter til å pådra staten forpliktelser utover gitte bevilgninger

IV

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 kan bestille varer utover den gitte bevilgning, men slik at samlet ramme for nye bestillinger og gammelt ansvar ikke overstiger følgende beløp:

Kap.	Post	Betegnelse	Samlet ramme
440		Politiet	
	01	Driftsutgifter	250,0 mill. kroner

V

Tilsagnsfullmakt

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 kan gi tilsagn om støtte utover gitte bevilgninger på kap. 490 Utlendingsdirektoratet, post 76 Internasjonalt migrasjonsarbeid, men slik at samlet ramme for nye tilsagn og gammelt ansvar ikke overstiger 50 mill. kroner.

VI

Fullmakt til å pådra staten forpliktelser for investeringsprosjekter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 kan starte opp, herunder pådra staten forpliktelser utover budsjettåret, i investeringsprosjektet utvidelse av Romerike fengsel, avdeling Ullersmo. Samlede forpliktelser og utbetalinger kan ikke overskride kostnadsrammen på 619,6 mill. kroner. Kostnadsrammen er oppgitt i 2023-kroner. Justis- og beredskapsdepartementet gis fullmakt til å prisjustere kostnadsrammen i senere år.

VII

Fullmakt til å pådra staten forpliktelser for investeringsprosjekter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 under kap. 430 Kriminalomsorgen, post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan pådra staten forpliktelser utover budsjettåret for å anskaffe brukerutstyr til investeringsprosjektet utvidelse av Romerike fengsel, avdeling Ullersmo. Samlede forpliktelser og utbetalinger kan ikke overskride kostnadsrammen for brukerutstyr på 89,1 mill. kroner. Kostnadsrammen er oppgitt i 2023-kroner. Justis- og beredskapsdepartementet gis fullmakt til å prisjustere kostnadsrammen i senere år.

VIII

Fullmakt til å pådra staten forpliktelser for investeringsprosjekter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 under kap. 440 Politiet, post 46 Investeringer i Schengen IKT-systemer og kap. 490 Utlendingsdirektoratet, post 46 Investeringer i Schengen IKT-systemer, kan starte opp, herunder pådra staten forpliktelser utover budsjettåret, i investeringsprosjektet implementering av Schengen IKT-systemer, som Norge har forpliktet seg til gjennom Schengen-avtalen og Dublinavta-

len. Samlede forpliktelser og utbetalinger kan ikke overskride kostnadsrammen på 2 187 mill. kroner. Kostnadsrammen er oppgitt i 2023-kroner. Justis- og beredskapsdepartementet gis fullmakt til å prisjustere kostnadsrammen i senere år.

IX

Fullmakt til å pådra staten forpliktelser for investeringsprosjekter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 kan pådra staten forpliktelser utover budsjettåret for å gjennomføre anskaffelse av nye redningshelikoptre mv. under kap. 454 Redningshelikoptertjenesten, post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold. Samlede forpliktelser og utbetalinger kan ikke overskride kostnadsrammen på 15 261 mill.

kroner. Justis- og beredskapsdepartementet gis fullmakt til å oppjustere kostnadsrammen i takt med prisstigningen.

X

Fullmakt til å pådra staten forpliktelser utover budsjettåret

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 over kap. 410 Domstolene, post 01 Driftsutgifter, kan pådra staten forpliktelser utover budsjettåret for inngåelse av leieavtaler i forbindelse med rehabilitering av Bergen tinghus innenfor en samlet ramme på 278 mill. kroner. Rammen er oppgitt i 2023-kroner. Justis- og beredskapsdepartementet gis fullmakt til å prisjustere rammen i senere år.

Andre fullmakter

XI

Videreføring av bobehandling

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 kan bestemme at det under ordningen med utgifter til fortsatt bobehandling pådras forpliktelser utover gitt bevilgning under kap. 475 Bobehandling, post 21 Spesielle driftsutgifter, med inntil 10 mill. kroner, men slik at totalrammen for nye tilsagn og gammelt ansvar ikke overstiger 33 mill. kroner.

- konferanser i regi av Konkursrådet, samt inntekter fra rådets øvrige virksomhet.
4. nettoføre som utgiftsreduksjon under kap. 475 Bobehandling, post 21 Spesielle driftsutgifter, tilbakebetalte inntekter under ordningen med utgifter til bobehandling.

XIII

Stortingets rettsferdsvederlagsordning

Stortingets utvalg for rettsferdsvederlag får i 2023 fullmakt til å tilstå rettsferdsvederlag av statskassen med inntil 250 000 kroner for hver enkelt søknad, men slik at grensen er 500 000 kroner for HIV-ofre og 300 000 kroner for tidligere barn i barnehjem, offentlige fosterhjem og spesialskoler. Søknader der utvalget anbefaler å innvilge erstatning som er høyere enn nevnte beløp, fremmes for Stortinget til avgjørelse. Det samme gjelder søknader som etter utvalgets vurdering reiser spørsmål av særlig prinsipiell art.

XII

Nettobudsjetteringsfullmakter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 kan:

1. trekke politiets direkte utgifter til oppbevaring, tilsyn og salg av beslag fra salgsinntekten, før det overskytende inntektsføres under kap. 5309 Tilfeldige inntekter, post 29 Ymse.
2. trekke salgsomkostninger ved salg av faste eiendommer fra salgsinntekter før det overskytende inntektsføres under kap. 3451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, post 40 Salg av eiendom mv.
3. nettoføre som utgiftsreduksjon under kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning, post 01 Driftsutgifter, inntektene ved avholdelse av kurs og

XIV

Avhending av sivilforsvarsanlegg

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 kan overdra sivilforsvarsanlegg til en verdi av inntil 500 000 kroner vederlagsfritt eller til underpris når særlige grunner foreligger.

XV

Innkvartering av utlendinger som søker beskyttelse

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2023 kan inngå avtaler med varighet utover 2023 om midlertidig drift av innkvartering for utlendinger som søker beskyttelse i Norge. Dersom behovet for innkvartering av asylsøkere og flyktninger blir større enn forutsatt i statsbudsjettet for 2023 eller det oppstår behov for å gjennomføre tiltak for forsvarlig innkvartering utover det som der er lagt til grunn, samtykker Stortinget i at Justis- og beredskapsdepartementet kan øke innkvarteringskapasiteten eller iverksette nødvendige tiltak, selv om dette medfører et bevilgningsmessig merbehov over kap. 490 Utlendingsdirektoratet, post 21 Spesielle driftsutgifter, asylmottak, post 60 Tilskudd til vertskommuner for asylmottak eller post 70 Stønader til beboere i asylmottak. Summen av overskridelser på postene kan ikke overstige 3,0 mrd. kroner i 2023, og forpliktelsene utover 2023 skal ikke overstige en samlet ramme på 3,0 mrd. kroner.

XVI

Fullmakt til postering mot mellomværendet med statskassen

Stortinget samtykker i at Domstolsadministrasjonen i 2023 kan postere sideutgifter som forskutteres i henhold til rettsgebyrloven, mot mellomværendet med statskassen.

Andre vedtak

XVII

Oppheving av anmodningsvedtak

Vedtak nr. 540, 15. mars 2018 oppheves.

Bestilling av publikasjoner

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

www.publikasjoner.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Trykk: 07 Media AS – 10/2022

